



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 25.01.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Gruppemøter:

Måndag 22.01.18

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 23.01.18

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 17:00-22:00	Møterom Voldsfjorden

Onsdag 24.01.18

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden
----	-----------------	----------------------



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 1/18	Orientering frå nye PPT
PS 3/18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats
PS 4/18	Handsaming av søknader om skuleplass i Hornindal kommune
PS 5/18	Innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør - drift av gartneri på Folkestad
PS 6/18	Volda skisenter AS - kommunal garanti til nytt idrettsbygg
PS 7/18	Framlegg til vedtak av bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020
PS 8/18	Fritak frå eigedomsskatt i 2018 etter § 7
PS 9/18	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2017
PS 10/18	Orienteringssaker
OS 2/18	Protokoll frå fylkesstyremøtet i KS Møre og Romsdal, den 30. november 2017
OS 3/18	Møteprotokoll frå møte i Kontrollutvalet 29.11.17
OS 4/18	Endring av verneområder i Volda kommune
PS 11/18	Delegerte saker frå avdelingane
DS 1/18	Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/444
DS 2/18	Rammeløyve, tilbygg Gbr 48/11
DS 3/18	Løyve til tiltak, opprusting av rås ved Brunsdalsvatnet Gbr 89/1



VOLDA KOMMUNE

- DS 4/18 **Igangsettingsløyve, modulbygg Gbr 12/43**
- DS 5/18 **Løyve til tiltak, driftsbygning Gbr 30/1**
- DS 6/18 **Ferdigattest, ombygging Gbr 30/382**
- DS 7/18 **Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 10/2**
- DS 8/18 **Ferdigattest, firmannsbustad Gbr 30/430**
- DS 9/18 **Ferdigattest Gbr 11/53-55 Nytt bygg lager/verkstad/kontor
Furene**
- DS 10/18 **Ferdigattest, skulebakken Gbr 160/8**
- DS 11/18 **Løyve til endring Gbr 2/107**
- DS 12/18 **Rammeløyve, modulbygg Gbr 12/43**
- DS 13/18 **Løyve til tiltak, ny bru Gbr 72/1**

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 1/18 Orientering frå nye PPT



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/25

Arkivkode: A20

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

3/18

Kommunestyret

25.01.2018

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TIDLEG INNSATS

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Volda Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.10.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
 - b) PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT skal støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
 - c) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - d) Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
 - e) Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
 - f) Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2018**.

Vedleggsliste:

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidlig innsats, Volda Kommune, datert 20.10.2017. Motteke 22.11.2017.

Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der det bl.a. er sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, men og resultat frå nasjonale prøver. Det er samanlikna med dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

Problemstillingar:

1. Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

- **Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommune på denne området?

Revisjonen konkluderer med (side 28-29 i rapporten):

PPT har siste åra i liten grad gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane. Barnehagar og skular beskriv samarbeidet med PPT siste åra som utfordrande med lange ventelister og lang sakshandsamingstid, men enkelte rapporterte også om ei positiv utvikling dei siste to åra. Einingane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av saker og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht. førebyggjande arbeid.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Volda har tilbod om leksehjelp i 7.-10 klasse med 2 timar i veka ved dei kontrollerte skulane (til saman 8 timar i veka). Dette tilfredstillar krava i høve rettleiar.

Problemstilling 2:

- **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

Revisjonen konkluderer med (side 34 i rapporten):

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad og dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at det er store forskjellar i kva arbeid/aktivitetar som vert gjennomført i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule. Kommunen bør vurdere om det skal leggjast ei aktivitetsliste som er eit minimumskrav av aktivitetar som må gjennomførast.

Ein bør også vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalane mellom einingane.

Kommunen bør vurdere å utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren. Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta første klasstrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.

Problemstilling 3:

- **I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

Revisjonen konkluderer med (side 38 i rapporten):

Volda kommune har i flg. tilbakemelding frå skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og svært lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på langt over 3 månadar (skuleåret 2015/2016).

No er Volda og Ørsta gått inn i eit felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein. I den samanheng vart alle gamle saker avslutta og kommunen måtte tilmelde alle saker på nytt. Det er viktig at PPT så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette så raskt som råd, men og startar det systematiske og førebyggjande arbeidet.

Anbefalingar i frå revisjonen (side 39 i rapporten):

- Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
- PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
- Kommunen bør vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
- Kommunen bør utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.

I møtet

Kontrollutvalet vil be leiaren for den nye PPT møte i kontorollutvalet for å gi orientering om organiseringa og spesielt kven har ansvaret for kva i eininga, og kva er tryggheta for at tenestene som er tillagt PPT vert utført straks.

Utskrift av endeleg vedtak:

Vest kontroll AS



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Volda kommune	45/17	217	29.11.2017

SAK 45/17 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Volda Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.10.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
 - b) PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT skal støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
 - c) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - d) Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
 - e) Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
 - f) Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2018**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidlig innsats, Volda Kommune*, datert 20.10.2017. Motteke 22.11.2017.

Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der det bl.a. er sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, men og resultat frå nasjonale prøver. Det er samanlikna med dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

Problemstillingar:

1. Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

- **Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommune på denne området?

Revisjonen konkluderer med (side 28-29 i rapporten):

PPT har siste åra i liten grad gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane. Barnehagar og skular beskriv samarbeidet med PPT siste åra som utfordrande med lange ventelister og lang sakshandsamingstid, men enkelte rapporterte også om ei positiv utvikling dei siste to åra. Einingane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av saker og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht. førebyggjande arbeid.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Volda har tilbod om leksehjelp i 7.-10 klasse med 2 timar i veka ved dei kontrollerte skulane (til saman 8 timar i veka). Dette tilfredstillar krava i høve rettleiar.

Problemstilling 2:

- **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

Revisjonen konkluderer med (side 34 i rapporten):

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad og dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at det er store forskjellar i kva arbeid/aktivitetar som vert gjennomført i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule. Kommunen bør vurdere om det skal leggjast ei aktivitetsliste som er eit minimumskrav av aktivitetar som må gjennomførast. Ein bør også vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalane mellom einingane.

Kommunen bør vurdere å utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren. Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta første klassesetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.

Problemstilling 3:

- **I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

Revisjonen konkluderer med (side 38 i rapporten):

Volda kommune har i flg. tilbakemelding frå skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og svært lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på langt over 3 månadar (skuleåret 2015/2016).

No er Volda og Ørsta gått inn i eit felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein. I den samanheng vart alle gamle saker avslutta og kommunen måtte tilmelde alle saker på nytt. Det er viktig at PPT så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette så raskt som råd, men og startar det systematiske og førebyggjande arbeidet.

Anbefalingar i frå revisjonen (side 39 i rapporten):

- Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
- PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Volda-prosjektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
- Kommunen bør vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
- Kommunen bør utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.

I møtet

Kontrollutvalet vil be leiaren for den nye PPT møte i kontorollutvalet for å gi orientering om organiseringa og spesielt kven har ansvaret for kva i eininga, og kva er tryggheta for at tenestene som er tillagt PPT vert utført straks.

Rett utskrift

Åram, 3. januar 2018

 VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Ida B. Marholm

Ida Birgitte Marholm

Konsulent

Utskrift til: **Kommunestyret**
Leiar PPT

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Tidleg innsats



Volda Kommune

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «Tidleg innsats- **Volda kommune**».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

” (...)Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke kommuneadministrasjonen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 20.10.17

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innhald

SAMANDRAG.....	4
Barnehagane i kommunen.....	5
Skulane i kommunen	5
PPT:.....	5
Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?	6
Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?.....	7
Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?	8
Anbefalingar	8
1 Innleiing.....	9
2 Målsetting og problemstilling	9
3 Revisjonskriterium.....	9
3.1 Innleiing	9
3.2 Kjelder til kriterium.....	9
4 Metode og gjennomføring	10
4.1 Dokument	10
4.2 Verifisering av data	10
4.3 Avgrensing	11
5 Sektor for oppvekst og opplæring – Volda kommune	11
5.1 PPT.....	11
1.1.2 Grunnskulen	11
1.1.3 Barnehage	11
6 Problemstilling 1	12
6.1 Revisjonskriterium	12
6.1.1 Opplæringslova med føringar:.....	12
6.1.2 Barnehagelova:.....	13
6.2. Fakta: Barnehagane i kommunen:.....	14
6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen.....	14
6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen	16
6.2.3 Minoritetsspråklege barn	17
6.3 Vurdering:	18
6.4 Fakta: Skulane i kommunen:.....	18
6.4.1 Nasjonale prøver	18
6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen	19
6.4.3 Leksehjelp.....	20
6.5 Vurdering:	21
6.6 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:	21
6.6.1. Fakta	21
6.5.2 Vurdering:.....	24

6.7 Skriftlege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:.....	25
6.7.1 Fakta	25
6.7.2 Vurdering :	27
6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule.....	28
6.8.1 Fakta	28
6.8.2 Vurdering:.....	28
6.9 Konklusjon	28
7 Problemstilling 2	29
7.1 Innleiing:	29
7.2 Revisjonskriterium:	29
7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule.....	29
7.2.2 Oppsummering:.....	30
7.3 Overgangsplan mellom barnehage og skule.....	30
7.3.1Fakta	30
7.3.2 Vurdering:.....	32
7.4. Samarbeid mellom barnehage og skule.	32
7.4.1 Fakta	32
7.4.2 Vurdering:.....	33
7.5 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette.....	33
7.5.1 Fakta	33
7.5.2 Vurdering:.....	34
7.6 Konklusjon	34
8 Problemstilling 3	35
8.1 Revisjonskriterium:	35
8.2 Fakta:	35
8.2.1 Organisering	35
8.2.2 Tilvisingar.....	35
8.2.3 Ventetid og venteliste	36
8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering).....	37
8.3 Vurdering:	37
8.4 Konklusjon	38
9 Anbefalingar:.....	39
10 Rådmannen sin kommentar:.....	39

SAMANDRAG

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å

undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidlig i gong med spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der det bl.a. er sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, men og resultat frå nasjonale prøver. Det er samanlikna dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

Barnehagane i kommunen

Kommunen har 13 heildags barnehagar, sju kommunale og seks private barnehagar. Det var 447 born i barnehage i 2016, 232 born i kommunal barnehage og 215 born i privat. KOSTRA-rapportering viser at kommunen ikkje hadde venteliste på barnehageplass (2016). KOSTRA viser ein høg andel tilsette med ped. leiar og barnehageutdanning. Einingane bekrefta dette og at ein ikkje har hatt store utfordringar med rekruttering av kompetent personell.

Volda hadde under gjennomsnittet driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg og under fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar (13,4%). Dette kan tyde på at ein i Volda har ein låg andel barn som får ekstra ressursar, og at desse er under fylkes- og landsgjennomsnittet ressurskrevjande. Volda låg under gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der berre Ørsta og Vanylven hadde ein lågare andel.

Skulane i kommunen








Kommunen har 8 skular og totalt 1145 elevar(815 i småskulen og 330 i ungdomskulen).

7,8 % av elevane i Volda tok i mot spesialundervisning i 2016. Dette er ein nedgang frå 2015 då 8,1 % av elevane tok i mot spesialundervisning. Rapporteringa viser også at Volda hadde ein større andel elevar med spesialundervisning i storskulen /ungdomsskulen enn i småskulen i. Det er same tendensen som dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre.






PPT:

Felles PPT Ørsta/Volda vart etablert på 1990-talet, og adm. av vekselvis kommunane Volda og Ørsta, og med plan for 9 årsverk pr. 2016. Det har vore problem med rekruttering i ledige stillingar og samarbeidet vart oppløyst 1/7-2017. Både Volda og Ørsta vart då ein del av det interkommunale PPT-kontoret bestående av kommunane Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda med Ulstein som vertkommune.

Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.		Tilbakemelding frå barnehagar og skular viser at PPT tidlegare i svært liten grad har gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane i kommunen. Tilbakemeldingane frå einingane er at det nye PPT har signalisert fokus på systemretta og førebyggjande arbeid.
2	Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheiter.	 	Kommunen har ein felles handlingsplan knytt til kompetanseutvikling. Denne inneheld ei rekke tiltak knytt til styrking i lese og rekning samt. Tiltak knytt til tilpassa opplæring. Skulane har felles kartleggingsverktøy for å sikre at elevar vert fanga opp tidleg (b.la verktøya SOL og Zippys venner) Skulane får tildelt økonomiske rammer utarbeida av oppvekstkontoret. Ein del av ressursane vert tildelt skal nyttast opp i mot tidleg innsats/styrking i klasse og spesielt mot 1.-4. klasse Volda kommune har eit tverrfagelig ressursteam for barnehagar og skular. Tilbakemelding frå einingane viser at ressursteamet har blitt brukt i mindre grad fordi ein meiner det tek for lang tid å få sakene fram, og for at foreldre/føresette ikkje ønskjer å delta i slike møter der så mange einingar er representert. Kommunen bør derfor revurdere korleis det tverrfagelige teamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass.
3	Det skal også leggjast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.		Kommunen har skriftlege rutinar i høve saksgangen knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Det blei lagt til rette for spesialpedagogisk hjelp i dei barnehagane som revisjonen var i kontakt med.
4	Skulen skal prøve ut tiltak for å gi eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkyndig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.		Skriftelege rutinar som omfattar dette ligg føre og tilbakemelding frå både skule/barnehage bekreftar at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak (jfr pedagogisk rapport og felles kartleggingsplan.
5	Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.		Barnehagar og skular beskrev samarbeidet med PPT siste åra som utfordrande med lange venteliste og lang sakshandsamingstid, men enkelte rapporterte også om ei positiv utvikling dei siste to åra. Einingane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av saker og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht førebyggjande arbeid. Einingane håpar på at det nye PPT tek raskt tak i alle enkeltsakene i kommunen som blei avslutta i samband med flytting av kontoret, slik at ein får fatte enkeltvedtak på dei borna som har krav på det.
6	Kommunen skal sørge for minimum 8 timar pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.		I Volda blir det tilbydd leksehjelp i 7.-10. klasse 2 timar i veka ved dei kontrollerte skulane (tilsaman 8t/v).

Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.		Kommunen har utarbeida ein skrifteleg felles overgangsplan mellom barnehage og skule.
2	Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).	 	<p>Tilbakemeldingane frå einingane viser at dei opplever samarbeidet mellom barnehage og skule som godt, spesielt dei siste åra.</p> <p>Kommunen har sett i verk ei rekke tiltak bl.a. skriftelege rutinar mht. overgang, foreldremøter/foreldresamtaler, møter mellom rektor og styrar og bli kjent dagar på skulen i og i barnehagane.</p> <p>Kommunen bør vurdere om det skal lagast ei aktivitetsliste som er eit minimumskrav av aktivitetar som må gjennomførast av alle barnehagar og skular i samband med førskulearbeidet.</p> <p>Store forskjellar i sosial kompetanse mellom elevane som skal starte i 1.klasse kan vere ei utfordring for sentrumsskulane. Kommunen bør derfor utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse (samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre). Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.</p> <p>I samband med førskulearbeidet og samarbeid mellom einingane bør kommunen vurdere om det er hensiktsmessig at komande kontaktlærar i større grad vert involvert.</p> <p>Kommunen bør sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.</p> <p>Fleire av einingane (både skular og barnehagar) gav også tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid mellom skule og barnehage både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap. Dette går fram av kommunen sin overgangsplan (punkt 11), men tilbakemeldingane viste at dette i liten grad blei gjennomført.</p>
3	Alle barn bør få eit tilfredstillande møte med skulen.		<p>I plan for overgang går det fram av pkt. 3 at barnehagen informerer føresette om samarbeidet med skulane på foreldremøte. Planen seier derimot ikkje noko om dei borna som ikkje går i barnehage.</p> <p>Kommunen bør vurder å legge inn i planen ei rutine for å fange opp barn som evt. ikkje går i barnehage slik at desse så tidleg som mogeleg vert fanga opp og får tilbod om å delta på førskuleopplegget knytt til skulen dei skal byrje på. Dette er ei rutine som er spesielt viktig i dei sentrumsnære barnehagane og skulane som ikkje har like god lokal oversikt.</p>
4	Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.		<p>Det går fram av kommunen sine skriftelege rutinar at barnehagen skal innhente samtykke. Kommunen har også utarbeidd samtykkeskjema. Alle einingane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.</p>

Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT.		<p>Tilbakemelding frå skulane og barnehagane viste at det over mange år har vore lange venteliste og lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på over 3 månader (skuleåret 2015/16) .</p> <p>No er Volda og Ørsta gått inn i eit interkommunalt PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein. I den samanheng vart alle gamle saker avslutta og kommunen må tilmelde alle saker på nytt. Det er viktig at PPT så raskt som råd startar arbeide knytt til kartlegging og sakshandsaming, slik at barna får tilbodet dei har rett på</p>

Anbefalingar

- Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
- PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
- Kommunen bør vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
- Kommunen bør utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.

1 Innleiing

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidlig i gong med spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der ein bl.a. har sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, men og resultat frå nasjonale prøver. Det er føreteke ei samanlikna av dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

2 Målsetting og problemstilling

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

3 Revisjonskriterium

3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- **Opplæringslova:**
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd samt spesialundervisning for barn, unge og vaksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- **Barnehagelova:**
17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.
Det går fram av §19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp. At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

- **Rettleiar: Overgang for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.**
Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen frå barnehage til første årstrinn og eventuelt til skulefritidsordninga. Dette skal skje i et nært samarbeid med heimen. Barnehagen og skulen bør ha ein god dialog og informasjonsutveksling, og det bør leggest til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er en samheng mellom barnehage og skule. Rettleiaren gir detaljert informasjon om korleis denne samhandlinga bør skje, og korleis foreldre/førestette bør involverast.
- **Forvaltningslova:**
Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 4 om «saksforberedelse ved enkeltvedtak». Då spesielt med omsyn til foreldra sin rett til innsyn og involvering i dokumentasjonsoverføringa mellom barnehage og skule.

Revisjonskriteeria vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi vil basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar, korrespondanse, samt samtaler/ intervju med administrasjonen (PPT, skuleleiinga, og barnehagestyrarar). Ein viktig del av revisjonen vil også vere å gjennomføre ei spørjeundersøking/kartlegging til rektorane og barnehagestyrarane for å vurdere korleis barna i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht. tidleg innsats.

I tillegg er det gjennomført ei samanlikning av nøkkeltal mellom dei ulike kommunane mht. tidleg innsats i barnehage og skule. Tala er henta frå KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet) og GSI.

4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Interne rutinar skule og barnehage

4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, sendt over til rådmannen for uttale 07.11.17. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

4.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er knytt opp i mot tidleg innsats innan barnehage og skule. Sentrale lover er barnehagelova og opplæringslova, med tilhøyrande forskrifter og rettleiarar. Gjennomgang av tilpassa opplæring og korleis denne blir gjennomført er ikkje ein del av prosjektet. Det inngår heller ikkje å vurdere sakshandsaminga i forbindelse med spesialundervisning. Det er barnehage og skule som er sentralt i denne forvaltningsrevisjonen og som har fokus, og ein har valt og halde helsetenester, barnevern og andre tenester utanom.

5 Sektor for oppvekst og opplæring – Volda kommune

5.1 PPT

Volda har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Ørsta kommune. Eininga hadde i 2015 ein stillingsplan som omfatta 9 årsverk. Denne eininga er i dag oppløyst og kommunen har inngått i samarbeid med Hareid, Ulstein og Ørsta. Dette samarbeidet vart sett i verk 1/7- 2017. På Søre Sunnmøre har Sande og Vanylven felles PPT. Herøy kommune har eiga teneste. Tenesta er heimla i opplæringslova § 5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkyndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Samarbeidet mellom Volda og Ørsta strekk seg tilbake til 1990- talet og det har vore forskjellig organisering opp gjennom åra. Oppvekstkontoret i Ørsta opplyste om at PPT-eininga har hatt kapasitetsproblem i lang tid p.g.a permisjonar, sjukmeldingar og rekrutteringsproblem. Sjå kapittel 8 for meir informasjon om PPT.

1.1.2 Grunnskulen

Grunnskulen i Volda består av 8 skular (Austefjord, Bratteberg, Dalsfjord, Folkestad, Mork, Vikebygda, Øyra skule og Volda ungdomsskule). For skuleåret 2016/17 omfattar dette 1145 elevar der 815 er knytt til 1.-7. årstrinn og 330 er knytt til 8.-10. årstrinn.

1.1.3 Barnehage

Kommunen har 13 heildags barnehagar, sju kommunale og seks private barnehagar. SSB-tal viser at 447 born gjekk i barnehage i 2016. 232 born gjekk i kommunal barnehage og 215 born gjekk i private barnehagar.

6 Problemstilling 1

Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

6.1 Revisjonskriterium

6.1.1 Opplæringslova med føringar:

§ 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

PPT er ei lovpålagt teneste for kommunane (opplæringslova § 5-6 PPT sitt virkeområde går bl.a. på kunnskapsdepartementet sine sider at:

«PP-tjenesten gir systemrettet støtte til barnehager og skoler i form av råd og veiledning om pedagogisk ledelse, gruppeledelse, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PP-tjenesten skal også støtte barnehagen og skolen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for barn og unge med særlige behov.

PP-tjenesten gir individrettet støtte i form av sakkyndig vurdering i de tilfeller loven krever det.

PP-tjenesten kan bli spurt om råd i forhold til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder (§5-7), tidlig skolestart (§2-1, tredje ledd), utsatt skolestart (§2-1, tredje ledd), tegnspråkopplæring før opplæringspliktig alder, i grunnskolen og i videregående opplæring (§2-6., §3-9)....»

All undervisning skal ifølgje opplæringslova vere tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som treng ekstra utfordringar. Skolen skal aktivt ta omsyn til variasjonar blant elevane gjennom læringsmiljø, metodebruk og pedagogikk. (Utdanningsspeilet 2016, s 35).

Spesialundervisning, som er heimla i opplæringslova § 5-1, er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring.

«Tidlig innsats betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Det er viktig og prioritere førebygging. Prinsippet om tidlig innsats er konkretisert i opplæringslova. Her har skulane ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk. Innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning, der formålet er å styrke dei grunnleggande ferdigheitene i lesing og rekning på tvers av fag.

I seinare tid har det vore generelt fokus på betre tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, slik at spesialundervisning kan reduserast .

I tillegg til føringane ovanfor går det fram i opplæringslova **13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp:**

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

Det går vidare fram i føreskrift til opplæringslova at:

§ 1A-1.Leksehjelp i grunnskolen

Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.

Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.

6.1.2 Barnehagelova:

17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp. Det går fram av §19 a. (Rett til spesialpedagogisk hjelp). At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

§1 Forskrift om pedagogisk bemanning

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

§ 19 c. Pedagogisk-psykologisk tjeneste

Kommunens pedagogisk-psykologiske teneste er sakkyndig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagte sakkyndige vurderinger.

Den pedagogisk-psykologiske tenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbudet for barn med særlege behov.

Oppsummering

- PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.
- Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheiter.
- Det skal også leggst til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.
- Barnehagen og skulen skal prøve ut tiltak for å gi barnet/eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkyndig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.
- Kommunen skal sørge for minimum 8 timar pr. veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.

6.2. Fakta: Barnehagane i kommunen:

6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen

Ein del barnehagefaktorar er viktige med tanke på tidlig innsats. For å avdekke læringsutfordringar på eit tidleg tidspunkt er kompetanse og ressursar viktig. Ein har derfor sett på dekningsgrad og pedagogtettheit i barnehagane.

Tabell 1: Dekningsgrad i barnehagane 1.

Volda kommune, kommunane på Søre Sunnmøre, fylke og landsgjennomsnitt.

2016	Volda	Ulstein	Sande	Herøy	Hareid	Vanylven	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	98,4	98,4	86,5	95,3	87,1	91,1	93,2	92,6	91,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	89,1	90,5	75	87,8	80,9	77,5	87,4	84	82,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	104,4	103,6	92	100	91,4	97,6	96,7	97,8	97,2

(kjelde KOSTRA)

Vi ser av tabellen ovanfor at Volda kommune låg over fylke- og landsgjennomsnittet i høve andel barn i alderen 1-5 år med barnehageplass og høgast av kommunane på Søre Sunnmøre saman med Ulstein. Ser ein vidare på andelen 1-2 åringer låg Volda over

fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet, samt alle kommunane på Søre Sunnmøre utanom Ulstein. I høve andel barn i alderen 3-5 år låg kommunen også der over gjennomsnittet for fylke og landet. Generelt såg ein at 10 % av foreldra hadde borna heime i alderen 1-2 år, medan fleirtalet av borna mellom 3-5 år gjekk i barnehage.

Tabell 2: Dekningsgrad i barnehagane 2.
Volda kommune i perioden 2010-2015.

Volda	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	99,4	100	98,1	100,4	94,9	97,9	98,4
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	94,1	99	92,3	96	86,9	93,3	89,1
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	103,2	100,6	101,2	102,6	99,4	100,7	104,4

Tabell 2 viser utviklinga i dekningsgraden til kommunen i perioden 2010-2016. Ein ser mindre svingingar i perioden der kommunen hadde lågast dekningsgrad i 2014. For barn i alderen 1-5 år var dekningsgraden i 2014 (94,9%). I 2016 var andelen på 98,4%.

Tabell 3. Barn på venteliste

2016	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Barn med rett til barnehageplass på venteliste	:	:	:	4	:	8	:	135	2900

Tabellen viser andel barn med rett til barnehageplass på venteliste henta frå KOSTRA. Oversikta viser at Ulstein (4) og Ørsta (8) var dei einaste kommunane i Sjustjerna som har rapportert om venteliste i 2016. Tilbakemelding frå einingane i Volda kommune bekreftar at ein ikkje hadde venteliste i kommunen og at fleire foreldre vel den barnehagen som geografisk ligg nærmast heimen.

Tabell 4: Kompetanse blant dei tilsette i barnehagane:

Volda kommune 2010-2015 (iåg ikkje føre fullstendige tai for 2016)

Volda	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel ansatte med barnehagelæruddanning	31,3	33	32,8	36,2	35,8	44,4	46,6
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	3,1	2,2	3,7	3,4	3,1	7,3	1,1
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelæruddanning	86,9	93,4	91,8	96,8	94,9	96,9	98,6
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	0	0	0	0	7,1
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	11,1	4,3	2,2	0	1,7
Ansatte i alt alle barnehager	195	185	189	177	193	178	178
Ansatte i alt med barnehagelæruddanning alle barnehager	61	61	62	64	69	79	83
Ansatte i alt med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder alle barnehager	6	4	7	6	6	13	2
Antall styrere alle barnehager	16	15	15	14	14	11	11
Pedagogiske ledere alle barnehager	45	46	46	48	45	54	58

Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning har gradvist auka i perioden frå 31,3% i 2010 til 46,6% i 2016. Ser ein dette opp i mot antal tilsette i barnehagane som også har vore redusert i perioden hadde 83 av 178 tilsette barnehagelærarutdanning i 2016.

Ser ein på tilsette med pedagogisk utdanning som oppfylte utdanningskravet til pedagogisk leiar ser ein at dette auka frå 3,1% i 2010 til 7,3% i 2015 og kommunen hadde 13 tilsette som oppfylte utdanningskravet og til saman 11 barnehagestyrarar. Kommunen har derfor svært høg utdanning og kompetanse blant dei tilsette. Ein har fått tilbakemelding med styrarar og kommunen at det ikkje er utfordringar knytt til å rekruttere kvalifisert personell. Ut i frå KOSTRA såg ein derimot ein drastisk nedgang i antal tilsette (2) som oppfylte utdanningskravet til ped.leiar/styrar i 2016.

6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen

I KOSTRA går det fram informasjon om tilrettelagte tiltak gjennomført i barnehagen og går fram i tabellen nedanfor.

Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak" - Barnehagar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskulebarn (f 211) per barn som får ekstra ressursar, alle barnehager	108 692	57 000	46 393	66 614	54 806	65 381	106 661	74 114	66 707
Korigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskulebarn (f 211) per barn som får ekstra ressursar, kommunale barnehager	157 000	119 125	78 941	461 600	89 447	102 162	160 537	102 831	88 556
Andel barn som får ekstra ressursar til styrket tilbud til førskulebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (%)	9,8	20,8	18,1	16,7	22,3	13,4	10,3	15,6	16,4
Andel barn som får ekstra ressursar til styrket tilbud til førskulebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager (%)	12,2	17,8	14,2	7,5	28,8	15	11,5	17,1	19,8
Korigerte brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressursar (f211) i komm. barnehage, konsern	1 413 000	953 000	..	1 154 000	424 875	472 500	731 333	463 543	487 863
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressursar, i forhold til alle barn i komm. barnehager	1,4	2,2	0	3	6,1	3,2	2,5	3,6	3,6

Oversikta viser at det er store forskjellar mellom kor mykje kvar enkelt kommune brukar på tilrettelagde tiltak til førskulebarn (både kommunale og private barnehagar). Det skal derimot nemnast at små barnegrupper kan gi stort utslag i kvar enkelt kommune. Vanylven og Ørsta hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene til styrka tilbud til førskulebarn med hhv. 108 692 kr og 106 661kr pr barn. Dei andre kommunane hadde utgifter på mellom 46 000kr til 67 000kr. Volda brukte 66 381kr, medan gjennomsnittet for fylket var 74 114kr.

Det er også interessant å sjå at utgiftsnivået generelt sett for alle kommunane er høgare i dei kommunale barnehagane enn i dei private. Dette kan tyde på at det vert nytta meir ressursar knytt til tiltak i dei kommunale barnehagane enn i dei private, men enkelte barn som treng ekstra store ressursar kan gjere store utslag i statistikken.

Oversiktene viser store forskjellar i andelen barn som fekk ekstra ressursar i førskulealder i dei ulike kommunane. Hareid og Sande hadde høgaste andelen med hhv. 22,3% og 20,8%. Medan Vanylven og Ørsta hadde den lågaste andelen med hhv. 9,8% og 10,3%. Herøy (18,1%), Ulstein (16,7%) og Volda (13,4%) låg rundt landsgjennomsnittet på 16,4%. Ein registrerte ikkje nokon samanheng mellom andelen born som fekk tiltak i kommunale barnehagar enn i dei private. I enkelte kommunar var det størst andel i kommunale barnehagar (Vanylven, Hareid, Volda og Ørsta) medan i Sande, Herøy, Ulstein var det størst andel i dei private.

Hareid og Sande hadde som nemnt ovanfor høgaste andelen med førskulebarn som fekk ekstra ressursar. Vanylven og Ørsta hadde lågast. Ser ein dette i samanheng med tabellen under kapittel 6.4.2 (spesialundervisning) hadde Hareid og Sande ein lågare andel elevar på ungdomsskulen som fekk spesialundervisning i forhold til nabokommunane og fylket. I Vanylven, Volda og Ørsta såg ein derimot lite tiltak i småskulen og ein høg andel elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen. Det er derimot ikkje gått nærmare inn på kva som er grunnen til dette, men isolert sett for kommunane på Søre Sunnmøre er det interessant sjå at dei kommunane som kjem i gong med tidleg innsats har ein reduksjon i andelen elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen i høve gjennomsnittet. Herøy følgjer derimot ikkje denne utviklinga, men det skal nemnast at dette kan skuldast at kommunen har hatt større fokus på tidleg innsats dei siste åra, og at elevane som no er på ungdomstrinnet er resultatet av tidlegare praksis.

6.2.3 Minoritetsspråklege barn.

Alle elever har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå egne vilkår og behov. Ein skule basert på likeverd føresett at alle elever får de same mogligheit til å utvikle seg. Minoritetsspråklege barn/elevar er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk.

Auken i minoritetsspråklege barn kan gi ei utfordring for kommunane i høve å legge til rette og kunne gi dei den tilpassa opplæringa dei har krav på. Vi har derfor også sett på andelen minoritetsspråklege barn i barnehage i dei ulike kommunane.

Minoritetsspråklege barn 2015	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	7,6	15,8	17	14,5	18,3	11,3	7,6
Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 0-5 år	63	59	91	76	66	93	63

Tabellen viser kor stor del av borna med barnehageplass som var minoritetsspråklege. Hareid og Herøy hadde høgaste andelen med hhv. 18,3% og 17%, men Sande og Ulstein hadde også ein høg del med 15,8% og 14,5%. Volda hadde ein andel på 11,3%, medan Ørsta og Vanylven hadde lågaste andel av kommunane med 7,6%.

6.3 Vurdering:

KOSTRA viste at kommunen hadde ikkje venteliste på barnehageplass (2016). KOSTRA-tal viser ein høg andel tilsette med pedagogisk utdanning (ped.leiarar) og barnehageutdanning. Einingane bekreftar dette og at ein ikkje har store utfordringar med rekruttering av kompetent personell.

Volda hadde under gjennomsnittet av driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg under fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar (13,4%). Dette kan tyde på at ein i Volda har ein under gjennomsnittleg andel barn som får ekstra ressursar, og at desse er under fylkes- og landsgjennomsnittet ressurskrevjande. Volda låg under gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der berre Ørsta og Vanylven hadde ein lågare andel.


6.4 Fakta: Skulane i kommunen:

6.4.1 Nasjonale prøver

Innleiingsvis har vi sett nærmare på nokon data frå utdanningsdirektoratet si tilstandsvurdering av grunnskulen og samanlikna nabokommunane opp i mot kvarandre, samt opp i mot fylke- og landsgjennomsnitt. Vi har spesielt sett nærmare på resultat frå nasjonale prøver på 5 .trinn, då vi meiner at desse gir ein peikepinn på den læringa som har skjedd i 1.-4. klasse. Sidan desse kartleggingsprøvene blir gjennomført på hausten, seier dei lite om opplæringa på 5.trinn. Kartleggingsprøvene blir gjennomført i engelsk, lesing og rekning, og er delt inn i tre mestringsnivå :Mestringsnivå 1, som er lågast, mestringsnivå 2 er middels og mestringsnivå 3 er høgast.

Figur 1: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17


Engelsk. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Volda kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Figur 2: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17


Lesing. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Volda kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Figur 3: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17

Rekning. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Volda kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Eit moment som det ikkje er teke høgde for i tabellane ovanfor er fritaksprosenten for deltaking på prøvene for elevlar som openbart ikkje vil gi utbytte i læringssamanheng. For alle skuleåra låg det føre tal for engelsk, lesing og rekning. For engelsk, lesing og matematikk såg ein ei positiv utvikling på mestringsnivå 3 og ein reduksjon på mestringsnivå 1 frå skuleåret 2014/15 til 2016/17. Lågast resultat for alle dei tre prøvene var skuleåret 2015/16 då ein registrerte størst andel elevlar på mestringsnivå 1 og minst på mestringsnivå 3.


6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevlar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 7,8 % av elevane i Volda tok i mot spesialundervisning i 2016 . Dette er ein nedgang frå 2015 då 8,1% av elevane fekk spesialundervisning. 7,8% er litt over gjennomsnittet samanlikna med nabokommunane, men under fylkesgjennomsnittet og på høgde med landsgjennomsnittet. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 25,3% og høgast av alle nabokommunane, fylkes- og landsgjennomsnittet.

År 2016	Volda	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Herøy	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning	7,8	8,2	3,8	6,7	5,7	6,6	7,3	8,6	7,8
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	5,4	3,4	2	5,1	4,6	4,3	4,4	6,6	5,2
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	9,3	11,4	4,1	8,3	8,9	5,4	7,4	9,4	9,2
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	9,7	10,6	5,4	7	3,6	10,7	11,1	10,4	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	25,3	10	11,3	19,3	21,8	16,2	15,2	18,8	17,5

Spesialundervisning fordelt på klassetrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane. Volda har også denne tendensen. Det er ei auke i andel spesialundervisning i storskulen og på ungdomstrinnet samanlikna med småskulen.



Det kan vere fleire grunnar til at ein ser ei auke i spesialundervisning i forhold til klassetrinn. Ein grunn kan vere at spesialundervisninga ikkje har hatt effekt, eller at av ein eller anna grunn ikkje kjem i gong med spesialundervisninga tidlegare.

6.4.3 Leksehjelp

Opplæringslova gir elevar i grunnskulen rett til leksehjelp. Det skal bli gitt tilbod om minimum åtte timar kvar veke og kommunen/skulen avgjer korleis dei åtte timane skal fordelast på dei ulike årstrinna. Nedanfor går det fram informasjon om korleis leksehjelp blir praktisert i kommunen. Ein har vore i kontakt med rektor på fire av skulane i kommunen for å få eit innblikk i korleis ordninga fungerer.

Volda har vedteke at ein skal ha leksehjelp på klassetrinna 7.-10. klasse. Ein fekk tilbakemelding med dei kontrollerte skulane om at det var slik det blei praktisert og at dei blei tilbydd 2 skuletimar i veka.

Det blei stilt spørsmål om det er lagt til rette for god informasjonsoverføring mellom den som utfører leksehjelpa og kontaktlærer i klassene, samt til foreldre føresette. Ein fekk tilbakemelding om at det ikkje ligg føre skriftlege rutine knytt til dette, men lærar som

utfører leksehjelpa hadde i stor grad dei same elevane i den daglege undervisninga. Informasjonsoverføring til føresette blir i hovudsak gjort gjennom foreldresamtale der ein tek opp eventuelle utfordringar.

6.5 Vurdering:

KOSTRA-rapporteringa viser at 7,8 % av elevane i Volda tok i mot spesialundervisning i 2016. Dette er ein nedgang frå 2015 då 8,1 % av elevane tok i mot spesialundervisning. Rapporteringa viser også at Volda hadde ein større andel elevar med spesialundervisning i storskulen /ungdomsskulen enn i småskulen i. Det er same tendensen som dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre.

Ved skulane blir leksehjelpa gjennomført i grupper der fleire klasser deltek. Reknar ein antal klasser som får tilbod om leksehjelp har alle skulane (som har 7.-10. klasse) tilfredstillande krav om 8 timar leksehjelp. Revisjonen vurderer rettleiaren slik at skulen skal tilby 8 timar til kvar enkelt elev i løpet av grunnskulen der skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ein meiner derfor at kommunen har tilfredstilt krava i rettleiar i høve antal timar leksehjelp i veka, då små elevgrupper gjer det forsvarleg å gjennomføre felles økter med ulike klassetrinn.

Ei problemstilling ein ikkje har kontrollert i denne samanheng er om leksehjelpa vert organisert som ein del av SFO. Her vil revisjonen berre minne kommunen om at ein ikkje kan ta betalt for den tida eleven får leksehjelp etter forskrifta.

6.6 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:

6.6.1. Fakta

6.6.1.1 Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule.

Ein har hatt samtale med rektor og styrarar ved skular og barnehagar i kommunen. I den samanheng har ein fått tilbakemelding på kva systemretta førebyggjande arbeid som blir gjennomført på dei ulike einingane og om PPT deltek ute på einingane i kommunen.

Voldaprojektet:

Alle barnehagane er med i Voldaprojektet (2013-2017). Dette er ein del av eit forskingsprosjekt knytt til psykisk helse i barnehagen der tre kommunar deltek (Steinkjer, Klæbu og Volda). Målet med prosjektet er å auke kunnskapen om psykisk helse i barnehagen, evaluere for å sjå effekten av kompetansehevinga og å få meir kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagealder. Ein har fått tilbakemelding frå alle barnehagestyrarane ein har vore i kontakt med at dette har gitt god opplæring innanfor emnet og at ein har hatt stort utbytte av prosjektet. Mykje av dette arbeidet og opplæringa bidreg til at ein fangar opp born med psykiske vanskar/utfordringar tidlegare og er dermed ein viktig del av tidlege innsatsen i barnehagane.

Tverrfagelig ressursteam:

Volda kommune har også eit tverrfagelig ressursteam for barnehagar og skular. Ressursteamet er eit ledd i kommunen si satsing på tidleg innsats for å oppdage og førebygge vanskar hos barn og unge og består av helsesøster, barnevernspedagog, PP-rådgjevar og kommunepsykolog. Dette er eit lågterskeltilbod til alle barnehagar og skular i kommunen der målet er å snu ei uheldig utvikling så tidleg som mogeleg. Skulane og barnehagane i samarbeid med foreldre/føresette melder opp saker til ressursteamet der det blir satt av 45 min til kvar enkelt sak, der ein drøftar barnet si utvikling og får rettleiing om kva tiltak som kan vere aktuelt å prøve ut, samt vurdere om tilvising til aktuelle hjelpeinstansar er aktuelt.

Tilbakemelding frå skulane viser at dette ressursteamet har fungert i ca 2 skuleår og at det blei mykje brukt første skuleåret. Ein har derimot fått tilbakemelding på at siste skuleår blei teamet nytta i mindre grad. Dette skuldast at ved fleire tilfelle blei det valt å gå direkte til dei instansane som skulane vurderte som aktuelle (i hovudsak PPT). Skulane si tilbakemelding frå føresette var også at dei ofte ikkje ønskte å ta opp saker i dette teamet då foreldre oppfatta det som «overveldande» med så mange tenester samla for å diskutere barnet deira.

Nettverk for spesialundervisning i skulane

Volda kommune har eit kommunalt nettverk for spesialundervisning (SPU). Dei har møter ca 4 gongar i året (2 på haust og 2 på våren). Nettverket har utarbeida ein kartleggingsmodell som skal prøvast ut dette skuleåret (2017-2018). Målet med planen er å sikre at alle elevar vert fanga opp tidleg dersom der er utfordringar som gjeld grunnleggjande kompetanse innanfor lesing, skriving eller rekning. Planen skal også vere ein god reiskap i vurdering for læring og tilpassa opplæring. Det er skuleleiinga som har hovudansvaret for å implementere planen og tilbakemeldingane viser at ein no er i oppstartsfasa med å implementere planen.

Nettverk for spesialpedagogane og støttepedagogane i barnehage

Volda kommune har eit kommunalt nettverk for spesialpedagogane og dei har møte/samarbeidstid annakvar veke. Møta vert nytta til kompetanseheving og rettleiing. Spesialpedagogane i Volda kommune har dei siste åra fått opplæring i bruk av systemanalysemodellen, i regi av Statped Midt og Fylkesmannen.

Volda kommune har også eit kommunalt nettverk for støttepedagogane. Spesialpedagogane har ansvar for det faglege innhaldet. Dei har 4-5 møter i året (2 på haust og 3 på våren). Møta vert nytta til kompetanseheving og rettleiing.

Koordinator i barnehage

Volda kommune har for barnehageåret 17/18 ein koordinator som skal følgje opp ulike støttetiltak i barnehagen. Koordinator skal rettleie og fylgje opp tiltak, rettleie støttepedagogane og bistå barnehagane med arbeid på systemnivå (systemanalysemodellen - lågterskeltilbod).

Søke om støtteressurs i barnehagane:

I Volda kommune har barnehagane mogelighet for å søke om støtteressurs til barn. Barnehagen i samarbeid med foreldre/føresette sender då inn søknad til oppvekst, som evaluerer og evt. tildelar ressursar. Dette er eit tilbod utanom ressursane knytt til spesialundervisning gjennom tilvising til PPT. Ein har fått positive tilbakemeldingar frå barnehagane knytt til denne ressursen og at desse ressursane kan vere med på å førebygge og redusere antal saker som ender med tilvising til PPT ved at ein kan få satt inn små ekstra ressursar der ein ser behov for det.

Øyremerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane:

Oppvekstkontoret dreg ut på dei ulike skulane seint på hausten (nov/des) for å få tilbakemelding på kva ressursar som trengs neste skuleår i samband med utarbeiding av budsjetterammer. Ut i frå tilbakemeldingane frå skulane utarbeidar dei ein fordelingsnøkkel og eit tilvisingsbrev for kvar enkelt skule. Ein del av dei ressursane som blir fordelt ut skal nyttast til styrking og tilpassa opplæring. Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fordelar ressursane på dei klassene/gruppene der det er mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som kan brukast på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring.

Systemretta og førebyggjande arbeid på skular og barnehagar utført av PPT:

På spørsmål om PPT gjennomfører systemretta og førebyggjande arbeid ute i barnehagane og skulane fekk ein stort sett tilbakemelding frå einingane at dette ikkje har vore gjort siste åra og at PPT sitt arbeid har vore hovudsakeleg vore knytt til sakshandsaming av tilvisingar. Ut frå møte med den nye PPT hadde alle einingane inntrykk av at ein sentral del av arbeidet deira vil vere førebyggjande og systemretta tiltak. Men einingane hadde fått tilbakemelding om at PPT er i ein omstillingsprosess, så det ville ta ei tid før ein får sette i gong med dette arbeidet.

Etter at PPT samarbeidet mellom Ørsta og Volda blei avvikla blei alle tilvisingane som var sendt inn av skulane og barnehagane kansellerte og dei fekk beskjed om å tilmelde på nytt når den nye eininga kom på plass. Kommunen har derfor veldig mange born/elevlar som har stått på venteliste svært lenge (over 8-10 månadar). Sett i samanheng med at det nye PPT samarbeidet har gitt beskjed om at det vil ta tid før dei har vanleg drift, er mange av styrarane og rektorane frustrerte då det er mange saker som har vore på vent og som no må takast tak i slik at ein kan få på plass enkeltvedtak på dei borna/elevane som treng det.

Alle einingane gav tilbakemelding om ein no hadde fått kontaktpersonar i nye PPT, og alle einingane som revisjonen har vore i kontakt med hadde hatt besøk av PPT i sept/okt. PPT har også halde informasjonsmøte for alle einingane.

Ved enkelte barnehagar og skular fekk ein tilbakemelding om at ein kunne ønske eit tettare samarbeid med PPT med faste møtepunkt der ein kunne drøfte utfordringar i kvardagen og

saker på NN-nivå. Einingane har forventningar om at det nye PPT bør vere meir aktivt ute på skulane og barnehagane slik at PPT får god kjennskap til kvar enkelt eining i høve tilgjengelige ressursar, organisering og læringsopplegg. Tett dialog mellom einingane og PPT vert også peika på som viktig slik at ein kan skape eit tillitsforhold mellom dei tilsette og PPT.

Sakshandsamingstid ved tilvising PPT:

Tilbakemelding frå einingane og skuleleiinga viser at ein over fleire år (siste 10 åra) har hatt problem med lang sakshandsamingstid knytt til tilvising av born/evevar til PPT.

Tilbakemeldingane frå einingane i Volda viste at i mange tilfelle kunne det vere opp til 6 månadar venteliste før ein fekk gjennomført oppstartsmøte og sett i verk kartleggingsprosessen. Dermed kunne det gå heile skuleåret frå skulen/barnehagen tilmeldte til at det låg føre sakkyndig vurdering. Det skal nemnast at sjølv om sakshandsamingstida ikkje var tilfredstillande rapporterte fleire av einingsleiarane om ei positiv utvikling dei to siste åra . Sjå kapittel 8 for meir informasjon kring sakshandsamingstida til PPT.

6.5.2 Vurdering:

Voldaprojektet:

Tilbakemelding frå barnehagane er positive til Voldaprojektet. Prosjektet har bidrege til betre kunnskap kring psykisk helse til barn blant dei tilsette og ein vurderer dette som eit konkret og godt tiltak knytt til tidleg innsats som ut i frå tilbakemeldingane har fungert. Etter at prosjektet er avslutta bør kommunen vurdere å vidareføre arbeidet mht. felles rutinar og prosedyrar slik at einingane bevarer kunnskapen dei har tileigna seg. Kommunen bør også vurdere å dele kunnskapen som barnehagane no har tileigna seg med skulane i kommunen.

Tverrfagelig team:

Tilbakemelding frå einingane viser dei generelt tenker at det tverrfagelige ressursteamet er eit positivt lågterskeltilbod, men at det siste året har vore mindre brukt fordi ein meiner det tek for lang tid å få sakene fram, og for at foreldre/føresette ikkje ønskjer å delta i slike møter der så mange einingar er representert. Kommunen bør derfor revurdere korleis det tverrfagelige teamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass.

Nettverk for spesialundervisning (skule) og for spesialpedagogane (barnehage):

Kommunen har både nettverk for spesialundervisning i skulane og nettverk for spesialpedagogane og støttepedagogane i barnehagane. Nettverk for spesialundervisning har siste året arbeidd med ein ny kartleggingsmodell i skulen i høve å fange opp barn tidleg mht. lærevanskar. Nettverket har derfor jobba aktivt med systemretta og førebyggjande arbeid i høve tidleg innsats. Utover dette vert nettverka nytta til kompetanseheving og rettleiing.

Støtteressursar/øyremerka ressursar

Både skule og barnehage får tildelt økonomiske rammer utarbeida av oppvekstkontoret. Ein del av ressursane som vert tildelt skal nyttast opp i mot tidleg innsats/styrking i klasse. Ved barnehagane kan styrar i samråd med foreldre/føresette søke om støtteressursar som oppvekstkontoret vurderer. Dette viser at oppvekstkontoret i Volda kommune har eit bevisst fokus på tidleg innsats.

PPT

PPT har ikkje hatt faste møtetider i skulane og barnehagane. Enkelte einingar ønskte eit tettare samarbeid med PPT spesielt med tanke på opplæring og drøfting av utfordringar i kvardagen. Eit slikt arbeid kan vere med å sikre ei betre kvalitet og kompetanseheving ute på einingane og dermed bidra til å fange opp born med vanskar så tidleg som mogeleg.

Tilbakemelding frå skular og barnehagar viser at ein har hatt utfordringar med sakshandsamingstida i PPT over mange år og lange ventelister. I samband med overgang til nytt PPT-kontor blei alle tidlegare sakene avvikla. Tilbakemeldingane frå einingane viser at PPT no skal ha mykje meir fokus på systemretta og førebyggjande arbeid. Dette kan bidra til at ein ute på einingane raskare greier å fange opp born med vanskar. Derimot har Ørsta og Volda veldig mange individualsaker som det hastar å få på plass enkeltvedtak på. Derfor er det viktig at det nye PPT kjem raskt i gong med sakshandsaming av individualsakene som blei avslutta, slik at born som har krav på spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp får enkeltvedtak på dette, då det handlar om borna og foreldra sine rettar.

6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:**6.7.1 Fakta****6.7.1.1 Felles:**

Kommunen har utarbeida ein kvalitetsplan for heile oppvekst (både skular og barnehagar). Denne planen omfattar fleire emne og har som formål å synleggjere sektoren sine verdiar, mål og tiltak, samt sikre oversikt og kontinuitet i arbeidet, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Planen var ferdig i 2017. Dei ulike barnehagestyrarane og rektorane hadde alle kjennskap til planen og arbeida no med å implementere den ute på einingane.

Kommunen nyttar det nettbaserte verktøyet Kvalitetslosen der alle skriftelege dokument og prosedyrar knytt til skule og barnehage ligg føre. Revisjonen fekk tilgang til dette systemet i samband med prosjektet. I Kvalitetslosen ligg det bl.a. skriftelege rutinar knytt til spesialpedagogikk og spesialundervisning, rutinar knytt til overgang mellom skule og barnehage og forskjellige malar og retningslinjer. Nedanfor har ein trekt fram dei viktigaste knytt til tidleg innsats.

Kommunen har utarbeida mal for pedagogisk rapport etter kartlegging og utprøving av tiltak i barnehage og skule. Denne skal ligge ved tilvising av elevar til PPT. Denne malen inneheld ulike testar og kartleggingar som bør/skal gjennomførast. Dermed bidreg denne rapporten til

mykje av dei tiltak og kartleggingane ein gjennomfører i skule og barnehage før tilvising til PPT og er derfor viktig i samband med arbeidet knytt til tidleg innsats.

6.7.1.2 Barnehage:

Barnehagane i Volda kommune har delteke i Voldaprojektet (vert avslutta i 2017). I samband med dette har ein fått utarbeida skriftelege rutinar knytt til psykisk helse hos barn, der tryggleiksmodellen (trygghets sirkelen) står sentralt. Styrarane revisjonen har vore i kontakt med har gitt positive tilbakemeldingar på prosjektet.

Barnevernet har utarbeida felles rutinar for identifikasjon og oppfølging av barn (0-6 år), med foreldre som slit med psykisk sjukdom eller som misbrukar rusmiddel slik at det går utover omsorga for barnet. Denne vert kalla «Sjå meg» og er utarbeida for Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein. Dei einingane revisjonen har vore i kontakt med har gitt tilbakemelding på rutineane vert nytta og er eit fint oppslagsverk for dei ulike tilsette mht. ulike vanskelege situasjonar. I tillegg har ein fått tilbakemelding med enkelte av barnehagane om at ein no har starta eit samarbeidsprosjekt med helsestasjonen som ein no jobbar med.

Kommunen har også utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til spesialpedagogisk hjelp. Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilvising til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i stor grad tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftelege prosedyrar knytt til tidlig innsats.

6.7.1.3 Skule:

Kommunen har utarbeida ein handlingsplan (2014-2017) knytt til kompetanseutvikling i grunnskulen. Denne planen inneheld tiltak bl.a. knytt til lesing og rekning som grunnleggande ferdigheit og tiltak knytt til tilpassa opplæring.

I samband med kommunen sitt ynskje om å fange opp elevar tidleg mht. lesing, skriving og rekning har SPU-nettverket i kommunen utarbeida «obligatorisk kartlegging i Voldaskulen». Planen inneheld dei obligatoriske kartleggingsverktøya tilpassa 1.-10.trinn. I tillegg nyttar skulane i Volda "SOL - Systematisk Observasjon av Lesing" som eit verktøy i deira arbeid knytt til tidleg innsats. SOL er:

- Eit system/verktøy for å fastslå kvar elevane er i si leseutvikling.
- Eit program for kompetanseheving for lærerane.
- Eit verktøy der kvar elev skal følgjast opp i si leseutvikling gjennom alle 10 skuleåra.
- Et verktøy for tilbakemelding til elevar og foreldre / føresette.

Som i barnehagen har skulen egne rutinar knytt til saksgang ved spesialundervisning. Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av eleven si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilvising til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering. I samtale med lærerane fekk ein i stor grad tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftelege prosedyrar knytt til tidlig innsats.

Alle skulane ein besøkte brukte barnetrinnsprogrammet «Zippys venner» som er eit tiltak for å jobbe systematisk med å fremme god psykisk helse og et godt psykososialt miljø på skulen. Tilbakemeldingane frå einingane var positive og at dette var eit viktig vektøy mht. å førebygge mobbing og i å identifisere utfordringar. Zippys venner har også materiell for tilrettelegging av undervisinga ovanfor enkeltelevar eller grupper av elevar som har behov for tilpassing.

6.7.2 Vurdering :

Kommunen har mange felles retningslinjer innafor skule og barnehage. Desse er lokalisert på Kvalitetslosen noko som gjer dei lett tilgjengelige for alle dei tilsette ute på einingane. Derfor er dette ein god måte å lagre dei ulike malane og retningslinjene på, samt at det skapar eit godt oppslagsverktøy for kvar enkelt tilsett. Tilbakemeldingane frå styrarane og rektorane viste at dei var kjent med verktøyet og at det vart nytta i kvardagen.

Innhald og skriftlege rutinar utarbeida i samband med Voldaprojektet vert nytta av barnehagane i kommunen og ein har fått mykje positive tilbakemeldingar på det arbeidet som er gjort. Etersom projektet no skal avsluttast er det viktig å få nedfelt mest mogeleg av kunnskapen som er tileigna slik at ein vidare kan få mest mogelig effekt av projektet mht. nye tilsette og vidareføring av kunnskapen. Revisjonen meiner det også er viktig å finne ein arena der ein kan dele denne kunnskapen med skulane i kommunen slik at dei også får eit utbytte av projektet.

Felles skriftleg kvalitetsplan (både i skule og i barnehage) bidreg til at ein får ei felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til tidleg innsats. Det er derfor viktig at kommunen no får implementert denne godt i organisasjonen både i skulane og barnehagane slik at ein jobbar mot felles mål, noko som kan vere spesielt viktig mht. overgang mellom barnehag/skule.

Kommunen har utarbeida skriftlege prosedyrar knytt til saksgang ved spesialpedagogisk hjelp (barnehage) og spesialundervisning (skule) . Dette gir dei tilsette i barnehagane og skulane retningslinjer for kva ein skal gjere i bekymringsfasen før tilvising til PPT. Dette er eit viktig område mht. tidleg innsats.

Kommunen har utarbeida ein handlingsplan (2014-2017) knytt til kompetanseutvikling i grunnskulen. I tillegg har SPU- utarbeida eit obligatorisk kartleggingsverktøy til Voldaskulen. Det er positivt at ein har fått på plass eit felles kartleggingsverktøy/handlingsplan både ved overføring av elevar frå klasse til klasse og evt. frå skule ved at lærerane har kjennskap til kartleggingsverktøya som er nytta tidlegare. Kommunen bør vurdere å få utarbeida eit liknande handlingsplan/kartleggingsverktøy retta mot barnehagane i kommunen knytt til språk og sosial kompetanse (samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre). Planen bør innehalde ein kommunal minstestandard for observasjon og kartlegging av språk og sosial kompetanse for 1-6 år. Den bør også innehalde ei skildring av prosessen, ansvarsområde og omtale av observasjons- og kartleggingsverktøy slik at tilsette kan også

bruke det som eit oppslagsverk. Dette arbeidet bør gjerast i samarbeid med PPT som kan vere ein viktig ressurs både mht. utarbeiding og implementering.

Kommunen har utarbeida ein felles mal knytt til pedagogisk rapport. Felles mal i barnehage og skule gir dei tilsette eit nyttig verktøy mht. å sette i gang kartlegging og prøve ut tiltak. Dermed er dette eit viktig verktøy i samband med tidleg innsats.

Skulane i kommunen nyttar SOL (systematisk observasjon av lesing) i grunnskulen. Det er positivt at ein har fått på plass eit felles kartleggingsverktøy/handlingsplan både ved overføring av elevar frå klasse til klasse og evt. mellom skular ved at lærerane både har kjennskap til kartleggingsverktøya og metodane som er nytta i tidlegare klasser.

6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule

6.8.1 Fakta

Både rektorar og barnehagestyrarar fekk spørsmål knytt til PPT sine sakkyndige vurderingar. Tilbakemeldingane viste at ein i stor grad var nøgd med dei sakkyndige vurderingane i samband med enkeltvedtak knytt til spesialundervisning.

Dei fleste rektorane og barnehagestyrarane meinte at dei sakkyndige vurderingane var gode og at ein hadde utbytte av dei, men at kvaliteten kunne variere. Alle gav tilbakemelding om at ein i dei aller fleste tilfelle følgjer anbefalingane til PPT i samband med utarbeiding av enkeltvedtak. Men det kom og tilbakemelding om at dei sakkyndige vurderingane tidvis kunne oppfattast som litt for generelle og ein kunne ønske at dei var meir «spissa» og detaljerte. Det blei også peika på at PPT burde ha meir elevkontakt retta spesielt mot klassen for å kunne avdekke utfordringar i klassesituasjonen.

I samtale med barnehagane og skulane fekk ein også tilbakemelding om at ved tilvising og under kartleggingsprosessen har det kunne gått svært lang tid før det låg føre ei sakkyndig vurdering, men enkelte av einingane meinte det hadde vore ei forbetring siste to åra. Det blei også gitt tilbakemelding på at PPT har samarbeida med skule/barnehage og foreldre/føresette der partane har fått kome med innspel til vurderinga.

6.8.2 Vurdering:

Barnehagar og skular har stort sett opplevd dei sakkyndige vurderingane som gode, og i dei fleste tilfelle har det vore eit godt samarbeid med både PPT og foreldre/føresette under kartleggingsprosessen. Største problemet har vore svært lange ventelister.

6.9 Konklusjon

PPT har siste åra i liten grad gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane. Barnehagar og skular beskrev samarbeidet med PPT siste åra som utfordrande med lange venteliste og lang sakshandsamingstid, men enkelte rapporterte også om ei positiv utvikling dei siste to åra. Einingane har klare forventningar til at nye PPT

kjem raskt i gong med handsaming av saker og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht førebyggjande arbeid.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Volda har tilbod om leksehjelp i 7.-10. klasse med 2 timar i veka ved dei kontrollerte skulane (tilsaman 8t/v). Dette tilfredstillar krava i høve rettleiar.

7 Problemstilling 2

I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

7.1 Innleiing:

I dette kapittelet går det fram revisjonskriterium, data og vurderingar korleis det er lagt til rette for god overgang mellom barnehage og skule. Kva som er gode overgangar vert utdjupa nedanfor i kapittel 7.2 der dei ulike revisjonskriteria som vi har nytta for å belyse dette emnet går fram.

7.2 Revisjonskriterium:

Revisjonskriteria under denne problemstillinga er hovudsakeleg henta frå barnehagelova, opplæringslova, rettleiar for tidleg innsats «frå elds til yngst», forvaltningslova og personvernslova. Nedanfor har ein teke ut dei viktigaste momenta frå dei ulike lovene og rettleiaren som revisjonen vil kontrollere opp i mot.

7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule

Tidleg innsats er eit gjennomgåande tema i denne undersøkinga og overgangen mellom barnehage og skule er ein særst viktig del av skuleløpet. I 2008 blei det utarbeida ein rettleiar med fokus på tidleg innsats, « Frå eldst til yngst» som har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule, og skape ein god overgang for barn når dei startar på skulen. Dei nye elevane kan kome frå barnehagar i skulen sitt opptaksområde og dei kan kome frå barnehagar andre plassar i kommunen. Dei kan også kome frå private barnehagar, og enkelte barn treng ikkje å ha bakgrunn frå barnehage.

Kommunen har derimot eit ansvar for å legge til rette for ein god skulestart for alle barn i kommunen uavhengig av bakgrunn. Rettleiaren er tydeleg på at målet er ikkje å unngå overgangar, men å unngå at dei blir så store at barnet ikkje kan mestre dei.

Rettleiaren anbefalar ein plan på kommunenivå som inneheld premissane for overgang mellom barnehage og skule. Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid om overgangar, og den bør legge til rette for samarbeid mellom styrar i barnehage og rektor i same opptaksområde.

Rettleiaren anbefalar vidare at barnehagestyrarar og rektor ved dei ulike skulane tek ansvar for systematisk planlegging og oppfølging av overgangen mellom barnehage og skule. Kommunen, barnehagane og skulane sine planar bør bl.a. innehalde eit opplegg for ulike arrangement der barna får møte kvarandre og dei vaksne som dei skal ha mest kontakt med i skulekvardagen, og legge til rette for at dei får bli kjent med skulemiljøet og innhaldet i skulekvardagen.

Rettleiaren seier derimot ikkje noko om barn som ikkje går i barnehagar i kommunen, eller som ikkje går i barnehage i det heile. Det er viktig at kommunen og den enkelte skulen tek ansvar for å involvere alle barn som skal starte på ein av kommunen sine skular.

Barnehagar og skular kan overføre taushetsbelagt informasjon dersom dei har samtykke frå den det gjeld. Det står i forvaltningslova § 13 a nr 1. «For barn under 15 år er det foreldrene som gir samtykke. Når barnet er fylt 15 år, er det normalt tilstrekkelig med barnets samtykke for å overføre taushetsbelagte opplysninger». Krav om samtykke er regulert i personopplysningslova §2. nr 7. Her går det fram at samtykket må vere frivillig, uttrykkelig informert og skriftlig.

7.2.2 Oppsummering:

- Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).
- Alle barn bør få eit tilfredstillande møte ved skulen.
- Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.

7.3 Overgangsplan mellom barnehage og skule

7.3.1 Fakta

I samband med intervju av rektorar og barnehagestyrarar vart det etterspurt plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane hadde dette, då kommunen har utarbeida ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Planen inneheld informasjon om ansvar, tidsfristar og tema/tiltak.

Nedanfor går det fram ei oversikt over dei felles rutinane knytt til overgang mellom barnehage og skular:

	Kven	Kva tid	Aktivitet	Frist
1	Styrar/heim	God tid i forkant av skulestart	Melding til opplæring og oppvekst om barn med store hjelpebehov, som krev omfattande tilrettelegging/ombygging.	Helst to år i forkant
2	Rektor og opplæring og oppvekst	August	Setje dato for førskuledagar/bli kjend dagar for våren. Opplæring og oppvekst gjer desse kjend for barnehagane.	Innan 15.08
3	Styrar	September	Barnehagen informerer føresette om samarbeidet med skulane før foreldremøte.	Innan 30.09
4	Opplæring og oppvekst	Februar	Styrarane får framlegg til fordeling av 1.klassingane mellom skulane i sentrum. Styrarane melder i frå om eventuelle manglar.	Innan 01.02
5	Opplæring og oppvekst	Februar	I samråd med rektorane gjer oppvekstsjefen vedtak om tildeling av skuleplass til 1.klassingane	Innan 15.02
6	Rektor	Mars	Skulane sender invitasjon til barnehagane om å kome på besøk.	Innan 01.04. Gjennomføring april/mai
7	Rektor	April	Skulane informerer heimane om foreldremøte og førskuledagar/bli kjend dagar- arena der born og føresette får møte skulen/SFO	Innan 15.04
8	Styrar	April	Barnehagen innhentar informert samtykke på foreldresamtale (eige skjema). Dette gjeld alle born. Kopi av samtykke sendast til den skulen barnet skal ta til på.	Innan 30.04
9	Rektor/styrar	Mai	Møte mellom rektor og styrar om born som skal starte på den aktuelle skulen.	Innan 15.05
10	Rektor/styrar	Heile året	Arbeide vidare med lokale felles aktivitetar ved den enkelte barnehage og skule.	Lokal tilpassing
11	Opplæring og oppvekst	Ved behov	Fagfora- Møte/kurs mellom barnehage og skule. -Tema knytt opp mot aktuelle arbeidsområde. <ul style="list-style-type: none"> • Pedagogisk leiarar og kontaktlærarar i 1.klasse. • Styrarane og rektorane (1 gong pr. semester) 	Ved behov
12	Opplæring og oppvekst	April	Foreldreskule – med ulike tema: «Velkomen til skulen»	I god tid

Det vart også vurdert om kommunen hadde rutinar for å fange opp barn som ikkje går i barnehage for å sikre at desse får same tilbodet som barnehageborna. Alle barnehagane revisjonen var i kontakt med gav tilbakemelding om at dei siste åra hadde alle borna i førskulealder gått i barnehage, og at oppvekstkontoret får tilsendt lister over alle born i kommunen frå folkeregisteret, og skal då fange opp eventuelle barn som ikkje går i barnehage og informere skulane. I Volda har ein mange barnehagar i sentrum og ein del barnehagar på bygdene. Kommunen har derfor både små lokale forhold der skule og barnehage har god oversikt over barna (for eksempel Austefjord barnehage og skule), men og eit meir komplisert bilde i sentrum der skulane tek i mot barn frå fleire barnehagar (f. eks. Øyra skule som har barn frå 7-8 forskjellige barnehagar.)

7.3.2 Vurdering:

Kommunen har utarbeida felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane gav tilbakemelding om at ein nytta overgangsplanane aktivt.

Det går fram av planen (punkt 9) at rektor og styrar har møte om borna som skal starte på den aktuelle skulen. Kommunen bør vurdere å innføre i denne rutinen at komande kontaktlærer også møter her, slik at vedkomande kan tileigne seg nyttig informasjon om enkeltborna og førskulegruppa, og slik at borna blir kjent med vedkomande. Dette kan gjere vedkomande betre forberedt på eventuelle utfordringar ein kan møte ved skulestart. Kontaktlæraren bør også ha ei sentral rolle i punkt 10, knytt til fellesaktivitetar gjennom året.

Skulen og barnehagen bør gjennomføre felles aktivitetar, og tilbakemelding frå einingane viser at det er store forskjellar i kva arbeid/aktivitetar som vert gjennomført. Overgangsplanen seier ikkje noko om kva felles aktivitetar som bør gjennomførast. Kommunen bør vurdere om det skal lagast ei aktivitetsliste som er eit minimumskrav av aktivitetar som må gjennomførast av alle barnehagar og skular i samband med førskulearbeidet. Dette vil kunne vere med å sikre at alle førskuleborna vert introdusert til skulane på ein høveleg og tilfredsstillande måte. Ved utarbeiding av ei slik liste er det viktig å utarbeide rutinar for å fange opp born som ikkje går i barnehage slik at dei også kan ta del i førskuleaktivitetane.

7.4. Samarbeid mellom barnehage og skule.

7.4.1 Fakta

Einingane har beskrive samarbeidet mellom barnehage og skule mht, overgang. Ein fekk i stor grad tilbakemelding frå dei sentrumsnære einingane om at dette hadde vore litt utfordrande tidlegare, men at det hadde fungert tilfredsstillande siste åra. Det som blei trekt fram som ein viktig faktor for at dette fungerer no var at skulane har fått ansvar for å ta initiativ til møter og besøk, slik det går fram av dei skriftlege rutinane.

Barnehagane og skulane utanfor sentrum rapporterte om eit tett og godt samarbeid. Der geografisk nærleik, små elevgrupper og overgangsplan mellom barnehage og skule blei peikt på som viktige faktorar for det gode samarbeidet.

Av utfordringar blei det i sentrum trekt fram at det tidvis for enkelte skular kan vere ei utfordring med mange forskjellige barnehagar og forhalde seg til (opp til 7-8). Dette stiller krav til skulane mht. møter og overføring av informasjon. Det blei opplyst at skulane generelt ser forskjell mellom dei ulike barnehagane mtp. sosial kompetanse og åtferd i 1. klasse, noko som vil ha sin bakgrunn i kva det har vore fokusert på i barnehagen.

Fleire av einingane (både skular og barnehagar) gav også tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid mellom skule og barnehage både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap. Dette går fram av kommunen sin overgangsplan (punkt 11), men tilbakemeldingane viste at dette i liten grad blei gjennomført.

Ein fekk også tilbakemelding på at enkelte av barnehagane ønska meir informasjon frå skulen i etterkant av overgangen (i slutten av 1.trinn) for å få informasjon om opplegget i barnehagen har vore godt eller om det er avdekka utfordringar med elevane som burde vore fanga opp i barnehagen.

7.4.2 Vurdering:

Skular og barnehagar i kommunen beskrev samarbeidet mellom einingane mht. overgang barnehage og skule som godt no siste åra. Alle einingane var innforstått med overgangsplanen i kommunen og brukar den aktivt.

Store forskjellar i sosial kompetanse mellom elevane som skal starte i 1.klasse kan vere ei utfordring for sentrumsskulane. Kommunen bør derfor utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.

Fleire av einingane (både skular og barnehagar) gav tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid mellom skule og barnehage. Dette for å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap. Ein god arena for dette kan vere i førskulegruppa, der ped.leiar i barnehagane og framtidig kontaktlærer kan samarbeide fram mot skulestart.

Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta første klassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen. Ei slik tilbakemelding kan vere med å heve kvaliteten i barnehagane og gi dei verdifull informasjon som dei kan ta med seg vidare i arbeidet sitt. Ved ei slik informasjonsoverføring er det viktig å skaffe samtykke frå foreldre om tilbakemeldinga krev det.

7.5 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette

7.5.1 Fakta

Både barnehagar og skular gjennomfører foreldremøter (samla) og foreldresamtaler og det er hovudsakeleg her ein opprettar dialog/samarbeid med foreldra. Ved bekymring eller tilvising til PPT vert det gjennomført fleire møter etter behov og foreldre og skule blir involverte i kartleggingsarbeidet til PPT.

I barnehagane har ein minimum to faste foreldresamtaler pr.år og gjerne meir om ein føler behov. I tillegg har ein felles foreldremøte på hausten der ein presenterer opplegget for overgangen mellom barn og skule.

Alle barnehagane uttrykte at dei hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldra. Dette inngår også som ein del av overgangsplanen.

Skulen har også foreldremøter og utviklingssamtaler med foreldra i løpet av året. Det blei opplyst om at ein har låg terskel for å ta opp bekymringar med foreldre når ein er bekymra for utviklinga til eit barn. Foreldre får også delta i kartleggingsprosessen til PPT i høve sakkyndig vurdering og får kome med innspel.

I samband med leksehjelp såg ein ingen rutinar knytt til informasjonsoverføring mellom den som gjennomfører leksehjelpa og foreldre/føresette. Men det blei gitt tilbakemelding på at om det skulle vere noko spesielt rapporterer den som gjennomfører leksehjelpa til kontaktlærer som vidare kontaktar foreldra.

7.5.2 Vurdering:

Alle barnehagane gav uttrykk for at ein hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldre ved overgangssamtale. Dette inngår også i dei skriftlege rutinane i kommunen.

Både skule og barnehagar har dialog og kontakt med foreldra gjennom foreldremøter og utviklingssamtaler. Foreldre blir involvert i kartleggingsarbeidet til PPT knytt til tilvising og utarbeiding av sakkyndig vurdering.

7.6 Konklusjon

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad og dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at det er store forskjellar i kva arbeid/aktivitetar som vert gjennomført i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule. Kommunen bør vurdere om det skal lagast ei aktivitetsliste som er eit minimumskrav av aktivitetar som må gjennomførast. Ein bør også vurdere om komande kontaktlærer skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalene mellom einingane.

Kommunen bør vurdere å utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren. Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta første klassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen

8 Problemstilling 3

I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

8.1 Revisjonskriterium:

I forvaltningslova §11 går det fram at « *Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold. I saker som gjeld enkeltvedtak skal det gis foreløpig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kan besvares i løpet av en måned etter at den er mottatt.*

Lov og forskrift for PPT angir ikkje kor lang tid sakshandsamingsprosessen kan ta. ST.melding nr 18. (2010-2011) *Læring og fellesskap* anbefaler at kommunen bruker intill tre månadar på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak.

Sidan formell sakshandsamingsfrist ikkje er gitt, blir det ikkje registrert sakshandsamingstida ved landet sine PP-tenester i statistikk, Det går ikkje fram informasjon verken i GSI (grunnskolen informasjonssystem) eller KOSTRA.

Oppsummering:

- PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT

8.2 Fakta:

8.2.1 Organisering

Volda og Ørsta har hatt PPT samarbeid som strekk seg tilbake til 1990-talet. Kontoret har hatt ulik lokalisering. Først heldt dei til i Volda, men i 2011 flytta dei til Ørsta. På flyttetidspunktet var PPT underlagt eit styre samansett av «skulesjefane» for Volda og Ørsta, ein politikar frå kvar kommune, leiar for PPT og ein tilsettere representant. I 2013-2014 blei det arbeid mot at ein skulle gå over til vertskommunemodell med Ørsta som vertskommune. Dette kom på plass 1.juli 2015 og Ørsta fekk då det formelle ansvaret for tenesta. Frå då har PPT vore organisert som ei eiga eining i seksjon skule. Ressursplan 9 årsverk.

I 2016 vart det gjennomført ei organisasjonsanalyse for PPT Volda og Ørsta. Konklusjonen frå analysen var at eininga burde søke samarbeid med andre og fleire kommunar om tenesta. Det ble gjennomført sonderingar hausten 2016 om eit felles PPT for Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta der alle kommunane var positive til samarbeid etter vertskommunemodellen om eit felles interkommunalt PPT- kontor med Ulstein som vertskommune. Nye PPT vart oppstarta 1/7-2017 med dei fire kommunane i samarbeidet, og totalt 18 tilsette.

8.2.2 Tilvisingar

Nedanfor går det fram ei oversikt over totale tilvisingar dei siste fire skuleåra i Volda og Ørsta, då det ligg føre berre felles registrering. Dette gjeld både barnehagen, grunnskulen,

Talet på tilvisingar dei siste fire skuleåra*	
2012/2013	55
2013/2014	30
2014/2015	420
2015/2016	225

vidaregåande skule og individsaker. Talmaterialet er utarbeida av det gamle PPT .

Ein registrerar ein stor auke i antal tilvisingar skuleåret 2014/15. Ørsta kommune tok over drifta for PPT hausten 2015 og alle saker vart avslutta og re-tilmeldt dette skuleåret. Derimot såg ein også eit stort antal tilvisingar i 2015/16 spesielt om ein samanliknar med skuleåra 2012/13 og 2013/14.

Vidare har ein sett meir detaljert på tilvisingar knytt til barnehage og grunnskulen og nedanfor går det fram antal tilvisingar fordelt på klassetrinn/alder.

Barnehage:

Antal tilvisingar i barnehagane var relativt lågt i 2012/13 og 2013/14 deretter såg ein eit hopp i antal tilvisingar både i 2014/15 og 2015/16. Som tidlegare nemnt var 2014/15 eit spesielt år for PPT der alle saker blei tilvist på nytt. Derimot såg ei også eit høgt antal nye tilvisingar i 2015/16. I barnehagane såg ein for alle åra flest tilvisingar knytt til barn i 4-5 års alderen.

Talet på tilvisingar barnehage						
	< 2 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Totalt
2012/2013	1	0	1	1	5	8
2013/2014	1	0	0	2	4	7
2014/2015	0	4	5	14	13	36
2015/2016	1	1	8	9	9	28

Grunnskule 1.- 10.klasse Ørsta og Volda

Utvida tabell grunnskule	6 år	7 år	8 år	9 år	10 år	11 år	12 år	13 år	14 år	15 år	Totalt
2012/2013	2	1	4	1	6	1	3	3	1	2	24
2013/2014	0	1	0	1	1	1	2	3	0	1	10
2014/2015	22	17	17	22	21	26	37	37	35	29	263
2015/2016	7	18	13	21	10	11	4	11	11	18	124
SUM	31	37	34	45	38	39	46	54	47	50	421

Tal for grunnskulen viser at det i 2012/13 og 2013/14 var relativt få tilvisingar (hhv 24 og 10stk). Den store auken skuleåret 2014/15 (263 stk) skuldast i stor grad omstruktureringar og re-tilvisingar i PPT, men ein registrerte også ei stor auke i antal tilvisingar i 2015/16 (124 stk), slik ein også såg i barnehagane.

Når ein ser på dei fire åra samla kan ein sjå ein auke i antal tilvisingar blant dei eldste elevane (12-15 år). Ein såg færrest tilvisingar i frå 6-8 år.

8.2.3 Ventetid og venteliste

PPT har hatt utfordringar knytt til sakshandsamingstida over fleire år. I flg. tilbakemelding frå skuleadm. i Ørsta har desse utfordringane vore knytt både til leveranse, bemanning og arbeidsmiljø, og det har vore gjennomført fleire tiltak knytt til arbeidsmiljøet utan at dette hadde positiv effekt.

Eininga har ikkje nøyaktige tal på ventetida. Prioritering av alvorlege saker som hastar påverkar sakshandsamingstida til saker av meir generell art. På saker som ikkje fekk status som hastesaker var ventetida siste åra om lag 6 månadar, men ein har fått tilbakemelding om at i nokre få einskildsaker var oppe i over 8 månader. Dette gjaldt saker som vart tilmeldt seint på våren skuleåret 2015/16. Tabellen nedanfor viser kor mange born/elevlar som stod på venteliste dei ulike åra.

Tal på personar som har stått på venteliste.	
2012/2013	46
2013/2014	56
2014/2015	50
2015/2016	69
2016/2017	69

8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering)

Tabellen viser antal sakkyndige vurderingar gjennomført av PPT dei siste fire skuleåra. Ein såg ein markant nedgang i antal gjennomførte vurderingar i 2013/14 (84) medan ein såg omlag ei dobling i antal gjennomførte saker i 2014/15 og 2015/16. Dette stemmer også med tilbakemelding frå rektorane og styrarane, der dei hevda PPT fungerte har fungert betre dei siste to åra 2015-2016.

Talet på sakkunnige vurderingar gjennomført	
2012/2013	219
2013/2014	84
2014/2015	155
2015/2016	167
* Her er også vidaregåande skular med	

Når det gjeld sakshandsamingstid, (tid frå ei sak vert tilmeldt til ho er ferdig handsama) viser tala nedanfor gjennomsnittleg sakshandsamingstid. Sakshandsamingstida seier derimot ikkje noko om venteliste. Det er stor variasjon i kor lenge elevlar står på venteliste. Dette fordi hastesaker vert handsama relativt raskt medan meir «generelle» saker vert ståande på ventelista i opp til 6-7 månader (ut frå observasjonar inneverande skuleår). Ser ein dette opp i mot den gjennomsnittlege sakshandsamingstida (101 dagar skuleåret 2015/16) blir den totale sakshandsamingstida på over 9-10 månadar.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid	dagar
2012/2013	47
2013/2014	57
2014/2015	52
2015/2016	101

8.3 Vurdering:

ST.melding nr 18. (2010-2011) «Læring og fellesskap» anbefalar at kommunen bruker inntil tre månader på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak. I Ørsta og Volda kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane at det over mange år har vore lang venteliste og sakshandsamingstid. I dei verste tilfella kunne det gå heile skuleåret før det låg føre sakkyndig vurdering slik at

kommunen kunne fatte enkeltvedtak. Sakshandsamingstida har derfor ikkje vore tilfredstillande desse åra.

Sakshandsamingstid kan i seg sjølv vere ein dårleg indikator på kvaliteten i tilbodet som blir gitt. En bakgrunn for dette er blant anna at eit økt fokus på systemretta arbeid og tidlig innsats er med på å gjøre sakshandsamingstida lengre, ved at det går med meir tid til utprøving av ulike tiltak i bekymringsfasen. Dette kan opplevast som at saken er «under handsaming», sjølv om den formelt sett ikkje er tilmeldt til PPT. Særlig for foreldre kan dette være med på å gi ei oppleving av lang saksgang, samtidig som det også kan gi ei oppleving av at ein er raskt i gong med tiltak. Dette er ikkje årsaka til den lange sakshandsamingstida i Volda. Det nye PPT-kontoret har signalisert at ein vil i mykje større grad ha fokus på systemretta og førebyggjande arbeid, men dette kan ikkje gå utover sakshandsamingstida. Både Volda og Ørsta har no veldig mange elevar/born som har krav på utredninga med omsyn til spesialundervisning. Derfor er det veldig viktig at det nye PPT-kontoret prioriterer disse sakene så raskt som råd, slik at dei som har krav på enkeltvedtak det får dette.

Elevane/borna har rett på tilpassa opplæring både før og under kartleggingsfasen til PPT, slik at undervisninga som blir gitt kan vere god og godt tilpassa eleven. Derimot er det slik at når det ikkje ligg føre enkeltvedtak i høve spesialundervisning har ikkje foreldre/føresette moglegheit til å klage på den undervisninga som eleven får. Det er viktig at PPT får ned både ventetida og sakshandsamingstida, samt drive systematisk og førebyggjande arbeid.

8.4 Konklusjon

Volda kommune har i flg. tilbakemelding frå skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og svært lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på langt over 3 månader (skuleåret 2015/16) .

No er Volda og Ørsta gått inn i eit felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein. I den samanheng vart alle gamle saker avslutta og kommunen måtte tilmelde alle saker på nytt. Det er viktig at PPT så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette så raskt som råd, men og startar det systematiske og førebyggjande arbeidet.

9 Anbefalingar:

- Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
- PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
- Kommunen bør vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
- Kommunen bør utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.

10 Rådmannen sin kommentar:

10 Rådmannen sin kommentar:

	Per Ivar Kongsvik <Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no>	To:	Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>, Alf Marius Grønnevik <alf.marius.gronnevik@sskrevisjon.no>
	Ida.kommune.no	cc:	Lene Nupen <Lene.Nupen@volda.kommune.no>, Bodil Brautaset <Bodil.Brautaset@volda.kommune.no>, Bodill Skeide <bodill.skeide@sskrevisjon.no>
	23.11.2017 13:56	Subject:	SV: SV: Forvaltningsrevisjonsrapport tidleg innsats Volda kommune

Vi har kommentert det vi har funne grunn til, og de har kome med i den endelege utgåva av rapporten.

At vi no har organisert PP-tenesta på ein ny måte kjem vel så tydeleg fram i rapporten at det ikkje er naudsynt å kommentere?



Per Ivar Kongsvik
Oppvekstsjef
Opplærings og oppvekst
Mobil 90536757
www.volda.kommune.no

Fra: Rune Sjurgard

Sendt: 23. november 2017 13:21

Til: Alf-Marius Grønnevik <alf.marius.gronnevik@sskrevisjon.no>

Kopi: Lene Nupen <Lene.Nupen@volda.kommune.no>; Bodil Brautaset <Bodil.Brautaset@volda.kommune.no>; Per Ivar Kongsvik <Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no>; Bodill Skeide <bodill.skeide@sskrevisjon.no>

Emne: SV: SV: Forvaltningsrevisjonsrapport tidleg innsats Volda kommune

Rådmannen har delegert til oppvekstseffen å gi attendemelding under «Rådmannen sine kommentarar»

Mvh

Rune Sjurgard



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2017/2409

Arkivkode: B31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	10.01.2018
4/18	Kommunestyret	25.01.2018

HANDSAMING AV SØKNADER OM SKULEPLASS I HORNINDAL KOMMUNE

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 10.01.2018 til kommunestyret

- 1. Administrasjonen vert gitt mynde til å ta avgjerd i saker der foreldre til born busette i Volda kommune søker om skuleplass i Hornindal kommune.*
- 2. Søknader om skuleplass i Hornindal skal vurderast i tråd med innarbeidd praksis i handsaming av søknader om skulebyte innan Volda kommune.*
- 3. Kostnader knytt til kjøp av skuleplass i Hornindal kommune fram til 2020 vert å innarbeide i budsjettet til opplæring og oppvekst.*

Administrasjonen si tilråding:

- 4. Administrasjonen vert gitt mynde til å ta avgjerd i saker der foreldre til born busette i Volda kommune søker om skuleplass i Hornindal kommune.*
- 5. Søknader om skuleplass i Hornindal skal vurderast i tråd med innarbeidd praksis i handsaming av søknader om skulebyte innan Volda kommune.*
- 6. Kostnader knytt til kjøp av skuleplass i Hornindal kommune fram til 2020 vert å innarbeide i budsjettet til opplæring og oppvekst.*

Uprenta saksvedlegg:

Intensjonsavtale mellom Volda og Hornindal kommunar

Samandrag av saka:

Oppvekstsjefen har den seinare tid fått spørsmål om mogelegheita for skuleplass i Hornindal for elevar busette i Volda kommune eller foreldre som ynskjer å busette seg i Volda kommune. Bakgrunnen for ønska er at borna/elevane har ei tilknytning til Hornindal som dei føresette ynskjer å oppretthalde. Det kan vere at borna går i barnehage eller på skule i Hornindal.

Saksopplysningar/fakta:

Oppvekstsjefen har den seinare tid fått spørsmål om mogelegheita for skuleplass i Hornindal for elevar busette i Volda kommune eller foreldre som ynskjer å busette seg i Volda kommune. Bakgrunnen for ønska er at borna/elevane har ei tilknytning til Hornindal som dei føresette ynskjer å oppretthalde. Det kan vere at borna går i barnehage eller på skule i Hornindal.

Helse og miljøkonsekvensar:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Ein av strategiane i planen er å førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.

Overgangar kan vere kritiske tidspunkt for barn og elevar i barnehage og skule. Det er uheldig viss elevar må avbryte eit påbyrja skuleløp grunna flytting over ei kommunegrense som snart er historie. Det vert vurdert som eit førebyggjande tiltak at elevar som har byrja på skulen i Hornindal får halde fram der viss foreldra vurderer at det er til det beste for barnet.

Økonomiske konsekvensar:

Viss elevar som er busette i Volda kommune etter søknad får halde fram ved Hornindal skule, vil Hornindal ta betalt for skuleplassen. Til vanleg vil det koste det same som ein skuleplass i Hornindal kostar, jfr KOSTRA.

Vurdering og konklusjon:

I Volda kommune vert søknader om å gå på annan skule enn nærskulen til vanleg innvilga viss det ikkje påfører kommunen ekstra kostnader. I lys av at Volda og Hornindal har ein intensjonsavtale om at Austefjord og Hornindal skal utgjere ein skulekrins frå 2020, ser administrasjonen at det kan vere naturleg at søknader frå føresette som vurderer det som best for sine barn å byrje eller halde fram ved Hornindal skule, får sine søknader vurdert på same måte som søknader om å gå på annan skule enn nærskulen i heimkommunen.

Rådmannen rår difor til at administrasjonen vert gitt mynde til å ta avgjerd i saker der foreldre til born busette i Volda kommune søker om skuleplass i Hornindal kommune, og at slike søknader skal vurderast i tråd med innarbeidd praksis i handsaming av søknader om skulebyte innan Volda kommune.



VOLDA KOMMUNE

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Opplæring og oppvekst

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Nina Kvalen	Arkivsak nr.:	2016/988
		Arkivkode:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/18	Formannskapet	16.01.2018
5/18	Kommunestyret	25.01.2018

INNOVASJONSPROSJEKTET KIMEN SOSIAL ENTREPRENØR - DRIFT AV GARTNERI PÅ FOLKESTAD

Handsaming:

Rådmann Rune Sjugard orienterte. Spesialrådgjevar for innvandring og integrering Nina Kvalen svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Kommunestyret tek saka til vitande, og takkar studentane og andre involverte i Kimen for nytenking, kreativitet og engasjement i innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør.

Utvikla metodikk gjennom innovasjonsprosjektet vert å ta med i den vidare kvalifiseringsarbeidet og i utgreiinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek saka til vitande, og takkar studentane og andre involverte i Kimen for nytenking, kreativitet og engasjement i innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør.

Utvikla metodikk gjennom innovasjonsprosjektet vert å ta med i den vidare kvalifiseringsarbeidet og i utgreiinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

Vedleggsliste:

1. Brev frå Kimen Sosial Entreprenør AS av 21.12.17: Avslutting av innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør.
2. Referat frå møte 21.12.17 om samarbeid mellom Kimen Sosial Entreprenør AS og Volda kommune
3. Brev frå Kimen Sosial Entreprenør AS av 05.12.17: Samarbeid mellom Kimen SE og Volda kommune m/vedlegg; prosjektplan (vedl. 4) og evaluering 2017 (vedl. 5).
4. Prosjektplan 2016-2019 - Kimen Sosial Entreprenør, avd. gartneri Folkestad, vedl. til brev 051217.
5. Evaluering av sosiale resultat 2017 - Kimen Sosial Entreprenør, vedl. til brev 051217.
6. Prosjektavtale mellom Sunnmøre Kulturnæringshage AS og Volda kommune.
7. Økonomioversikt Kimen 2017 pr. 18.09.17
8. Mandat – Arbeidsgruppe for samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak i Volda kommune
9. Anmodning om delutbetaling og søknad til fylkeskommunen om regionale utviklingsmidlar i 2016/2017.
10. Søknad og rapport til fylkesmannen om prosjektskjønn 2016.

Uprenta saksvedlegg:

- PS 133/16 frå formannskapsmøte 16.08.16: Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak

Samandrag av saka:

Kimen Sosial Entreprenør AS si satsing på gartneri på Folkestad, har vore eit av fleire innovasjonsprosjekt i arbeidet med kvalifisering av flyktningar i 2016/2017. Prosjektet er initiert av tre deltidsstudentar som deltok på innovasjonsskolen på Lillehammer, i regi av Volda kommune. Som utgangspunkt for studiet skulle studentane velje ei utfordring kommunen står overfor, der det er behov for å finne nye løysingar. Utfordringa ein valde var kvalifisering til entreprenørskap for busette flyktningar i Volda, med fokus på dei som har utfordringar med å kome seg inn på ordinær arbeidsmarknad.

Studentane valde å løyse oppgåva gjennom etablering av den frivillige organisasjonen Kimen Sosial Entreprenør og gartneridrift. Den frivillige organisasjonen etablerte medio 2017 eit ideelt aksjeselskap, Kimen Sosial Entreprenør AS, med dei same tre eigarane. Ein er ikkje lenger med i aksjeselskapet.

4 flyktningar har hatt språk- og arbeidskvalifisering i gartneritiltak 1-2 dg/v i 2017, som del av sitt introduksjonsprogram. Ein lærar frå Volda læringscenter har følgd elevande i gartneriet 5 t/v. Læringscenter vil ha deltakarar som treng liknande kombinerte løp som Kimen tilbyr, men kan ikkje gi lovnad om eit visst tal deltakarar med behov for eit gartneritiltak.

Satsinga til Kimen har hatt ekstern finansiering i 2016/2017 gjennom tilskot frå NAV, fylkeskommunen og fylkesmannen. Kommunen har bidrege med eigeninnsats og frikjøp av lærarressurs. Kimen har eit budsjett i 2018 på kr 1 350 000, og ber kommunen om tilskot på inntil kr 550 000 i 2018 og inntil kr 480 000 i 2019, for å kunne oppretthalde gartneridrifta.

Det har vore ein løpande dialog mellom Kimen og administrasjonen om organisering, eigarskap, behov, økonomi og alternative entreprenørskapstiltak med lågare kostnadsnivå enn gartneritiltaket, og det har vore planlagt å leggje fram politisk sak om handsaming av innovasjonsprosjektet. Ei slik sak først kan leggjast fram når selskapet sitt styre har hatt si handsaming og sendt over prosjektplan og evaluering. Dette vart lagt fram i brev av 05.12.17.

Etter møte mellom partane 21.12.17 informerer styreleiar i selskapet Kimen Sosial Entreprenør AS at styret ikkje finn det økonomisk forsvarleg å arbeide vidare med

innovasjonsprosjektet. Kimen vil avvikle tilbodet og aksjeselskapet i januar 2018 (vedl. 1 og 3). På grunnlag av evalueringa og vurderingar av kommunen og brukarane sine behov, legg rådmannen fram sak til politikarane til orientering.

Saksopplysningar/fakta:

Bakgrunn for innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør

Som ein del av satsinga på innovasjon deltok Volda kommune med tre deltidsstudentar i Nasjonal innovasjonsskole for kommunesektoren i 2015/2016, i regi av Høgskulen i Lillehammer. Deltakarane frå Volda var dagleg leiar av Sunnmøre Kulturnæringshage AS Martin Foldal, lærar ved Volda læringscenter Gunnar Andenes og leiar for frivilligsentralen i Volda Astrid Gjersdal. Som utgangspunkt for studiet skulle studentane velje ei utfordring kommunen står overfor, der det er behov for å finne nye løysingar. Utfordringa ein valde var kvalifisering til entreprenørskap for busette flyktningar i Volda, med fokus på dei som har utfordringar med å kome seg inn på ordinær arbeidsmarknad. Kimen valde å satse på gartneridrift på Folkestad. I drivhuset og i pop-up bedrift har flyktningar fått språk- og arbeidstrening, og eit sosialt arbeidsfellesskap med etnisk norske.

Hovudformål med sosialt entreprenørskap er å ta tak i eit bestemt samfunnsproblem og løyse det m.a. med verkemidlar frå næringslivet, ved å utvikle og ta i bruk nye løysingar på sosiale og samfunnsmessige problem, som ein ser at det offentlege ikkje maktar å løyse åleine. Ofte er ein sosial entreprenør eit lite føretak som bevegar seg i skjæringspunktet mellom privat, frivillig og offentleg sektor, gjerne drive av eldsjeler som brenn for saka, og som ønskjer å bidra til å finne løysingar på samfunnsproblem.

Studentane realiserte oppgåva ved å registrere Kimen Sosial Entreprenør som ein frivillig organisasjon, og kom på denne måten i posisjon til å søke forprosjektmidlar til sosial entreprenørskap frå NAV, med høve til å søke driftsmidlar over tre år. Midlane vart nytta til å engasjere prosjektleiar til å skrive prosjektsøknad. Kommunen inngjekk prosjektavtale med Sunnmøre Kulturnæringshage AS i perioden sept.16-des.17 (vedl. 6), som har stått som arbeidsgjevar for prosjektleiar i engasjementstilling. Studentane sto også bak søknad frå Volda kommune om regionale utviklingsmidlar til entreprenørskap som integrasjonsverktøy, som i sin heilskap er nytta til etablering og drift av entreprenørskapsLAB-tiltak i regi av Kimen (vedl. 9). Noko av prosjektskjønnet frå fylkesmannen i 2016 til satsinga på kvalifiseringsarena for flyktningar, har også delfinansiert etableringa av Kimen (vedl. 10). I 2017 fekk Kimen driftsmidlar frå NAV.

Bakgrunnen for Kimen sin satsing på gartneridrift kjem fram av prosjektplan og evaluering (vedl. 4 og 5). Kimen fekk låne eit nedlagt drivhus på Folkestad mot vedlikehald. Mange flyktningar har erfaring frå gardsarbeid, og i gartneri kunne dei produsere planter for sal og skape arbeidsplassar. Studiar viser at arbeid med plantar og jord har god effekt på fysisk og psykisk helse, og aktiviteten gir meistring og motivasjon. Andre satsingsområde har vore drøfta som aktuelle entreprenørskapstiltak m.a. snekkeri, systove og skomakeri, har ikkje vore prioritert grunna fokus på å etablere god drift i gartneriet. Eit unntak er samarbeid med sybutikk om språk- og arbeidstrening for ein deltakar.

Frå november 2016 deltok flyktningar frå kommunen sitt introduksjonsprogram på dugnader i drivhuset for å rydde, vaske og klargjere for produksjon. Etter vinterferien i 2017 hadde 4 deltakarar i introduksjonsprogrammet faste dagar/timar i gartneriet for språk- og arbeidskvalifisering. Ein lærar frå læringscenteret har følgd elevane til gartneriet nokre timar pr. veke. 500 kvm drivhus vart fylt opp av 25 000 plantar, og i mai 2017 starta sal av eigenproduserte varer i ein pop-up bedrift på Spinneriet kjøpesenter og på torget i Volda

sentrum, samt gjennom eit utval av lokalt forhandlarnettverk. Sosiale resultat for deltakarane kjem fram i evalueringa frå Kimen for 2017 (vedl. 5).

Beslutningsgrunnlag

I PS 133/16 i møte 16.08.16 vedtok formannskapet satsinga på innovasjonsprosjekt i arbeidet med kvalifisering av flyktningar. Kimen er eitt av fleire innovasjonsprosjekt som er prøvd ut, saman med kantine, serviceteam, lærlingplass for flyktningar og mentorordning.

I mai 2017 deltok ordførar m.fl. på synfaring i gartneriet på Folkestad og fekk informasjon om gartneriltaket. I oktober 2017 hadde Kimen orientering i formannskapet.

I budsjettet for 2018 har politikarane løyvd kr 1,2 mill. til kvalifiseringstiltak for flyktningar. I møte 12.12.17 orienterte administrasjonen om status for kvalifiseringstiltaka og korleis midlane for 2018 er tenkt brukt, samt om rådmannen sitt initiativ til å setje ned ei arbeidsgruppe for å sikre betre samarbeid og samordning av kvalifiserings- og sysselsettingstiltak i kommunen. Gruppa sitt mandat er å kartleggje behov og utfordringar, kome med framlegg til satsingsområde, organisering og behov for koordinering av kvalifiserings- og sysselsettingstiltak til brukarar på tvers av kommunale tenester. Målet er å sikre betre tenestetilbod for ulike brukargrupper, meir effektiv ressursutnytting, styrke samarbeidet og avklare behov for samordning og koordinering mellom tenestene (vedl. 8). Administrasjonen kjem attende med sak til politikarane når utgreinga er ferdigstilt.

Resultat og behov

Volda læringscenter har i 2017 hatt 94 deltakarar i introduksjonsprogrammet. På det jamne deltek om lag 60 deltakarar. 4 av deltakarane har hatt språk- og arbeidskvalifisering i gartneriet sidan oppstarten i slutten av februar 2017. Kvar har delteke 1-2 dg/v. Etter nokre timar undervisning på skulen, tek deltakarane ferje til Folkestad for vidare språk- og arbeidskvalifisering i gartneriet. 2 avslutta gartneriltaket medio 2017. Frå 2. halvår 2017 har 2 deltakarar frå læringscenteret hatt språk- og arbeidskvalifisering i gartneriltaket. I tillegg har det vore med deltakarar på dugnad og i pop-up bedrift knytt til sal av produkt. Ein lærar følgjer elevane til gartneriet 5 t/v for språk- og arbeidstrening på arbeidsplassen. Metodikken og deltakinga har gitt god språkleg progresjon og utvikling for deltakarane. 3 hadde høg grad av motivasjon, og har hatt særlege gode sosiale resultat, språkleg progresjon og meistring. For 1 deltakar meiner ein også å sjå helsemessige gevinstar. Om ein ville hatt tilsvarende resultat ved deltaking i andre individuelt tilrettelagde tiltak på andre arbeidsplassar vert spekulasjonar, men det kan nemnast gode resultat på fleire deltakarar i kantineiltaket, der deltakarane også får tett oppfølging av arbeidsleiar. Ingen av deltakarane har hatt overgang til ordinært arbeid som følgje av gartneriltaket, men nokre har hatt sommarjobb i tiltaket. 1 avslutta introduksjonsprogrammet ved årsskiftet 2018, og læringscenteret avklarar vidare tiltak i samarbeid med NAV. 1 har hatt overgang til språkpraksis i lokalt næringsliv. 1 har delteke på avløysarkurs etter gartneriltaket vart avslutta, og søker no praksis innan landbruk. 1 er ikkje lenger blant oss.

Kimen sitt gartneriltak har vore eit flott tilbod til nokre få deltakarar i 2017, og ein kan gjerne ønskje seg tilbodet vidare. Med bakgrunn redusert busetjingsbehov og brukarane sine individuelle behov, kan ikkje læringscenteret gi lovnad om eit visst tal deltakarar til gartneriltaket i 2018. Dei har deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn, med helseutfordringar og sein progresjon knytt til språklæring i klasserom. Gode tilbod til denne målgruppa er eit kombinasjonsløp i form av språk- og arbeidskvalifisering t.d. i kantine/serviceteam/Kimen der dei får tett oppfølging og fokus på meistring, sosiale læringsmål og helsegevinst. Desse treng eit lågterskel kvalifiserings- og sysselsettingstilbod, men vurderinga på kva tilbod dei treng, kva dei meistar, kva dei ønskjer m.v. er så komplekse, at det er vanskeleg å gi lovnad om eit visst tal deltakarar til eit gartneriltak slik Kimen tilbyr. Nokre treng truleg meir enn to år på kvalifisere seg til arbeid, og ein må jobbe

vidare med å kvalifisere og avklare desse etter introduksjonsprogrammet, ev. vurdere utviding av programtida med eit ytterlegare år.

Læringscenteret opplevde at samarbeidet med Kimen kravde større ressursar m.a. knytt til administrasjon, lærarressurs, skaffe rett og nok deltakarar, møteverksemd, handtere forventningar og utfordringar og ansvar for å oppnå resultat. Læringscenteret har også to andre kvalifiseringsarena dei ønskjer å prioritere og vidareutvikle i rådhuskantina og serviceteamet, og har gode erfaringar og positive signal om meir og betre samarbeid om kvalifiserings- og sysselsettingstiltak på tvers av sektorar. Kantina på rådhuset er i dag eit samarbeidstiltak mellom læringscenteret, tenesta for funksjonshemma og sentralkjøkkenet. Serviceteamet som ikkje var i drift 2. halvår 2017, er det dialog mellom læringscenteret og Styrk Arbeid om framtidig samarbeid.

Med få og uavklarte deltakarar er læringscenteret tydeleg på at dei åleine ikkje kan sikre driftsgrunnlag for Kimen på vegner av Volda kommune, i alle fall ikkje til den kostnaden det er lagt opp til. Det har vore gjort ei intern tverrfagleg vurdering med leiarane for rus- og psykisk helseteneste/Styrk Arbeid og tenesta for funksjonshemma, om dei kan nyttiggjere seg Kimen sitt gartneritiltak for sine brukarar. Tilbakemeldingar er dei ikkje kan sjå at prosjektet er nyttig for sine noverande brukargrupper, og at dei vil nyttiggjere seg denne kvalifiseringa. Mange er lågt fungerande med vanskar om oppmøte så pass langt frå sentrum, og tenestene har ikkje kapasitet å køyre/hente. Kvalifisering til jobb i gartneri eller liknande er smalt, og det er få stader å kome seg vidare i ordinært arbeid. Ei av tenestene har hatt kandidat i praksis hos ein lokal bedrift innanfor feltet. Kandidaten var godt likt og fekk jobb – så lenge sesongen varte. På hausten vart det slutt. For å lukkast i kvalifisering med dei svakaste er tenestene oppteken av «matching» som viktig og heilt nødvendig for å lukkast.

I innovasjon ser ein etter nye løysingar på korleis ting kan gjerast på ein ny, betre og meir effektiv måte for ev. å endre seg. I kommunen må ein bruke knappe ressursar på best mogeleg måte, slik at dei når ut til flest mogleg som har behov for tenester. I dag dekkjer Kimen behov for ei lita målgruppe. Kommunen har fleire brukarar med behov for tiltak og vi må vurdere dette opp mot tiltak Kimen tilbyr. Vi må også vurdere kor mykje vi kan bruke på enkeltindivid opp mot korleis tilby tenester til alle innbyggjarar.

I innovasjonsprosjekt om kvalifisering av flyktningar er det kommunen som må definere behovet. I møte med Kimen 21.11.17 oppmoda administrasjonen Kimen vurdere om innovasjonen kan endrast til anna driftsform mot meir individretta entreprenørskapstilbod og ulike pop-up tilbod. Tema i møte var også status og behov i målgruppa ved læringscenteret, korleis møte endra behov med færre flyktningar som skal busetjast, høge kostnader knytt til gartneridrifta, og korleis redusere kostnader knytt til rammevilkår og entreprenørskapstiltak gjennom Kimen. Representantane frå Kimen konkluderte med at dei ville drøfte saka i styremøte. Styret sin vurdering av innspelet frå kommunen kjem fram i brev av 05.12.17 (vedl. 3):

«Kimen Sosial Entreprenør AS har i haust etter innspel frå Volda kommune vurdert andre moglege driftsformer/tilbod til målgruppa, som til dømes skredderi/snekkeri og ulike pop-up tilbod, men finn at inntekspotensialet for desse er svært mykje lågare enn ved produksjon og sal av tomatar og agurkar som har synt seg å være det marknaden og innbyggjarane i Volda og omegn er interessert i. Dessutan har gartneridrift dokumentert store pedagogiske fortrinn for målgruppa. Kimen Sosial Entreprenør AS ynskjer difor å oppretthalde dette tilbodet i tråd med 3-årsplanane som er godkjende i høve medfinansiering frå NAV sentralt.

Dersom kommunen vel å ikkje gi tilskot til prosjektet på inntil kr. 550 000,- for rekneskapsåret 2018 og inntil kr.480 000,- for 2019, vil Kimen Sosial Entreprenør AS og innovasjonsprosessen bli avvikla i januar 2018».

Eigarskap og organisering

Med bakgrunn i brev frå Kimen av 05.12.17 inviterte rådmannen selskapet Kimen Sosial Entreprenør AS til møte 21.12.17, for å få informasjon om eigarskap, organisering og korleis dei tenker gartneridrifta vidare, samt formidle administrasjonen sin ståstad om vidare samarbeid med Kimen. Når det gjeld eigarskap fortel Foldal at han ikkje lenger er med i aksjeselskapet etter ordre frå styret i kultur næringsshagen. Han ser det som naturleg at kommunen som problemeigar er med i aksjeselskapet vidare. Kimen starta opp og vart registrert som ein frivillig organisasjon, som er 100% eigar av Kimen Sosial Entreprenør AS, for at dei involverte ikkje skal stå personleg ansvarlege. Før juni 2017 var all sal av varer gjennom organisasjonen. Frå juli 2017 har all sal av varer skjedd gjennom aksjeselskapet. Kultur næringsshagen har fungert som eit mellomledd og samarbeidspart, og har m.a. stått for fakturering, rekneskap og som arbeidsgjevar for tilsett prosjektleiar i engasjement. Det er att to eigarar av Kimen, som begge er tilsett i Volda kommune.

Kimen har ikkje lukkast med å trekke til seg nok samarbeidspartnarar slik kommunen tidlegare har vore førespegla, og som var på dagsorden i møte mellom partane 07.04.17. I referatet kjem det fram at dei som sit i styret i Kimen ønskjer seg ut av styret, og bli erstatta av andre private (næringslivet) og frivillige aktørar. Det blir sett på ulike modellar på eigarsida; aksjeselskap, frivilligregister m.v. Det er ønskje om eit samarbeid med offentlege aktørar; kommunen, NAV, vidaregåande skule m.v. I konklusjonen er det presisert at det er viktig Kimen får avklart eigarskap og organisering i det vidare arbeidet.

Rådmannen vil ikkje rå til at kommunen skal bruke ressursar på å gå inn i eit aksjeselskap og drive eit gartneri og eit eige selskap. Han kan ikkje sjå det er rett at kommunen skal bruke midlar på å byggje ein stor organisasjon som driv næring med eigen administrasjon og infrastruktur. Det næringsmessige i dette er utfordrande, samtidig som det vil påløpe ekstra administrasjonsressursar og infrastrukturkostnader. Han ønskjer å arbeide vidare med ein modell for entreprenørskap i ein meir berekraftig form, i samarbeid med allereie lokale bedrifter som vil vere med å ta eit samfunnsansvar. Kimen har vore med å utarbeide ein arbeidsmetodikk som del av verdien i innovasjonsprosjektet, og ein må sjå på korleis bruke denne vidare, og om det er eit alternativ å løfte arbeidsmodellen inn i allereie eksisterande bedrifter. Rådmannen er oppteken av korleis stimulere lokalt næringsliv til å bli sosiale entreprenører og selje sine tenester knytt til faglege, sosialpedagogiske og forretningsmessige ressursar, for berekraftig samfunnsutvikling. Slik kan kommunen ev. bli kunde. Kimen bør også vurdere å få inn andre samarbeidspartar som nabokommunar, ev. Furene AS, der kommunen allereie er inne på eigarsida. Kimen må ha fokus på å ha berekraftig drift, og viktige oppgåver er å få ned kostnader og auke produksjonen. Rådmannen informerer Kimen om at han vil leggje fram ei politisk sak om tiltaket, der kommunen ev. må vurdere om ein skal gi ein kommunal garanti i påvente av avklaring på dette.

I møtet 21.12.17 viste Foldal til at Kimen er ein konstruert organisasjon, som vart etablert for å finne ut kva slags modell ein kan ha. Han meinte det kan vere potensiale for å samarbeide med Furene AS og tilbod til andre kommunar. Han minna også om at det ikkje er lovleg for kommunen å konkurrere med lokalt næringsliv, men ein kan samarbeide med dei. Rådmannen understreka at ein ikkje må leggje opp til å konkurrere med lokale bedrifter, heller arbeide for å skape nye synergjar, og oppmoda Kimen om å undersøke om det er nokon i lokalt næringsliv dei kan samarbeide med og slik få ned administrasjonsressursane, og arbeide for å utvide tilbodet til fleire grupper.

Økonomi

Kimen fekk tilskot frå NAV på kr 150 000 til forprosjekt i 2016, og kr 600 000 i driftsmidlar i 2017. Studentane sto også bak søknad frå Volda kommune om regionale utviklingsmidlar til entreprenørskap som integrasjonsverktøy, som fylkeskommunen innvilga med kr 500 000 over to år i 2016/2017. Utviklingsmidlane er i sin heilskap nytta til etablering og drift av entreprenørskapsLAB-tiltak i regi av Kimen i 2016 og 2017 (vedl. 9). Delar av prosjektskjønnet frå fylkesmannen i 2016 til satsing på kvalifiseringsarena for flyktingar, vart også nytta til etablering av Kimen (vedl. 10).

Kimen har lagt seg på same driftsbudsjett i 2018 som i 2017, på kr 1 350 000 til gartneridrift. Sjå prosjektplan i vedl. 4. Det er forventa at NAV gir driftstilskot på kr 600 000 på same nivå som 2017, i 2018 og 2019. Kommunen har bidrege med lærarressurs og eigeninnsats i 2016 og 2017. I 2017 hadde selskapet salsinntekter på om lag kr 200 000. I 2018 har dei budsjettert med kr 300 000 i salsinntekter. For å kunne oppretthalde gartneridrifta ber selskapet Volda kommune om tilskot på inntil kr 550 000 i 2018 og inntil kr 480 000 i 2019.

Dagleg leiar i kultur næringsshagen informerte kommunen 18.09.17 om at Kimen vil ha eit estimert underskot i 2017 på om lag kr 250 000 eks. moms som kultur næringshageselskapet har forskottert, og som det er realistisk å sjå føre seg må dekkast av Volda kommune i tråd med prosjektavtalen (vedl. 7). Det vert også informert om at endeleg prosjektrekneskap vil utarbeidast av rekneskapsførar, og at der vil kome mindre justeringar.

I budsjettet for 2018 er det sett av kr 1,2 mill. til kvalifiseringstiltak for flyktingar, som er tenkt brukt slik:

Budsjett kvalifiseringstiltak flyktingar 2018	
Budsjett 2018: 1,2 mill. jf k-sak 48/16	
Aktivitet/tiltak	Årskostn.
Kantine	200 000,00
Serviceteam	200 000,00
Andre kvalifiseringstiltak	256 799,00
Lærlingar 1 (til 14.08.18)	120 316,00
Lærling 1 (frå 15.08.18)	72 190,00
Lærling 2	192 505,00
Lærling 3 (frå 15.08.18)	72 190,00
Lærling - Instruktørtillegg	36 000,00
Lærling - Ev. andre tillegg	50 000,00
Kvalifiseringstiltak	-1 200 000,00
SUM	-

Forklaring:

- Lærlingar: Kommunestyret oppretta tre lærlingplassar for flyktingar i 2016. To har lærlingplass i dag, den eine tek fagbrev i juni 2018. Ein plass er vakant til ein får aktuell kandidat / arbeidsplass.
- Kantine: Er frå 2. halvår 2017 eit samarbeidstiltak mellom Volda læringscenter, tenesta for funksjonshemma og sentralkjøkkenet. Ein får utløyst mentortilskot frå NAV på ein brukar til medio 2018. Mentoren er arbeidsleiar for kantineiltaket. Det må setjast av ressursar til arbeidsleiing utover det ein ikkje får dekt av NAV.
- Serviceteam: Det er dialog mellom Volda læringscenter og rus- og psykisk helseteneste / Styrk Arbeid, om samarbeid om tiltak, oppgåver og brukarar. Styrk Arbeid har meldt frå

om dei har god kapasitet til å ta på seg oppgåvene som serviceteamet tidlegare hadde, samt aktuelle brukarar frå læringscenteret.

- Andre kvalifiseringstiltak: Det er behov for fleire individuelt tilrettelagde og tilpassa kvalifiseringstiltak for å kvalifisere flyktingar til ordinært arbeid. Det er ønskjeleg å spisse innsatsen mot lokalt næringsliv, og tilby individuell og tilpassa oppfølging i bedrifter som i tiltaket «Arbeid med bistand».

Kommuneplanen sin samfunnsdel:

Oppbygginga av eit robust tiltaksapparat ved etablering av fleire kommunale kvalifiseringsarena, og å satse målretta på innovasjon og entreprenørskap som integrasjonsverktøy, er i samsvar med strategiar som er valt for å nå måla innfor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

<i>TEMAOMRÅDE:</i>	<i>MÅL:</i>	<i>STRATEGI:</i>
Attraktivitet	<p>Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.</p> <p>Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.</p> <p>Volda sentrum skal vere eit levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar.</p>	<p>Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og næringslivet.</p> <p>Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd og utvikle kompetansearbeidsplassar.</p> <p>Utvikle samarbeid med Volda Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.</p>
Busetting	<p>Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet.</p> <p>Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.</p>	<p>Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.</p> <p>Legge til rette for at innbyggjarar skal oppleve trivsel og tryggleik i kvardagen.</p> <p>Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.</p> <p>Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs.</p> <p>Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.</p> <p>Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.</p>
Folkehelse	<p>Innbyggjarane si helse skal vere betre enn landsnittet på folkehelsebarometeret.</p>	<p>Førebygge meir, behandle tidlegare og sikre betre samhandling både internt i kommunen og eksternt med andre aktørar.</p> <p>Styrke kvar enkelt sitt sjølvbilete gjennom gode førebilete, og sikre at alle får delta i samfunnet og ha ein</p>

	Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.	meningsfull og aktiv kvardag. Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering. Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.
Tenester	<p>Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.</p> <p>Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.</p> <p>Volda kommune skal ha eit godt omdøme.</p> <p>Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.</p>	<p>Vere i dialog med brukarane, vurdere behov og kartlegge brukaren sine egne ressursar. Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats. Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og legge til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen. Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen.</p> <p>Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon.</p> <p>Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov. Nytte StudiebygdA som ein merkevare og ha eit aktivt samarbeid med høgskulen, næringslivet, lag og organisasjonar.</p> <p>Rekruttere marginaliserte grupper til organisasjonen. Tilby praksisplassar på alle kommunale arbeidsplassar så langt det er mogleg. Legge til rette for språkpraksis i alle kommunale sektorar. Tilby fleksible arbeidsoppgåver og/eller eit godt dagtilbod. Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester.</p>

Helse og miljøkonsekvensar:

Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover. Gjennom arbeidet med innovasjonsprosjekta og utprøving av nye kvalifiseringsarena, god dokumentasjon og evaluering, får vi betre kjennskap til verdien av desse, og kva som må til for å vere betre rusta til å gi gode kvalifiseringstiltak for flyktningar. Gjennom tiltaka er målet å sikre eit meir berekraftig busetjings- og integreringsarbeid, redusere risiko for å stå utanfor arbeidslivet, og å førebygge sosiale- og helsemessige problem for den einskilde.

Økonomiske konsekvensar:

Ut i frå ei kost nytte vurdering finn ein ikkje å kunne rå til at kommunen kan drive eit så vidt og kostnadsnevjande gartneriprojekt for ei så lita målgruppe. Kommunen treng å sjå tenestene i større samheng med breiare tiltak som når fleire, og som også er meir individuelt tilpassa den einskilde sine behov knytt opp mot ulike yrkesretta løp utover gartneri. I dette perspektivet vert det ikkje berekraftig at kommunen skal drive eiga bedrift/aksjeselskap for kvalifisering. Vi har allereie eit eigarskap i Furene AS som tilbyr kvalifiseringsarena for brukarar med samansette behov. Vi må sikre at vi ikkje etablerer konkurrerande tiltak. Når tilskotet har det omfanget som Kimen ber kommunen om, kjem tiltaket inn under regelverket om offentlege innkjøp.

Vurdering og konklusjon:

Innovasjon er ei arbeidsform som vert etterspurt i kommunesektoren for å finne løysingar på aktuelle behov. Volda kommune har så langt liten erfaring med å arbeide systematisk etter denne metodikken. Samarbeidet med Kimen var såleis ei nyttig læring. Ein ser i ettertid at ein burde arbeidd meir med planlegging av prosjektet for å definere tydelegare kommunen sitt behov i arbeidet med kvalifisering og forankring i læringscenteret, som den tenesta som har ansvaret for kvalifisering av flyktningar. Innovasjon handlar om testing og prøving. Dette inneber at ein må vere budd på å avslutte prosjekt som ikkje har gitt den verknaden som ein forventar. Dersom behovsavklaringa ikkje er tydeleg nok og forankringa hos den som har behovet ikkje er tung nok, så vil innovasjonsprosjektet ikkje gi god nok løysing. Dette prosjektet har likevel gitt verdifull erfaring, både m.o.t behovet for å definere behovet godt og forankre, men også resultatmessig ved at ein har fått utvikla ein metodikk som kan nyttast i framtidig kvalifiseringsarbeid.

Alle prosjekt har milepelar, og det må gjerast ei evaluering av partane om vidare status for prosjektet. Dette gjeld også dette innovasjonsprosjektet. Administrasjonen og selskapet Kimen har hatt løpande dialog og samarbeid, sist i møte 21.12.17 for å avklare status og vidare samarbeid med grunnlag i evalueringsrapportar og skriv, noko ein såg som nødvendig før det vart lagt fram politisk sak.

Administrasjonen er ikkje i tvil om at Kimen sitt gartneriltak har vore eit flott tilbod til dei deltakarane som har vore med, og ein kan gjerne ønskje seg tilbodet vidare. Kimen har vore med å utarbeide ein arbeidsmetodikk som del av verdien i innovasjonsprosjektet, og ein må sjå korleis bruke arbeidsmodellen vidare i kvalifiseringsarbeidet og i utgreinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

I dag dekker gartneriltaket behov for ei lita målgruppe. Kommunen treng breiare tiltak som når fleire, og er meir individuelt tilpassa den einskilde sine ønskjer og behov. Eit kostnadsnevjande gartneriprojekt kan ikkje kvile på kommunen. Finansieringa i etableringsfasen har vore tufta på ein delingsmodell, der stat, fylke og kommunen har bidrege med tilskot og ressursar, i tillegg til inntekter Kimen har hatt gjennom sal av egne produkt. Det er positivt at nokre har hatt sommarjobb i tiltaket. Sjølv om Kimen hentar midlar frå NAV og den private marknaden, er dei med noverande eigarskap og organisering avhengig av ein høg kommunal garanti og tilskot, samt lærarressurs og eigeninnsats for å sikre vidare gartneridrift.

Kimen Sosial Entreprenør AS er eit privat aksjeselskap med eige styre og ansvar for økonomi, heileigd av to av dei tidlegare studentane som også er kommunalt tilsette. Våren 2017 ytra studentane at dei ønskte seg ut av styret. Selskapet har informert rådmannen om at dei ikkje har kome i mål med å avklare eigarskap og organisering, og bli erstatta av private frå næringslivet og frivillige aktørar. Rådmannen vil ikkje rå til at kommunen skal bruke knappe ressursar til å gå inn på eigarsida og drive eit gartneri, med dei næringsmessige utfordringar, ekstra administrasjonsressursar og infrastrukturkostnader dette medfører.

Rådmannen ønskjer ein meir berekraftig entreprenørskapsmodell i samarbeid med allereie lokale bedrifter, som vil vere med å ta eit samfunnsansvar.

Administrasjonen har motteke brev frå styreleiar i Kimen Sosial Entreprenør AS, om at styret avviklar tilbodet og aksjeselskapet i januar 2018 (vedl. 1 og 3). Kommunen tek med seg gode arbeidsmetodar og erfaringar frå gartneriltaket i det vidare kvalifiseringsarbeidet, og takkar studentane og Kimen for nytenking, kreativitet og engasjement i innovasjonsprosjektet, og i utprøvinga av sosialt entreprenørskap i arbeidet med grunnleggjande kvalifisering av flyktningar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppvekstsjefen, per.ivar.kongsvik@volda.kommune.no

Volda læringssenter, rektor.vls@voldaskulen.no

Hels- og omsorgssjefen, svein.berg.rusten@volda.kommune.no

Tenesta for rus og psykisk helse/Styrk Arbeid, elin.hoydal.vatne@volda.kommune.no

Tenesta for funksjonshemma, ingunn.gjengedal@volda.kommune.no

NAV Ørsta/Volda, eli.grotta@nav.no

Sunnmøre kulturnæringshage, mf@sknh.no

Sunnmøre kulturnæringshage, espen@sknh.no

Kimen Sosial Entreprenør AS, gunnar.andenes@gmail.com

Frivilligsentralen, Astrid.Gjersdal@volda.kommune.no




Volda kommune
Stormyra
6100 Volda
Att.: Rune Sjurgard

Volda, 21 desember 2017

Avslutting av innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør

Viser til vårt brev av 5. desember om samarbeid mellom Kimen SE og Volda kommune samt dagens møte på rådhuset i Volda.

Styret i Kimen Sosial Entreprenør AS har drøfta innspela som kom på møtet, og finn det ikkje økonomisk forsvarleg å arbeide vidare med innovasjonsprosjektet. Tilbodet blir difor avvikla som varsla i brev av 5. desember, og vi har orientert NAV om at dei kan gi det årlege tilskotet på kr.600.000,- til andre organisasjonar.



Gunnar Andenes
Styreleiar



Referat frå møte om samarbeid mellom Kimen Sosial Entreprenør AS og Volda kommune

Møtedato: 21.12.17	Møtetid Frå kl. 08:30-10:00	Stad: Volda rådhus, Møterom 144 (A)
-----------------------	--------------------------------	--

Desse møte:

Rådmann Rune Sjurgard
Sunnmøre kulturnæringshage, Martin Foldal
Styremedlem Kimen SE AS, Astrid Gjersdal
Styremedlem Kimen SE AS, Gunnar Andenes
Prosjektleder Kimen SE, Espen Kolbræk
Rektor Volda læringscenter, Stian Bjerkvik
Spesialrådgjevar innvandring og integrering, Nina Kvalen

Referent: Nina Kvalen

Bakgrunn for møte er brev frå styret i Kimen Sosial Entreprenør AS til Volda kommune av 05.12.17, om vidare samarbeid mellom Kimen og Volda kommune. Brevet vart sendt ulike kommunale aktørar på epost same dag, saman med prosjektplan og evaluering av sosiale resultat 2017. Kimen ber om tilskot frå Volda kommune på inntil kr 550 000 i 2018, og inntil kr 480 000 i 2019, til drift av gartneritiltaket som kvalifiseringsarena for flyktningar. Kimen har søkt og er avhengig av tilskot frå NAV på kr 600 000 kvart av åra dei søker tilskot frå kommunen.

Informasjon og drøftingar i møte:

Rådmannen innleia med bakgrunn for møte, og tema i møte 07.04.17 om eigarskap og organisering. Kimen er i dag etablert som eit aksjeselskap, og rådmannen ønskjer informasjon om korleis styret tenkjer å drive Kimen vidare.

Martin Foldal informerer om at han ikkje lenger er med i aksjeselskapet etter ordre frå styret i Sunnmøre kulturnæringshage. Han ser det som naturleg at kommunen som problemeigar er med i aksjeselskapet vidare. Kimen starta opp og vart registrert som ein frivillig organisasjon, som er 100% eigar av Kimen Sosial Entreprenør AS, for at dei involverte ikkje skal stå personleg ansvarlege. Før juni 2017 var all sal av varer gjennom organisasjonen. Frå juli 2017 har all sal av varer skjedd gjennom aksjeselskapet. Sunnmøre kulturnæringshage har fungert som eit mellomledd og samarbeidspart, og har stått for m.a. all fakturering, rekneskap, og som arbeidsgjevar for tilsett prosjektleder i engasjement. Sparebanken Midt-Norge har rekneskapet og revisorgodkjenner.

Rådmannen viser til at det då er Gunnar Andenes og Astrid Gjersdal som sit att i styret i Kimen Sosial Entreprenør AS, og spør korleis dei tenkjer vidare drift av Kimen. Gunnar peikar på at prosjektet er bra for dei svakaste som ikkje har utbytte av ordinær undervisning, og trekk fram døme på den gode utviklinga hos namngjevne deltakarar. Astrid viser til at gartneriprojektet har vore etter intensjonane i forhold til innovasjonsstudiet. Det har vore prøving og feiling, og mykje positivt, og dei kan tenkje seg å få prøvd ut prosjektet vidare. Primærmålgruppe skulle vere flyktningar, men prosjektet er også aktuelt for andre grupper.

Rådmannen viser til at kommunen på det jamne har om lag 60 deltakarar i introduksjonsprogrammet, og 94 har delteke i programmet i 2017. I innovasjon ser ein etter nye løysingar på korleis ting kan gjerast på ein ny, betre og meir effektiv måte for ev. å endre seg. Han kan ikkje sjå at det vil vere rett at kommunen skal inn i eit gartneri og drive ein organisasjon, og bruke ressursar til å gå inn i eit aksjeselskap. Det næringsmessige i dette er utfordrande, samtidig som det vil påløpe ekstra administrasjonsressursar og infrastrukturkostnader. Kan det vere eit alternativ å løfte arbeidsmodellen

inn i allereie eksisterande bedrifter? Rådmannen må bruke knappe ressursar på best mogeleg måte, slik at dei når ut til flest mogleg som har behov for tenester.

Gunnar Andenes viser til at det kan finnast andre løysingar. Det største er å sjå to brukarar får utvikle seg og sjå reisa deira i Noreg, og fortel om utviklinga til deltakarar i gartneriprojektet. Nokre verdiar kan ikkje målast.

Rådmannen trekk fram at Kimen har vore med å utarbeide ein arbeidsmetodikk som ein del av verdien i innovasjonsprosjektet, og vi må sjå på korleis bruke dette vidare.

Espen Kolbræk viser til at Kimen er eit verktøy for dei aller svakaste som ikkje kan lese eller skrive, med helseutfordringar m.v. Desse har ein uformell kompetanse som ikkje alltid vert nyttiggjort. Alternativet for denne gruppa er å gå på trygd. Det unike med Kimen Sosiale Entreprenør er å bringe ulike partar saman og konkret samarbeide, og tverrsektoriell planlegging med fylkeskommunen, fylkesmannen, NAV, kommunen m.fl. Kimen har skapt ein arena for dette.

Rådmannen peikar på at det er vanskeleg å få staten med på noko varig. Gartneri er eit spesialfelt, som møter behov for nokre få. Vi må innsjå at nokon må ha trygdeytningar og bruke pengar på dei som fell utanfor dei ordinære tiltaka, enten dei er flyktningar eller andre. Rådmannen stiller spørsmål om kommunen kan bruke så forholdsvis store ressursar på nokre få utan å sjå problemstillinga breiare. Rådmannen kan ikkje sjå at ein kan tilrå å bruke midlar til å byggje ein stor organisasjon som driv næring med eigen administrasjon og infrastruktur. Rådmannen meiner ein bør vurdere samarbeid med eksisterande bedrifter innanfor ulike bransjar som vil vere med å ta eit samfunnsansvar.

Espen Kolbræk viser til at ulike pop-up tiltak som har vore drøfta tidlegare i prosjektfasen, ikkje treffer målgruppa sine behov på same måten som i eit gartneri, der dei får arbeide med dyrking i jord og produksjon av grønnsaker og blomar for sal. Inntekspotensiale i pop-up vil vere mindre, og det sosialpedagogiske blir dårlegare.

Gunnar Andenes fortel at det å dyrke noko er kjend for mange, og at det er vanskeleg å finne språkpraksisplassar for målgruppa i Volda. Vi har ikkje eit næringsliv som kan ta inn mange utan formell kompetanse, og tek fram eit case om ei kvinne som har erfaring frå å vaske klede i ein elv. No skal kommunen ta i mot flyktningar frå mottaket i Råde eller Jordan, og vil få nye utfordringar. Vi har ingen stader å ta i mot desse. På arbeidsplassar der det ikkje er krav om særskild kompetanse, jobbar i dag arbeidsinnvandrarar. Læringscenteret har nettopp hatt tre deltakarar på avløysarkurs med tolk. Den eine har delteke i gartneriprojektet, og først fått vist fram sine ressursar der.

Stian Bjerkvik er ikkje i tvil om at Kimen har vore bra for dei som har delteke, og at vi i framtida også vil ha deltakarar som treng liknande kombinerte løp. Han er oppteken av at ressursane må ta utgangspunkt i Volda læringscenter sine behov. Gartneriet møter behov hos ei målgruppe, men senteret har mange deltakarar med ulike individuelle behov for tiltak som krev ressursar. Angående om kommunen skal inn i styret i aksjeselskapet, ser ikkje han som rektor at han også skal inn i styret til Kimen og drive eit gartneri.

Rådmannen har tatt tak i at kommunen ikkje godt nok har klart å samordne kvalifiserings- og sysselsettingstiltak for brukarane internt, og få ned bruken av administrasjonsressursane og ut til brukarane på ein god nok måte. Dette vert det no arbeid vidare med inn i ny organisasjon i ny kommune. Rådmannen er oppteken av korleis stimulere lokalt næringsliv til å bli sosiale entreprenører og selje sine tenester knytt til faglege, sosialpedagogiske og forretningsmessige ressursar, for berekraftig samfunnsutvikling. Slik kan kommunen ev. bli kunde. Har Kimen vurdert å få inn andre samarbeidspartar, for eksempel Eid og Ørsta kommune, ev. Furene AS?

Martin Foldal: Nei, det har ikkje Kimen gjort. Då må dei bruke ennå meir ressursar.

Espen Kolbræk: Dette hastar ikkje i denne fasen av prosjektet.

Gunnar Andenes fortel at det er enormt ressurskrevjande å ta inn nokon i lokalt næringsliv, som ikkje kan norsk. Tidlegare har ein ikkje lukkast å få inn deltakarar m.a. innan bygg og anlegg, grunna mange arbeidsinnvandrarar. No har ei slik verksemd tatt inn ein deltakarar, som vil få fast jobb. Han er oppteken av at dei som sit på utsida skal ha eit verdig liv. Mange har fått seg jobb i butikkar. Med dagens utvikling må vi omstille oss.

Nina Kvalen viser til at kommunen har busett flyktningar sidan 1987, og har hatt flyktningar i kvalifiserings- og sysselsettingstiltak i lokalt næringsliv kvart år, også i bygg- og anleggsbransjen. Fleire har fått fast jobb i ettertid. I 2016 og 2017 har er nye kvalifiseringsarena med individuell og tett oppfølging av deltakarane prøvd ut i kantine, serviceteam og gartneri. Målgruppa har vore den same i alle; deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn og samansette behov. Grunna få deltakarar har læringssenteret innleia eit samarbeid med tenesta for funksjonshemma, sentralkjøkkenet og Styrk Arbeid, for å nytte tilgjengeleg kapasitet, behov og ressursar på ein best mogeleg måte. Kantina på rådhuset er i dag eit samarbeidstiltak mellom læringssenteret, tenesta for funksjonshemma og sentralkjøkkenet. Serviceteamet, som ikkje var i drift 2. halvår 2017, er det dialog mellom læringssenteret og Styrk Arbeid om samarbeid. Det har vore eit møte mellom tenester som har kvalifiserings- og sysselsettingstiltak for brukarar, som konkluderte om at vi må sikre betre samarbeid, samordning og koordinering for best mogleg tenester til brukarane og bruk av tilgjengeleg kapasitet og ressursar. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe for utgreiing av dette over nyttår.

Rådmannen er oppteken av kva vi kan tilby ei større gruppe. I dag dekker Kimen behov for ei lita målgruppe. Kommunen har fleire brukarar med behov for tiltak og må vurdere dette opp mot tiltak Kimen tilbyr. Vi må vurdere kor mykje vi kan bruke på enkeltindivid opp mot korleis tilby tenester til alle innbyggjarar. Han vil ikkje tilrå at kommunen skal gå inn på eigarsida i Kimen. Kommunen er allereie inne på eigarsida i Furene AS, som er ei arbeids- og inkluderingsbedrift. Rådmannen spør om Kimen har tenkt å samarbeide med lokalt næringsliv. Kimen må ha berekraftig drift, og viktige oppgåver er først og fremst å få ned kostnader og auke produksjonen. Administrasjonen må leggje fram ei politisk sak på dette, og kommunen må vurdere om ein skal gi ein kommunal garanti i påvente av avklaring.

Martin Foldal viser til at Kimen er ein konstruert organisasjon, som vart etablert for å finne ut kva slags modell vi kan ha. Han meiner det kan vere potensiale for å samarbeid med Furene AS og tilbod til andre kommunar. Tilseth har vore positive til samarbeid og kjøp av nokre produkt frå Kimen. På blomar er det ein pressa prismarknad, og ein har innsett at det er feil å satse på produksjon av blomar. Då er det betre å satse på lokal produksjon av tomatar og agurkar. Det er ikkje lovleg for kommunen å konkurrere med lokalt næringsliv. Han viser også til at prosjektleiaren er engasjert i ein tidsavgrensa periode ut 2017.

Gunnar Andenes opplever at Styrk ser på Kimen som ein konkurrent. Vidare trekk han fram at 70 prosent av kostnadene i eit gartneri er i januar/februar.

Rådmannen peikar på at ein ikkje må leggje opp til å konkurrere med lokale bedrifter, heller arbeide for å skape nye synergjar, og spør om det er nokon i lokalt næringsliv Kimen kan samarbeide med, og slik få ned administrasjonsressursane, og arbeide for å utvide tilbodet til fleire grupper. Når tilskotet det er søkt om har det omfanget Kimen ber om, kjem tiltaket inn under regelverket om offentlege innkjøp.

Espen Kolbræk viser til at det allereie er etablert eit samarbeid med fylkeskommunen og Ørsta vidaregåande skule om å ta inn ein lærekandidat. Grunna den faglærde gartneren brått slutta i Kimen, var ein ikkje i posisjon til å realisere tiltaket og få utløyst mentortilskot frå NAV, men eleven har hatt

praksis i gartneriprojektet. Vi er tidleg i prosessen, og det er eit nytt tiltak og organisasjon. Hadde Kimen fått omsett alle blomane hadde vi ikkje hatt dette møtet i dag.

Martin Foldal fortel at Kimen i 2017 har hatt ei omsetjing på om lag kr 220 000, og meiner dette kan doblast i framtida.

Espen Kolbræk peikar på at det byrjar å haste med å rekruttere gartnar og få i gang produksjon i gartneriet på nyåret. Dei må ha ein fagperson på plass, og det er vanskeleg å rekruttere gartnar. Transportkostnadene er høge i tiltaket. Ferjekostnadene åleine utgjer om lag kr 50 000 i 2017. Kimen har møtt velvilje frå eigar av drivhuset om låneavtale mot vedlikehald. Det er brukt mykje tid på vedlikehald og få det elektriske anlegget godkjend. Det har vore ringverknar ut til lokale bedrifter som har fått oppsving m.a. Sunkost og Artissjokken, og lokale innbyggjarar har vore positive og tatt godt i mot tiltaket på Folkestad.

Gunnar Andenes seier det har vore «kjekt så lenge det varte».

Martin Foldal viser til at om ein ikkje har føresetnader for drift, må ein seie frå seg NAV-midlane. Om studentane skal sjå på andre alternativ, må dei ev. frigjort tid på sine arbeidsplassar for å jobbe vidare med dette. Ev. må styret ha ein styrt avvikling av aksjeselskapet Kimen Sosial Entreprenør.

Rådmannen viser til at kommunen kan få opp sak til politisk handsaming i formannskapet 16. januar 2018, og i kommunestyret 25. januar 2018.



Volda kommune
Stormyra
6100 Volda
Att.: Nina Kvalen

Volda, 5 desember 2017

Samarbeid mellom Kimen SE og Volda kommune

Syner til møte i Volda 24. november 2017. Kimen Sosial Entreprenør AS er eit resultat av Volda kommune si satsing på innovasjon og deltaking på Innovasjonsskolen i regi av Sunnmøre Regionråd i perioden 2015-2016. Innovasjonsoppgåva som skulle løysast var betre integrering og arbeidskvalifisering for dei svakaste blant dei busette flyktningane. Oppgåva er løyst av kursdeltakarane frå Volda kommune gjennom etablering av gartneriprojekt på Folkestad, som kan vise til sær gode sosiale resultat. Gjennom drift av eit gartneri på Folkestad får flyktningane språktrening, arbeidstrening og sosialisering med etniske nordmenn.

Gartneriprojektet er organisert som eit aksjeselskap i tråd med sosialt entreprenørskap, og der alt overskot er vedtektsfesta nytta til styrking av tilbodet for busette flyktningar i Volda kommune. KS og Kommunal- og moderniseringsdepartementet har framheva at kommunane bør legge særleg til rette for samarbeid med aktørar innan sosialt entreprenørskap for å løyse samfunns-utfordringar. Prosjektet er 3-årig og har hatt fyrste ordinære driftsår i 2017. Det føreligg prosjektplan og evaluering av prosjektet for 2017. *

På bakgrunn av 3-års planen fekk Kimen-prosjektet tilsegn på kr. 600 000,- sentralt frå NAV i 2017, og signala frå NAV tydar på at Kimen vil få innvilga det same beløpet årleg i heile treårsperioden. I nokre tilfelle kan denne prosjektstøtta bli forlenga med ytterlegare to år, som for Kimen vil bety til 2021. For at dette tilbodet skal kunne halde fram i den 3-årige perioden ein har planlagt for, vil det være behov for kommunalt tilskot på inntil kr. 550 000,- for rekneskapsåret 2018 og inntil kr.480 000,- for rekneskapsåret 2019.

Etter erfaringane i 2017 med sal av eigenproduserte blomar og grønsaker ser vi klart eit betydeleg auka inntektspotensiale for gartneridrifta med auka fokusering på grønsaker, som vil bidra til lågare kostnader for Volda kommune enn maksimalbeløpa skissert over.

Kimen-prosjektet har opparbeidd seg erfaring med kvalifisering av dei blant flyktningane som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av intro-program åleine. Kimen Sosial Entreprenør AS har i haust etter innspel frå Volda kommune vurdert andre moglege driftsformer/tilbod til målgruppa, som til dømes skredderi/snekkeri og ulike pop-up tilbod, men finn at inntektspotensialet for desse er svært mykje lågare enn ved produksjon og sal av tomatar og agurkar som har synt seg å være det marknaden og innbyggjarane i Volda og omegn er interessert i. Dessutan har gartneridrift dokumentert store pedagogiske fortrinn for målgruppa. Kimen Sosial Entreprenør AS ynskjer difor å oppretthalde dette tilbodet i tråd med 3-årsplanane som er godkjende i høve medfinansiering frå NAV sentralt.

Dersom kommunen vel å ikkje gi tilskot til prosjektet på inntil kr. 550 000,- for rekneskapsåret 2018 og inntil kr.480 000,- for 2019, vil Kimen Sosial Entreprenør AS og innovasjonsprosessen bli avvikla i januar 2018.

Med venleg helsing,
for styret i Kimen Sosial Entreprenør AS,
Espen J. Kolbræk

Vedlegg: * Prosjektplan og evaluering 2017



Volda kommune



PROSJEKTPLAN 2016 – 2019

EntreprenørskapsLAB/ Kimen sosial entreprenør - avdeling
gartneri, Folkestad

Av Espen J. Kolbræk



À jour per: 2. November 2017

INNHALDSFORTEGNELSE

PROSJEKTPLAN 2016 – 2019	1
<i>EntreprenørskapsLAB/ Kimen sosial entreprenør - avdeling gartneri, Folkestad</i>	1
1 BAKGRUNN OG MÅL	3
1.1 <i>Kimen Sosial Entreprenør</i>	3
1.2 <i>Sosialt entreprenørskap</i>	3
1.3 <i>Mål, avgjersler & oppfølging</i>	4
1.4 <i>Måloppnåing første prosjektår – 2016</i>	7
1.4.1 <i>Språkpraksis, arbeidstrening og dugnad</i>	7
1.5 <i>Måloppnåing andre prosjektår – 2017</i>	7
1.5.1 <i>Språkpraksis, arbeidstrening og sommarjobb</i>	7
1.6 <i>Dokumentering av sosiale resultat</i>	7
1.6.1 <i>Effekten av Kimen gartneri og pop-up marknad</i>	7
2 ORGANISERING, ROLLER & GJENNOMFØRING	8
2.1 <i>Drivhus drift</i>	8
2.2 <i>Samarbeidspartar</i>	9
2.3 <i>Rolleavklaring og gjennomføring</i>	10
2.4 <i>Tids- og ressursplan</i>	11
3 RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING	12
4 ØKONOMI	13
4.1 <i>Prosjektbudsjett</i>	13
4.2 <i>Finansiering</i>	14
5 VIKTIGE HENDINGAR	15
6 VEDLEGG	15

1 BAKGRUNN OG MÅL

1.1 Kimen Sosial Entreprenør

Som bakgrunn for etableringa ligger det eit særskilt behov for gode tiltak for busette flyktingar med liten eller ingen skulebakgrunn (Volda kommune, f-sak: 2016/988). Flyktingar i ein tidleg kvalifiseringsfase er ikkje ein prioritert målgruppe for NAV. Difor er arbeidsretta tiltak for dei som går på introduksjonsprogram viktig, ikkje minst for å gi god kvalifisering som kan føre til overgang til ordinært arbeid. Slike tilpassa og tilrettelagde arbeidsretta tiltak for flyktingar kan også vere aktuelt for tidlegare deltakarar i introduksjonsprogram, og som framleis står utanfor arbeidslivet. Dei har då vanlegvis oppfølging/yting frå NAV eller andre offentlege instansar. Nokre meistrar ikkje norsk språk tilstrekkeleg til å ha reell sjanse for ordinært arbeid, og har lite sosialt nettverk. Behovet er synleg for mange som arbeidar med flyktingar, men ikkje minst er det signalisert frå Rådmannen at det er nødvendig å byggje opp fleire kommunale kvalifiseringsarenaer for å sikre eit bærekraftig busettings- og integreringsarbeid (ibid.).

Prosjektet starta som eit resultat av at tre studentar frå Volda deltok på Nasjonal innovasjonsskule for kommunesektoren. Dette er eit innovasjonsstudium som er utvikla i eit samarbeid mellom Høgskulen i Innlandet – Lillehammer og NTNU Gjøvik på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet. Initiativet til deltakinga kom frå Rådmannen i Volda kommune, Rune Sjurgard. Dei tre studentane; Martin Foldal, Astrid Gjersdal og Gunnar Andenes etablerte Kimen SE med organisasjonsnummer i Brønnøysund 30. November 2015 som ein del av studieprosjektet. 15. August 2016 tiltredde Espen J. Kolbræk som prosjektleiar for å materialisere ideane, og søkje midlar eksternt. Arbeidet med å få til gartneridrift på Folkestad kom raskt i gong, og søknad blant anna til NAV ble ferdigstilt og sendt.

Prosjektet har fått kontinuitet med Volda kommune som samarbeidspartnar, som også har bidrege økonomisk med eksterne midlar. Dette er midlar frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen og IMDi. Etter kvart fekk også Kimen innvilga søknaden hos NAV, med kr. 600 000,- og fekk inntening av pengar frå sal av blommar og grønsakar.

For meir informasjon, sjå vedlegg I – Evaluering (s. 8 f).

1.2 Sosialt entreprenørskap

Hovudformålet med sosialt entreprenørskap er å ta tak i eit bestemt samfunnsproblem og løyse det blant anna med verkemidlar frå forretningsverda. Det handlar om å utvikle og ta i bruk nye løysingar på sosiale og samfunnsmessige problem, som ein ser at det offentlege verkeapparatet ikkje åleine maktar å løyse. Ofte er ein sosial entreprenør eit lite føretak som bevegar seg i skjæringspunktet mellom privat verksemd, velgjerande organisasjonar og offentlege hjelpetiltak. Dei er gjerne drive av eldsjeler og pådrivarar som brenn for saka, som ynskjer å hjelpe folk med ulike utfordringar. For Kimen handlar det om å hjelpe fastbuande flyktingar og norske lærekandidatar med integrering og kvalifisering til arbeid.

For meir informasjon, sjå vedlegg I – Evaluering (s. 4 f).

1.3 Mål, avgjersler & oppfølging

I ein prosjektplan skiljar ein gjerne mellom resultatmål og effektmål. *Resultatmål* er generelt kva som skal leveras som prosjektresultat (sjå figur 1). *Effektmål* er generelt knytt til kva nytte og verknad prosjektet har på lang sikt. Ein kan seie at resultatmålet er å skape berekraftige vilkår for effektmålet. For Kimen betyr det at resultatmålet er knytt til å sikre drift i gartneriet, med omsetning av planter som grønsaker, blomster og urter. For 2017 var målet å dyrke 1/3 av Kongsvoll gartneri, som utgjer ca. 180 kvm. Fram mot 2019 var målet å drive heile veksthuset på ca. 500 kvm, samt nokon jordflekkar utandørs. No, pr. 26. okt. 17 kan vi likevel sjå tilbake på ein sesong med full drift av heile gartneriet (sjå vedlegg I – Evaluering s. 7 f).

	Resultatmål	Kriterium for måloppnåing	Oppfølging/ Ansvar
1.	Operativt drivhus	Målet er nådd	Prosjektleder/ SKNH
2.	Planter; grønsaker, blomster og staudar	Målet er nådd	Arbeidsleder/ Gartnar
3.	Faste kundar, Pop-up marknad	Målet er nådd	Prosjektleder/ SKNH
4.	Varig/ bærekraftig drift	Nok kandidatar Økonomi: NAV ok, marknadsjusteringar, Ikkje i mål med avtale med Volda kommune Inntekt frå sal av varer og tenester	Vls/ NAV/ Fylkeskommune Prosjektleder/ SKNH Styret Kimen SE Prosjektleder/ SKNH
5.	Operativ Penta helix	Tverrfagleg samarbeid, transversal planlegging. Informasjon. Pågåande arbeid	Alle involverte
6.	Læring	Konferansar, kurs, forelesingar, dokumentering. Målet er nådd/ pågåande arbeid	Prosjektleder/ SKNH Volda kommune/ VLS/ prosjektleder/ koordinator
7.	Organisering	Konstituere nytt styre, avklare eigarskap	Styret Kimen SE
8.	Verktøy for gjennomføring	Ein dynamisk prosjektplan, der all relevant informasjon samlast i eit dokument med vedlegg.	Prosjektleder/ SKNH Volda kommune/ Vls

Figur 1.

Vidare er det eit mål for Kimen å vere eit verktøy for Volda kommune, og gå inn under prosjektorganiseringa i EntreprenørskapsLab. Samarbeid med private og offentlege aktørar er avgjerande: Volda læringssenter, Ørsta vidaregåande skole, Per K. Kongsvoll, Tilseth blomster og Hageland-kjeda, studentar frå høgskulen i Volda er aktuelle samarbeidspartar innafor det som omtalast som 'penta helix-modellen'. Det er heilt sentralt med eit slikt samarbeid, for å styrka

berekraft i prosjektet. Vi har nådd dei fleste delmåla vi sette oss, men dette er ein type arbeid det må jobbast kontinuerlig med.

Effekt målet for gartneriverksemda vil i hovudsak være det same som det der legitimerer EntLab som hovudprosjekt: Å skape arenaer for kvalifisering og integrering av fastbuande flyktingar (sjå figur 2). Gjennom meistring og myndiggjering, samhandling med etnisk norske og tett oppfølging, leggast det til rette for sosialisering, språktrening og samfunnskunnskap gjennom arbeid. Dermed vil eit delmål vere å redusere sosiale problem som einsemd og fattigdom, auka sjølvkjensle og førebygging av psykiske vanskar. Arbeid ved gartneriet vil kunne innfri alle måla som er sett. I tillegg viser fleire studiar at arbeid med planter gir signifikant betring for personar med lidingar som depresjon, angst, stress, emosjonar, grubling og kapasitet innan oppmerksomheit. Kortfatta kan ein altså seie at effekt målet er å gjere folk betre i stand til å takle sin eigen kvardag, og bidra i ein ønska samfunnsutvikling.

	Effekt mål	Kriterium for mål oppnåing	Oppfølging/ Ansvar
1.	God integrering av fastbuande flyktingar. Hindre utanforskap og uhelse	Meiningsfullt arbeid med moglegeheit for meistring og motivering for læring. Nettverk, kontinuitet, godt leiarskap, samarbeid og strategi	Prosjektleder og arbeidsleder VLS/ Pedagog Kommune, NAV
2.	Betre kvaliteten i, og resultatane av norskopplæringa	Strategi, analyse, planverk Samarbeid Sikre tett og god oppfølging	VLS/ Pedagog Prosjektleder/ Arbeidsleder
3.	Sikre samanheng mellom norskopplæring Og andre opplæringstilbod	Samarbeid	Prosjektleder og arbeidsleder VLS/ Pedagog Kommune, NAV
4.	Skape meining og meistring	Nær utviklingssoner: Godt leiarskap, eigarskapskjensle hos kandidatar, god pedagogikk	Prosjektleder, arbeidsleder og pedagog
5.	Arbeidstrening med tett og god oppfølging	Resultatmål; berekraftig drift i Kimen	Prosjektleder/ Styret i Kimen SE/ Volda kommune
6.	Skape sosial arena mellom etnisk norske og flyktingar	Flyktingar omgås nordmenn gjennom arbeidsleder, sal og service	VLS/ Prosjektleder/ arbeidsleder

Figur 2.

Forutan dei som er direkte involvert i prosjektet, er mange eksterne aktørar involvert i EntLab: IMDi, NAV, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Volda kommune. Dei har alle interesse av innovasjonsarbeidet, og bidreg med midlar til finansiering som det skal rapporteras på. Da er det av

stor betydning at Kimen også presenterer prosjektet på ulike konferansar, som t.d. på Integreringskonferansen 2017 i Molde, slik at dei ser at midlane verte brukt på ei god måte og at ein oppnår gode sosiale resultat.

Under etablering av gartneriverksemda, er prosjektet avhengig av midlar utanfrå. Men innan utgangen av 2019 er målet at gartneriverksemda skal kunne stå på egne bein, som ein etablert sosial entreprenør. Sal av eigenproduserte varer og tenester skal sørge for den varige drifta av Kimen gartneri på Folkestad. Fasilitetane tilhøyrar Per Kongsvoll. Det er signert kontrakt mellom Per Kongsvoll og EntLab Volda. I denne forpliktar EntLab seg til dugnad for vedlikehald av drivhus, riving av eit gammalt drivhus som ikkje lenger er i drift, samt halde god orden på gartneriområde. I 2017 er dette arbeidet godtgjersle for at vi får låne fasilitetane. Dersom ein inngår leigeavtale på sikt, vil slikt dugnadsarbeid kunne fungere som delbetaling.

Kimen SE har søkt NAV om midlar til mellom anna drift av det same gartneriet. Det blei søkt ordinært tilskot til sosialt entreprenørskap på kr. 727586,- der kr. 600000,- blei innvilga. Dei som får søknaden innvilga vil normalt vere prioritert i ein treårig periode. Så sjølv om det må søkast tilskot for kvart år, kan vi rekne med at dette betyr ein samla stønad på 1,8 millionar kroner over tre år frå NAV sentralt. Perioden for tilskot kan likevel forlengast med inntil to år utover dei første tre åra. I tillegg kjem søknadar til andre fond og sal av varar og tenester som Volda kommune ikkje har anledning til å hente inn sjølv, utan ein aktør som Kimen SE. Dette er midlar som i praksis går til integreringsarbeid og til å skape kvalifiseringsarenaer i kommunen.

Sjølv om Kimen er ein privat aktør, er likevel EntLab ein heilt sentral aktør, som prosjekteigar og som den koordinerande eininga blant alle prosjekta. Ein hovudplan for alle del-prosjekter viser samanhengen mellom dei, men det er likevel lagt ved eit oversiktskart som viser gartneriets rolle i denne heilskapen (vedlegg 3).

Eit gartneri er kostnadskrevjande å drive, men som gir ein heilt spesiell kvalifiseringsarena, som syner seg å treffe målgruppa godt. Sjølv om Kimen hentar midlar frå NAV og frå den private marknaden, må Volda kommune bidra også økonomisk dersom det skal vere berekraftig. Og då må det jobbast fram ein modell på korleis dette skal organiserast. Enten at kommunen kjøper tenestar frå Kimen, eller at kommunen støttar prosjektet økonomisk med det mellomliggende behovet slik det kjem til syne under punkt 4, lenger nede.

Ved å visualisera kan ein lettare sjå livssyklusen til prosjektet. Skissa under (figur 3) syner ein forenkla illustrasjon av prosjektmodellen.



Skissa er henta fra IMDi si informasjon om kommunale utviklingsmidlar 2017

Figur 3

1.4 Måloppnåing første prosjektår – 2016

1.4.1 Språkpraksis, arbeidstrening og dugnadar

Viser til vedlegg I – Evaluering

1.5 Måloppnåing andre prosjektår – 2017

Viser til vedlegg I – Evaluering

1.5.1 Språkpraksis, arbeidstrening og sommarjobb

Viser til vedlegg I – Evaluering

1.6 Dokumentering av sosiale resultat

Bruk av IPAD

Viser til vedlegg I – Evaluering

1.6.1 Effekten av Kimen gartneri og pop-up marknad

Viser til vedlegg I – Evaluering

2 ORGANISERING, ROLLER & GJENNOMFØRING

2.1 Drivhus drift

Prosjektansvarleg for EntLab i Volda kommune er spesialrådgjevaren for innvandring og integrering, Nina Kvalen. Det er samstundes signalisert at Volda kommune ikkje ønskjer at operativ drift skal implementerast i kommunen. Ansvaret for drifta av Kimen SE, med gartneriet og dei prosjekta som settast i gong, ligg derfor hos styret i Kimen. Likevel må tiltaka koordinerast i nært samarbeid med Volda kommune. Det er eit tett samarbeid mellom Kimen SE og Volda kommune, men Kimen vil i hovudsak koplast inn når Volda kommune finn det føremålstenleg. Kimen vil og ha andre oppgåver knytt til prosjektet, som til dømes ansvar for fondet for mikrokreditt. Kimen vil også kunne setje i gong andre tiltak, dersom det er behov for det og Volda kommune ønsker det. Slik vil Kimen vere eit verkøy for Volda kommune til (1) å hente inn pengar eksternt til integreringsarbeid, (2) skape nye kvalifiseringsarenaer for flyktingar og andre med særskilte behov og (3) bidra til innovasjon og samarbeid i vår region.

Prosjektleiaren for Kimen er Espen J. Kolbræk, som er innleia frå Sunnmøre kulturnæringshage. Han er fungerande dagleg leiar for gartneriet frem til at Kimen står økonomisk på eigne bein, eller at det tilsettas daglig leiar når drifta krevjar det og økonomien tillatar det. Prosjektleiaren har ansvar for de konkrete, fysiske tilhøva rundt drifta av gartneriet: For at fasilitetane fungerer som dei skal, at oljefyr og straum fungerer, at drivhuset er intakt, for vedlikehald, dugnad og for at arenaen for kvalifisering på alle måtar fungerer tilfredsstillande. Han skal evaluere prosjektet og formidle erfaringar til alle involverte partar, som Fylkesmann, IMDi, NAV, Fylkeskommune, Volda kommune og andre som har interesse av prosjektet. Prosjektleiaren har også ansvaret for den økonomiske drifta av Kimen, med søknadsprosesser til legatar, stiftingar og fond, samt for rapportering og budsjettering som høyrer med. Likevel er det styret i Kimen som har det overordna ansvaret for økonomi.

Ansvarleg for den plantetekniske delen er arbeidsleiaren og gartneren. Ho har ansvar for tilsyn og oppfølging av plantene, og vil være rådgjevar og vegledar for involverte partar med tanke på opplæring i gartnerifaget. Ho sørgjer også for at varar bestillas i høveleg tid hjå LOG, og vil jamleg oppdatere prosjektleiaren. Fagressursen ved gartneriet vil vere i tett dialog med prosjektleiaren, og dei vil støtte kvarandre i den daglege drifta. Fram til og med juli 2017 var det Helen Holte som hadde denne stillinga.

Gjennom fleirspråklege assistentar og pedagogar frå Volda læringscenter, vil dyrkinga av planter og vedlikehald av gartneriet bidra i kvalifiseringa av kandidatane til eit arbeidsliv. Men først og fremst vil denne arenaen bidra til god språkopplæring, samfunnsforståing og sosialisering. Plantene skal også distribuerast og verte selt. Kandidatane skal være med i alle ledd i denne prosessen. Språkopplæring og det pedagogiske ansvaret kviler på Volda læringscenter for dei av kandidatane som høyrer til her. Per Erling Parr Sætre vil ha mye av den pedagogiske praksisen i drivhuset, elles fylgjer programrådgjevarane flyktingane tett, og bidrar i så måte med planlegginga av drifta.

For kandidatar frå NAV, vil ikkje språkopplæring være det primære, slik at her vil rådgjevar og prosjektleiar ha ein meir direkte rolle i kvalifiseringa. Prosjektleiar vil også ha ein konkret rolle på

dugnadar, i vedlikehald, i organisering og planlegging. Organiseringa av EntLab kartleggjast i eigen overordna prosjektplan, men det er også lagt ved eit oversiktskart ved dette dokumentet som visar alle prosjekta, og gartneriets plass i denne strukturen (vedlegg 3).

Det er inngått samarbeidsavtalar med fleire aktørar som kjem fram i fylgjande avsnitt. Aktuelle kontraktar er ikkje skildra i denne teksta, med er med som vedlegg.

2.2 Samarbeidspartar

Følgjande partar er involverte i prosjektet:

- ❖ Volda kommune: Prosjekteigar og kunde av produkt
 - Spesialrådgjevar og prosjektansvarleg; Nina Kvalen
- ❖ Sunnmøre kulturnæringshage: Prosjektleiing, rådgjeving, kompetanseheving
 - Dagleg leiar; Martin Foldal
 - Prosjektleiar; Espen J. Kolbræk
- ❖ Volda læringsssenter: Oppfølging av flyktningar, pedagogisk ansvar
 - Programrådgjevar; Marianne Solheim
 - Lærer norskopplæring; Per Erling Parr Sætre
 - Rektor Volda læringsssenter: Stian Bjerkvik
 - Assisterande rektor; Kjell Tore Aarstad
- ❖ Kongsvoll gartneri med fagressurs
 - Eigar av gartneriet: Per Krohn Kongsvoll
 - Arbeidsleiar og fagressurs/ gartnar: For tida ingen tilsette
- ❖ Ørsta vidaregåande skule: Kunde av produkt, ansvar for lærekandidatar, skuleklassar
 - Rektor; Roger Andre Fylling
 - Fagleder; Anne Marit Bae
 - Lærer; Tonje Sætre Indrearne
- ❖ Hageland Tilseth hagesenter
 - Dagleg leiar; Anita Tilseth
- ❖ Sunkost Volda:
 - Butikksjef; Janne Moe
- ❖ Artisjokken helsekost:
 - Butikksjef; Haldis Åshild Almestad

2.3 Rolleavklaring og gjennomføring

Kimen er ei sjølvstendig organisasjon med eget styre og leiing. Prosjektleiaren samarbeider med Volda kommune og Volda læringscenter. Kimen syter for arbeidsleiar og gartnar. Kandidatane får eige ansvarsområde, sjølv om alle får med seg heilheta. Når


Kimen SE skal:

- Gjennomføre praktisk språktrening i arbeidsnorsk i samarbeid med Volda læringscenter.
- Opplæring i HMS-krav knytt til relevante fagområde.
- Planleggje og gjennomføre reingjering av drivhus, bestillingar, såing, plantestell, transport og sal av plantar.
- Gje opplæring i gartnarfaget.
- Samarbeide i henhold til Penta helix-modellen.
- Gje opplæring i å skrive timelister, kassa-apparat (sal), gje supplerande opplæring som; snekring, reparasjon av skadar på anlegget, rivingsarbeid og demontering av gammalt utstyr ol.
- Utarbeide prosjektplanar
- Utarbeide og følgje opp individuell opplæringsplan i samråd med Volda læringscenter eller NAV.
- Utstede attest til deltakaren ved avslutning i tiltaket (Det er også gjett attest til deltakarar som ikkje har slutta i prosjektet).
- I samarbeid med Volda læringscenter og NAV sikre vidare tiltak/ oppfølging av kandidatar.
- Bidra til eigen etablering for entreprenørar blant flyktningane, med kompetanse, økonomi og nettverk.
- Involvere andre partar som kan gje gjensidig gevinst (eks. Hageland, Ørsta vgs etc).

Volda kommune skal:

- Gjennom VLS velgje ut kandidatar som passar til tiltaket.
- Fagleg ansvar for å utarbeide språktreningsopplegg (Pedagogiske ressursar)
- Gjennom VLS følgje opp tiltaket med pedagogisk ressurs 5 timar per veke, også for at tiltaket kan fylgjes opp i klasserommet.
- Utstede avtale om språkpraksis.
- Følgje opp deltakaren i samsvar med introduksjonslova.
- Samarbeide med transversal planlegging.
- Informere om tiltaket internt og til samarbeidspartnarar.
- Vere ein aktiv støttespelar til sosialt entreprenørskap og innovere i eigen sektor, slik regjeringa poppmodar til.

2.4 Tids- og ressursplan




Figur 3

Figur 3 syner tids- og ressursplan i eit gantt-diagram. Dette diagrammet er eit verktøy som brukas fortløpande og som viser i kva grad måloppnåinga er til ein kvar tid. Fyrst og fremst er det for å halde god oversikt og kontroll for prosjekteigaren og for prosjektleiaren, men og for fagressursar som kan leggje inn gjeremål og i kva grad dei er oppfylte. Dette diagrammet er dynamisk, og vil naturlegvis endre seg med tida.

3 RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

SWOT – analyse: Strengths, weaknesses, opportunities and threats



Figur 4

Det viktigaste med ein såkalla "SWOT" analyse (figur 4) er at dei involverte partane verte oppmerksame på at kva vi skal spele på, kva vi skal vere oppmerksame på, kva vi kan jobbe betre med og kva vi skal jobbe for å unngå.

4 ØKONOMI

4.1 Prosjektbudsjett

KIMEN Gartneri budsjett	2018	2019
Lønnskostnader	687 500,00	722000
Driftskostnader		
Husleie Storgata 8 (kontor, møterom m.m.)	81 000,00	81 000,00
Husleie inkl. alle kostnader Pop-up butikk	10 000,00	10 000,00
Drivhuskostnader gartneri Folkestad	290 000,00	290 000,00
Konsulentonorar (gartnerfaglig)	160 000,00	160 000,00
Datautstyr, driftsmiddel, innreiing, kontingenter, lisenser	10 000,00	10 000,00
Div. utg: kopi/print/rekvisita m.m.	5 000,00	5 000,00
Telefon/Mobil	2 000,00	2 000,00
Reisekostnader (inkl. formidling og kurs)	40 000,00	40 000,00
Annonser/Markedsføring/trykksaker	24 500,00	20 000,00
Andre utgifter: Kick off, folkemøte, fellesseminar	20 000,00	20 000,00
Regnskap, lønn og revisjon	20 000,00	20 000,00
Delsum kjøp av varer og tjenester	662 500,00	658 000,00
Sum utgifter	1 350 000,00	1 380 000,00
Inntekter		
Salg av planter og grønsaker	200 000,00	300 000,00
Tilskudd NAV	600 000,00	600 000,00
Volda kommune	550 000,00	480 000,00
Sum Inntekter	1 350 000,00	1 380 000,00

Budsjettet tek utgangspunkt i 2017- regnskapet. På grunn av at sal av blomster ble vesentleg dårlegare enn det vi hadde rekna med og sal av grønsaker betre enn rekna med, omkalfatrar vi

produksjon til å innehalde meir grønsaker og færre blomster. Vi har hatt inntekter frå sal av blomster og grønsaker på ca. 150 000 kroner i 2017. Denne posten aukar derfor til 200 000,- i 2018, og til 300 000,- i 2019.

Det er ikkje tatt inn i budsjettet at kandidatar kan hentas frå Nav, med dei midlar som følger derifrå. I tillegg har vi en lærekandidat frå Ørsta vidaregåande skole. Som godkjent lærebedrift har vi rett til mentorstønad og midlar som følgjer denne ordninga frå Fylkeskommunen. I sum vil derfor utgiftsposten i budsjettet ha et potensiale til å bli en god del lågare for Volda kommune. Skaleringspotensiale og utviding av arbeidsfelt er også til stades.

4.2 Finansiering

Finansieringa er i ein etableringsfase tufta på ein delingsmodell, der NAV støttar prosjektet i tre år. Her ligg det også mogelegheiter for utviding i ytterlegare 2 år, men da med redusert stønad. Målet er i denne perioden å utvikle ein teneste der kommunen betalar ein redusert sum for kvalifiseringsarenaer, fordi andre er med på finansieringa. Fylkeskommunen og NAV bidreg, og vil kunne fortsette å bidra betydeleg i åra framover på ulike postar. NAV-støtta frå sentralt hald har ei avgrensa tid. Etter dette er målet at ein har auka inntening frå kommersielt sal, samt at Kimen vil få inntekter frå tenesteproduksjon for både NAV, Fylkeskommunen og Volda kommune. Denne tenesteproduksjonen er knytt til dei personane som tiltaket er meint for.

Slik det ser ut no, så må Volda kommune bidra med kr. 550 000,- for 2018, og kr. 480 000,- for 2019 dersom Kimen skal kunne drive det gartneriet dei driv i dag. Det er kostnadskrevjande å drive planteproduksjon i Noreg, men for Kimen handlar det ikkje primært om dette, men om å skape ein arena som omtalt over. Dette kjem spesielt tydeleg fram i evalueringa. Dermed er ikkje gartneriet på Folkestad å rekne som eit heilt ordinært gartneri, men ein plass for meningsfull aktivitet og læring. Kandidatane får også løn når dei jobbar utanom intro-tiden.

Det må påpeikast at Kimen kan redusere utgiftene sine, dersom ein går over til nokre av dei andre planane som har vore diskutert. Ein kan då leggje ned gartneridrifta, og gå over til annen produksjon. Det har vore vurdert snekkeri, sy-stove, honningproduksjon og anna aktivitet. Men, som ein også kan lese ut ifrå evalueringa, så har eit gartneri unike kvalitetar som er særskild formålstenleg for å imøtekome problemstillinga. Poenget er at Kimen kan fungere som eit verktøy for Volda kommune, for å bidra til å løyse eit samfunnsproblem.

5 VIKTIGE HENDINGAR

Viktige hendingar		
Nummer	Dato:	Hending
1	?	Kontrakt mellom Volda kommune og Sunnmøre kulturnæringshage
2	27.01.17	Kontraktingåing med Per Kongsvoll
3	27.01.17	Reingjerding av drivhuset vert ferdigstilt, Toalettet klart til bruk
4	10.02.17	Få jorda & teknisk utstyr på plass
5	27.02.17	Driftstart av gartneriet; Straum, Olje, Lys, pumper etc.
6	11.05.17	Godkjent lærebedrift, Fylkeskommunen
7	24.05.17	Første pop-up torg-dag
8	06.06.17	Opne pop-up butikk på Spinneriet (frem til 15. Juli 2017)
9	18.10.17	Integreringskonferansen 2017, presentasjon av Kimen/ EntLab
10		
11		

6 VEDLEGG

- I. Evaluering av sosiale resultat 2017
- II. Kontrakt med Per Kongsvoll
- III. Ønska dokument til framtidig vedlegg:
 - Medlemsnummer/ avtale med LOG
 - Avtale om leveranse til Volda kommune, kantineprosjekt
 - Avtale om leveranse til Volda kommune, teknisk etat
 - Avtale om leveranse Tilseth blomster/ Hageland
 - Avtale om samarbeid med Ørsta vidaregåande skule

Dato/ Sted:

Dato/ Sted:

Signatur Prosjektleder:

Signatur Prosjektansvarlig:

Espen J. Kolbræk

Nina Kvalen



Volda kommune



EntreprenørskapsLab

Kimen Sosial Entreprenør

Sosiale resultat 2017 – Evaluering

Av Espen J. Kolbræk
A jour per 23.10.2017

Innleiing/ samandrag

Som ein del av løysinga på ulike samfunnsproblem og ei erkjenning av at Noregs velferdsmodell ikkje lenger er berekraftig, har Regjeringa, med Jan Tore Sanner i spissen, utarbeidd eit inspirasjonshefte; ”Vegar til samarbeid, Sosiale entreprenører som samarbeidspartnere i offentlig sektor – eksempler og ideer”. Heftet, som er utvikla i samarbeid med KS og mange aktørar frå andre sektorar og næringsliv, inneheld mange idear og eksempel på samarbeid mellom sosiale entreprenører, kommunar og statlege verksemdar lokalt. Dette har Kimen SE, som satsar på eit slikt samarbeid for å betre situasjonen for dei som er dårlegast stilt blant dei fastbuande flyktingane i kommunen, teke på alvor.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har sidan 2011 forvalta eit tilskot med føremål å stimulere til utvikling av sosialt entreprenørskap retta mot førebygging av fattigdom og sosial eksklusjon. Kimen blei innvilga kr. 600 000.- for 2017 av ein pott på totalt 14 mill. kroner, der 12 allereie var bundne. Det syner at vi er prioritert og rangert høgt blant søkarane, og at det vi held på med vekker interesse nasjonalt. Det vises også gjennom den store merksemda vi har fått frå Fylket, andre kommunar, Norsk senter for fleirkulturell verdiskaping, Ferd SE og andre som jobbar med sosialt entreprenørskap og flyktingar i Noreg.

Det som legitimerer vårt prosjekt er i fyrste rekkje dei sosiale resultatata. Difor er det særst viktig at vi evner å formidle desse, noko dette dokumentet skal bidra til. Vi er inspirert av Ferd, Regjeringa, Kronprinsparets fond og DNV i dette arbeidet. Vidare operer vi med sokalla trippel botnlinje; økonomisk, sosial og i forhold til miljø. Som dette dokumentet syner, så kan vi skilte med svært oppløftande sosiale resultat, vi produserer kortreist mat og planter, men regnskapet syner at vi har ein veg å gå når det kjem til det økonomiske resultatet. Men i dette dokumentet er det de sosiale resultatata vi held fokus på.



Innhaldsliste

Innleiing/ samandrag.....	2
Metode: Sosialt entreprenørskap i Penta helix-ramme.....	4
Korleis vi måler sosiale resultat.....	5
Gartneri	7
Idé.....	8
Produkt.....	9
Målgruppe & deltakarar.....	10
Effekt	12
Personlege verknader for deltakarane.....	12
Synergieffekt	14
Ringverknader	15
Læring.....	16
Den praktiske gjennomføringa	16
Utvikling av ein Volda-modell.....	18
Konklusjon	19
Sentrale personar i samarbeid	21
2016/2017 - Sesongen.....	21
2017/2018 - Sesongen.....	22

MANGFALD GROR KOMPETANSE



Metode: Sosialt entreprenørskap i Penta helix-ramme

Strammare økonomiske rammar kombinert med at velferdssamfunnet ikkje lenger er berekraftig, gjer at vi i fylgje regjeringa må ta i bruk ressursane i samfunnet på nye måtar. I tillegg er det mange menneskje som ikkje får den hjelpa dei treng, når dei treng ho. Sjølv om den norske offentlege tenesteytinga er blant dei beste i verda, er det grenser for kva og kor mykje det offentlege kan ta seg av. Difor har statsråd Jan Tore Sanner og Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeidd med å utvikle ei ”kokebok” for sosialt entreprenørskap. Her ligg det mykje informasjon om ulike vegar til samarbeid for å utvikle tenesteytingar og for å kome dei utfordringane vi står overfor i møte. Transversal planlegging og tenesteutvikling saman med sosiale entreprenørar er noko av det ein oppmodar til.

Kommunesektorens organisasjon (KS) har utarbeidd ein brosjyre; ”Sosiale entreprenører – partnerskap for nye løsnings”. Dette er ei særskilt viktig brosjyre som alle avgjerdstakarar og innkjøparar i offentleg sektor bør kjenne til og sette seg inn i. Heftet er eit samandrag av hovudrapporten: ”Sosialt entreprenørskap – partnerskap for nye løsnings”. I heftet vert det orientert om ulike organisasjonsformer innan sosialt entreprenørskap, og omsynet til den doble botnlinja i verksemdene er vektlagt særskilt. Med det meiner dei at dei sosiale formåla styrkar kommunane i eit større bilete, enn å berre sjå på dei økonomiske aspekta i anboda.

Hovudformålet med sosialt entreprenørskap er ikkje nødvendigvis dei aktivitetane ein utfører eller dei ulike produkta ein lagar og sel, men den sosiale effekten det ein gjer har på den einskilde og for lokalsamfunnet. I første omgang handlar det om å få folk i arbeid, gje dei meningsfulle oppgåver dei kan meistre og at dei kjem i samhandling med andre menneskje. I andre omgang bidreg dette til å skape eit betre samfunn, at ein gjer konkrete oppgåver for å bidra i ei ønska samfunnsutvikling. Direktøren i Ferd Sosiale Entreprenører, Katinka Greve Leiner har følgjande forklaring på sosialt entreprenørskap:

En sosial entreprenør er en person som bevisst tar tak i et bestemt samfunnsproblem og etablerer en ny løsning. De drives av det å skape sosiale resultater, og er opptatt av å organisere aktiviteten rundt løsningen sin på en måte som gir levedyktighet for løsningen på lang sikt. (ferd.no)

Regjeringa har kanskje ei noko utvida forståing av det same omgrepet:

Sosialt entreprenørskap handler om å utvikle og ta i bruk nye løsnings på sosiale og samfunnsmessige problemer. Det handler om å utvikle nye nettverk på tvers av fagfelt og virksomhetsmodeller og om å samarbeide på nye måter. Sosiale entreprenører kan gjennom erfaringsbasert kunnskap, praktiske erfaringer og egne nettverk ha fortrinn framfor tradisjonelle offentlige løsnings. (regjeringen.no)

Begge definisjonane tek utgangspunkt i at ein har eit samfunnsproblem som må løysast. Men Ferd syner verkelegheita slik den artar seg for eldsjela/pådrivaren, medan Regjeringa tek utgangspunkt i problemet som må løysast på ein innovativ måte, der samhandling er ein heilt sentral nøkkel. For Kimen sin del, er begge definisjonar treffande: Den fyrste har vi funne område og mulig løysing på, den andre jobbar vi med fortløpande i kommunikativ og transversal planlegging. Det er ei krevjande oppgåve for alle involverte partar. Modellen vi opererer innanfor kallast ”Penta helix”, fordi det er i hovudsak fem partar som ein søker

samarbeid mellom: Offentleg-, privat- og frivillig sektor, Fou/akademia og eldsjeler/pådrivarar.

I Grayston Bakery i New York har dei halde på som eit sosialt føretak sidan 1982. Dei driv etter fylgjande prinsipp: ”Vi tilset ikkje folk for å bake brownies, vi bakar brownies for å tilsette folk”. Setninga fortel om kor fokuset ligg, og kva berekraft betyr for dei som sosial entreprenør. Ein opererer etter dobbel botnlinje: Ein sosial og ein økonomisk. Den økonomiske delen må vere tilstrekkeleg til å halde hjula i gong, og der det heller ikkje er noko prinsipielt gale dersom ein går med økonomisk overskot. Økonomi er med andre ord eit naudsynt middel, og eit resultatmål for å oppretthalde eit høgare effektmål. Og det er dette høgare effektmålet som legitimerer organisasjonens eksistens; altså dei sosiale resultata.

Sosialt entreprenørskap finn ein i skjeringspunktet mellom sivilsamfunnet, offentleg og privat sektor, og i ulike organisasjonsformar. Val av organisasjonsform er nært knytt til kva for samfunnssektor dei høyrer til og dermed til kva for institusjonelt rammeverk dei må halde seg til. Det går frå frivillig sektor og aksjeselskap i privat sektor, til offentleg verksemd i kommunal sektor. Prinsipielt kan difor ein sosial entreprenør spenne frå einmannsverksemdar til kommunale prosjekt/ foretak. Over tid kan dei også skifte organisasjonsform, for eksempel frå aksjeselskap til å inngå i offentleg sektor, eller omvendt.

EntreprenørskapsLAB's (heretter omtala EntLab) ulike prosjekt er i Volda kommune sin regi, og såleis i offentleg verksemd. Volda kommune er ikkje berre ein kommune som samarbeider med sosiale entreprenører slik KS og Regjeringa oppmodar til, men er på mange måtar sjølv ein sosial entreprenør. Kimen Sosial Entreprenør er fyst og fremst eit verkemiddel for Volda kommune, og kan sjåast som ein del av EntLab-prosjekta. Reint organisatorisk er Kimen ein frivillig organisasjon og som står som eigar av Kimen sosial entreprenør AS. Selskapa er drivne som ideelle føretak der det ikkje skal takast utbytte. Kimen hentar og inn eksterne midlar frå aktørar som kommunen ikkje har høve til å søkje på. Saman med inntekter frå kommersielt sal, blir soleis utgifter til denne forma for velferdsproduksjon lav, samanlikna med anna offentleg innsats for målgruppa. Det er også ein pro-aktiv og innovativ måte å handsame eit samfunnsproblem på, heilt i tråd med det Regjeringa har fremma som del av løysinga no og i framtida.

Korleis vi måler sosiale resultat

Eit av fyrtårna innanfor sosialt entreprenørskap i Noreg, er Ferd sosiale entreprenører. Dei høyrer til i privat sektor, og har utvikla ein eigen avdeling som skal stimulere til nye etableringar med gode sosiale formål. Noko av det som dei ble utfordra på, var korleis dei kan måle dei sosiale resultata. Eit særskilt viktig område, som ikkje er så lett å talfeste eller å sjå rekkjevidda av. I akademisk og politisk samanheng kan kontrafaktisk analyse gje verdifull innsikt, men det ville gå langt utover det det er kapasitet til i slike mindre prosjekt som vårt. Difor dreg vi lærdom av m.a. Ferd SE, og lagar eit skjema for å halde oversikt (Fig. 1). I tillegg skal vi kome med dei gode historiene frå enkelte kandidatar som er med i prosjektet. Det overordna målet er å bidra til eit verdig liv for menneskje med spesielle behov. Spesielt blant busette innvandrarar og skuleelevar med lærevanskar. Helst i kombinasjon, då vi erfarer at dette gir gode synergieffektar.

Skjema (Fig. 1) er i stor grad sjølvforklarande, men vil likevel spesifiserast i det fylgjande. Under ”Effekt – kvalitetsmål” er det nokre punkt som er særleg viktige, og difor spesifisert. Fleire element utanom skjema bidreg i positiv retning og kjem difor fram i analysen. Stjernene i kolonnen lengst til høgre markerer i kva grad kvalitetsmålet har å bety for kandidaten, og om tiltaket treffer/ har verknad for den enkelte:

- * = I svært liten grad
- ** = I liten grad
- *** = Har verknad
- **** = Har stor verknad
- ***** = Har svært stor verknad

Prosjekt	Målgruppe	Produkt	Effekt –	Effekt –	Effekt – kvalitetsmål
			kvantitetsmål	kvantitetsmål	
			Livsforbetrande Lav kontakt: <i>Kvalifisering til språk & arbeidsliv</i>	Livsendrande Høg kontakt: <i>Integrering Sosialisering</i>	
Kantine	Fastbuande flyktningar	Mat Sal Vaske Tilsyn kaffe-maskinar	7 pers	7 pers	Snakkar norsk på arb. *** Relevant arbeid **** Kvalifisering *** Endra livet ** Grad av nøgdheit *** Samfunnskunnskap ** Mestring *** Sosialisering ***
Service-team	Fastbuande flyktningar	Logotrykk Anleggs-gartnar	5 pers	2 pers	Snakkar norsk på arb. * Relevant arbeid ** Kvalifisering * Endra livet * Grad av nøgdheit * Samfunnskunnskap ** Mestring **** Sosialisering *
Gartneri & Pop-up Butikk Torg Distribusjon	Fastbuande flyktningar	Blomster Grønsaker Urter Sal	2 pers	3 pers	Snakkar norsk på arb. **** Relevant arbeid ***** Kvalifisering *** Endra livet **** Grad av nøgdheit **** Samfunnskunnskap *** Mestring **** Sosialisering ***
Gartneri & Pop-up Butikk Torg Distribusjon	Vidaregåande skule	Blomster Grønsaker Urter Sal	1		Snakkar norsk på arb. ***** Relevant arbeid ***** Kvalifisering **** Endra livet ***** Grad av nøgdheit ***** Samfunnskunnskap *** Mestring **** Sosialisering ***

Fig. 1

Dei sosiale resultata er delt inn på basis av idé, produkt, målgruppe og effekt. Når det gjeld effekt, er den basert på eigenrapportering av kvantitet og kvalitet. Kvantitet seier kor mange individ prosjektet har nådd, akkumulert og i no-tid. Kvalitet seier i kor stor grad ein har lukkast med prosjektet. Det er da av betydning korleis ein har dokumentert resultata, i tekst og bilete, og ikkje minst kome med dei gode historiene.

Kvantitetsmålinga syner kor mange individ som har vore i kontakt med deira aktivitetar i perioden. Kontakta er delt inn i høg eller lav, alt ettersom kor mykje kandidatane har vore involvert. Dersom ein kandidat for eksempel er med i ein periode, og så sluttar på eit tidleg stadium, vil han kanskje kome inn på det lave kvantitetsmålet. Men dersom ein følger prosjektet heilt til språket er godt, og/eller det har leia til arbeid/ ordinær skule, så havnar ein på høg kontakt. Det kan ein også oppnå sjølv om språkutviklinga er lav, dersom ein oppnår stor grad av mestring og tilhøyrse.

Kvalitetsmålinga varierer med dei ulike behova hos den enkelte. Det kan være av sosial karakter, eller om prosjektet leier til jobb/ skule. For nokre vil prosjektet vere ei permanent løysing for å meistre kvardagen, og for å demme opp for utanforskap og uhelse. Prosjekta disponerer iPad, så kandidatane og leiarane kan ta bilete og film. Dette vert brukt i gode forteljingar som vert vist på vår Facebook-side, som også vert brukt i undervisninga ved Volda læringssenter. Det vil også kunne bidra om ein kandidat fortel si historie frå han/ho forlet heimlandet sitt, kom til Noreg og fram til ein no-situasjon. Då vil det vere viktig å få fram deira opplevingar om prosjekta og på kva måte det har hjelpt dei her dei er. Nokre forteljingar er med i denne rapporten, nokre vert publisert på vår eigen Facebook-side og nokre har allereie vore i avisa. Alt saman bidreg i dokumenteringa av det vi gjer, og har verdi for legitimeringa av prosjektet politisk, økonomisk og strategisk.

I dag inngår det tre ulike prosjekt i EntLab; Kantine, serviceteam og gartneri. I denne evalueringa er det berre Kimen og gartneri som blir behandla. Dei andre EntLab-prosjekta vil få egne evalueringar. Dette skuldast at dei andre prosjekta har vore drivne av Furene AS og Volda læringssenter, medan Kimen står som eigen organisasjon under same paraply. Det kan likevel være tenlig med ein felles evaluering og analyse av alle prosjekta under eitt, noko det også skal arbeidast med.

Gartneri

På Folkestad ligg gamle Kongsvoll gartneri. Familien Kongsvoll låner med glede ut drivhuset til Kimen sosial entreprenør, mot at vi hjelper dei med å demontere det andre, eldre drivhuset på garden. I november 2016 starta vi så smått med nokre dugnadar i drivhuset for å rydde, vaske og gjere det klart til produksjon. Det skulle bli mange dugnadstimar i dei kommande månadane, før vi etter vinterferien tok til med faste arbeidstider i drivhuset. Dei utvalde deltakarane frå Introduksjonsprogrammet ved Volda læringssenter, fekk tidene lagt inn i sine individuelle planar. Deltakarane er flyktningar frå Somalia, Eritrea og Syria, i tillegg til ein lærekandidat frå Ørsta vidaregåande skule.

I samarbeid med prosjektet sin gartner, tok arbeidet med såing til, og etter nokre veker var om lag 25.000 planter sådde. Vi tok i bruk heile drivhuset, og sidan medio mai-månad

starta vi sal av produkta våre. Dette gjorde vi gjennom vår eigen pop-up butikk på kjøpesenteret i Volda sentrum, sal på torget og gjennom vårt forhandlarnettverk: Tilseth Hageland, Artisjokken helsekost, Sunkost, Volda kommune, Ørsta kommune, Bakketunet, Folkestad skule m.fl.



500 kvm drivhus fylles opp



Pop-up butikken vår på Spinneriet (kjøpesenteret) i Volda

Idé

Prosjektet starta som eit resultat av at tre studentar frå Volda deltok på Nasjonal innovasjonsskule for kommunesektoren. Dette er eit innovasjonsstudium som er utvikla i eit samarbeid mellom Høgskulen i Innlandet – Lillehammer og NTNU Gjøvik på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet. Initiativet til deltakinga kom frå Rådmannen i Volda kommune, Rune Sjugard. Dei tre studentane; Martin Foldal, Astrid Gjersdal og Gunnar Andenes er ein interessant miks av personar av mange årsakar:

Martin Foldal er dagleg leiar ved Sunnmøre kulturnæringshage. Han har såleis god oversikt over det offentlege verkemiddelapparatet, samt lokalt og regionalt næringsliv. Astrid Gjersdal arbeidar som dagleg leiar i Volda Frivilligsentral. Ho har sær lang fartstid, eit mangfaldig sektorovergripande samarbeidsnettverk og stort fokus på målgruppa. Gunnar Andenes jobbar som lærar ved Volda læringscenter, der han dagleg er i nærkontakt med målgruppa. Han har tidlegare vore kultur- og næringssef i Volda kommune og har vore med å utvikle ”Jobbmentor”, ei mentorordning for verksemdar i Volda og Ørsta kommune som tilbyr språkpraksisplassar for personar med innvandrarakgrunn. Dei representerer altså tre ulike sektorar; privat-, frivillig- og offentlig sektor.

Som ein del av studiet etablerte dei den frivillige organisasjonen, Kimen Sosial Entreprenør. I deira eksamensoppgåve står det:

Ideen bak Kimen er å skape ein arena for meining og mestring, eit sosialt og arbeidsmessig fellesskap slik at alle som eit minimum skal ha eit aktivitetstilbod i Volda. At fleire aktørar i lag når lenger og står sterkare enn få, vil vere ein grunntanke i drifta.

Det er altså fokus på å skape eit fellesskap for arbeidstrening og språkutvikling for folk med spesielle behov, og som står i fare for å hamne på utsida av samfunnet. For å få til dette appellerer ein til fellesskap og mangfald; at fleire aktørar med ulik kompetanse og ressursar saman kan få til meir enn den enkelte åleine. Fleire eksterne aktørar har bidrege til at Kimen har vorte ein slik suksess; IMDi, NAV, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Volda kommune, lokalt næringsliv og enkeltpersonar som gjennom god dialog og velvilje har funne nye vegar til samarbeid. Nettopp slik det vert oppmoda til frå Regjeringa si side.

Vi valde å starte opp med gartneri i fyrste omgang, av fleire årsakar. For det fyrste skulle vi produsere noe for å skape arbeidsplassar. Mange av flyktningane har bakgrunn frå gardsarbeid og dermed erfaring og kompetanse frå arbeid med dyrking av plantar. Det var viktig å finne arbeid som drog nytte av den kompetansen; for å leggje til rette for mestring og motivasjon, og for å redusere område for opplæring i samanheng med produksjon. For det andre, så stod det eit stort gartneri på Folkestad som ikkje var i bruk. Eigaren hadde gitt signal om det ville vere i orden å låne gartneriet til eit slikt formål. For det tredje, så vert norsk landbruk bygd ned i høgt tempo, samstundes som etterspurnad etter kortreist mat aukar. Det er også auka bevisstheit om, og etterspørsel etter rein mat, det vil si usprøyta mat som veks i skikkeleg jord. Dette krev meir arbeid med plantane, noko som i vårt tilfelle er ønska. Da fleire studiar peikar på at arbeid med plantar og jord har særskild god effekt på fysisk og psykisk helse, var det etterkvart mykje som drog i retning av at dette var noko å starte med.

Men det har vore ”drodla” med mange gode idear utover gartneri: Bi-røktning og honningproduksjon, snekkeri med produksjon av hengekøye-stativ, amplar og ulike kassar til blomster (dekor og frakt), sy-stove med produksjon av hengekøyar og bunadsbrodering, skomakar mv. Desse planane er på ingen måte skrinlagde, men står på vent til vi har fått kontroll på det som allereie er sett i gong. Vi har også etablert eit godt nettverk, slik at delproduksjon for eksisterande næringsliv også kan verte realisert.

Då vi sette i gong, så undersøkte vi om fleire av planane kunne setjast i verk samstundes. Vi fikk mellom anna ordna med lokale til systove, og hadde tilgjengeleg profesjonelle symaskinar. Vi var også i samtaler med ein aktør om lokale fullt utstyrt med maskinar for møbelsnekring og produksjon av hengekøjestativ og blomsterkasser. Slik så vi føre oss at gartneri, snekkeri og systove kunne samarbeide om produkt vi skulle selje på pop-up butikk. På eit tidspunkt så vi at det var for ambisiøst å starte med så mykje på same tid. Vi vart nøydde til å ta ein ting av gangen, leggje all kraft i å utvikle det fyrste prosjektet og byggje vidare på det. Da var det naturleg å starte med gartneriet og pop-up butikk, noko vi nå har evna å gjennomføre.

Produkt

Kimen Sosial Entreprenør produserer ulike varar og tenester. Vi produserer tenester for Volda kommune på den måten at vi skapar kvalifiseringsarenaer for menneskje med særskilte behov. Og vi produserer ulike varer for den kommersielle marknaden: Agurk, forskjellige sortar

tomatar, salat, urter, sommarblomster, jordbær og amplar i ulike komposisjonar. Det er kvalifiseringsarenaen og de sosiale resultata som legitimerer drifta. Og sjølv om dyrking og stell av plantar syner seg å ha særst gunstig helsemessig effekt, så er det av mindre betydning kva ein gjer. Poenget er at ein faktisk gjer noko som skapar arbeidsplassar, og da med ein sosialpedagogisk vinkling. Og det er nettopp det eksempelet over, med Grayston bakery viser. Vi har med andre ord ulike produkt for den kommersielle marknaden. Og måten desse produkta kjem fram på, skapar andre og viktigare produkt for kommunen og samfunnet. Og derav den multiple botnlinja.

Målgruppe & deltakarar

Den største målgruppa for dette prosjektet er busette flyktningar som er deltakarar i introduksjonsprogrammet til Volda kommune. Dei aktuelle kandidatane har lite eller ingen skulebakgrunn, og har difor behov for ein arena der dei både kan få språk- og arbeidstrening, samtidig som dei får sosialisering og betra livskvalitet. I tillegg har vi ei målgruppe som passar godt med flyktningane; elevar med lærevanskar og spesielle behov som krev tilrettelegging. Begge gruppene har lavt utbytte av vanleg/ ordinær skulegong, og står i fare for å hamne på utsida av samfunnet. Som vi skal sjå, har dei også stort utbytte av å vere i lag med kvarandre.

Litt om deltakarane: (Dei er anonymiserte av omsyn til personvern, og vil verte omtala som deltakaren/han uavhengig av kjønn).

Deltakar 1:

Denne personen kom til Noreg i fjor sommar er gift og har eit barn. Ektefelle og barn er på flukt i eit tredje land. Deltakaren har nokre år med grunnskule frå heimlandet, men hadde inga erfaring med det latinske alfabetet då han kom til Noreg. Han har bakgrunn frå gard, og har god erfaring med plantehald og grønsaker. Han syntest det var tøft å skulle sitje berre på skulebenken, og hadde ein kamp med seg sjølv på det mentale plan grunna store bekymringar for familien som i tidleg fase ikkje hadde greidd å flykte frå heimlandet. Han syntest også det var vanskeleg å ta språket i bruk i den abstrakte klasseromssituasjonen.

Deltakar 2:

Denne personen kom til Noreg i fjor sommar, er gift og har 2 barn. Ektefelle og barn er framleis i heimlandet, og deltakaren er svært påverka av den vanskelige situasjonen familien er i. Deltakaren var i utgangspunktet positiv til praksis, men har uttrykt at han har slite med å finne seg til rette grunna manglande språk, stor overgang frå tidlegare posisjon i heimlandet, og har ei forståing av korleis han lærer best, som strir med lærar og programrådgjevarane si oppfatning. Han har to års skulegong frå heimlandet der han hadde ei rolle som åndeleg leiar i eit trussamfunn.

Deltakar 3:

Denne deltakaren kom til Noreg som familiesameint med ein son for to år sidan. Deltakaren har tre barn som alle snart er vaksne. Ektefellen er død. Deltakaren kom til Noreg utan skulebakgrunn, og har lært seg å lese og skrive ved Volda læringscenter. Etter eit år i Introduksjonsprogrammet kom Kimen som ein mogleg praksis- og integreringsarena, og deltakaren var positiv til å vere med i prosjektet.

Deltakar 4:

Denne personen kom til Noreg i fjor sommar, er gift og har èit barn. Familien var lenge i eit tredjeland som flyktningar, men er no venta til Noreg om kort tid. Deltakaren har seks års skulebakgrunn, men synest skule er vanskeleg og krevjande. Han har bakgrunn frå jordbruk, og syner stor forståing for jobben med plantehald. Han var positiv til å vere med i prosjektet og har vist stor innsats.

Deltakar 5:

Denne deltakaren vil ikkje bli anonymisert i same grad som dei andre, då det er viktig mellom anna å påpeike hennar kjønn og etniske bakgrunn. Vidare er ho hyppig referert til på vår facebook-side og i andre dokument, noko som gjer at ho er lettare å dra kjensel på. Det som er skrive om henne er etter hennar samtykke.

Denne personen er vaksen opp i Noreg og har gått vidaregåande skule. Ho blei teken inn i prosjektet som lærekandidat etter avtale med vidaregåande skule og Fylkeskommunen. Jenta har såleis hatt kompetanse på eit nivå som gjer at ho har bidrege i verdiskapinga frå fyrste stund. Ho har teoretiske læreveskar som gjer at ho krev noko ekstra oppfølging, men som ikkje hemmar ho vesentleg i det praktiske arbeidet. Skuleåra har vore prega av manglande mestringskjensle og lavt sjølvbilete, blant anna grunna dysleksi. Dette har blitt forsterka av mykje psykisk mobbing i lokalmiljøet hennar. Jenta er pliktoppfyllande og har godt oppmøte. Ho har funne sin plass i prosjektet, tar eigarskap i drivhuset, er strukturert og systematisk, og har gode sosiale eigenskapar. Ikkje minst er ho positiv og har vist stort engasjement i prosjektet.

Deltakar 6:

Det har vore fleire, kortvarige deltakarar innom prosjektet som ikkje har hatt ein langsiktig plan for deltakinga. Det har i kortare periodar vore eit behov i Kimen for ekstra arbeidskraft og der VLS har bidrege med personar. Det må især nemnast ein deltakar som var med i ein noko lengre periode. Han er utdanna lærar frå heimlandet sitt, og er kjend med det latinske alfabetet. Han kom raskt inn i oppgåvene ved drivhuset, og ved pop-up butikken. Han har eit godt utvikla norsk språk, og trengde soleis ikkje denne praksisplassen. Han var ein god ressurs å ha med, ikkje minst fordi han kunne omsette vanskelege ord for ein av dei andre kandidatane.

Effekt

Personlege verknader for deltakarane

Frå fyrste stund med dugnad i gartneriet på Folkestad, og til utsal av våre egne produkt påfølgjande sommar har det vore stor utvikling for dei fleste kandidatane. Pop-up butikken ble vårt utstillingsvindaug for folk i bygda, då gartneriet ligg på andre sida av fjorden. Med stoltheit viste vi fram urter, grønnsakar, blomster og amplar i alle fargar. Alt hadde vi laga sjølv; heilt frå å ordne med vatningsanlegg og bytte ut knuste tak-plater, til å så frø, potte opp og toppe plantar. Læringskurva har vore bratt for oss alle.

Deltakar 1:

Deltakaren var veldig glad for å få vere med i Kimen. Han har synt stor innsatsvilje, og har tydeleg fått ein positiv påverknad på den mentale helsa av sosialiseringa og det fysiske arbeidet. Der han i ei periode var sjuk og sleit med tungsinn, vart Kimen ei forandring i kvardagen hans som gav livsgneist og ny giv. «Ingenting klarnar hjernen som hardt arbeid». Språket hans har også hatt ei god utvikling, der vi ser at den praktiske tilnærminga hjelper han, både til å forstå dei språklege strukturane lettare, og for å ta språket i bruk.

Elles viser deltakaren ei auka sjølvkjensle, og større mot til å kome norsktalande personar i møte og faktisk snakke norsk. Han seier sjølv at han forstår mykje meir enn han sjølv greier å produsere av språk, men vi rundt han ser at dei produktive dugleikane også blømer. I forhold til motivasjon og trivsel får vi tilbakemeldingar på at han synes det er svært kjekt å ha ein faktisk jobb å gå til, og ikkje berre skule. Han kan no ta imot kundar åleine og er ikkje redd for det ansvaret.

Deltakar 2:

Deltakaren var i utgangspunktet positiv til praksis, men synte tidleg i løpet ei misnøye med både arbeidsoppgåver og drivhuset som læringsarena. Han er positiv som person, men har uttrykt at det i heimlandet ikkje ville vere naturleg for ein person i hans posisjon å ta del i den type praktisk arbeid som blir gjort i drivhuset. Overgangen for han til det norske samfunnet, der han i utgangspunktet ikkje har mykje å skilte med i forhold til samfunnet sine krav, har vore stor og vanskeleg for han.

Deltakaren har synt lite framgang i munnlege ferdigheiter, men har hevda seg i lesing og skrivning. Forståinga for det han gjer er ikkje alltid stor, men han held skriftspråket høgt i age. Grunna den svært vanskelege situasjonen for familien i heimlandet har deltakaren vore veldig mentalt sliten og i lange periodar vore lite mottakeleg for læring. Frustrasjonen har nok til tider vore stor, og han har utvikla ei overtøying om at det kun er skule som vil hjelpe han til å lære norsk. Etter fire månader i prosjektet vart engasjementet hans i Kimen avslutta etter eige ynskje.

Resultatet for denne deltakaren har ikkje vore tilfredsstillande, og konklusjonen er at det ikkje var rett deltakar til prosjektet då han ikkje hadde rett innstilling til si eiga deltaking der, og heller ikkje hadde ein livssituasjon som gav rom for å gå inn i noko nytt med energi og

positivitet. Det er uvisst om dette hadde vore råd å fange opp på førehand, for å eventuelt fråråde han ein praksis i Kimen.

Deltakar 3:

Deltakaren var i utgangspunktet glad for moglegheita til ein praksisplass då det ikkje var andre tilbod for han. Han har med seg erfaring frå jordbruk og plantehald i heimlandet, og har synt seg å vere trygg på jobben, og erfarer stor mestring. Det munnlege språket har utvikla seg merkbart etter at han kom inn i Kimen, og han kan no føre ein dialog om fleire kvardagslege tema, noko som i februar, eit år etter oppstart på skule, ikkje var mogleg. Eit konkret døme kan nemnast frå ferja som går mellom Volda og Folkestad. Vi kom inn i salongen på ferja i samla flokk, og ei dame frå bygda heldt opp døra for denne deltakaren, smilte og sa hei. Det opplevde deltakaren som ein invitasjon til kontakt, og han sette seg ned og snakka med denne dama heile vegen over fjorden. Tre månader tidlegare sat deltakaren for seg sjølv på ferja, og hadde ikkje mot eller ordforråd til å snakke med dei andre i teamet eingong.

Den fysiske helsa til deltakaren har vore tidvis dårleg, og forma var dårleg. Frå Folkestad ferjekai til drivhuset er det berre oppoverbakke, med om lag 15 minuttars gange. Dette var utfordrande for deltakaren i oppstarten i februar, men no vert ikkje dette nemnt i negative ordelag lenger. Han har til og med byrja å gå til og frå skulen kvar dag, der han før vart køyrd med bil.

Det at deltakaren har hatt ei god språkleg utvikling på grunn av den praktiske arenaen, har også fått effekt for læringa i klasserommet. I takt med aukande mestring har han fått betre sjølvtilitt slik at han i klasserommet også presterer på eit mykje høgare nivå. Han vil til hausten kunne ta til på eit høgare nivå på læringssenteret. Både språkleg, sosialt, helsemessig og med tanke på livskvalitet og livsglede har denne deltakaren hatt stor gevinst av Kimen sosiale entreprenør.

Deltakar 4:

Denne deltakaren har jobba hardt for å få grep om det norske språket. Han er den deltakaren i prosjektet med mest skule frå før, so han har kanskje flest strategiar å skilte med i læringa. Likevel var det vanskeleg å utvikle dei munnlege ferdigheitene i klasserommet. Etter eit par månader i drivhuset der deltakaren måtte ta språket i bruk for å kunne fungere i oppgåvene sine, merka vi rundt han ein gradvis auke i munnleg produksjon. Han synte også ganske tidleg ei aukande forståing for språket, noko som gjorde han til ein deltakar som kunne ta dei meir kompliserte oppgåvene tidleg.

Deltakaren har synt stor innsatsvilje og trivast i Kimen. Han har fått auka ansvar i takt med auka mestring, og har i dag ei viktig rolle i arbeidet. Han er verkeleg eit døme på ein som har skapt sin eigen arbeidsplass, og som er med på å forme den integreringsarenaen som Kimen er. Det har ordna seg på ein god måte for familien også, noko som har frigjort overskot og energi til å kunne bløme enno meir i praksis og klasserom.

Den munnlege språkutviklinga i drivhuset har vore positiv for dei andre grunnleggande ferdigheitene også. Deltakaren har tatt med seg giv og motivasjon inn i klasserommet, og har hatt ei bratt og aukande læringskurve i arbeidet med lesing og skriving. Den språklege forståinga har blitt veldig god med tanke på utgangspunktet, og i lys av kva ein kan forvente av ein Spor 1- deltakar.

Deltakar 5:

Denne kandidaten var også veldig glad for å bli med i prosjektet. Ho har hatt lav mestringskjensle i vanleg skule, då skulen er såpass teoretisk som den er. I Kimen kom hennar sterkare sider tydelegare fram. Tidleg opplevde vi svært gode ringverknader som følge av at denne kandidaten kom inn i prosjektet. Ho fekk stor betydning for deltakar 3 (over) som tidvis har vore plaga av dårleg helse. Ho har støtta og kommunisert med denne deltakaren både til og frå drivhuset, og under arbeid i drivhuset. I tillegg har dei gode eigenskapane i høve struktur og orden vore ei ledestjerne for dei andre deltakarane. Ho har støtta arbeidsleiarane i det praktiske arbeidet, og i kommunikasjon med flyktningane. Dette har gjeve ho ei kjensle av mestring og glede over å ha ein stor betydning for andre i eit arbeidsfellesskap. Såleis har ho blitt tryggare i rolla, og har utvikla seg sosialt og fagleg vidare.

Når vi hadde pop-up butikk og selde varer på torget, så var ho fast på plass med ein eller to av dei andre deltakarane. Ho blomstra i denne perioden, då ho fekk meir ansvar og kontakt med kundar. Å bli kjend med framande kulturar og nye arbeidsoppgåver har ført ho vidare sosialt og fagleg. Ho har hatt ein naturleg plass i ”flokken” med gjensidig respekt og forståing for andre. Det å trekke inn ein elev frå vidaregåande skule har med andre ord gitt svært gode ringverknader sosialt, språkleg, kulturelt og fagleg. Ei oppskrift vi vil bygge vidare på.

Deltakar 6:

Sjølv om denne posten viser til fleire enn ein deltakar, er det i all hovudsak ein spesiell deltakar det vert sikta til. Då denne personen ikkje har vore med over tid og ikkje fordi det har vore naudsynt for personen sjølv, vil vi ikkje kommentere like mykje som for dei andre. Men det bør nemnast at det har vore særst positivt for personen sjølv med denne erfaringa, og det har vore særst bra for Kimen å ha han med. Han har bidrege positivt både i drivhuset og i pop-up butikken vi hadde i sentrum. Vi erfarte soleis at det kan vere gunstig med ein flyktning med akademisk bakgrunn, for å avhjelpe med det pedagogiske i prosjektet og for å omsetje vanskelege ord for andre deltakarar. Han var veldig språkbevisst, slik at han ikkje prata på morsmålet med dei andre, med mindre det var heilt naudsynt. Han var heilt innforstått med at det i all hovudsak skulle kommuniserast på norsk i arbeidstida.

Synergieffekt

Det oppstår fleire synergieffektar i den modellen vi har valt å bruke. Ein er allereie nemnt i det som står ovanfor; der to kandidatar frå ulike verdsdelar og med svært ulik kulturell ballast møtes på ein arena der begge opplever mestring og læring. Dei har begge problem på skule, men innehar ressursar som blømer i samspel med kvarandre. Dei møtes på ein arena der dei styrker kvarandre innan eit felt som dei elles følar seg utilstrekkeleg og opplever tap. Det ”svake” blir snudd til styrke. Dei hjelper kvarandre, pratar og jobbar ilag. Kulturell utveksling, fysisk støtte i bratte bakkar, utvikle omgrep og språk, samt teknisk forståing og arbeidstrening.

Ein annen synergieffekt oppstår i det organisatoriske; verdien av at Volda kommune og Kimen utviklar innovative strategiar i lag. Kimen hentar inn midlar eksternt gjennom Nav, stiftingar og legat, samt gjennom kommersielt sal. Dette er midlar som kommunen elles ikkje ville hatt. Kimen får til ein avtale med eigaren om å låne heile gartneriet hans gratis, noko Per Kongsvoll verdset fordi anlegget blir halde ved like, og fordi det aukar trivselen i bygda med ”liv og røre” i og utanfor drivhuset. Ein kan spørje seg om kommunen kunne fått til ein slik avtale utan Kimen. Kommunen bidreg med å finne kandidatar som passar til prosjektet, dei bidrar til å søkje på midlar som Kimen elles ikkje vil ha høve til å søkje på, dei samarbeider om organisatoriske problemstillingar, og hjelper til med pedagogiske ressursar og kompetanse.

Det finst ei mengde døme på synergieffektar. Vi skal ikkje ta alle her, men nemne eit til: Når Kimen samarbeider med Ørsta vidaregåande skule, som er ein yrkesfagleg skule, så får dei tilgang til våre fasilitetar. Dei kan besøke oss, få elevar inn på lære kandidatordning og skaffe kortreist mat til kokkelinja eller blomster til blomsterdekoratør-linja. Kimen får altså ein stor kunde. Samstundes frigjer dette midlar hjå Fylkeskommunen og NAV, som byggjer opp under dei plassane vi har til rådighet og styrker vår økonomiske situasjon. Mange slike synergieffektar kan oppstå også med Tilseth Hageland, Furene AS, Høgskulen eller andre som ser auka verdi av samarbeid, og byggje ned silo-tenking.

Ringverknader

Prosjektet som inkluderer Kimen sosial entreprenør og EntLab har skapt mange ringverknadar internt, men også eksternt. Når ein opererer innanfor den allereie nemnte Penta helix – modellen, kan det raskt oppstå ringverknader i kvar enkelt av sektorene modellen omfattar. Synergjar kan oppstå i prosjektet, slik som vist i høve deltakarane over, men også organisatorisk på tvers av sektorar og innan den enkelte sektor. I tillegg kan ”ballen” begynne å rulle utanfor det som er direkte tilknytt prosjektet. I dette avsnittet skal vi sjå litt nærare på dei ringverknader som prosjektet har skapt direkte, men som også har gått utover det som opphaveleg har vore intensjonen.

Modellen som Kimen har utvikla i samråd med Volda kommune har vekt nasjonal merksemd. Dette skuldast kva vi har oppnådd av sosiale resultat, metoden vi har brukt og korleis vi har delt informasjon direkte med store aktørar og gjennom ulike media. Slik blir Volda kommune sett på integrerings og IA-kartet i Noreg. Vidare er det med på å styrke legitimiteten overfor andre eksterne bidragsytarar, som; Fylkesmannen, Fylkeskommunen, IMDi og NAV, og for den ressursbruken som vert brukt til nettverksbygging og formidling. Nokre av dei arenaer som har vore gjeldane i formidling og læring tilknytt prosjektet er:

- Energetics 2016, Gardermoen m. Statsminister Erna Solberg
- SosEnt – konferansen 2016, Ferd, med kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner. Kåring av årets sosiale entreprenør (Generasjonsmøte M AS)
- EVPA – konferansen 2017, Ferd, med kåring av Årets sosiale entreprenør
- Vidaregåande skule (1)

- Besøk frå ulike skular; orientere barneskular, ungdomsskular og vidaregåande om prosjektet og korleis vi jobbar. Kulturell møteplass, læring og samarbeid.
- Voldadagen 2017, møteplass og bevisstgjerjing
- Integreringskonferansen 2017, Molde
- Besøk frå Meland kommune m. Nærings sjef, flyktningskoordinator og NAV 2017
- NSFV hjemmeside
- Venskap (middagar, fisketurar, sosialt samvær på fritida)
- "Integreringshjulet" begynner å rulle; folk opnar opp
- "Jungeltelegraf" i lokalsamfunn
- På politisk dagsorden; i Formannskap og kommunestyre
- Facebook
- Aviser

(1) Vi inngikk eit samarbeid med vidaregåande skule, der elevar med visse utfordringar kunne delta i prosjektet som skulens forlengande arm, som lærekandidat eller som lærlingar. Skulen skulle også vise interesse i samarbeid i høve de produkta vi produserte.

På dei nemnde ulike arenaene vert nye og utvida nettverk skapte, erfaringar utveksla, nye idear og innovasjon får ny næring og inspirasjon. Dei investerte pengane som i utgangspunktet skal gå til eit lite og avgrensa prosjekt, kan såleis få uante ringverknader. Vi har blitt kontakta av Oslo kommune for å halde foredrag, av Høgskulen i Volda, der vi har hatt foredrag, og vi er jamleg i kontakt med Volda næringsforum som igjen har vore i kontakt med Arbeids- og sosialministeren og direktøren i Ferd sosiale entreprenører.

Alle desse tinga er med på å sette integrering på kartet, og som er med på å belyse eit samfunnsproblem som vi alle er tent med å løyse. Gjennom kommunikasjon på tvers av sektorar og fag, institusjonar og marknad. Ein veit aldri kva for ringverknadar slik transversal kommunikasjon kan ha, men det er ein auka bevissthet om at det er nødvendig med slik kommunikasjon. Det ser ein frå fleire hald; frå Regjering til Ferd, og frå academia til den lokale meinigheita som tek inn flyktingar og hjelper dei i kvardagen.

Læring

For at prosjektet i sanning skal lede til læring, må ein våge å vere open og ærleg i formidlingane av dei erfaringane som er gjort. Vi har etter kvart gjort oss nokre verdifulle erfaringar. Mykje gode erfaringar, slik som det har kome fram i det ovannemnde. Men også nokre erfaringar som har vore kjelde til frustrasjon og som har vore opplevde som hindre for god utvikling. Det siste vil i større grad enn tidligare komme fram gjennom punkta nedanfor.

Den praktiske gjennomføringa

I september 2016 tok vi kontakt med Per Kongsvoll, som er eigar av drivhuset. Dette drivhuset vart lagt ned 6 år tidlegare, stod ubrukt og i fare for å bli øydelagt. Per var veldig positiv til prosjektet, og ville stille heile gartneriet til vår disposisjon. Vi inngjekk ein avtale,

der vi fekk bruke fasilitetane, mot at vi heldt vedlikehaldet og hjelpte til med rivinga av eit dårlegare drivhus ved sida av det store drivhuset vi fekk disponere.

Vi starta opp med dugnadar regelmessig utover hausten og vinteren 2016/2017. I slutten av februar starta vi opp med full drift. Då var drivhuset reingjort, fleire store rullebord vart fjerna, vatningsanlegget og gjødslingsanlegget vart reparert og lagt opp med nye kretsar, pumper bytta ut, mobilt toalett vart skaffa frå austlandet, mekaniske skadar vart reparert, nytt stort arbeidsbord vart laga, styringssystemet med lukar og ventilar blei reparert, det elektriske systemet ble overgått og etterkvart godkjent, det blei bestilt frø, jord, slangar og spesialverktøy mv. Vi fekk på plass viktige samarbeidspartnarar, som Tilseth Hageland, Sunkost, Life og Ørsta vidaregåande skule. Det ble bestilt eit mobilt kassesystem, iZettle med iPad som skulle vise seg svært fleksibelt, oversiktleg og godt.

Dugnadane varte frå nokre få timar til heile dagar. Frå 27. Februar starta vi opp med fast oppmøte tre dagar i veka, i samråd med VLS. Etterkvart kom vi fram til fylgjande vekeplan: Måndag kl. 12-15, onsdag 09-15 og fredag 09-15. Vi tok då ferja som gjekk ein halvtime før arbeidsstart, og eit kvarter etter arbeidsslutt. Reisa til og frå drivhuset blei ein viktig sosial arena, der vi satt på ferja med ein kopp kaffi og der vi gjekk oppover dei bratte bakkane og prata om alt vi såg. Den fysiske nærleiken, samhaldet og praten var av veldig stor verdi. Som regel var vi fire flyktningar, ein norsk elev frå vidaregåande skule, ein pedagog frå VLS og prosjektleiaren.

Pedagogen hadde fått innvilga 5 timer i veka på gartneriet. Dette blei fordelt på to ulike dagar. Dermed kunne pedagogen fylgje med på det som føregjekk i og utanfor drivhuset. Han kunne bruke gartneriet som arena for språklæring, og hente inspirasjon og element herfrå og tilbake til klasseroms-undervisninga. Dermed fekk flyktningane heilskapleg oppfylging og ein raud tråd mellom vår arena og klasserommet. Vidare fekk pedagogen innsikt i vårt arbeide, noko han kunne formidle vidare til skulen og leiinga der. Dette var også viktig, slik at prosjektet gradvis fekk opparbeidd legitimitet og tillit hjå dei som driv kvalifisering og opplæring av flyktningar.

Arbeidet med tilsetjing av gartner starta i den same perioden som da vi inngjekk avtale med Per Kongsvoll. Vi fekk tidleg tak i ein gartner som hadde stor erfaring i arbeidet med plantar, og ikkje minst i arbeid med ulike menneskje. Denne personen hadde også eit stort nettverk som kunne styrke vår eigen nettverksbygging. Etter ein tid, og vi hadde kome ut i oktober, så trakk denne personen seg frå vervet. Årsaka var personleg, og hadde med denne personen si rolle i bygda å gjere. Det hadde altså ikkje noko med prosjektet sin karakter eller innhald å gjere. Men vi ante allereie her at skjulte konfliktar kan oppstå som følgje av at mange ulike personar må samarbeide på ein ny arena og på ein ny måte.

Heldigvis hadde denne person eit breitt nettverk, og kunne tilrå at vi tok kontakt med eit par andre personar som kunne egne seg som gartner for prosjektet. Det gjorde vi, og fekk raskt ein ny gartner på plass. Denne gartneren var ikkje ferdig utdanna enda, slik at det sette ekstra krav til at prosjektleiaren måtte i all hovudsak drive gartneriet, også som arbeidsleiar fram til sommaren 2017. Den nye gartneren var borte i delar av perioden, men skulle kome meir på banen etter at skulen var ferdig og eksamen overstått. Denne gartneren viste interesse for prosjektet, men uttrykte tidleg usikkerheit med tanke på ansvar og leiarskap. Vi satsa på at dei ulike oppgåvene skulle løysast i fellesskap, at ho ikkje var åleine om noko og at vi skulle kurse henne i leiarskap, spesielt med tanke på flyktningar. Ho synta tidleg at ho var veldig

flink med plantar, men som arbeidsleiar fungerte det ikkje så godt. Usikkerheita i høve leiarskap, kommunikasjon og omgang med dei ulike personane blei etterkvart såpass vanskelig at ho valte å slutte.

Kimen sosial entreprenør var godkjent lærebedrift av Fylkeskommunen, under føresetnad av at vi hadde godkjent gartner på plass. Då gartneren brått slutta i prosjektet, sto difor plassen for lærekandidaten i fare. Etter fleire rundar med NAV og Ørsta vidaregåande skule, fekk vi på plass ein midlertidig løysing, slik at vår lærekandidat fekk fortsette i prosjektet nokre månader, til ny gartner er på plass. Diverre så døydde ein av våre kandidatar i den same perioden i sommar. Han var ein av dei som hadde størst utbytte av prosjektet, og skulle gå inn som vaktmeister frå hausten, der noko av stillinga skulle gå utover praksisplass-avtalen med VLS. Han skulle difor gå meir over i betalt stilling. I sum utgjorde dette, saman med andre organisatoriske og økonomiske utfordringar, at vi ikkje starta med vinterproduksjon. Slik det er nå, vil difor produksjonen av tomatar og agurkar forsette til dei ikkje lenger gir frukt. Etter dette vil vi klargjere drivhuset, oppgradere og gjere klart for neste års produksjon. Då får vi også tid til å jobbe med organisatoriske og økonomiske utfordringar. Men slik det er no, har vi ikkje nokon garanti for at prosjektet vil fortsette i 2018. Meir om dette neste avsnitt; ”utvikling av ein Volda-modell”.

Vi starta med tanke på å produsere i ein tredjedel av det store drivhuset. Men etter kvart såg vi at vi hadde meir arbeidskapasitet. Vi såg også at vi hadde eit stort drivhus, vi likevel måtte halde i orden. Difor valde vi å dyrke i heile drivhuset, noko som resulterte i 25000 plantar totalt. I etterkant veit vi at blomstermarknaden ikkje var så god som vi hadde rekna med, og storparten av det vi produserte måtte kastast. Det var ikkje hyggeleg å måtte kaste så mykje av det vi produserte, det kjentes nesten meiningslaust. Vi har prata ein del om dette i etterkant, og kome fram til at det likevel var bra vi satsa såpass stort som vi gjorde. Vi var i avisa fleire gonger, og mange var det som besøkte oss i drivhuset; ordførarar, rådmenn, politikarar, rektorar, lærarar, skuleklassar frå Ørsta, Volda og Folkestad, og ikkje minst mange private kundar og innkjøperar frå butikkar. Då fekk vi verkeleg vist folk kva vi var i stand til å få til. I tillegg ga vi vekk blomar til Volda kommune, til omsorgssenteret på Vartdal og andre. Likevel, når vi no veit betre, er planen å minimalisere produksjon av sommarblomar og heller dyrke meir tomatar, agurkar og andre grønnsakar. Altså at vi fortsatt har planar om å ta heile drivhuset i bruk.

Utvikling av ein Volda-modell

Kimen sosial entreprenør jobbar altså med sosialt entreprenørskap i ein Penta helix ramme. Det er svært få som jobbar etter ein slik modell i praksis i Noreg, og innanfor produksjon av varer, er det ingen vi veit om som brukar ein slik modell. Innovasjon er ikkje enkelt, og utan Volda kommune sitt bidrag hadde det ikkje vore mogeleg. Dei har bidrege økonomisk og med kompetanse både frå administrativt og pedagogisk hald.

Det hadde heller ikkje vore mogeleg å få til utan NAV. Dei har bidrege med utviklingstilskot og ordinært tilskot til sosialt entreprenørskap. Vi har også hatt godt samarbeid med studentar frå Høgskulen i Volda. Dei har laga vår grafiske profil, motto og vi skal vere med i ein masterstudie, mange partar kan ha nytte og glede av å lese. Vi har også

bidrege med forelesingar og seminar og delt av vår erfaring og kompetanse. Det skal vi også gjere under integreringskonferansen i Molde 2017. Dette er eit arrangement som vert drive av Fylkesmannen i Møre- og Romsdal, Møre- og Romsdal Fylkeskommune og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). I tillegg kjem alle som har bidrege økonomisk til prosjektet vårt gjennom Volda kommune. Vi har eit bredt nettverk i privat næringsliv, noko som også synest gjennom god dialog med Volda næringsforum. Dei har også tatt initiativ til dialog med høgskulen om det same tema og om samarbeid. I sum ser vi altså at Penta helix modellen verkar i praksis, men det er ingen enkel modell å jobbe etter.

Onsdag 5. Juli 2017 fekk Volda næringsforum besøk av stortingsrepresentant Helge Orten og Ordføraren frå Hareid, Anders Riise. Samtalen skulle raskt dreie seg om sosialt entreprenørskap, og det som føregår i Kimen og innan sosialt entreprenørskap i kommunen. Dei var svært imponert over kva ein hadde fått til i kommunen, og meinte at mykje ligg til rette for å utvikle ein Volda-modell, som kan bli ein del av eit større regionalt- og nasjonalt nettverk. Orten påpeika at dette var noko han ynskte å følgje opp vidare. I Volda er det ein enorm formidlingskompetanse, ein har sjukehus og industri, høgskule med mediefag, planlegging, administrasjon og kultur møte. Det er flyplass og vegsamband som plasserer Volda sentralt i ein større region. Volda næringsforum er også kjent for å skape eit godt miljø for dialog, og der ein kan kome med nye tankar og idear. Slik har dei ein sentral plass og ein fellesnemnar med Kimen i det kommunikative arbeidet med innovasjon og sosialt entreprenørskap.

Samskaping og innovasjon er ikkje enkelt, men det kan opne nye dører. Og er det nokon plass det må vere mogeleg å få til, så er det i Volda. Rådmannen i Volda har no teke initiativ til eit fellesmøte for alle som jobbar innan dette feltet. For mykje er uoversiktleg, vi har ikkje kome i mål organisatorisk, det må avklarast eigarskap, mål, organisering, strategi mv. Og dette er eit arbeid det må jobbast mykje med framover om ein skal lykkast. Så må ein samstundes stille seg spørsmålet; kva er alternativet?

Konklusjon

Når ein frå Regjeringa signaliserer at vår velferdsmodell ikkje lenger er berekraftig i sin noverande form, samt at mange menneskje fell utanfor velferdsapparatet, er det eit tydeleg signal til kommune-Noreg om å omstille seg. Ein må og stille seg spørsmål som: Kven er det sitt ansvar å skape morgondagens samfunn? Kva slags samfunn er det vi ynskjer oss? Det er altså ikkje ein oppmoding utelukkande til kommunar, men til alle sektorar om å få til nye arenaer for samarbeid. Sosialt entreprenørskap er ein av løysingane på utfordringane, noko som er mykje meir utbredt i mange andre land som ikkje har store nasjonale inntektskjelder som olje eller fisk. Dersom alle i privat næringsliv utelukkande skal profittmaksimere og overlata all velferd til det offentlege, vil enten det offentlege hjelpeapparatet måtte bli enormt stort og skattane høge, eller svært mange vil falle utanfor.

Sosialt entreprenørskap er eit fenomen som veks ut av denne omstillinga i næringslivet og i samfunnsutviklinga. Der privat næringsliv ikkje tradisjonelt tek samfunnsansvar, melder det seg no stadig nye aktørar, sosiale entreprenørar, som fyller ut dette tomrommet. Vi opplever det som eit nytt fenomen, men eigentleg handlar det om det same som før silo-tenkinga meldte seg: Å ta vare på dei svakaste i samfunnet, å sjå verdien av å inkludere folk i

eit mangfald av arbeidsoppgåver. Å legitimere si verksemd gjennom ein meining utover det å profittmaksimere.

Kimen sosial entreprenør er ein non-profit aktør som legitimerer sin økonomiske botnlinje gjennom sosiale resultat. I tillegg produserer Kimen kortreist mat og planter. Slik sett opererer Kimen med trippel botnlinje. Arbeids- og velferdsdirektoratet ser med spenning på Kimen sosiale entreprenør, noko dei har uttala eksplisitt og noko som viser seg gjennom den økonomiske stønaden dei løyver prosjektet.

Prosjektet kan gjennom godt og vel eit års drift skilte med sær gode sosiale resultat, gode synergjar og ringverknadar i samfunnsutviklinga lokalt. Prosjektet har også vakt interesse regionalt hjå Fylket, andre kommunar og næringsliv. Og nasjonalt gjennom NSFV, Ferd SE og Arbeids- og velferdsdirektoratet, for å nemne dei største.

Innovasjon i offentleg sektor er ikkje enkelt, og mange av dei utfordringane som Kimen SE møter ligger nettopp i det tverrsektorielle og i det tverrfaglige samarbeidet. Det er innanfor samskaping i Penta helix formatet at dei største utfordringane ligg, nettopp i denne modellen ligg også mulighetene. I den innovative modellen vi søkjer å løyse eit samfunnsproblem med, melder det seg spørsmål om: Eigarskap, mål, tidslinje, organisering, ressursar mv. Kva rolle skal kommunen ha? Korleis skal ei framtidig samarbeidsavtale sjå ut? Korleis sikrar vi politisk legitimitet for det vidare arbeidet? Korleis vil ein implementere og ivareta kompetanse og ulike løysingar etter prosjektperioden? Dette er alle spørsmål som ein enkelt aktør som Kimen åleine ikkje kan ta stilling til, men som må løysast i fellesskap med involverte partar.

Prosjektet har likevel bevist sitt potensiale til å bidra i å løyse eit lokalt og nasjonalt samfunnsproblem; å inkludere flyktingar med manglande skulegong i arbeidslivet, å skape ei god og trygg ramme for læring av norsk språk og samfunnskunnskap, å skape meining og mestring i ein inkluderande fellesskap av folk som elles står i fare for å hamne på utsida av samfunnet. Så kan ein i anna rekke gjennom eksempelvis kontrafaktisk analyse søkje å finne ut kor mykje dette gagnar samfunnet elles, økonomisk og på annan måte. Dette har Ferd SE og Kronprinsparets fond gjort, blant anna med hjelp av ein analyse utført av PwC. Her kjem det fram oppsiktsvekkande resultat, ikkje minst dei økonomiske gevinstane for samfunnet.



Nytt I-Zettle kassaapparat i drivhuset



Vi fortel korleis og kva vi sår av frø

Sentrale personar i samarbeid

2016/2017 - Sesongen

Nina Kvalen:
Spesialrådgjevar Volda kommune
nina.kvalen@volda.kommune.no
Telefon:

Espen J. Kolbræk:
Prosjektleder/ koordinator, SKNH
E-post: espen@sknh.no
Telefon: 70330662/ 99263023

Kjell Tore Aarstad:
Ass. Rektor, Vls
E-post:
Telefon:

Rønnaug Myklebust:
Fagleder, busetting & intro, VLS
E-post:
Telefon:

Per Erling Parr Sætre:
Lærer, VLS
per.erling.setre@voldaskulen.no
Telefon:

Stig Brobakke:
Jobbkonsulent, Furene AS
E-post:
Telefon:

Helen Holte:
Fagansvarleg, EntLab gartneri
E-post:
Telefon:

Ann Turid Egset:
Rådgivar, Ørsta Vidaregåande skule
ann.turid.andersen.egset@mr fylke
Telefon: 90992356/ 71282431

Anita Tilseth:
Dagleg leiar, Hageland Tilseth
E-post:
tilseth.hagesenter@tussa.com
Telefon: 70077227

Janne Moe:
Butikksjef, Sunkost Volda
E-post: volda@sunkost.no
Telefon: 90642150

Haldis Åshild Almestad:
Butikksjef, Artisjokken helsekost
E-post:
Telefon: 930 25 471

Per Krohn Longsvoll:
Eigar, Kongsvoll gartneri
E-post:
Telefon: 95220436

Martin Foldal:
Dagleg leiar, Sunnmøre
Kulturnæringshage AS
E-post: mf@sknh.no
Telefon: 92224165

2017/2018 - Sesongen

Nina Kvalen:
Spesialrådgjevar Volda kommune
nina.kvalen@volda.kommune.no
Telefon:

Espen J. Kolbræk:
Prosjektleder/ koordinator, SKNH
E-post: espen@sknh.no
Telefon: 70330662/ 99263023

Per Erling Parr Sætre:
Lærer, VLS
per.erling.setre@voldaskulen.no
Telefon:

Ann Turid Egset:
Rådgivar, Ørsta Vidaregåande skule
ann.turid.andersen.egset@mrfylke
Telefon: 90992356/ 71282431

Eli Grøtta:
Nav-leiar, NAV Ørsta-Volda
E-post: eli.grotta@nav.no
Telefon: 906 75 599

Janne Moe:
Butikksjef, Sunkost Volda
E-post: volda@sunkost.no
Telefon: 90642150

Anita Tilseth:

Dagleg leiar, Hageland Tilseth

E-post:

tilseth.hagesenter@tussa.com

Telefon: 70077227

Haldis Åshild Almestad:

Butikksjef, Artisjokken helsekost

E-post:

Telefon: 930 25 471

Per Krohn Longsvoll:

Eigar, Kongsvoll gartneri

E-post:

Telefon: 95220436

Martin Foldal:

Dagleg leiar, Sunnmøre

Kulturnæringshage AS

E-post: mf@sknh.no

Telefon: 92224165

Nina Kvalen

Fra: Martin Foldal <mf@sknh.no>
Sendt: 18. september 2017 12:24
Til: Nina Kvalen
Kopi: gunnar.andenes@gmail.com; Astrid Gjersdal; espen@sknh.no
Emne: Økonomioversikt Kimen 2017
Vedlegg: Økonomioversikt Kimen 2017.xlsx

Hei Nina,

Vedlagt er som avtalt på møtet før helga økonomioversikt for Kimen pr dato med frampeik til utgangen av prosjektperioden 31.12.2017.

Endeleg prosjektreknskap må sjølvst utarbeidast av vårt rekneskapsfører, og der vil nok kome mindre justeringar, men eg meiner det er realistisk å sjå føre seg at kostnadar som er forskottert av næringshageselskapet som må dekkast av Volda kommune i tråd med avtalen vil bli i størrelsesorden kr. 250.000,- eks.mva. Eg har rekna med MVA refusjon for både Kimen organisasjon og Kimen AS i dette estimatet.

Som du ser av tilskotssida (NAV) i september er det sett inn 240.000,- som med MVA blir 300.000,- NAV har opplyst at tilskotet på 300.000 blir utbetalt i september.

Det estimerte underskotet pr 31.12.2017 inkluderer løn ut året og feriepengar opptent i 2017 i januar 2018 for Espen og andre kostnadar som vi har forskottert i 2017 men ikkje fått refundert enno, og det estimerte underskotet blir difor ikkje mindre om ein stoppar all aktivitet no.

Beste helsing,
Martin Foldal
dagleg leiar

Mobil [9222 4165](tel:92224165)

Sunnmøre Kulturnæringshage AS
Storgata 8
6100 Volda

Telefon: [70 33 06 60](tel:70330660)
Telefaks: [70 33 06 61](tel:70330661)
Video IP: 213.128.190.166
Video: sknh@vcn.no
Internett: www.sknh.no
FB: <http://www.facebook.com/knutepunktforkreative>
Twitter: <https://twitter.com/framdrift>

Kimen/EntreprenørskapsLAB Volda - drift 2017

Lønnskostnader	Budsjett 2017	Inngående balanse frå	januar	februar	mars	april	mai	juni	juli	august	september	oktober	november	desember	Budsjett SUM	Forbruk i % av
Løn Espen Kolbræk	520 000,00		43 333,00	43 333,00	43 333,00	43 333,00	43 333,00	16 114,31	43 333,00	43 333,00	43 333,00	43 333,00	43 333,00	43 333,00	492 777,31	94,8
Delsum løn u. avgift	520 000,00														0,00	0,0
Yrkesskadeforsikring	1 500,00		1 500,00												1 500,00	100,0
Feriepengar (12%)	62 400,00		5 199,96	5 199,96	5 199,96	5 199,96	5 199,96	1 933,72	5 199,96	5 199,96	5 199,96	5 199,96	5 199,96	5 199,96	59 133,28	94,8
Pensjonskostnader (OTP) (2%)	10 430,00		743,00	743,00	743,00	1 065,00	904,00	907,00	907,00	907,00	907,00	907,00	907,00	907,00	10 547,00	101,1
Arbeidsgivaravgift (14,1%)	73 320,00		6 109,95	6 109,95	6 109,95	6 109,95	6 109,95	2 272,12	6 109,95	6 109,95	6 109,95	6 109,95	6 109,95	6 109,95	69 481,60	94,8
Delsum sosiale utgifter	147 650,00														0,00	0,0
Delsum løn og sos. utg.	667 650,00		56 885,91	55 385,91	55 385,91	55 707,91	55 546,91	21 227,14	55 549,91	55 549,91	55 549,91	55 549,91	55 549,91	55 549,91	633 439,19	94,9
Kjøp av varer og tenester																
Husleige Storgata 8 inkl. straum, reinhald,	72 000,00		14 581,00			15 181,00			14 881,00			14 881,00			59 524,00	82,7
Felleskostnader SKNH - møterom, breiband, alarm	25 200,00		2 100,00			2 100,00			2 100,00			2 100,00			8 400,00	33,3
Husleige inkl. alle kostnader Pop-up butikk	40 000,00														0,00	0,0
Husleige inkl. alle kostnader verkstad	25 000,00														0,00	0,0
Kostnader gartneri Folkestad			1 036,00	625,00	71 052,93	93 469,53	114 950,65	56 055,99	2 204,76	39 169,33					378 564,19	
Kostnader snekkeri																
Kostnader skredderi																
Kostnader kantineprosjekt Volda rådhus			187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	2 244,00	
Kostnader Serviceteam																
Datautstyr, driftsmiddel, innreiing, kontingentar,	20 000,00		627,00												627,00	3,1
Div. utg: kopi/print/rekvisita m.m.	3 000,00														0,00	0,0
Telefon/Mobil	3 000,00						548,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	187,00	1 857,00	61,9
Tenestereise: diett/reise/km	10 000,00														0,00	0,0
Studietur/Kurs	5 000,00														0,00	0,0
Annonser/Marknadsføring/trykksaker	5 000,00										500,00				500,00	10,0
Andre utgifter: Kick off, folkemøte, fellesseminar	5 000,00														0,00	0,0
Rekneskap, lønn og revisjon	8 000,00								7 541,00						7 541,00	94,3
Inventar og utstyr ikkje balanseført	15 000,00													10 000,00	10 000,00	66,7
Delsum driftskostnader	236 200,00	62 456,00	18 531,00	812,00	71 239,93	110 937,53	115 685,65	56 429,99	27 100,76	39 543,33	874,00	17 355,00	374,00	10 374,00	531 713,19	225,1
Delsum kjøp av varer og tenester	236 200,00	62 456,00	18 531,00	812,00	71 239,93	110 937,53	115 685,65	56 429,99	27 100,76	39 543,33	874,00	17 355,00	374,00	10 374,00	531 713,19	225,1
Sum direkte kostnader forskottert av SKNH		62 456,00	75 416,91	56 197,91	126 625,84	166 645,44	171 232,56	77 657,13	82 650,67	95 093,24	56 423,91	72 904,91	55 923,91	65 923,91	1 165 152,38	

Tilbakeført til SKNH frå prosjektdeltakarane	2017	januar	februar	mars	april	mai	juni	juli	august	september	oktober	november	desember	Budsjett SUM
Kimen Sosial Entreprenør org.									192 000,00	240 000,00				432 000,00
Kimen Sosial Entreprenør AS								64 750,00						64 750,00
Volda kommune		153 925,00			153 924,00									307 849,00
Sum overføringsinntekter		153 925,00	0,00	0,00	153 924,00	0,00	0,00	64 750,00	192 000,00	240 000,00	0,00	0,00	0,00	804 599,00

Resultat	2017	januar	februar	mars	april	mai	juni	juli	august	september	oktober	november	desember	Budsjett SUM
		78 508,09	-56 197,91	-126 625,84	-12 721,44	-171 232,56	-77 657,13	-17 900,67	96 906,76	183 576,09	-72 904,91	-55 923,91	-65 923,91	-298 097,38

Inntekter	2017	januar	februar	mars	april	mai	juni	juli	august	september	oktober	november	desember	Budsjett SUM	
NAV (Driftsstøtte KIMEN)	600 000,00						300 000,00			300 000,00				600 000,00	100,0
Skjønsmidlar Fylkesmannen	100 000,00													0,00	0,0
Fylkeskommunen EntreprenørskapsLAB -> Volda kom	200 000,00							180 000,00					20 000,00	200 000,00	100,0
Volda kommune	130 000,00	130 000,00												130 000,00	100,0
Salgsinntekter Kimen Gartneri						52 387,00	43 011,00	20 728,00	1 992,00	15 183,00				133 301,00	
Sum overføringsinntekter	1 030 000,00	130 000,00	0,00	0,00	0,00	52 387,00	343 011,00	200 728,00	1 992,00	315 183,00	0,00	0,00	20 000,00	1 063 301,00	103,2

EntreprenørskapsLAB Volda - drift 2016

Lønskostnader	Budsjett 2016	August	September	Oktober	November	Desember	Budsjett SUM UTGIFT	Forbruk i % av
Løn prosjektleiar	195 000,00	17 287,68	43 333,00	43 333,00	43 333,00	43 333,00	190 619,68	97,8
Delsum løn u. avgift	195 000,00							
Yrkesskadeforsikring	1 500,00		1 500,00				1 500,00	100,0
Feriepengar (12%)	23 400,00	2 074,52	5 199,96	5 199,96	5 199,96	5 199,96	22 874,36	97,8
Pensjonskostnader (OTP) (2%)	3 930,00	372,00	743,00	743,00	743,00	743,00	3 344,00	85,1
Arbeidsgivaravgift (14,1%)	27 495,00	2 437,56	6 109,95	6 109,95	6 109,95	6 109,95	26 877,37	97,8
Delsum sosiale utgifter	56 325,00						0,00	
							0,00	
Delsum løn og sos. utg.	251 325,00	22 171,76	56 885,91	55 385,91	55 385,91	55 385,91	245 215,42	97,6
Kjøp av varer og tenester								
Husleige Storgata 8 inkl. strau, reinhald,	30 000,00	6 000,00	6 000,00	14 581,00	0,00	0,00	26 581,00	88,6
Felleskostnader SKNH - møterom,	10 500,00	2 100,00	2 100,00	2 100,00	2 100,00	2 100,00	10 500,00	100,0
Husleige inkl. alle kostnader Pop-up	40 000,00							0,0
Husleige inkl. alle kostnader verkstad	25 000,00							0,0
Kostnader kantineprosjekt				160,00	674,00	21 250,00	22 084,00	
Husleige inkl. alle kostnader gartneri						24 991,00	24 991,00	
Datautstyr, driftsmiddel, innreiing,	20 000,00	4 000,00	3 192,00	22 167,00		2 097,00	31 456,00	157,3
Div. utg: kopi/print/rekvisita m.m.	3 000,00	1 389,00		1 112,00	360,00	299,00	3 160,00	105,3
Telefon/Mobil	3 000,00					187,00	187,00	6,2
Tenestereise: diett/reise/km	10 000,00		7 528,00	3 365,00	3 300,00	2 788,00	16 981,00	169,8
Studietur/Kurs	5 000,00	3 380,00			1 200,00		4 580,00	91,6
Annonser/Marknadsføring/trykksaker	5 000,00			1 821,00	200,00		2 021,00	40,4
Andre utgifter: Kick off, folkemøte,	5 000,00							0,0
Rekneskap, lønn og revisjon	5 000,00			1 758,00	500,00	2 800,00	5 058,00	101,2
Inventar og utstyr ikkje balanseført	15 000,00	16 141,00					16 141,00	107,6
Delsum driftskostnader	176 500,00	33 010,00	18 820,00	47 064,00	8 334,00	56 512,00	163 740,00	92,8
Delsum kjøp av varer og tenester	176 500,00	33 010,00	18 820,00	47 064,00	8 334,00	56 512,00	163 740,00	92,8
Sum direkte kostnader	427 825,00	55 181,76	75 705,91	102 449,91	63 719,91	111 897,91	408 955,42	95,6

Inntekter	2016	August	September	Oktober	November	Desember	Budsjett SUM INNTEKT	
NAV (forprosjektmidlar KIMEN)	120 000,00	120 000,00					120 000,00	100,0
NAV (Driftsstøtte KIMEN)							0,00	
Skjønsmidlar Fylkesmannen	100 000,00					39 500,00	39 500,00	39,5
Fylkeskommunen EntreprenørskapsLAB	200 000,00					187 000,00	187 000,00	93,5
Volda kommune	130 000,00						0,00	0,0
Sum overføringsinntekter	550 000,00	120 000,00	0,00	0,00	0,00	226 500,00	346 500,00	63,0

SALDO

Resultat 64 818,24 -75 705,91 -102 449,91 -63 719,91 114 602,09 **-62 455,42**
(skuld til SKNH)

PROSJEKTAVTALE
Mellom
Sunnmøre Kulturnæringshage AS
og
Volda kommune

1. Innleiing

I samband med gjennomføring av det tidsavgrensa prosjektet EntreprenørskapsLAB for innvandrarak ynskjer Volda kommune å leige personalressursar av Sunnmøre Kulturnæringshage AS, heretter omtalt som SKNH. Avtalen legg NHO Service "Alminnelige kontraktsbestemmelser om leie av arbeidskraft" til grunn, og avtalen som er i tråd med det nye Vikardirektivet i EØS avtalen er lagt ved som vedlegg 1.

2. Omfang

Avtalen omfattar utleige av personell tilsett i SKNH til gjennomføring av prosjektet behovsstyrt av prosjekteigar Volda kommune i prosjektperioden som er venta å vare til desember 2017.

3. Arbeidsstyring og leing

Avtalen med SKNH inneber at prosjektleiar i Volda kommune disponerer personellressursane som SKNH som arbeidsgivar stiller til rådvelde. Utleigd personale sin arbeidsleiar vil være prosjektleiar i Volda kommune.


4. Varigheit


Avtaleperioden gjeld frå september 2016 til desember 2017 med moglegheit for lenging fram til februar 2018 dersom dette er naudsynt for gjennomføring av prosjektet.

5. Økonomi

SKNH sine kostnadar ved tilsetting av øyremerkt personale til gjennomføring av prosjektet blir fortløpande dekte av Volda kommune. Dette gjeld i tillegg til lønskostnadar knytt til prosjektarbeidet dokumenterte utgifter til kontorhald, forsikring, HMS arbeid, OTP, rekneskapskostnadar m.m. Alle kostnadar blir fakturerte inklusive 25% mva.

Volda 17.08.2016


Rune Sjørgård
Rådmann
Volda kommune


Martin Andreas Foldal
Dagleg leiar
Sunnmøre Kulturnæringshage AS



Vedlegg: Alminnelige kontraktsbestemmelser om leie av arbeidskraft, NHO Service 1/9-12


ANSETTELSESAVTALE

1	Avtaleparter:	Arbeidsgiver: <u>Sunnmøre Kulturnæringshage AS</u> Arbeidstaker: <u>Espen Jan Kolbræk</u> Personnummer: Adresse: <u>Andanesvegen 23, 6100 Volda</u>
2	Ansettelsesform: (sett kryss) For b): Angi konkret grunnlag for den midlertidige ansettelsen, se § 14-9(1) bokstav a-f.	a) Fast ansatt: _____ b) Midlertidig ansatt: <u>X</u> iht. § 14-9 (1) bokstav a-f. Grunnlaget for den midlertidige ansettelsen er utleie av personell til EntreprenørskapsLAB Volda i forbindelse med tidsavgrenset prosjekt.
3	Ansettelsesforholdets varighet (gjelder bare for midlertidig ansatte, herunder vikarer):	<u>15 oktober 2016 til 31 desember 2017</u>
4	Beskrivelse av arbeid, stilling/tittel eller arbeidskategori:	<u>Prosjektarbeid for EntreprenørskapsLAB Volda</u>
5	Arbeidssted for tiden:	<u>Sunnmøre Kulturnæringshage, Storgata 8, 6100 Volda</u>
6	Tiltredelsestidspunkt:	<u>15. oktober 2016</u>
7	Prøvetid:	Prøvetiden er 0 mnd. Dersom arbeidstaker er fraværende fra arbeidet i prøvetiden og fraværet skyldes den ansatte, kan arbeidsgiver forlenge den avtalte prøvetiden med en periode tilsvarende lengden av fraværet. Arbeidsgiver skal skriftlig orientere arbeidstaker om forlengelsen innen utløpet av prøvetiden.
8	Arbeidstid (fyll ut/sett kryss):	Stillingsstørrelse: <u>100%</u> . Stillingen er ledende/særlig uavhengig, jf. aml. § 10-12, og faller utenfor arbeidstidsbestemmelsene i kap. 10 med unntak av § 10-2 første, andre og fjerde ledd. Arbeidstaker forventes å arbeide i det omfang som er nødvendig for å ivareta oppgaver og ansvarsområde underlagt stillingen uten ytterligere kompensasjon ut over denne avtales punkt 10 som hensyntar nevnte forhold.
9	Pauser:	Arbeidstaker har rett til pauser iht. aml § 10-9/eventuell tariffavtale iht. pkt. 13.

ANSETTELSESAVTALE

1	Avtaleparter:	Arbeidsgiver: <u>Sunnmøre Kulturnæringshage AS</u> Arbeidstaker: <u>Espen Jan Kolbræk</u> Personnummer: Adresse: <u>Andanesvegen 23, 6100 Volda</u>
2	Ansettelsesform: (sett kryss) For b): Angi konkret grunnlag for den midlertidige ansettelsen, se § 14-9(1) bokstav a-f.	a) Fast ansatt: _____ b) Midlertidig ansatt: <u>X</u> iht. § 14-9 (1) bokstav a-f. Grunnlaget for den midlertidige ansettelsen er utleie av personell til EntreprenørskapsLAB Volda i forbindelse med tidsavgrenset prosjekt.
3	Ansettelsesforholdets varighet (gjelder bare for midlertidig ansatte, herunder vikarer):	<u>15 oktober 2016 til 31 desember 2017</u>
4	Beskrivelse av arbeid, stilling/tittel eller arbeidskategori:	<u>Prosjektarbeid for EntreprenørskapsLAB Volda</u>
5	Arbeidssted for tiden:	<u>Sunnmøre Kulturnæringshage, Storgata 8, 6100 Volda</u>
6	Tiltredelsestidspunkt:	<u>15. oktober 2016</u>
7	Prøvetid:	Prøvetiden er <u>0</u> mnd. Dersom arbeidstaker er fraværende fra arbeidet i prøvetiden og fraværet skyldes den ansatte, kan arbeidsgiver forlenge den avtalte prøvetiden med en periode tilsvarende lengden av fraværet. Arbeidsgiver skal skriftlig orientere arbeidstaker om forlengelsen innen utløpet av prøvetiden.
8	Arbeidstid (fyll ut/sett kryss):	Stillingsstørrelse: <u>100%</u> . Stillingen er ledende/særlig uavhengig, jf. aml. § 10-12, og faller utenfor arbeidstidsbestemmelsene i kap. 10 med unntak av § 10-2 første, andre og fjerde ledd. Arbeidstaker forventes å arbeide i det omfang som er nødvendig for å ivareta oppgaver og ansvarsområde underlagt stillingen uten ytterligere kompensasjon ut over denne avtales punkt 10 som hensyntar nevnte forhold.
9	Pauser:	Arbeidstaker har rett til pauser iht. aml § 10-9/eventuell tariffavtale iht. pkt. 13.

10	Lønn mv.: Ved deltidsstilling, angis lønnen forholdsmessig, jf pkt 8 over.	Arbeidstakers årslønn utgjør kr 520.000,-. Tilleggsytelser ut over fast lønn til arbeidstaker: <u>2% OTP</u> Utbetaling skjer til arbeidstakers oppgitte konto, og finner for tiden sted den <u>20</u> i hver måned. Annet: Attestert reiseregning etter statens regulativ blir utbetalt fortløpende. Arbeidsgiver stiller bærbar datamaskin til rådighet. Arbeidsgiver dekker mobiltelefonregning.
11	Ferie og feriepenger:	Ferie og feriepenger iht. ferielovens bestemmelser/eventuell tariffavtale iht. pkt. 13.
12	Oppsigelsestid og oppør av arbeidsforholdet (fyll ut/sett kryss):	Vikariater og midlertidige ansettelser opphører uten oppsigelse når den avtalte perioden er ute, eller det avtalte arbeidet er slutført. I avtaleperioden gjelder en gjensidig oppsigelsestid på 3 måned(er).
13	Tariffavtaler som regulerer ansettelsesforholdet:	Bedriften er bundet av følgende tariffavtale: <u>ingen</u> Bedriften er ikke bundet av tariffavtale, men praktiserer lønn- og/eller arbeidstidsbestemmelsene i følgende tariffavtale: <u>ingen</u>
14	Trekk i lønn:	Har arbeidstakeren fått utbetalt for mye lønn eller reiseforskudd, eller kjøpt varer på kreditt hos arbeidsgiver, har arbeidsgiver rett til å foreta trekk i lønn og feriepenger jf. aml. § 14-15 nr. 2 c). Det kan videre foretas trekk i lønn og feriepenger i det tilfellet at arbeidsgiver har forskuttert for mye sykepenger/fødselspenger og feriepenger av sykepenger/fødselspenger som arbeidsgiver ikke får refundert.
15	Taushetsplikt:	Arbeidstaker er forpliktet til, så vel i ansettelsestiden, som etter dennes opphør, å bevare fullstendig taushet om forretningsanliggender som arbeidstaker under sitt arbeid måtte bli kjent med. Arbeidstakers taushetsplikt omfatter blant annet alle planer, tegninger, beregninger, beskrivelser, kontrakter og korrespondanse. Dette gjelder uansett i hvilken form slike opplysninger er produsert, tilgjengelig eller lagret.
16	Arbeidsreglement	Arbeidstaker er forpliktet til å følge de til enhver tid gjeldende interne arbeidsregler, og har i den forbindelse fått utdelt og gjort seg kjent med flg: Arbeidsreglement av september 2016 Stillingsinstruks av september 2016
Dato <u>10-16</u> <div style="display: inline-block; vertical-align: middle; margin-left: 20px;">  (arbeidsgiver) </div> <div style="display: inline-block; vertical-align: middle; margin-left: 20px;">  (arbeidstaker) </div>		





VOLDA KOMMUNE

Rådmannen

Sak: Samarbeid og samordning av kvalifiserings- og sysselsettingstiltak i Volda kommune

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2462	16499/2017	F06	LOP/NINAKVA	20.12.2017

MANDAT - ARBEIDSGRUPPE

Innleiing

Fleire tenester har etablert kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstilbod for sine brukarar, og samarbeider med lokalt næringsliv om utplassering av personar i praksis. Kommunen tek også sjølv i mot personar for kvalifisering og sysselsetting. Behov for kvalifiserings- og sysselsettingsplassar har auka over fleire år, og det er krevjande å finne tilpassa og nok plassar til alle.

Det er viktig å sikre at tiltak ikkje konkurrerer med kvarandre. Tenestene må snakke meir i lag på tvers av einingar og sektorar, internt og eksternt. Volda kommune skal vere ein lærande organisasjon som er opptatt av kontinuerleg forbetring der læring skjer i kvardagen.

I møte 27.10.17 om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak, konkluderte rådmannen med at han vil setje ned ei arbeidsgruppe som får til mandat å kartleggje behov og utfordringar, kome med framlegg til satsingsområde, organisering og behov for koordinering av kvalifiserings- og sysselsettingstiltak til brukarar på tvers av kommunale tenester.

Målet er å sikre betre tenestetilbod for ulike brukargrupper, meir effektiv ressursutnytting, styrke samarbeidet og avklare behov for samordning og koordinering mellom tenestene.

Handlingsrommet vi har lokalt må utfordrast for å møte framtidens behov og sikre meir målretta og heilskaplege tilbod for brukarane på tvers av tenester.

Behov for endring skaper mulegheiter for nyorientering gjennom innovasjon og utvikling. Innovasjon handlar om å auke verdiskapinga gjennom å utvikle og prøve ut nye arbeidsformer og verkemidlar, for betre oppgåveløysing. For å kunne utvikle og prøve ut nye verkemidlar og arbeidsformer, må ein identifisere strukturelle hindringar. Auka verdiskaping skjer først og fremst når ressursane vert brukt på nye og smartare måtar. Innsatsen skal innrettast for å utvikle betre og meir effektive offentlege tenester som er tilpassa føresetnader, behov og tilgjengeleg rammevilkår.

Mandat for arbeidsgruppe:

Arbeidsgruppa skal innafør aktuelt område:

1. Kartleggje og skildre behov, utfordringar og mulegheiter; i aktuelle tenester/samla i kommunen
2. Tilrå mål, tiltak og satsingsområde som sikrar meir målretta, heilskaplege og tilrettelagde kvalifiserings- og sysselsettingstilbod til brukarar på tvers av tenester
3. Tilrå modell for organisering og koordinering som sikrar betre samarbeid og samordning mellom tenester internt og eksternt, m.a. i høve til NAV, Furene AS, andre tiltakstilbydarar, utdanningsinstitusjonar m.v.
4. Kartleggje og vurdere anna aktivitet/tiltak som ikkje vert omfatta av pkt. over.

Målgrupper med behov for tiltak er m.a.:

- a) Deltakarar i introduksjonsprogram, einslege mindreårige flyktningar, andre flyktningar og innvandrarar
- b) Brukarar i helse og omsorg m.a. i tenesta for rus og psykisk helse/Styrk, tenesta for funksjonshemma/Hamna dagsenter m.v.
- c) Utplassering av elevar, lærlingar, studentar i kommunale tenester
- d) Personar på arbeidsutprøving m.v. i kommunale tenester

Samansetting av arbeidsgruppa:

Invitasjon til deltaking i arbeidsgruppa vert sendt sektorsjefane, som peiker ut *ein* representant frå kvar teneste. Personalavdelinga representerer målgruppene i pkt. c) og d) på tvers av kommunale tenester.

- i. Opplæring og oppvekst; Volda læringscenter
- ii. Barnevern; EM-tenesta i Volda
- iii. Helse og omsorg; Rus og psykisk helseteneste/Styrk
- iv. Helse og omsorg; Tenesta for funksjonshemma/Hamna dagsenter
- v. Personalavdelinga
- vi. NAV Ørsta/Volda

Tidsplan og leiing av arbeidsgruppa:

Arbeidsgruppa skal innlevere arbeidsrapport innan 1. april 2018.

Arbeidsgruppa **konstituerer seg sjølve/vert leia av ??**, og rapporterer til rådmannen.

Rune Sjurgard
rådmann

Anmodning om utbetaling

Sted og dato: Volda, 25 juli 2017

Saksbehandler Kristin Vestly
Søker (vår ref.) Volda Kommune

Søknadsinformasjon

Søknadsnr 2016-0077 **Tilsagnsnr** 2016-0077
Arkivsak 2016/5148 **Gyldig til** 31.12.2019
Prosjektnavn Entreprenørskap som intergrasjonsverktøy

Anmodning om Delutbetaling

Utbetales nå	445 000	Rest til utbetaling	500 000
Tidligere utbetalt	0	Tilskuddsbeløp	500 000
Beskrivelse	EntLAB Volda		
Delutbetaling	445 000	Sluttutbetaling	0

Sum kostnader Godkjent: 1 250 000, Akkumulert: 1 000 000, Rest: 250 000

Navn Volda Kommune

Kontonummer 3991.07.81727

Innsendt 25.07.2017

Statusrapportering for Delutbetaling

Status i forhold til planlagte aktiviteter og fremdrift

I samarbeid med Sybutikken i Volda er det etablert ein læringsarena innan skredderi der brukar av tenesta får opplæring i norsk språk og bruk av moderne utstyr og symaskiner.

Vi har valgt å utsette opprettinga av skomakarverkstad ettersom dei aktuelle kandidatane ikkje lenger var aktuelle. Vi held sjølv sagt døra opa for å etablere dette tilbodet på eit seinare tidspunkt sidan vi har fått avtale med ein lokal skobutikk som har skomakarutstyr som vi kan få låne, og dette tilbodet vil stå ved lag også seinare.

Det er innkjøpt butikkdata/POS system som blir brukt til språk- og arbeidstrening for flyktingane i kantineprosjektet på rådhuset i Volda. Det er interesse frå nærliggande bedrifter som ikkje har kantine om kjøp av mat frå kantineprosjektet. Flyktingane som jobbar på kantineprosjektet får erfaring med ulike delar av servering/butikk. Tiltaket er gjennomført i samarbeid med arbeids- og inkluderingsverksemda Furene AS.

I samarbeid med Furene AS er det etablert jobbsentral med eit ambulerande serviceteam, der busette flyktingar utfører vedlikehald/service på ulike kommunale bygg- og arena.

I samarbeid med Sunnmøre Kulturnæringshage har vi hatt samlingar med undervisning i entreprenørskap og oppfølging av den enkelte kandidat med ein-til-ein hjelp i høve oppstart av eiga verksemd. Denne entreprenørskapsundervisninga er dels gjennomført med tolk for dei som har hatt behov for kunnskapsformidling på morsmålet.

Det er oppretta ein eigen entreprenørskapslab på Folkestad i eit gartneri der busette flyktingar har delteke i planlegging og oppstart av drift. Det er gjort avtalar om sal av ferdige gartneriprodukt til kommunale einingar, lokale butikkar og serveringsstadar, og kommunen stiller i tillegg til prosjektleiar med språklærarar på plassen i samarbeid med Kimen Sosial Entreprenør. Det er oppretta pop-up utsalg av blomster og grønsaker på kjøpesenteret Spinneriet i Volda, der flyktingane står for salg av produkta i butikken.

Det er oppretta eit samarbeid med Tikkio på Giske i høve etablering av eit frendefinansiert mikrokredittfond. I samråd med Sunnmøre Kulturnæringshage og Tikkio har vi funne det best å vente med etablering av dette mikrokredittfondet til vi har eit høveleg antal kandidatar som har behov for slik finansiering, men den tekniske og organisatoriske løysinga er på plass og klar til iverksetting.

Merknader til økonomisk status

Innvilga stønad frå fylkeskommunen til prosjektet er kr.150.000,- lågare enn omsøkt, og budsjett/aktiviteten i prosjektet har blitt justert som ein konsekvens av finansieringa. Trass dette har vi nådd måla som vi sat oss med det opprinnelege budsjettet.

Kostnadane med prosjektleiing har synt seg å bli vesentleg høgare enn budsjettet. Årsaka til dette er at det har synt seg naudsynt å tilsette prosjektleiar i 100% stilling.

Saksbehandlers vurdering(MRFK fyller ut feltet)

Kostnadsrapportering

Tittel	Ny kostnad	Godkjent	Akkumulert	Rest
Entreprenørskapsløb		150 000	100 000	50 000
Husleige/straum		200 000	150 000	50 000
Jobbsentral		100 000	80 000	20 000
Kompetanseheving		400 000	200 000	200 000
Marknadsføring		30 000	10 000	20 000
Prosjektleiing		250 000	360 000	-110 000
Spesialstyr og inventar		120 000	100 000	20 000
SUM KOSTNADER		1 250 000	1 000 000	250 000

Søknad

Søknadsnr. 2016-0077 **Søknadsår** 2016 **Arkivsak** 2016/5148
Støtteordning Tilskot til utvikling av inkluderande lokalsamfunn
Prosjektnavn Entreprenørskap som intergrasjonsverktøy

Kort beskrivelse

Volda kommune ynskjer i samarbeid med Volda Læringscenter, Frivilligsentralen, Sunnmøre Kultur næringshage og Volda Næringsforum å etablere ein ny modell for integrasjon der entreprenørskap står i fokus. Planen bygger vidare på innovasjonsarbeid som Volda kommune starta opp i 2015, m.a. med deltaking i Sunnmøre Regionråd sin innovasjonsskule i regi av Høgskulen på Lillehammer.

Prosjektbeskrivelse

Mellom dei busette flyktningane er det stort mangfald i kunnskap, formell som uformell, og fleire har bakgrunn i ein kultur der det å drive eiga verksemd er meir vanleg enn her. Vi har tankar om at er ein dyktig på eit område kan det overførast til eit anna miljø. Vi har tru på nytenking, og vil snu problem til ressurs.

Volda kommune ynskjer å etablere ein entreprenørskapslab for innvandrarak der ein kan kombinere ulike verkemiddel for å auke talet på bærekraftige bedriftsetableringar gjort av innvandrarak.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Volda Kommune Org.nr:974782006	Stormyra 2 6100 VOLDA	975 15 225
Kontakt- person	Asbjørn Moltudal	Stormyra 2 6100 VOLDA	975 15 225
Prosjekt- leder	Volda Kommune	Stormyra 2 6100 VOLDA	975 15 225

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Deltaking i arbeidslivet er ein viktig føresetnad for å verte integrert i samfunnet. Volda har eit noko utypisk arbeidsliv, med ein svært stor andel offentlege arbeidsplassar. Desse krev stor grad spesialutdanning. Kommunen erfarer at enkelte grupper av flyktningar har vanskelegare å kome inn i arbeidsmarknaden enn andre. Ei gruppe ein opplever som utfordrande i så måte er kvinner over 50 med ein kulturbakgrunn der jenter ikkje har hatt førsteprioritet når det gjeld skulegang. Vanskar med å lære norsk og forstå systemet, kompetanse som ikkje let seg dokumentere og/eller som arbeidslivet ikkje etterspør, er faktorar som bidreg til at desse vert sette utanfor. Trygd er då løysinga, og trygd vil

ofte medføre utanforskap. Utanforskap er helsefarleg, og vil på sikt påføre ytterlegare belastningar både for den det gjeld og for samfunnet.

Prosjekt mål

Etablere ein entreprenørskapslab som kan være ein trygg og synleg øvingsarena for etablering av eiga verksemd. Målsettinga er tydeleggjering og synleggjering av dei busette flyktningane som ressurs i lokalsamfunnet. Koordinere dei andre tiltaka retta mot målgruppa som ulike samarbeidspartnarar har under oppstart slik at ein får størst mogleg synergieffekt.

Forankring

Tiltaket er forankra i Volda kommune sine planar vedteke i Handlingsprogram for busetjing og integrering av flyktningar i Volda kommune. Synleggjering av busette flyktingar som ressurs i lokalsamfunnet er dessutan med i kommuneplanen sin samfunnsdel som no er ute på høyring.

Prosjektorganisering

Prosjektet er tenkt organisert under rådmannen og vil ha ei koordinerande rolle i høve tre prosjekt som no skal startast opp:

- Kimen - sosial entreprenørskap
- Mentorprosjekt for innvandrarar
- Kantinedrift som språkpraksis

Det skal opprettast ei styringsgruppe der samarbeidspartnarar og brukarar av tenestene/tiltaka er representert.

Samarbeidspartnere

Prosjektet vil bli gjennomført i samarbeid med Sunnmøre Kulturnæringshage, Volda Læringscenter, Frivilligsentralen, Høgskulen i Volda, Flyktningkonsulenten i Volda kommune, NAV og Volda Næringsforum.

Aktivitetar

Skredderi med opplæring

Skomakarverkstad i samarbeid med lokal skobutikk

IKT løysingar der ein kan trene på butikkdata/POS arbeid

Jobbsentral der ein kan utvikle og utføre arbeid for innbyggjarane

Kompetanseheving med undervising i entreprenørskap på morsmål

Testlab for forretningsidear

Innføring i bruk av mikrokreditt og frendefinansiering

Målgrupper

Busette flyktningar i Volda kommune, næringslivet og innbyggjarane i kommunen.

Resultat

Fleire berekraftige etableringar av føretak skipa av busette innvandrarar som leverer varer og tenester som ikkje fins i dag i Volda.

Effekter

Fleire av dei busette flyktningane i fast arbeid.

Fleire av dei busette flyktningane som opplever meistring.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Vi vil raskt i samråd med Volda Læringscenter og Volda Næringsforum få avklart høvelege lokaler for entreprenørskapslaben som skal gjere innvandrarene som ressurs synlege i sentrumbildet. Vidare vil vi i starten av prosjektperioden sørge for at arbeid i styrings- og arbeidsgrupper kjem godt i gang med tanke på å starte opp praktisk arbeid og aktivitetar frå hausten 2016. Vi vil og rådføre oss med nasjonale fagmiljø innan innvandraretta entreprenørskap slik at vi kan bruke beste praksis i være kompetansehevingsaktivitetar. Detaljplanlegging av aktivitetar og samarbeid med andre vil pg være eit hovudfokusområde hausten 2016 medan vi i 2017 i hovudsak vil fokusere på drift av aktivitetane.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Entreprenørskapslab	75 000	75 000				150 000
Husleige/straum	100 000	100 000				200 000
Jobbsentral	50 000	50 000				100 000
Kompetanseheving	200 000	200 000				400 000
Marknadsføring	20 000	10 000				30 000
Prosjektleiing	125 000	125 000				250 000
Spesialstyr og inventar	120 000	0				120 000
Sum kostnad	690 000	560 000				1 250 000

I høve kompetanseheving ser vi føre oss å hente inn ressursar frå fleire, som til dømes Sunnmøre Kulturnæringshage AS og Inclusion AS.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Møre og Romsdal fylkeskommune	325 000	300 000				625 000
Volda kommune	300 000	325 000				625 000
Sum finansiering	625 000	625 000				1 250 000

Geografi

1519-Volda

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



Kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar - EntLab Volda

Bakgrunn

Viser til søknad og tilsegn om prosjektskjønn i 2016, til etablering av «Kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar», samt undervegsrapport av 02.03.17. Volda kommune søkte om vidareføring av prosjektet i perioden 2017-2019, for å sikre god organisering, gjennomføring og resultat i innovasjons- og utviklingsarbeidet før implementering i ordinær drift. Denne søknaden vart avslått.

Sett i høve til folketalet, er Volda blant dei kommunane i landet som har teke i mot flest flyktningar til busetjing. I 2016 deltok 77 flyktningar i kommunen sitt introduksjonsprogram, ei auke på 21 samanlikna med året før. Hittil i 2017 har 88 delteke i introduksjonsprogrammet, ei auke på 32 deltakarar på i underkant av to år. Det er eit stort ansvar kommunen tek på seg når ein buset flyktningar, og det er avgjerande for framtidig busetjing at arbeidet er berekraftig. Det er ambisiøst å forvente at alle vil kome seg raskt inn på den ordinære arbeidsmarknaden i dagens situasjon med stor arbeidsløyse. Næringsstrukturen i Volda, med eit akademisk arbeidsliv som krev utdanning for å få arbeid, gjer det også meir krevjande å kvalifisere flyktningar til arbeid og bli økonomisk sjølvstendige, enn i samfunn med meir industriretta næringsliv. Det handlar om å leggje til rette for å gi flyktningane eit verdig og sjølvstendig liv. Kvalifisering for utdanning og arbeid er det mest grunnleggjande for å verte integrert og unngå sosiale problem og eit liv i fattigdom. Gjennom auka busetjing og tal flyktningar som skal ha tilpassa språk- og arbeidstreningstiltak, er det avgjerande å ha tilgang til tilrettelagde arena for god språk- og arbeidstrening, for best mogleg å kunne lukkast.

I januar 2016 fatta kommunestyret i Volda vedtak om at administrasjonen skulle leggje fram politisk sak om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi, for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng tilrettelagt språk- og arbeidstrening. I august 2016 vart ramme for arbeidet med etablering av kvalifiseringstiltaka lagt fram til politisk handsaming. Som vist til i undervegsrapporten, er det etablert fleire kommunale tiltaksplassar og praksisarena for språk- og arbeidstrening for flyktningar i EntreprenørskapsLAB Volda (**EntLab Volda**):

1. EntLab kantine
2. EntLab Serviceteam
3. Kimen Sosial Entreprenør/EntLab gartneri
4. Lærlingplassar for flyktningar





EntLab Volda/Kimen sosial entreprenør kan følgjast i sosiale medium:

<https://www.facebook.com/EntLab-Volda-1597730740529990/?fref=ts>

<https://www.facebook.com/Kimen-Sosial-Entreprenør-710386872419811/?fref=ts>

Sosialt entreprenørskap

Hovudformålet med sosialt entreprenørskap er ikkje primært aktivitetane ein utfører eller produkta ein lagar og sel, men den sosiale effekten det har for den einskilde og lokalsamfunnet. I første omgang handlar sosialt entreprenørskap om å få folk i arbeid og gi dei meningsfulle oppgåver dei kan meistre, samt sikre dei samhandling og aktivitet med andre. Dernest bidreg dette til å skape eit betre samfunn, at konkrete oppgåver blir løyst for å bidra til ønska samfunnsutvikling. Direktøren i Ferd Sosiale Entreprenører, Katinka Greve Leiner, har følgjande forklaring på sosialt entreprenørskap:

En sosial entreprenør er en person som bevisst tar tak i et bestemt samfunnsproblem og etablerer en ny løsning. De drives av det å skape sosiale resultater, og er opptatt av å organisere aktiviteten rundt løsningen sin på en måte som gir levedyktighet for løsningen på lang sikt (www.ferd.no).

Regjeringa har noko utvida forståing av sosialt entreprenørskap:

Sosialt entreprenørskap handler om å utvikle og ta i bruk nye løsninger på sosiale og samfunnsmessige problemer. Det handler om å utvikle nye nettverk på tvers av fagfelt og virksomhetsmodeller og om å samarbeide på nye måter. Sosiale entreprenører kan gjennom erfaringsbasert kunnskap, praktiske erfaringer og egne nettverk ha fortrinn framfor tradisjonelle offentlige løsninger (www.regjeringen.no).

Begge definisjonane tek utgangspunkt i at ein har eit samfunnsproblem som må løysast. Ferd syner verkelegheita slik den artar seg for ildsjelen/pådrivaren, medan Regjeringa tek utgangspunkt i problemet som må løysast på ein innovativ måte, der samhandling synast som ein heilt sentral nøkkel. Begge definisjonar er treffande for EntLab Volda/Kimen sosial entreprenør sine prosjekt.

I sosialt entreprenørskap opererer ein etter dobbel botnlinje: Ein sosial og ein økonomisk. Den økonomiske delen må vere tilstrekkeleg til å halde hjula i gong, og det ikkje er prinsipielt galt om ein går med økonomisk overskot. Økonomi er med andre ord eit naudsynt middel, og eit resultatmål for å oppretthalde eit høgare effektmål. Og det er dette høgare effektmålet som legitimerer sosialt entreprenørskap sin eksistens; altså dei sosiale resultatata.

Sosialt entreprenørskap finn ein i skjeringspunktet mellom sivilsamfunnet, frivillig, offentleg og privat sektor, og i ulike organisasjonsformar. Val av organisasjonsform er nært knytt til kva samfunnssektor ein høyrer til i, og kva for institusjonelt rammeverk ein må halde seg til. Det går frå frivillig sektor og aksjeselskap i privat sektor, til offentleg verksemd i kommunal sektor. Prinsipielt kan difor ein sosial entreprenør spenne frå einmannsverksemdar til kommunar. Over tid kan dei også skifte organisasjonsform, for eksempel frå aksjeselskap til å inngå i offentleg sektor, eller omvendt.

EntLab Volda sine innovasjonsprosjekt er i Volda kommunes regi, og soleis i offentleg verksemd. Volda kommune er ikkje berre ein kommune som samarbeider med sosiale entreprenører slik KS og Regjeringa oppmodar til, men er på mange måtar sjølv ein sosial entreprenør. Kimen Sosial Entreprenør er først og fremst eit verkemiddel for Volda kommune, og kan sjåast som ein del av EntLab-prosjekta. Reint organisatorisk er Kimen ein frivillig organisasjon, som står som eigar av Kimen sosial entreprenør AS. Selskapa er drivne som ideelle føretak der det ikkje skal takast utbytte. Kimen hentar inn eksterne midlar frå eksterne aktørar, som kommunen ikkje har moglegheit til å søkje på. Saman med inntekter frå kommersielt sal, blir utgifter til denne forma for velferdsproduksjon låg, samanlikna med anna offentleg innsats for målgruppa. Det er også ein



proaktiv og innovativ måte å handsame eit samfunnsproblem på, heilt i tråd med det Regjeringa har fremja som del av løysinga på samfunnsproblem, no og i framtida.

Overordna mål

Ved å nytte sosialt entreprenørskap ønskjer vi å skape fornying og innovasjon i integrerings- og kvalifiseringsarbeidet, og prøve ut nye oppgåveløysingar på utfordringar med å gi gode og tilpassa kvalifiseringstiltak for busette flyktningar med liten eller ingen skulebakgrunn. Fokuset har vore å etablere fleire gode og tilrettelagde arena og tiltaksplassar for språk- og arbeidstrening, auka arbeidsretta kvalifisering, og å utvikle ny arbeidsmetodar og opplæringsmodellar som vil betre kvaliteten i norskopplæringa og kvalifiseringsarbeidet. Målet er at dette skal gi ringverknader for målgruppa i form av raskare overgang til arbeid og økonomisk sjølvstendighet, og på sikt at flyktningane kan skape sine egne arbeidsplassar. Målet er også å førebyggje uhelse og utanforskap, og sikre eit meir berekraftig busetjings- og integreringsarbeid. Ringverknader er m.a. at Volda kommune får løyst uløyste oppgåver i kommunal sektor, og det vert produsert økologisk kortreist mat og planter for sal til lokale bedrifter og innbyggjarar.

Målgruppe

EntLab Volda har som primærmålgruppe flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram, med liten eller ingen skulebakgrunn. Kandidatane er som oftast både elevar i norskopplæring og deltakarar i Volda kommune sitt introduksjonsprogram. Vi har også teke inn ein deltakar/flyktning frå NAV sitt kvalifiseringsprogram i EntLab kantine, som har vore med sidan oppstarten i mai 2016. I kantina har vi også hatt ein etnisk norsk person på arbeidsutprøving gjennom NAV frå oppstarten. Frå 2. halvår 2017 er tiltaket utvida til å gjelde brukarar frå tenesta for funksjonshemma, som treng aktivitet og kvalifisering med tett oppfølging av arbeidsleiar. I EntLab gartneri har vi ein etnisk norsk elev frå vidaregåande skule med i tiltaket. Det har også vore dialog med Styrk Arbeid i sektor helse og omsorg om å ta inn kandidatar i EntLab-tiltaka som er tilvist frå NAV til aktivitetsplikt, men dette har så langt ikkje vore aktuelt då tenesta organiserer egne kvalifiseringstiltak for målgruppa.

Metode

Det å kvalifisere godt vaksne med liten eller ingen skulebakgrunn, der fleire slit med traume og samansette helseutfordringar, krev først og fremst god og tilpassa språkopplæring, og praksisretta kvalifiseringstiltak med tett og god oppfølging. Målgruppa har ofte vanskar med å lære norsk språk gjennom tradisjonell klasseromsundervisning. I EntLab-tiltaka er fokuset å kombinere norskopplæring i klasserommet, med praksisnær og arbeidsretta norskopplæring på arbeidsplassen med tett og god oppfølging. Kvant EntLab-tiltak har eigen prosjektleiar og ein fagressurs som har ansvar for arbeidsleiing og den daglege drifta av tiltaket. I tillegg til opplæring og arbeidstrening på den einskilde arbeidsplass, har arbeidsleiaren ansvar for å gjennomføre praktisk språktrening i arbeidsnorsk, saman med norsklæraren.

Erfaringar frå både arbeidsleiarar, skulen og elevar er positive, knytt til at mykje av norskopplæringa skjer i kombinasjon med norskopplæring på skulen og arbeidsretta norskopplæring og arbeidstrening på arbeidsplassen. Dette gir auka fokus på å gi deltakarane det språket dei treng for å fungere i norsk samfunns- og arbeidsliv. Vi arbeidar med metodeutvikling for språkopplæringa og arbeidstreninga, og for auka samarbeid og samhandling mellom arbeidsleiarane, norsklærarane og programrådgjevarane som følgjer opp deltakarane.

Måling av sosiale resultat

Vi er oppteken av å synleggjere suksesskriteria i EntLab-prosjekta, og det er laga ein modell for måling av sosiale resultat, i tillegg til allereie etablerte resultatmålingar på overgang til arbeid,



utdanning og andre kvalifiserande tiltak. Ferd sosiale entreprenører har utvikla ein modell for måling av sosiale resultat, som ikkje er lett å talfeste eller å sjå rekkjevidda av. Vi dreg lærdom av Ferd og har utarbeidd ein modell for måling av sosiale resultat tilpassa våre kommunale kvalifiseringstiltak. Vi har laga eit skjema for å halde oversikt, i tillegg til å skildre dei gode historiene frå einstilte kandidat i tiltaka.

Stjerna i kolonnen lengst til høgre i tabellen under, markerer i kva grad kvalitetsmålet har å bety for kandidaten, og om tiltaket treff/har verknad for den einstilte. Når det gjeld kantine/serviceteam er arbeidet med kvantitets- og kvalitetsmåla ikkje ferdigstilt, og dei sosiale resultatata vil bli endra.

- * = I svært liten grad
- ** = I liten grad
- *** = Har verknad
- **** = Har stor verknad
- ***** = Har svært stor verknad

Prosjekt	Målgruppe	Produkt	Effekt – kvantitetsmål	Effekt – kvantitetsmål	Effekt – kvalitetsmål
			Livsforbetrande Lav kontakt: Kvalifisering til språk & arbeidsliv	Livsendrande Høg kontakt: Integrering Sosialisering	
Kantine	Fastbuande flyktningar	Mat Sal Vaske Tilsyn kaffe- maskinar	7 pers	7 pers	Snakkar norsk på arb. *** Relevant arbeid **** Kvalifisering *** Endra livet ** Grad av nøgdheit *** Samfunnskunnskap ** Mestring *** Sosialisering ***
Service- team	Fastbuande flyktningar	Logotrykk Anleggs- gartnar	5 pers	2 pers	Snakkar norsk på arb. * Relevant arbeid ** Kvalifisering * Endra livet * Grad av nøgdheit * Samfunnskunnskap ** Mestring **** Sosialisering *
Gartneri & Pop-up Butikk Torg Distribusjon	Fastbuande flyktningar	Blomster Grønsaker Urter Sal	2 pers	3 pers	Snakkar norsk på arb. **** Relevant arbeid ***** Kvalifisering *** Endra livet **** Grad av nøgdheit **** Samfunnskunnskap *** Mestring **** Sosialisering ***
Gartneri & Pop-up Butikk Torg Distribusjon	Vidaregåande skule	Blomster Grønsaker Urter Sal	1		Snakkar norsk på arb. ***** Relevant arbeid ***** Kvalifisering **** Endra livet ***** Grad av nøgdheit ***** Samfunnskunnskap *** Mestring **** Sosialisering ***



Dei sosiale resultatane er delt inn på basis av idé, produkt, målgruppe og effekt. Når det gjeld effekt, er den basert på eigenrapportering av kvantitet og kvalitet. Kvantitet seier kor mange individ prosjektet har nådd, akkumulert og i no-tid. Kvalitet seier i kor stor grad ein har lykkast med prosjektet. Det er av betydning korleis ein har dokumentert resultatane, i tekst og bilete, og ikkje minst kome med dei gode historiene.

Kvantitetsmålinga syner kor mange individ som har vore i kontakt med aktivitetar i perioden. Kontakta er delt inn i høg eller låg, alt ettersom kor mykje kandidatane har vore involvert. Dersom ein kandidat for eksempel er med i ei periode, og så sluttar på eit tidleg stadium, vil han kanskje kome inn på det låge kvantitetsmålet. Dersom ein følger prosjektet heilt til språket er godt, og/eller det har ført til overgang til ordinært arbeid/skule, havnar ein på høg kontakt. Det kan ein også oppnå sjølv om språkutviklinga er låg, dersom ein oppnår stor grad av meistring og tilhøyrse.


Kvalitetsmålinga varierer med dei ulike behova hos den einkilde. Det kan vere av sosial karakter, eller om prosjektet bidreg til overgang til ordinært arbeid/skule. For nokre vil deltaking i tiltaket kunne vise seg å vere ein permanent løysing for å meistre kvardagen, og for å demme opp for utanforskap og uhelse.

Prosjekta disponerer Ipad, så kandidatane og leiarane kan ta bilete og film. Dette brukast til å dokumentere forteljingar som m.a. nyttast i undervisninga ved Volda læringscenter. Nokre kandidatar fortel si historie frå dei forlot sitt heimland, kom til Noreg og fram til no-situasjon. Det er viktig å få fram deira eigne opplevingar om tiltaka, og på kva måte det har hjulpet dei dit dei er no. Måling av sosiale resultat i skjematisk form og i forteljingane, bidreg i dokumenteringa av det vi gjer, og har verdi for legitimeringa av prosjektet politisk, økonomisk og strategisk.

Evaluering, planar og rutinar

Dei dynamiske prosjektplanane er under revidering, som følgje av evalueringar medio 2017. I planane vil organisering, realisering av innovasjonen, verdiskapingspotensiale, resultat og effekt av EntLab-tiltaka dokumenterast. Når planane er ferdig revidert, vil dei nyttast i rapportering internt og eksternt.

Mykje nytt skal erkjennast, etablerast, prøvast ut, samordnast og evaluerast, før EntLab-prosjekta ev. vil kunne implementerast i ordinær drift. Sintef sin figur om samspelet mellom forskning og innovasjon gir god metodisk tilnærming:





Samarbeidet mellom Volda kommune og Furene AS om serviceteam og kantine, vart evaluert medio 2017. Partane har gode erfaringar frå samarbeidet, men tal deltakarar i tiltaka har variert i 2017. Oppmøte har tidvis vore prega av mykje fråver/sjukdom, og ein har ikkje fått maksimalt utbytte av omfanget på tilbodet. Det har vore dagar utan deltakarar i tiltaka, og dagar med få deltakarar. Omfanget har vore for stort i høve til målgruppa sine behov og øvrig tilgjengeleg kvalifiseringstilbod ved Volda læringsssenter. Det er difor arbeidd med justeringar av omfang og tilgang til kandidatar, samt utprøving av muleg modell for implementering av kantineiltaket i ordinær line. Samarbeidsavtalane mellom kommunen og Furene AS vart difor ikkje vidareført for 2. halvår 2017.


I arbeidet med implementering i ordinær line, har kommunen engasjert arbeidsleiar i kantineiltaket. Det er innleia eit samarbeid med tenesta for funksjonshemma, som i dag har kandidatar i kantineiltaket, i tillegg til kandidatar frå kommunen sitt introduksjonsprogram. Det er også innleia eit samarbeid med sentralkjøkkenet ved Volda omsorgssenter, om bestillingsordning for råvarer og kjøkkenfagleg oppfølging. Serviceteamet er ikkje vidareført 2. halvår 2017, grunna få aktuelle kandidatar. Det er ikkje teke stilling til framtidig organisasjonsform eller forvaltningsmodell for korleis organisere og implementere kommunale kvalifiseringstiltak i ordinær drift. Dette vert det arbeidd vidare med i 2. halvår 2017.

Organisering og samarbeid

Mange partar er involvert i kvalifiseringsprosjekta, både offentlege, private og frivillige. I tillegg til samarbeid mellom ulike kommunale tenester i Volda er det eit samarbeid med Fylkesmannen, fylkeskommunen, IMDi, NAV, Furene AS, Sunnmøre kulturnæringshage og andre private og frivillige aktørar, sjå under.

Vi har lagt til grunn ein Penta Helix-modell for sosial innovasjon og berekraftig samhandling i EntLab Volda. Dvs. at vi nyttar eksisterande næringsliv, frivillig sektor, offentlig sektor, akademia og enkeltpersonar, som kvar på sin måte kan bidra med sin kompetanse og ressursar til ønska samfunnsutvikling.

Penta helix-logikk til grunn for Sosialt entreprenørskap i Volda kommune



Etablerte nettverk/samarbeidspartar i EntLab Volda

Volda læringsssenter	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Høgskulen i Volda
Eigedomsavdelinga	Møre og Romsdal fylkeskommune	Inclusion AS
Tenesta for funksjonshemma	IMDi Midt-Norge	Ferd sosiale entreprenørar
Sentralkjøkkenet ved Volda omsorgssenter	NAV	Kimen sosial entreprenør
Styrk arbeid	Ørsta vid. skule	Norsk senter for fleirkulturell verdiskaping (NSFV)
Furene AS	Per Krohn Kongsvoll gartneri	Tilseth blomster og Hagelandkjeda
Sunnmøre kulturnæringshage	Log AS	Volda næringsforum

Involverte aktørar møtast på ulike arena for samhandling og dialog på strategisk og operativt nivå, og det vert arbeidd for å sikre god deltaking og involvering. Det er laga fleire samarbeidsavtaler mellom involverte partar.



Økonomi – bruk av tildelte midlar

I vår Penta Helix-modell for sosial innovasjon og berekraftig samhandling i EntLab Volda, treng vi samarbeidspartnarar som ser verdien av å prøve ut nye måtar å løyse samfunnsutfordringar på, slik at vi kan gi betre og tilpassa kvalifiseringstilbod til flyktningar og andre med samansette utfordringar og behov, og sikre eit meir berekraftig busetjings-, integrerings- og kvalifiseringsarbeid.

I 2016 vart det søkt om kr 500 000 i prosjektskjønn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til etablering av kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar. Vi fekk tilsegn om kr 400 000 til risikoavlastning i fornyings- og innovasjonsarbeidet. Midlane har vore nytta til arbeidsleiarressurs for oppfølging, kursing og kvalifisering av kandidatar og til etablering av kvalifiseringsarena.

Tittel	B 2016	RB 2016	Prosjekt-skjønn	Kommunal eigeninnsats
Prosjektleiing	312 000	315 000	115 000	200 000
Etablering av kvalifiseringsarena; verkstad (husleige, inventar, utstyr)	175 000	175 000	175 000	
Entreprenørskaps-/BKA-kurs	188 000	125 000	100 000	25 000
Workshops	165 000	50 000		50 000
Kompetanseheving	150 000	125 000		125 000
Marknadskommunikasjon	10 000	10 000	10 000	
SUM KOSTNADER	1 000 000	800 000	400 000	400 000

Anna finansiering

Satsinga på etablering av kommunale kvalifiseringsarena er kostnadskrevjande, særleg knytt til prosjekt- og arbeidsleiing, etablering og drift av tiltaka. Kommunestyret i Volda har løyvd ei ramme til eigenfinansiering av tiltaka. Møre og Romsdal fylkeskommune har støtta satsinga med eit toårig utviklingstilskot på totalt kr 500 000 for 2016 og 2017, til arbeidet med «Sosialt entreprenørskap som integrasjonsverktøy». NAV har for 2017 gitt driftsstøtte på kr 600 000 til «Kimen Sosial Entreprenør Volda», som primært er nytta mot tiltaket EntLab gartneri. IMDi støttar satsinga av EntLab kantine og serviceteam med kr 400 000 i 2017.

Volda kommune ønskjer med dette å takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal for støtte i vår satsing på å bygge eit meir berekraftig busetjings-, integrerings- og kvalifiseringsarbeid, gjennom etablering av **Kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar** 😊

Volda 15.09.17

Nina Kvalen

spesialrådgjevar innvandring og integrering

Prosjektleder EntLab Volda

Revidert søknad om prosjektskjønn 2016 med kostnads- og finansieringsplan, datert 10.05.16

Org. nr: 939760946
Navn: Volda Kommune
Adresse Stormyra 2
6100 Volda
Norge
Kontaktperson HENRIK SKOVLY (henrik.skovly@volda.kommune.no)

Prosjektnummer 15-16-0045
Prosjektnavn Kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar
Søknadssum 500000 kr
Fra dato 01.04.2016
Til dato 31.12.2016
Prioritet 1

Kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar

Søknad om stønad til innovasjons- og utviklingsarbeid i Volda kommune sitt arbeid med grunnleggjande kvalifisering av flyktningar

Volda kommune søker med dette om prosjektskjønn 2016 til oppstart av innovasjons- og utviklingsprosjekt for å etablere nye kommunale kvalifiseringsarena for språk- og arbeidstrening, for flyktningar og deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram (INTRO).

Næringsstrukturen i Volda med eit akademisk arbeidsliv som krev utdanning for å få arbeid, gjer det meir krevjande å kvalifisere flyktningar i Volda til arbeid og bli økonomisk sjølvstendige med eigen bustad m.v., enn i samfunn som har meir industriretta næringsliv. Gjennom innovasjons- og utviklingsprosjekt i kvalifiseringsarbeidet vert det etablert ny kunnskap og nye metodar, som bidreg til at flyktningane får betre heilskapleg og målretta kvalifisering for raskare overgang til ordinær utdanning og arbeid, og slik bli økonomisk sjølvstendige.

Flytting av norskopplæringa til Volda i 2013 (tidlegare i Ørsta og på Hareid), og samorganisering og samlokalisering av programrådgjevarane og lærarane på Volda læringsssenter, har gitt betre samordning av tiltak og ressursar tidleg i kvalifiseringsløpet, samt tettare samarbeid og målretta innsats kring kvar einskild flyktning og deltakar i INTRO.

Vidare fokus på heilskapleg arbeidsretta kvalifiseringsløp i norskopplæringa og INTRO, der vi også får inkludert NAV sitt virkemiddelapparat, vil ha høg prioritet i 2016. Vidare vil organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og deltakarar i INTRO som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening, samt oppretting av fleire kommunale praksisarena, få høg prioritet.

Volda læringsssenter har i dag 230 elevar i norskopplæring og samfunnskunnskap, og grunnskuleopplæring for vaksne. Av desse er 50 deltakarar i introduksjonsprogram. Til ei

kvar tid har skulen 1-2 grupper med vaksne elevar, som har liten eller ingen skulebakgrunn. Desse treng meir praktisk retta språk- og arbeidstrening i arbeidet med grunnleggjande kvalifisering, og er prioritert målgruppe for innovasjons- og utviklingsarbeidet i 2016.

Vi vil starte innovasjons- og utviklingsprosjekt som ivaretek målgruppa sine behov for grunnleggjande kvalifisering, samstundes som vi tilpassar dette til lokalt arbeidskraftbehov. Vi vil nytte entreprenørskap som integreringsverktøy i kvalifiseringsarbeidet, ved å gi praktisk etableringsopplæring tilpassa realkompetansen til den einskilde. Målet er at dette skal gi ringverknader, ved at flyktningane sjølve på sikt kan skape sine eigne arbeidsplassar. I 2016 vil fokuset vere oppstart av "Kantinedrift på rådhuset i Volda" og utprøving av "Kimen – sosial entreprenør".

Kantinedrift på rådhuset

Volda rådhus har i dag ei kantine der tilsette kan ete lunsjpakken sin og få kaffe/te frå ein automat. Der er ikkje sal av mat i dag. Det er eit ynskje og behov hos dei tilsette å få tilbod om kjøp av smørbrød, rundstykke og salat samt moglegheit for eit varmt måltid ein gong i veka. I tillegg ynskjer dei å få nytrakta kaffe/te til lunsj.

Volda læringscenter har mange flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogrammet som er flinke til å lage mat. Fleire har liten eller ingen skulebakgrunn, og har svak progresjon i innlæringa av norsk språk. Det er difor vanskeleg å skaffe relevant praksisplass i ordinært arbeidsliv for språk- og arbeidstrening med god oppfølging. Volda læringscenter vil gjennom kantinedrift på rådhuset i Volda, kunne tilby ein kommunal språk- og arbeidstreningsarena, der målgruppa kan få erfaring i matlaging, kaffekoking, reinhald og sal og service. Mange i målgruppa treng ein trygg arena å starte på, for å få vist seg fram og få gode referanse for seinare jobbsøknader. Volda læringscenter er registrert i Ungt entreprenørskapsnettverket (UE) som ungdomsskule, og kan såleis etablere elevbedrifter. På sikt kan det vere aktuelt at kantinedrifta vert etablert som ei INTRO-bedrift (elevbedrift).

Kimen – sosial entreprenør

Volda læringscenter er i lag med Sunnmøre kulturnæringshage og Frivilligsentralen i Volda i gang med å realisere ein idé som skal verte eit sosialt miljøtiltak, samstundes som det på sikt kan verte skapt nye arbeidsplassar. Gjennom tiltaket "Kimen - sosial entreprenør", vil ein gi praktisk etableringsopplæring tilpassa realkompetansen til den einskilde, for så å etablere mindre verksemder. I trygge omgjevnader med lærar/assistent til stades kan flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogrammet skape produkt som dei sel til lokalsamfunnet. Det er ynskjeleg med eit eige lokale sentralt i Volda sentrum som kan nyttast både som verkstad/produksjonslokale og utsalsplass. Folk kan stikke innom og sjå produkta og kjøpe eller bestille. På sikt kan det vere aktuelt at "Kimen" vert etablert som ei INTRO-bedrift (elevbedrift). Ein kan nytte INTRO-bedrifta som ein start til eige virke, eller som ein praksisplass før arbeid. Det er ikkje låst til å berre gjelde deltakarar i introduksjonsprogrammet, men også andre busette flyktningar, som treng tilpassa opplæring og tett oppfølging. Målet er meistring og myndiggjering.

"Kantinedrift" og "Kimen" vil vere to sentrale kvalifiseringsarena for språk- og arbeidstrening, for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogrammet med liten eller ingen skulebakgrunn. Det er viktig at målgruppa opplever meistring og myndiggjering, og blir økonomisk sjølvstendige, for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.

Søknadssum

Volda kommune søker med dette om kr 500 000,- i prosjektskjønn 2016 til å prøve ut nye løysingar på våre utfordringar med å gi gode og tilpassa kvalifiseringstiltak for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram, med liten eller ingen skulebakgrunn.

Etablering av kommunale kvalifiseringsarena, INTRO-bedrifter og ved å nytte entreprenørskap i integrerings- og kvalifiseringsarbeidet, vil bidra til fornying og innovasjon, og styrke kommunen i rolla som tenesteproducent, nærings- og samfunnsutviklar. Midlande vil fungere som risikoavlastning og styrke kommunen for å sikre eit meir berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.

Midlane vil nyttast til å få på plass ein kompetent personalressurs til å leie arbeidet med etablering av kommunale kvalifiseringsarena; løn til prosjektleiar, etablering av verkstad/marknads plass, entreprenørskapskurs og gjennomføring av verkstader.

Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan	SUM
Prosjektleiing (kr 600 x 20 t/v x 26 veker)	312 000
Etablering av kvalifiseringsarena; INTRO-bedrift, verkstad (husleige, inventar, utstyr)	175 000
Entreprenørskaps-/BKA-kurs (Basiskompetanse i arbeidslivet)	188 000
Workshops	165 000
Kompetanseheving	150 000
Marknadskommunikasjon mot lokalt næringsliv	10 000
SUM KOSTNAD	1 000 000
Finansieringsplan	SUM
Prosjektskjønn, Fylkesmannen	500 000
Eigeninnsats, Volda kommune	500 000
SUM FINANSIERING	1 000 000
Spesifisering av kommunal eigeninnsats	SUM
Prosjektleiing	312 000
Gjennomføring av Workshops (600 t x 150 t)	90 000
Gjennomføring av kurs/kompetanseheving (600 t x 150 t)	90 000
Leige av kommunale lokale til Workshops/kurs	8 000
SUM EIGENINNSATS VOLDA KOMMUNE	500 000



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2017/2185
		Arkivkode:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/18	Formannskapet	16.01.2018
6/18	Kommunestyret	25.01.2018

VOLDA SKISENTER AS - KOMMUNAL GARANTI TIL NYTT IDRETTSBYGG

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda skisenter AS for eit lån pålydande kr. 4 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 25.10.17.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 1. Garantien er ein simpel kausjon*
- 2. Garantien gjeld for inntil 20 år*
- 3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*
- 4. Utbetalte spelemidlar og eventuell kompensasjon av mva skal i heilskap gå til avkorting av lånebeløpet i samsvar med finansieringsplan*

Administrasjonen si tilråding:

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda skisenter AS for eit lån pålydande kr. 4 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 25.10.17.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

1. Garantien er ein simpel kausjon
2. Garantien gjeld for inntil 20 år

3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet
4. Utbetalte spelemidlar og eventuell kompensasjon av mva skal i heilskap gå til avkorting av lånebeløpet i samsvar med finansieringsplan

Vedleggsliste:

Søknad frå Volda skisenter AS om kommunal garanti
Finansieringsbevis frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre
Perspektivskisse
Økonomisk oppsett og kostnadsoverslag
Årsrekneskapen 2016/2017 Volda skisenter AS

Uprenta saksvedlegg:**Samandrag av saka:**

Volda skisenter AS søker om kommunal garanti knytt til eit banklån på 4 million kroner. Lånet skal nyttast til bygging av nytt idrettsbygg som skal innehalde plass til ski utleige, billettering, smørjebod, møterom og lager for vedlikehald og driftsmateriell. I tillegg skal huset nyttast av Volda Røde Kors til aktivitetar som kurs og lagring av utstyr. Sparebank1 Søre Sunnmøre har gjeve tilsegn gjennom finansieringsbevis. Volda skisenter AS er eigd av Volda kommune (25 %), Volda Turn- og Idrettslag AL (26,4 %) og 48,52 % av private personar.

Saksopplysningar/fakta:

Volda skisenter AS er eit anlegg som er drifta og tufta på frivillig arbeid, der alpin aktivitet er hovudformålet. I synergien av anlegget er det stor langrennsaktivitet og eit startbruk til bruk av fjell og turløyper. Skisenteret har eit godt samarbeid med Volda Røde Kors, der begge dreg nytte av kvarandre sin aktivitet.

Dei seinare åra har aktiviteten auka og ein ser behovet for å ha eit hus med fleire naudsynte funksjonar og sambruk. I drettshuset som er planlagt skal innehalde opphaldsrom og rom for kursaktivitetar, lagringsplass til scooter og vedlikehaldsutstyr, ski utleige og billettering.

Helse og miljøkonsekvensar:

Skisenteret fremjar fysisk aktivitet og er eit viktig bidrag til ytterlegare aktivitet for innbyggjarane i Volda og om egn.

Økonomiske konsekvensar:

Idrettshuset skal byggjast av Volda Skisenter AS, og det er selskapet der som står som lånetakar og dermed ansvarleg for å dekke kapitalkostnader.

Økonomisk resultat til skisenteret vert påverka av vêrforhold. Sesongar med lite snø gir mindre inntekter og dermed dårlegare resultat.

Med nytt idrettshus ser ein moglegheita for meir leigeinntekter, noko som kan vere med på å betre resultat i sesongar med mindre snø mengder. Vedlagt til saka ligg rekneskapen for 2016/2017. Dette året gjekk selskapet med underskot. Ser vi på året før (2015/2016) hadde selskapet eit overskot.

Samla investeringsbehov er om lag 4 million kr. Det vert søkt spelemidlar og desse reduserer lånebehovet, slik at lånet vert 3 million kroner etter at spelemidlane vert utbetalt:

Finansieringsplan

Kontant inntekter

Spille midler	1 000 000,00 kr
Egenkapital	- kr
Kommunale tilskudd	- kr
Fylkeskommunale tilskudd	- kr
Private tilskudd	- kr
Andre tilskudd	
Lån	2 667 500,00 kr
Sum Kontantinntekter	3 667 500,00 kr
<hr/>	
Gaver rabatter	
Dugnad	300 000,00 kr
Sum samlet finansiering	3 967 500,00 kr

Lån	2 667 500,00 kr
Avdrag 15 år	177 833,33 kr
Rente	133 375,00 kr
Årskost	311 208,33 kr
<hr/>	
Leige	50 000,00 kr
Auka kapasitet	75 000,00 kr
Skiutleige	20 000,00 kr
Eigne driftskost	96 208,33 kr
Sponsor	70 000,00 kr
Sum drift res	311 208,33 kr
rest	- kr

Tabellen over viser korleis skisenteret har tenkt å finansiere kapitalkostnadane til lånet. I skissa over er det nytta 15 år i nedbetalingsplanen. I finansieringsbeviset ligg 20 år.

For Volda kommune ligg der en risiko i å stille kommunal garanti. Om Volda Skisenter AS ikkje klarer å halde sinne plikter som ligg til renter og avdrag, vil Volda kommune vere ansvarleg for at dette vert betalt.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Volda skisenter AS med sitt anlegg er eit viktig tilbod for innbyggjarane i kommunen og i nabokommunane. Eit nytt idrettshus vil legge til rette for den auka aktiviteten og gjere det enklare å administrere drift og sikring av anlegget.

Ein kommunal garanti vil påføre kommunen ein risiko. Risikoen må vurderast opp i mot verdien som vert resultatet. I denne samanhengen meiner vi at synergiane av eit nytt idrettshus for Volda skisenter vil vere meir verdt enn risikoen kommunen dreg på seg. Vi rår difor kommunestyre til å godkjenne kommunal garanti til Volda skisenter AS.

I og med at beløpet er over 500 000 kr skal kommunestyret si godkjenning til Fylkesmannen for endeleg godkjenning.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen
Volda Skisenter AS
Sparebank1 Søre Sunnmøre

Klageinstans:

Fra: Ivar Otto Kristiansen[ivar.otto.kristiansen@orsta.kommune.no] Sendt: 15.11.2017 14:32:08 Til: V-Postmottak

Tittel: Søknad om kommunal garanti - Volda skisenter AS

Volda Skisenter As ynskjer å be kommunestyret om garanti på eit lån stort, 4 mill til bygging av nytt idrottsbygg – bygget skal innehalde Ski utleige, billetering, smørjebod, møterom, lager for vedlikehald og driftsmateriell samt raudekrinshus – sjå vedlagt teikning og rekneskap.

Volda skisenter AS vil være gjeldfri i 2018, og ser moglegheita til å vidareutvikle anlegget.

Sparebank 1 Søre Sunnmøre har gjeve tilsagn gjennom finansieringsbevis

Generealforsamlinga har gjeve tilsagn på at vi kan søke kommunen om garanti pålydande 4 mill. (Generalforsamlingsprotokoll vert å ettersende)

Volda skisenter As er eit anlegg som er drifta og tufta på frivillig arbeid, der alpin aktivitet er hovudformålet. I synergiane av anlegget er det stor langrennsaktivitet og eit startpunkt til bruk av fjellet og turløyper.

Skisenteret har hatt og har eit godt samarbeid med Volda Raudekrins, der begge dreg nytte av kvarandre si aktivitet. Raudekrinsen bidreg med å etablere sikkerheit i anlegget med si aktivitet og tilbod når trekket er ope. Anlegget er ein god treningsarena for Raudekrinsen og er eit av utspringa til redningsgruppa som er kjent for alpine redningstilhøve og skred erfaringar.

Det ligg også i føringane til Volda skisenter som er eig av folket, kommunen og idrotten at det skal være eit tilbod til innbyggjarane i regionen. Volda skisenter har arbeid mykje med å legge til rette for at det er eit tilbod til ulike grupper i samfunnet og at det er eit låg terskeltilbod der ein kan låne eller leige utstyr og instruktørar.

Alpingruppa har også tilhøve til anlegget og treng lagring av naudsynt utstyr.

Idrottshuset som er planlagt skal innehalde opphald og kursmoglegheiter for raudekrins sine aktivitetar, samt lagring av deira utstyr, det skal være lagring av scooter og vedlikehaldsutstyr for anlegget, det skal være mogleg å leige ut ski, billetering, halde møter og kurs samt ein plass der ein kan preparere ski.

Anlegget har vakse dei seinare åra og det har vakse fram eit behov for å ha eit hus med fleire naudsynte funksjonar og sambruk. Huset vil også kunne nyttast til konkurranse formål, sjølv om låg terskel og familievenleg er hovudformålet til anlegget og det som løyser ut behovet for bygget.

Helsing

Ivar Otto Kristiansen
Styrets leiar Volda skisenter

Volda Skisenter As
Postboks 108

6101 VOLDA

Volda, 25. oktober 2017

FINANSIERINGSBEVIS NYTT BYGG I HENHALD TIL SKISSER OG BUDSJETT

Vi viser til søknaden Dykkar og har gleda av å stadfeste at De har fått:

Byggjelån 4.000.000,-

Som trygd for byggelånet får SSS tinglyst pant i varelager, driftstilbehør, kundefordringar, Pant i motorvogn, flåtepant og tinglyst pant i fast eigedom Gnr 22, bnr 2 Fnr 1, 2 og 3 med obligasjon pålydande 4 million i kvar.


Andre vilkår

- Volda kommune må stille kommunal garanti for heile lånet på kr 4.000.000,- fram til lånet er innfridd.
- Kommunal garanti må vere godkjent av fylkesmannen.
- Alle avtaler mellom grunneigarar, Volda kommune og Volda Skisenter AS må være signerte og godkjende av alle partar.
- Avtale om leige av grunn mellom Volda Kommune og grunneigarane må tinglysast.
- Kopi av byggeløyve må oversendast banken.
- Refundert MVA i tilknytning til prosjektet skal gå til nedbetaling av lånet.
- Volda Skisenter AS må ha ei avtale som kvalifiserer til spelemidlar.
- Det er ein føresetnad at utbetaling ikkje vert sett i verk før tilsegn om spelemidlar ligg føre.
- Alle gåver, spelemidlar i henhold til oppsett skal gå til nedkvikting av gjeld i Sparebank 1 Søre Sunnmøre.
- Utbetaling frå byggelån i henhold til framdrift og framlagde faktura i banken.
- Byggelånet skal konverterast til eit nedbetalingslån når prosjektet er ferdigstillt, seinast innan 31.10.2018. Nedbetalingstid inntil 20 år.
- Volda Skisenter AS må legge fram, styrevedtak på gjennomføring og opplåning av prosjektet.
- Alle negative hendingar skal straks informerast skriftleg til banken.
- Pris og vilkår i henhold til lån med kommunal garanti vert først sett når lånet vert etablert.


Med vennleg helsing
SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Elias Mårstøl
Senior Bedriftsrådgjevar



1 Perspektivskisse #1



2 Perspektivskisse #2



3 Perspektivskisse #3

<ul style="list-style-type: none"> ▸ Dokumentasjon ▸ Arbeidsteikning ▸ Anbudsteikning ▾ Søknadsteikning ▸ Planframlegg ▸ Skisse 								
<table border="1"> <thead> <tr> <th>Revisjon</th> <th>Revisjonstekst</th> <th>Sign.</th> <th>Rev.dato</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td> </td> <td> </td> <td> </td> <td> </td> </tr> </tbody> </table>	Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato				
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato					
<p>Prosjektnavn: Smørebud Volda Skisenter</p> <p>Oppdragsgiver: Volda Skisenter</p> <p>Prosjekterende:</p> <div style="text-align: center;">  </div> <p>Per Mulvik AS Heimeside: Direkt 700 74 993 Holmen 7 www.mulvik.no e: 915 898 79 6100 VOLDA Org.nr: 941 987 516 Mob: idar@mulvik.no Sentral: 70 07 49 90 E-post: -</p> <p>Tittel: Ansv: RIB Perspektivskisser Teikna IH - Dato: 28.10.2016 Konfr.a - Dato: -</p> <table border="1"> <tr> <td>Prosjektnr:</td> <td>Teikn.nr:</td> <td>Målestokk:</td> <td>Rev</td> </tr> <tr> <td>1950</td> <td>105</td> <td></td> <td>-</td> </tr> </table>	Prosjektnr:	Teikn.nr:	Målestokk:	Rev	1950	105		-
Prosjektnr:	Teikn.nr:	Målestokk:	Rev					
1950	105		-					

KOSTNADSOVERSLAG

Anleggsnr _____

I) Kostnader som gir rett til tilskot

Kostnadstype	Materialkostnader	
	Av dette kjøp A	Rabatt B
Teknisk beskrivelse	50 000	
ForProsjektering	0	
Gulv på grunn, plaststøpt radonstopp	120 000	
Bjelke betong plaststøpt	15 000	
Fjerneing av masse	17 000	
Drenering	16 000	
Rigg anleggsplass	50 000	
Innvendig isolasjon og himling	87 500	
Innredning	19 000	
Varmepumpe	30 000	
Vindu	110 500	
Ytterdør	60 000	
søyle betong	20 000	
Stripefundament betong	52 000	
Byggegrøp / løsmasser deponering	107 000	
takstol	105 000	
bindingsverk av tre og gips	200 000	
bindingsverk av ISO3	600 000	
Grunnmur / Sokkel	315 000	
Plaststøpt dekke	290 000	
Prosjektering byggherre	200 000	
Planering maling tekking	0	
VVS	100 000	
Elkraft og automatisering felles	270 000	
Sum	2 834 000	0

II) Kostnader som ikkje gir rett til tilskot

(t.d. opparbeiding av parkeringsplass, bygging av publikumstribunar, nødvendig utstyr som ikkje gir rett til tilskot)

Kostnadstype	Materialkostnader	
	Av dette kjøp A	Rabatt B
Sum		0

III Samla utgifter for anlegget

Finansieringsplan

Kontant inntekter

Spille midler	1 000 000,00 kr
Egenkapital	- kr
Kommunale tilskudd	- kr
Fylkeskommunale tilskudd	- kr
Private tilskudd	- kr
Andre tilskudd	
Lån	2 667 500,00 kr
Sum Kontantinntekter	3 667 500,00 kr

Gaver rabatter

Dugnad	300 000,00 kr
Sum samlet finansiering	3 967 500,00 kr

Anleggsnavn Smørebod/ bilettdod og røde Kors

Arbeidskostnader		Sum kjøp E=A+C	Sum mva. F=Ex0,25	kostnad (inkl.mva.) G=E+F+B+D
Av dette kjøp C	Dugnad D			
		50 000	12 500	62 500
	40 000	0	0	40 000
		120 000	30 000	150 000
		15 000	3 750	18 750
		17 000	4 250	21 250
		16 000	4 000	20 000
		50 000	12 500	62 500
		87 500	21 875	109 375
		19 000	4 750	23 750
		30 000	7 500	37 500
		110 500	27 625	138 125
		60 000	15 000	75 000
		20 000	5 000	25 000
		52 000	13 000	65 000
		107 000	26 750	133 750
		105 000	26 250	131 250
		200 000	50 000	250 000
	75 000	600 000	150 000	825 000
		315 000	78 750	393 750
		290 000	72 500	362 500
	85 000	200 000	50 000	335 000
100 000	100 000	100 000	25 000	225 000
		100 000	25 000	125 000
		270 000	67 500	337 500
		0	0	0
100 000	300 000	2 934 000	Sum I:	3 967 500

Arbeidskostnader		Sum kjøp E=A+C	Sum mva. F=Ex0,25	kostnad (inkl.mva.) G=E+F+B+D
Av dette kjøp C	Dugnad D			
		0	0	0
		0	0	0
		0	0	0
		0	0	0
		0	0	0
		0	0	0
		0	0	0
		0	0	0
	0		Sum II:	0

(Sum I + Sum II)

kr 3 967 500

ÅRSREKNESKAP FOR 2016 / 2017

**VOLDA SKISENTER AS
6100 VOLDA**

Resultatregnskap

Volda Skisenter AS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2016/2017	2015/2016
Salsinntekter		862 553	1 484 957
Sponsorinntekter, tilskot og andre inntekter		580 054	828 415
Leigeinntekter		52 223	55 087
Sum driftsinntekter	1	<u>1 494 830</u>	<u>2 368 459</u>
Varekostnad	6	96 140	161 312
Løn, f.tr.avgift o.a. personalomk.	3	142 804	159 762
Avskrivningar	2	671 766	656 749
Andre driftskostnader	5	952 266	944 004
Sum driftskostnader		<u>1 862 975</u>	<u>1 921 827</u>
Driftsresultat		<u>-368 145</u>	<u>446 632</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		1 774	1 456
Annen finansinntekt		148	2
Rentekostnader		61 196	97 187
Annen finanskostnad		1	137
Resultat av finansposter		<u>-59 275</u>	<u>-95 865</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>-427 420</u>	<u>350 767</u>
Ordinært resultat		<u>-427 420</u>	<u>350 767</u>
Årsoverskot		<u>-427 420</u>	<u>350 767</u>
Overføringer			
Avsett til annen egenkapital		0	350 767
Overført fra annen egenkapital		427 420	0
Sum overføringer		<u>-427 420</u>	<u>350 767</u>

Balanse pr 31.08.

Volda Skisenter AS

Eigedelar	Note	2016/2017	2015/2016
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Bygninger	2, 7	691 783	772 622
Maskiner, utstyr, anlegg, løyper m.m.	2, 7, 8	3 692 254	4 082 084
Parkeringsplass, veg	2	307 008	307 008
Sum varige driftsmiddel		<u>4 691 045</u>	<u>5 161 714</u>
Sum anleggsmiddel		<u>4 691 045</u>	<u>5 161 714</u>
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	9	87 212	86 587
Andre fordringar	9	80 136	52 538
Sum fordringar		<u>167 348</u>	<u>139 125</u>
Bankinnskott, kontantar o.l. (herav bunde kr 22)		274 756	885 210
Sum omløpsmiddel		<u>442 104</u>	<u>1 024 335</u>
Sum eigedelar		<u>5 133 149</u>	<u>6 186 049</u>

VOLDA SKISENTER AS



Driftsrapport for sesongen 2016/2017

Driftsleiar:

Øyvind Flåskjer

Ass. Driftsleiarar Kristian Woldseth og Jon Olav Nedreklepp.

Generell informasjon:

Sesongen som var vinteren 2016/2017 var prega av lite snø. Første nyttårsdag kom snøfallet og allereie ved 2 januar var vi i gang med å preparere langrennsløyper og familiebakken. Første opningsdag var tysdag 3 januar, og det var kun familietrekket som var ope denne dagen. Familietrekket var ope fram til måndag 9 januar då det var dameskikveld. Skiftande veir gjorde at anlegget vart stengt fram til laurdag 14 januar då vi opna heile anlegget. Denne helga var det mykje folk i anlegget og det gjekk med 5772 turar på storetrekket.

Vi hadde i alt 14 opningsdagar der kun 4 av desse var med heile anlegget i drift.

Årleg kontroll:

Det vart ingen kontroll i 2016/2017.

Kurs:

Volda Skisenter hadde for sesongen 2016/2017, som tidligare år, planlagt førstehjelpkurs for dei tilsette ved skisenteret. Dato for førstehjelpkurs i skibakken med pulktrening vart også fastsett, men grunna lite snø vart dette kurset utsatt. Frå Volda Skisenter vart det sendt 4 stk til Tromsø for å ta eit parkbyggarkurs i høve den nye skiparken vi har utforma.

Vedlikehald:

Skiheisene:

Årleg service er i gang etter vedlikehaldsplan, men noko arbeid står fortsatt att. Dette arbeidet inneheld smøring, justering, kontroll av master og konstruksjonar.

VOLDA SKISENTER AS



17-19 november satt vi i gang med å bytte vendehjulslagera på storetrekket. Då kom første snøfall for sesongen og gjorde det utfordrande å kome seg til toppen med ATV. Å bytte vendehjulslager er eit større vedlikehaldsarbeid og skal gjerast kvart tiande år. Kristian Woldseth, Daniel Aklestad og Øyvind Flåskjer tok seg fri frå arbeid og saman med Stian Amundsen frå Alpainservice og Hugo Hjelle frå Hjelle maskinlag demonterte vi og heisa ned vendehjulet, og fekk bytta dei to lagera. Stian Brautaset, Alf-Henning Ervik og Vegard Flåskjer var også med på jobben, og vi trengde alle hender for å få på plass alle delane.

Bygningar:

Det har i sesongen 2016/2017 ikkje vore gjort noko betydelig vedlikehaldsarbeid. Taket på varmestova og drens må ein til våren undersøke nærare og evt. utbetre.

Løyper og trasear:

Seinsommar/haust gjekk Hjelle Maskinlag saman med Shapecrew i gang med å utforme ein skipark/big jump i området ovanfor Røde Kors-hytta. Denne er enda ikkje fullført grunna mangel på masse. Noko dreneringsarbeid og ferdigstilling av "kular" må til før vi kan nytte denne som tenkt og få prosjektet ferdigstillt.

Prepareringsmaskiner:

Vi har fram til i fjor hatt serviceavtale på maskinene. No når denne har gått ut har Per Olav Myhre teke seg av årleg service. Ellers er desse i god forfatning då det er ein 2010 og 2011 modell som har få timar på tellaren.

Volda, den 14.11.2017

Øyvind Flåskjer

Driftsleiar

Økonomi Årsmelding

Volda Skisenter AS (VS) har hatt ein sesong prega av få driftsdagar noko som har påverka handlingsrommet for skisenteret med omsyn til å kunne gjennomføre ynska tiltak. Før sesongen var det lagt opp til ei utvikling av anlegget, men i hovudsak er fleire prosjekt flytta på grunna sviktande inntektsgrunnlag.

Det har vorte halde møte med både kommune og grunneigarar for å orienterer og avklare tankar om utvikling og drift. Desse møta har vore gode og dannar grunnlag for sikkerheit i potensielle investeringar.

VS er ein basert på at frivillig og sponsorar er bidragsytarar til drifta og er saman med kommune viktige bidragsytarar for å kunne drifte med forholdsvis loge faste kostnader. Økonomisk risiko skal være liten og ein styrer investeringar utover faste kostnader slik at ein har dette inntekt gjennom faste inntekter. Faste kostnader skal søkast å være loge enn faste inntekter til ei kvar tid.

Når ei får sesongar med få driftsdøgn er det teke høgde for at ein skal ha eit økonomisk fundament som skal svare kostnaden og forpliktingane til VS, dette er ein modell ein ynskjer å vidareføre. VS har god budsjettkontroll, og har inndekning for dei tiltaka dei gjer. Styret er kjend med modellen og prioriterer investeringar etter det økonomiske prinsippet at ein dekker løypande faste utgifter med faste inntekter, og bygger buffer for andre investeringar gjennom variable inntekter.

Modellen dannar grunnlag for å kunne oppdatere anlegget med investeringar utover naudsynt vedlikehald og drift i gode sesongar, det er derfor viktig å prioritere investeringar som aukar inntektene eller reduserer drift kostnader.

Sjølv om det vil være ulike sesongar er det naudsynt at det vert lagt til rette for investeringar som kan forsvarast gjennom faste inntekter. Kvar investering vert med omsyn til likvide vurderingar. Framtidig utskifting av lysanlegg for redusert kostnad i drift og vedlikehald vil verte prioritert å få vurdert i kommande sesongar.

Det er ikkje gjort store investeringar i sesongen 2016/17, og fleire prosjekt er satt på vent grunna manglande driftsinntekter utover dei faste. VS skisenter er 50 år dette året så det er satt av midlar for å markere 50 års jubileum. Prosjektet inneheld bokutgiving og jubileumsfest.

Det vert ikkje lagt fram forslag om prisauke for kommande sesong, men man bør ta høgde for å justere inntektene slik at de samsvarer med prisauken elles.

Det er må jobbast med å ha fleire sponsoravtalar som kan gje betra likviditet i mindre stabile sesongar. Auking likviditeten og auka handlingsrom er naudsynt for å sikre investeringar som er framtidsretta og reduserer driftskostnadane. Investeringane bør ikkje berre være sesongstyrt, men være med å bidra til sikrere drift og framtidige inntekter

Selskapet si utvikling

	2016-17	2015-16	2014-15	2013-14
Sum driftsinntekter	1 494 830	2.368.000	2.612.000	1199000
Årsresultat	-427 420	*351.000	533.000	-163.000
Eigenkapital 31.08	4 170 385	4.598.000	4.247.000	3.694.000

*Det vart etterbetalt økonomisk bidrag etter avtale frå Volda kommune – Nokke som gav direkte effekt på årsresultat 2016. Driftsjusteringane skal synast i tidligare rekneskap for å gje riktig bilete

Når det er forhold til det er det mange i anlegget og det må leggjast til rette for betre flyt. Avskoging for tilrettelegging av framtidig trasear vil avhjelpe, saman med aktivitetar, framtidig nye trekk og fordeling av folk i anlegget.

Det er etter styret sitt syn naudsynt at anlegget fortsetter å utvikle seg for å kunne holde en standard som kundar og samarbeidspartar forventar og helst ligge i forkant for desse forventningane. Det skal settast ned ein eigen prosjekt organisasjon som kan leggje fram prosjekt som er gjennomarbeid for styret.

Utsiktene framover:

VS har eit anlegg og ein maskinpark som er i god stand, det vil være behov for noko opp gradering av eksisterande lysanlegg, hovudbygning og garasje. Skisenteret vil verte gjeldfri i sesongen 2017/18, noko som gjev grunnlag for nye investeringar og opp graderingar. Dei tyngste og viktigaste inntektene for å holde anlegget i drift er langsiktige.

Aktivitetsauka som kom etter at vi fekk ein større region syner seg stabil. Tidligare investeringar har gjeve anlegget ei stabilitet som er viktig i driftsperioden. Det vil være viktig for VS skisenter å tilby aktivitet for alle og legg derav til rette for at alle som ynsker det kan få prøve anlegget gratis ein til to dagar i sesongen, eit tilbod for alle men retta mot ynskje om å gje eit tilbod som ikkje er styrt av inntektene til den ein skilde familie.

Håper eit samarbeid med Hornindal og Ørsta kan være med å skape auka aktivitet for anlegga, så samarbeid vil verte prioriterte oppgåver framover.

VS vil ha nokre store investeringar framover som skal sikre aktivitet i anlegget, ein må vurdere både summer og vinteraktivitet. Anlegget skal være ein viktig bidragsytar for langrenn og turaktivitet sett i eit helseperspektiv.

VS er klar for å utvikle seg vidare og må sjå på heilskapen og regionen under eit der ein er ein aktør i samspill med andre aktørar i regionen. Alpepass og andre avtalar må løypande vurderast for å kunne gje fleksibilitet og auka tilbod til brukarane og støttespelarane i anda av fleksibilitet og stabilitet.

VS er eit meir moderne og framtidsretta anlegg, men må utvikle seg vidare som eit familieanlegg i samband med betre ressursutnytting og teknologi. VS ligg godt til i regionen, samarbeid og utvikling vil være naudsynnte faktorar for stabilitet. Hornindal og Volda kommune

vil verte slegne saman, dette bør tufte til samarbeid der ei mogleg dyrkar ulike fortrinn og gjer kvarandre betre og aukar tilbodet totalt. Med ny Volda tunnell vil VS ligge sentralt til også i framtida.

Det er naudsynt med økonomiske støttespelarar som er av betydning saman med dugnadsinspirasjonen som ligg i hjarte av anlegget, dette vil kunne sikte stabilitet og vidare utvikling av anlegget.

Føresetnad om fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2016/2017 er sett opp under denne føresetnaden.

Med venleg helsing

Ivar-Otto Kristiansen
Ivar-Otto Kristiansen
Styrets leiar

Germa Gundersen
Germa

Balanse pr 31.08.

Volda Skisenter AS

Eigenkapital og gjeld	Note	2016/2017	2015/2016
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	4	835 900	835 900
Sum innskoten eigenkapital		<u>835 900</u>	<u>835 900</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		3 334 485	3 761 905
Sum opptent eigenkapital		<u>3 334 485</u>	<u>3 761 905</u>
Sum eigenkapital		<u>4 170 385</u>	<u>4 597 805</u>
Gjeld			
Annan langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7	535 022	1 022 171
Øvrig langsiktig gjeld	7, 8	68 855	336 638
Sum annan langsiktig gjeld		<u>603 878</u>	<u>1 358 809</u>
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner (limit kr 250.000)	7	90 232	0
Leverandørgjeld		88 455	10 731
Off.avgifter		0	1 522
Annan kortsiktig gjeld		180 200	217 182
Sum kortsiktig gjeld		<u>358 887</u>	<u>229 435</u>
Sum gjeld		<u>962 764</u>	<u>1 588 244</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>5 133 149</u>	<u>6 186 049</u>

Volda, den ___/___ 2017
Styret i Volda Skisenter AS


Ivar-Otto Kristiansen
Styreleiar


Gunnar Andenes
Styremedlem


Jens Standal Groven
Styremedlem

Frode Alexander Johnston
Styremedlem

Askjell Våge
Styremedlem

Notar til årsrekneskapen 2016 / 2017

VOLDA SKISENTER AS

1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa er omhandla nedanfor. Skattekostnad/-gjeld inngår ikkje i selskapet sitt resultat eller balanse då selskapet ikkje er skattepliktig, m.a. som følgje av at drifta er basert på dugnadsarbeid. Rekneskapsperioden er frå 01.09. til 31.08.

Vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld.

Eigedelar, som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av langsiktig og kortsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris og vert avskrivne planmessig over den økonomiske levetida. Langsiktige lån vert balanseførde til nominelt mottekne beløp på etableringsdagspunktet og seinare redusert med betalte avdrag.

Omløpsmiddel er vurdert til lavaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Inntekter vert inntektsført etter oppteningsprinsippet. Driftstilskot vert inntektsført i perioden dei vedkjem, medan tilskot og spelemidler til anleggsmidlar går til reduksjon i kostprisen, jfr note 2.

2 Avskrivning driftsmiddel.

Spesifikasjon av varige driftsmiddel	Utstyr/ anlegg/trase	Bygning/ garasje	Varmestove	Park.plass veg
Kostpris per 1.9.	14 406 511	1 367 931	2 291 525	1 146 960
Tilgang i år	201 097	0	0	0
Avgang i år	0	0	0	0
Offentlege tilskot tidligare år	-2 737 600	-360 000	-630 000	-839 952
Offentlege tilskot i år	0	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar per 31.08.	-8 177 753	-628 118	-1 349 555	0
Bokført verdi per 31.08.	3 692 254	379 813	311 970	307 008
Ordinære avskrivningar i år	590 927	30 839	50 000	0
Avskrivningssats - lineære avskr.	0-20 %	3-20 %	3 %	0 %

Mottekne tilskot er ført til reduksjon på dei aktiverte kostnadene.

Veg til Reset og parkeringsplass har ingen realisasjonsverdi, og har berre verdi for selskapet så lenge det er drift i selskapet. Veggen og parkeringsplassen er ikkje avskrivne.

3 Løn, lån, garantiar/trygd til leiande personar og aksjeeigarar.

Det er ikkje ytt lån eller garantiar/trygd frå selskapet for leiande personar eller aksjeeigarar.

Det er kostnadsført kr 40.000 i honorar til medlemmer av styret i 2016/2017.

Det er kostnadsført kr 90.000 i honorar til driftsleiarar i 2016/2017.

Det er ingen fast tilsette i selskapet. Selskapet er ikkje pålagt obligatorisk tenestepensjon.

Notar til årsrekneskapen 2016 / 2017

VOLDA SKISENTER AS

4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon.

Aksjekapitalen i selskapet per 31.08.2017 er notert til 8.359 aksjar med pålydande kr 100,-.

Dette gir ein samla aksjekapital på kr 835.900,-. Kvar aksje har ei røyst i selskapet.

Dei største aksjonærane i selskapet per 31.08.2017:

Volda Turn og Idrettslag, Allianseidrettslag	2 213	aksjar	26,47 %
Volda Kommune	2 090	aksjar	25,00 %
Andre aksjonærer	4 056	aksjar	48,52 %
Sum	8 359	aksjar	100,00 %

Ingen andre aksjonærer eig meir enn 1% av aksjekapitalen.

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum EK
Eigenkapital 01.09.2016	835 900	3 761 905	4 597 805
Periodens endring i eigenkapital:			
Periodens resultat		-427 420	-427 420
Eigenkapital 31.08.2017	835 900	3 334 485	4 170 385

5 Revisjon.

Revisjonshonorar til revisor for 2016/2017 utgjør kr 16.700,- eks mva.

I tillegg kjem honorar for andre tenester med kr 4.400,- eks mva.

6 Varer.

På grunn av sesongprega drift og at årsoppgjerstidspunktet kjem utanfor sesongen, er varelageret uvesentleg. Det er difor vurdert til kr 0,- per 31.08.2017.

7 Pantegjeld.

Av selskapet si gjeld er kr 625.254,- sikra med pant. Den bokførte verdien av pantsatte eigedelar er kr 3.712.177,- som utgjør bygningar og maskinar/utstyr ekskl. trakkemaskin.

Sjå note nr. 8 om eigedomsrett til trakkemaskin.

Av samla pantegjeld forfell kr 0 til betaling meir enn 5 år etter balansedagen.

8 Øvrig langsiktig gjeld

Denne posten utgjør restgjeld til leasingselskapet vedk. leasing av trakkemaskin.

Leasingselskapet har eigedomsretten til trakkemaskinen som er bokført i selskapet sin balanse og inngår i posten Maskiner og utstyr med kr 671.860.

9 Fordringar

Fordringar er bokført til pålydande og har forfall innan 1 år frå balansedato.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Elin Høydal Vatne Arkivsak nr.: 2017/719
Arkivkode: 144

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
3/18	Tenesteutval for helse og omsorg	11.01.2018
4/18	Formannskapet	16.01.2018
7/18	Kommunestyret	25.01.2018

FRAMLEGG TIL VEDTAK AV BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN 2017 - 2020

Handsaming:

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.

Handsaming:

Vedlegg: Bustadsosial handlingsplan 2017-2020 vart ettersendt 10.01.2018.

Leiar for rus- og psykisk helseteneste, Elin Høydal Vatne, orienterte.

Hild Våge kom med slikt endringsframlegg:

Retningsgivande vert endra til styrande.

Hild Våge trekte framlegget sitt.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Tenesteutval for helse og omsorg - 11.01.2018:

Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.

Administrasjonen si tilråding:

1. Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.

Vedleggsliste:

1. Bustadsosial plan 2017 – 2020
2. Høyringsuttaler

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Arbeidet med revisjon av bustadsosial plan kom i gong tidleg i 2015. Ei tverrsektoriell gruppe har arbeidd med revisjonen. Alle i arbeidsgruppa har bidrege med innspel til bustadsosial handlingsplan og det er undervegs i arbeidet også henta inn innspel frå andre tenesteområde Formannskapet vedtok 16.05.17 i sak PS 78/17 å sende planen ut på høyring og den vart sendt ut på høyring til aktuelle samarbeidande instansar og interesseorganisasjonar. Planen har vore presentert i Eldrerådet til Volda kommune og Tenesteutval for helse og omsorg i 2017.

Saksopplysningar:

Bustadsosial plan må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel, og han skal vere ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.

Planen skal vere med på å gje alle tilsette ei god oversikt over operative mål og tiltak, og såleis vere eit godt styringsdokument i det daglege arbeidet. Planen føreset at tilsette gjer seg kjende med og sluttar opp om bustadsosial plan.

Arbeidet med revisjon av bustadsosial plan kom i gong etter at rådmannen tidleg i 2015 delegerte arbeidet til sektor helse og omsorg med å koordinere planarbeidet. Det vart sett ned ei tverrsektoriell gruppe som skulle arbeide med revisjonen. Gruppa har vore samansett av representantar frå aktuelle fagavdelingar; NAV, opplæring og oppvekst, teknisk, innvandring og integrering, økonomi, utvikling og sektor helse og omsorg. Arbeidsgruppa hadde fyste møte 03.03.2015. Alle i arbeidsgruppa har bidrege med innspel til bustadsosial handlingsplan og det er undervegs i arbeidet også henta inn innspel frå andre tenesteområde.

Formannskapet vedtok 16.05.17 i sak PS 78/17 å sendeleggjast ut til offentlig ettersyn med heimel i plan- og bygningslova §11-14 jf, §5-2. Planen vart sendt ut på høyring til aktuelle samarbeidande instansar og interesseorganisasjonar. Det kom inn to høyringsuttalar til planen og planen er drøfta i Volda kommune sitt Eldreråd og i tenesteutval for helse og omsorg i Volda kommune.

Eldrerådet handsama planforslaget den 25.09.17 i sak 10/17

«Eldrerådet meiner det er særdeles viktig å opprette butilbod for personar med demens/psykiske lidingar. Eldrerådet vil samstundes uttrykke uro for at vidare utbetring av Mork-bustader er teke ut av planen»

Kommentar:

Det ligg i økonomiplanen til Volda kommune å byggje nye omsorgsbustader for eldre med særskilde behov, psykogeriatri og demens, jf. punkt 5.9. Ein støttar eldrerådet si bekymring dersom talet omsorgsbustader som skal byggjast ikkje erstattar talet på omsorgsbustader som er på Mork i dag. Dette vil føre med seg kapasitetsproblem. Det er ynskjeleg å sentralisere for å yte mest mogleg effektive tenester og mest mogleg ansikt til ansikt tid.

Minoritetshelseteamet har kommentar til bustadsosial handlingsplan

Tilrettelagte buområde for barnefamiljar.

«Vi ser med særleg bekymring på situasjonen til barnefamiljar i kommunale bustader i Volda. I bustadsosial handlingsplan står det under punkt 5.1. ei oversikt over nasjonale mål. Her står det at det m.a. ei målsetting: særleg innsats overfor barnefamiljar og unge. Vi merkar seg at regjeringa vil forsterke innsatsen overfor barn og unge som ikkje bur bra. Som resultatmål 1 står det at utleigebustader til barnefamiljar skal vere av god kvalitet og i eit trygt bumiljø. Vi ser i punkt 5.2.1. i handlingsplanen at m.a. Smalebakken/Røyslidvegen blir trekt fram som eit sentrumsnært buområde, men kort veg til skule, barnehage, fritidsaktivitetar og butikkar. Det blir her og peikt på om det kan søkjast på midlar for å utvikle område. Minoritetshelseteamet ønskjer at vi set fokus på barnets beste også i bustadsosial handlingsplan. Vi håper derfor at område som t.d. Smalebakken/Røyslidvegen og Monsvegen kan prioriterast til barnefamiljar og søkjast om midlar for utvikling til eit trygt bumiljø for barnefamiljar.

Under handlingsplan 2017-2020 ønskjer Minoritetshelseteamet at det blir lagt til eit punkt: Vi ønskjer det blir utarbeidd ein plan for å betre bumiljøet til barnefamiljar i kommunale bustader. Vi ønskjer at det blir utarbeidd kriterier for dei ulike buområda. Vi ber om at det vert teke omsyn til at barnefamiljar og personar med rusproblematikk ikkje vert plassert i same husvære og bumiljø»

Kommentar:

Røyslidvegen/Smalebakken er under omfattande renovering der ein tek bygg for bygg for å betre bumiljøet for alle som bur der. Minoritetshelseteamet ber om at kommunen utarbeider kriterier for dei ulike buområda og at rusmisbrukarar og barnefamiljar ikkje vert plassert i same husvære og bumiljø. Kommunen har ikkje lovmessig rom for ei slik segregering av brukargruppe. I NOU 2011:15 «Rom for alle – en sosial boligpolitikk for fremtiden» understrekar ein at kommunal bustadpolitikk bør ha som mål å legge til rette for sosial inkludering og gode levekår. Dette betyr også at kommunale bustader for spesifikke målgrupper i så stor grad som mogleg vert integrert i ordinære bumiljø, samtidig som det kan vere behov for ei meir skjerma tilbod til utagerande personar. Det blir likevel understreka at «omsorgsgettoer» bør unngås.

Det er utarbeida kriterier som gjeld alle vanskelegstilte som søker kommunal bustad. Så langt det let seg gjere prøver ein i tildeling av kommunale gjennomgangsbustader å ta omsyn til det beste for alle målgrupper. I nokre tilfelle heng bustad- og tenestetilbodet nært saman og kommunen har valt å etablere samlokaliserte omsorgsbustader for føremålet.

Frå leige til eige

*«Minoritetshelseteamet vil og oppmode til at ordninga med **leige til eige** blir satsa på i større grad. Der leigd bustad kan kjøpast. Kommunen kan dermed kjøpe nye bustader til leige i første omgang og etter kvart kan dei kjøpast. Bustadane bør ligge i ordinere bustadområde og ikkje samlast på same plass, slik dei i hovudsak gjer i dag»*

Kommentar:

Viser til kapittel 5. Mål, strategiar og tiltak, punkt 5.2.2 «frå leige til eige» i bustadsosial plan. Kommunen er einig i dette og har starta på arbeidet.

Vurdering og konklusjon:

Bustadsosial plan 2017 – 2020 gjev både retning og kastar lys over dei utfordringane kommune står over for. Planen må vere med ved utarbeiding av budsjett og økonomiplan kvart år.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er ikkje gjort ei samla vurdering av helse og miljømessige konsekvensar av bustadsosial handlingsplan, då dette femner om alle sektorar og nærast alle fagområde.

Økonomiske konsekvensar:

Planen er ikkje bindande og er eit grunnlag for framtidige økonomiplanar og budsjett.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Utskrift av endeleg vedtak:

Minoritetshelseteamet

Eldrerådet

Tenesteutval for helse og omsorg

Sektor helse og omsorg

Rune Sjurgard

Rådmann



VOLDA KOMMUNE

Bustadsosial handlingsplan 2017 - 2020



Vedteken av Volda kommunestyre

Innholdsfortegnelse

1. SAMANDRAG	4
2. INNLEIING	5
2.1 Formål	5
2.2 Bakgrunn	5
2.3 Definisjon av vanskelegstilt på bustadmarknaden	5
2.4 Mandat	5
3. ORGANISERING	6
3.1 Historikk	6
3.2 Omorganisering av det bustadsosiale arbeidet 2012	6
3.3 Tildelingskontor	7
3.4 Tildelingsnemd	7
3.5 Eigedomsforvaltninga	7
3.6 Kommunale husvære	8
3.6.1 Kommunal gjennomgangsbustad	8
3.6.2 Omsorgsbustader	8
3.6.3 Midlertidig butilbod	8
4. STATUS OG UTFORDRINGAR	8
4.1 Befolkningsutvikling	8
4.1.1 Fleire eldre	9
4.1.2 Pleie- og omsorgstenester	9
4.1.3 Fleire menn enn kvinner	9
4.1.4 Folketilvekst	9
4.2 Kartlegging	10
4.3 Evaluering av bustadsosial plan 2010 – 2014	10
4.4 Situasjonen i dag	12
4.4.1 Økonomi og økonomiske verkemiddel	12
4.4.2 Eigedomsavdelinga	12
4.4.3 Vedlikehald	13
4.4.4 Bumiljø og utemiljø	13
4.5 Status og utfordringar hjå ulike målgrupper	14
4.5.1 Einslege mindreårige flyktningar	14
4.5.2 Flyktningar	14
4.5.2 Personar med nedsett funksjonsevne, eldre	14
4.5.3 Personar med nedsett funksjonsevne, utviklingshemma	15
4.5.4 Rus og psykisk helse	15
4.5.5 Bustadlause og sosialt og økonomisk vanskelegstilte	16
4.6 Ulike bustadsosiale prosjekt i Volda kommune	17
4.6.1 Frå mellombels til varig bustad	17
4.6.2 God og effektiv busetjing av flyktningar	17
4.6.3 Leige før eige	17
4.6.4 Privat leige av bustad	18
4.6.5 Å koordinere det fragmenterte	18
4.6.6 Buretteiing og sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar	19
5 MÅL, STRATEGIAR OG TILTAK	19
5.1 Overordna mål i det strategiske bustadsosiale arbeidet	19
5.2 Delmål og tiltak	20
5.2.1 Smalebakken/Røyslidvegen	20
5.2.2 Frå Leige til eige	20

5.2.3	«Lære å bu»	21
5.2.4	Rop-bustader med bemanning	21
5.2.5	Omsorgsbustader for utviklingshemma	21
5.2.6	Utviding av areal ved Fjordsyn	21
5.2.7	Einehusvære til vanskelegstilt	22
5.2.8	Individuelt tilrettelagte bustader for personar med demens og psykiske lidingar	22
5.2.9	Framskaffing og formidling av privat husvære til flyktningar	22
5.2.10	Organisering	22
6	Handlingsplan 2017 – 2020	22
7.	Offentlige dokumenter	23
8	Vedlegg	25
	<i>1. Kriterier for tildeling av kommunal bustad i Volda kommune</i>	<i>25</i>
	<i>2. Bebuerværet for kommunale gjennomgangsbustader</i>	<i>27</i>
	<i>3. Kartlegging</i>	<i>29</i>
	<i>4. Økonomiske verkemiddel</i>	<i>31</i>

1. SAMANDRAG

Volda kommune sin tidlegare Bustadsosial handlingsplan var for perioden 2010 – 2014. Når planperioden gjekk ut vart det bestemt at ei tverrsektoriell gruppe fekk ansvar for rullering av planen. Bustadsosial plan 2017 – 2020 i Volda kommune er ein sektorovergripande temaplan. Den skal leggje rammene for den bustadsosiale politikken. I planen ligg ein handlingsplan som skal rullerast årleg i forkant av økonomiplanen og budsjettarbeidet.

Volda har, som landet elles, hatt befolkningsvekst siste åra. I 2016 var det 9 102 innbyggjarar i Volda kommune. I tillegg er det til ei kvar tid busett ca. 1 500 – 2 000 studentar i Volda. I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) vil folketalet i Volda fortsette å stige framover. Det er vedteke å slå saman Hornindal kommune og Volda kommune i 2020. Ved utgangen av 2016 var der 1198 innbyggjarar i Hornindal kommune. I 2030 spår SSB at det vil vere 1 303 fleire innbyggjarar i Volda, det vil seie i alt 10 405 innbyggjarar. I tillegg kjem innbyggjarane frå Hornindal, til saman 11 603 innbyggjarar.

I følgje framskrivingane til SSB vil gruppa eldre doblast dei neste 30 åra på landsbasis. Det er ein konsekvens av at dei store etterkrigskulla blir eldre, samtidig som levealderen aukar. Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester; til dømes helse og omsorgstenester, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

Det er først og fremst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalsutvikling i fylket og i Volda kommune. Volda skil seg ut frå fylket når det gjelder innvandringsgrunn. Møre og Romsdal har høg arbeidsinnvandring, men i Volda er innvandringa knytt til arbeid lågare enn gjennomsnittet. Volda har derimot ein høgare del flyktningar enn fylket. Volda har også høg innvandring knytt til utdanning. Å vere attraktiv som bustadkommune også for innvandrarar vil i stor grad kunne vere med på å sikre folketalsauka i kommunen. For å sikre ei framtidig folketalsauke er det vesentleg å legge til rette for at dei som kjem flyttande til Volda vert verande og at fleire finn kommunen attraktiv å busette seg i.

Det vart gjennomført ei kartlegging i bustadsosial plan for 2010 – 2014 som viste at i alt 54 husstandar hadde ein utilfredsstillande busituasjon. Dette utgjorde om lag 1,5 % av alle husstandane i kommunen. Ei ny kartlegging vart gjennomført i forbindelse med revisjon av bustadsosial plan mai 2015. Kartlegginga i 2015 viste at 36 husstandar i Volda er vanskeligstilte på bustadmarknaden. Målgruppene har endra seg noko frå 2009 og vi ser at tala for vanskeligstilte på bustadmarknaden har gått ned innanfor gruppene utviklingshemma og rus. Det er hovudsakleg bistand til å finne annan bustad gjennom burettleing som vert etterspurt. I tillegg anbefaler ein annan bustad for 34 av dei 36 kartlagde. 21 av dei kartlagde treng bustad, då dei anten manglar dette eller fordi den bustaden dei har er for liten. For 13 av dei kartlagde treng dei omsorgsbustad med oppfølging av ulik grad.

Utfordringane for Volda kommune innan det bustadsosiale arbeidet finn vi både på system- og individnivå. På systemnivå treng ein også i denne planperioden å sjå på organiseringa av bustadsosialt arbeid. På individnivå er tilpassing av bustad til den einskilde, informasjon og hjelp til å nytte Husbanken sine verkemiddel og oppfølging i bustad vesentleg. Kommunen treng fleire bustader tilpassa ulike målgrupper.

Ein har i planperioden frå 2009-2014 jobba godt med gjennomstrøyming i kommunale husvære. Mange leigetakarar bur lenge i bustadane og er i større eller mindre grad marginale på bustadmarknaden. Dette skuldast truleg fleire strukturelle forhold som gjer at det er eit visst press på bustadmarknaden i Volda; få mindre bustader til sals i Volda, nyare og nye mindre bustader er relativt kostbare og Volda kommune er vertskommune for fleire større institusjonar.

Handlingsplanen har 10 ulike tiltak for perioden 2017 – 2020. Tiltaka handlar mellom anna om renovering og utbetring av området Smalebakken og Røyslidvegen, etablere bustadprosjektet ”å lære å bu”, kjøpe og/eller bygging av bustader til flyktningar gjennom ”frå leige til eige” modellen, ferdigstille bygging av omsorgsbustader til både utviklingshemma og personar med samtidig rus og psykisk lidning, utviding av barneavlastinga og etablere tilrettelagt butilbod til pasientar med demens og psykiske lidningar.

2. INNLEIING

Det bustadsosiale feltet utkrystalliserte seg frå midten av 1990-tallet og representerte ei endring i bustadpolitikken. Den skulle ikkje lenger vere orientert mot størstedelen av befolkninga, men rette seg mot vanskelegstilte grupper. Det vart større fokus på utfordringane til bestemte grupper som ungdom, eldre og flyktningar og bustadsosialt arbeid skulle vere ein integrert del av velferdspolitikken. Kommunen si rolle gjekk frå å leggje til rette for alminneleg bustadbygging til fokus på vanskelegstilte. Husbanken si rolle endra seg frå alminnelig bustadbank til velferdsetat (Ytterdal, Bakke, Ouff og Straume 2015).

I «Rom for alle» (Kommunal- og regionaldepartementet, 2011) blir bustadsosialt arbeid definert breitt som «det kommunene gjør for å sikre vanskelegstilte på boligmarkedet en trygg bosituasjon». Vanskelegstilte på bustadmarknaden er «personer som ikke har mulighet til å skaffe seg og/eller opprettholde en tilfredsstillende bosituasjon på egenhånd» (Kommunal- og regionaldepartementet, 2011, s. 39). Det dreiar seg om å tilføre materielle ressursar som kommunal bustad, bustonad eller fysisk tilrettelegging for funksjonshemma og ressursar som mellommenneskelege relasjonar og oppfølging (Ulfrstad, 2011).

Vidare vert det bustadsosiale arbeidet i andre samanhengar delt inn i operative oppgåver som for eksempel råd og rettleiing, skaffe egna bustader, tildele økonomisk støtte, setje i verk bu- og nærmiljøtiltak og oppfølging og tenester i heimen, og strategiske oppgåver som dreier seg om å utvikle langsiktige målsettingar, utvikle tiltak og verkemidlar og sette økonomiske og faglige ressursar inn i arbeidet (Departementene, 2014).

Målgruppene for det bustadsosiale arbeidet er heller ikkje einsarta og kan variere frå ungdom som søker startlån fordi dei har vanskar med å kome seg inn på bustadmarknaden, flyktningar som treng plass å bu, skilte som midlertidig er i ein vanskelig busituasjon, eldre som ikkje lenger meistrar å bu heime til menneske med samtidig rusliding og psykisk lidning med varige utfordringar med å halde på ein bustad. For kommunane betyr dette at det bustadsosiale arbeidet breier seg over eit vidt spekter av oppgåver som på ein eller annan måte vil gripe inn i store deler av kommuneorganisasjonen, inn i ulike sektorar og tenesteområde (Ytterdal, Bakke, Ouff og Straume 2015).

2.1 Formål

Dette dokumentet er ein handlingsplan for bustadsosialt arbeid i Volda kommune for 2017 – 2020. Mål, strategi og tiltak i denne handlingsplanen er forankra i kommuneplan for Volda kommune 2016 – 2019.

2.2 Bakgrunn

Bustadsosial plan 2017 – 2020 for Volda kommune er ein sektorovergripande temaplan. Den skal leggje rammene for den bustadsosiale politikken. I planen ligg ein handlingsplan som skal rullerast årleg i forkant av økonomiplan og budsjettarbeid.

2.3 Definisjon av vanskelegstilte på bustadmarknaden

Personar som ikkje har moglegheit til å skaffe seg og/eller oppretthalde ein tilfredsstillande busituasjon på eiga hand (NOU 2011:15, Rom for alle). Definisjonen inkluderer både personar og husstandar som ikkje har fått hjelp, og dei som har fått hjelp og likevel ikkje kome seg ut av den vanskelege situasjonen.

2.4 Mandat

Helse og omsorg fekk delegert ansvaret for å koordinere planarbeidet frå rådmannen.

Til revidering av planen vart det etablert ei tverrfagleg gruppe med representantar frå aktuelle fagavdelingar:

NAV	Gro Nordstrand Tødenes
NAV	Elin Dalhaug
Opplæring og oppvekst	Rønnaug Myklebust
Teknisk	Kjell Magne Rindal
Innvandring og integrering	Nina Kvalen
Økonomi	Bodil Egset
Utvikling	Regine Aklestad
Helse og omsorg	Elin Høydal Vatne
Helse og omsorg	Malene Rovde
Helse og omsorg	Anne-Marte Ådneram
Barnevernstenesta	Sindre Monsholm

3. ORGANISERING

3.1 Historikk

Før omorganiseringa av det bustadsosiale arbeidet hadde Volda kommune si eigedomsavdeling ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av alle kommunale bygg, og tildeling av kommunale gjennomgangsbustader. Tenester i bustad, råd og rettleiing til leigetakarane var fordelt på dei ulike avdelingane i kommunen. Økonomisk rettleiing låg til Nav. Forvaltning av Husbanken sine økonomiske verkemiddel låg delvis i økonomistaben og delvis hjå servicekontoret. Bustadsosial oppfølging av enkeltpersonar låg til kvar enkelt avdeling. Det fragmenterte ansvaret førte til manglande planlegging, lite utvikling og samordning av dette arbeidsområdet.


3.2 Omorganisering av det bustadsosiale arbeidet 2012

I februar 2012 bad Volda kommunestyre administrasjonen om å "gå gjennom den kommunale bustadmassen, med tanke på at mest mogleg av bustadmassen vert frigjort til personar som har behov av sosiale tilhøve".

Kommunestyret vedtok den 28.02.2013 at Volda kommune skal prioritere bustader til personar med sosiale behov, jf. K-sak PS- 24/13. Det var ynskjeleg å korte ned butida og redusere bruken av kommunale gjennomgangsbustader og midlertidige husvære, samt auke gjennomstrøyminga. Det bustadsosiale arbeidet var prega av sektortenkning utan ein aktiv overordna part med ansvar for arbeidet.

Frå oktober 2013 valde kommunen å flytte tildeling av kommunal gjennomgangsbustad frå eigedomsavdelinga til sektor helse og omsorg, og tildeling av tenester og bustader vart samla i eit tildelingskontor. Dette var eit av tiltaka i rapporten kommunen fekk av Telemarksforsking. Som umiddelbar effekt av dette fekk tildelingskontoret oversikt over alle kommunale utleigeobjekt, og kunne enklare tildele rett type bustad og skape gjennomstrøyming dersom behovet endrar seg i forhold til omsorgsnivå.

Kommunen organiserer det bustadsosiale arbeidet etter denne modellen:



Ein kan skilje mellom 4 grupper med bustadbehov:

- Omsorgsbustader til personar som får tenester etter helse- og omsorgslova
- Midlertidige bustader til personar som har rett på midlertidig butilbod etter lov om sosiale tenester i Nav, samt ev tenester knytt til bustadbehovet
- Gjennomgangsbustader til flyktningar i ein overgangsfase til dei skaffar eigen bustad (eige eller leige i privat bustad)

- Sikre bustader til andre vanskelegstilte på bustadmarknaden (jf. lov om sosiale tenester i Nav)

Sidan målgruppene for det bustadsosiale arbeidet ikkje er einsarta, breier arbeidet i Volda kommune seg over eit vidt spekter av oppgåver som på ein eller annan måte griper inn i store deler av kommuneorganisasjonen, i ulike sektorar og tenesteområde. Det er difor viktig at alle tenestene driv bustadsosial oppfølging for sine grupper, men også arbeider i team overfor brukarar når desse tek i mot tenester frå fleire tenesteområde.

Vidare skal dei ulike tenesteansvarlege ha ansvar for å arbeide med gjennomstrøyming i bustader der brukar eller leigetakar bur i bustader med tidsavgrensa kontrakt. Det skal leggjast til rette for at brukar eller leigetakar skal utvikle sjølvstendig bukarriere, skaffe seg eigen eller leigd bustad og kunne bu sjølv.

Dei ansvarlege for tenesteområda ovanfor har ansvar for å delta i revisjon av bustadsosial handlingsplan og for å delta i gjennomføring av planen. Dei tenesteansvarlege skal årleg og løpande melde inn behov for bustader til eigedomsavdelinga.

3.3 Tildelingskontor

Tildelingskontoret er organisert under helse- og omsorgssektoren med ansvar for:

- Tildeling av omsorgsbustader for alle grupper
- Husleigekontrakter for omsorgsbustader
- Tildeling av institusjonsplassar
- Tildeling av alle tenester etter lov om kommunale helse og omsorgstenester

Prosjektet «frå mellombels til varig bustad» vart ferdigstilt hausten 2016, og det vart oppretta ei 60% fast stilling som bustadkoordinator ved tildelingskontoret (sjå pkt. 4.6.1 for meir informasjon om prosjektet «frå mellombels til varig bustad»). Denne stillinga har hovudansvaret for det bustadsosiale arbeidet i tildelingskontoret.

Bustadkoordinator ved tildelingskontoret har ansvar for:

- Prioriterer i samråd med tildelingsnemda kven som skal ha kommunal bustad etter gitte kriterier (vedlegg 1)
- Sakshandsaming kring søknad om gjennomgangsbustad
- Skriv husleigekontrakt og følgjer opp kontraktene og avsluttar kontraktene ved utløp av leigetid
- Handsame klager frå leigetakar, evt. naboklager, i samarbeid med eigedomsavdelinga
- Kontakt/samarbeid med eigedomsavdelinga som er ”eigar” av bustadane
- Kontakt/samarbeid med øvrige tilsette/tenester om bustadsosialt arbeid
- Burettleiing
- Praktisk oppfølging ved utflytting

3.4 Tildelingsnemd

Tildelingsnemnda har møte ein gong pr. månad, der ein går ein gjennom innkomne søknader om kommunal gjennomgangsbustad, og prioriterer/tildeler eventuelle ledige bustader.

Nemnda består av ein representant frå

- Rus og psykisk helseteneste
- NAV
- Volda læringssenter
- Ansvarleg for Husbanken sine lån- og tilskotsordningar
- Eigedomsavdelinga
- Tildelingskontoret
- Andre kan møte ved behov, til dømes barnevernstenesta, helsestasjon m.m

3.5 Eigedomsforvaltninga

Eigedomsavdelinga under teknisk sektor er ”eigar” av bustadene og har budsjettansvaret. Eigedomsavdelinga skaffar bustader ved å byggje eller kjøpe for å dekkje behovet for omsorgsbustader eller gjennomgangsbustader til brukarar kommunen skal medverke å skaffe bustader til.

Eigedomsavdelinga er ansvarleg for forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen og stiller driftspersonell til disposisjon i samband med klargjering av bustadene/leilegheitene ved inn-/utflytting. Dette er

avklart gjennom ei samarbeidsavtale mellom tildelingskontoret og eigedomsavdelinga.

3.6 Kommunale husvære

Kommunen eig i alt 230 bustadar (26.10.2016). Dei kommunale bustadane har varierende standard og det er behov for fornying av bustadmassen, jf. punkt 4.4.2 og 4.5.2. Vi skil mellom tre typar bustader; kommunal gjennomgangsbustad (82), omsorgsbustad (147) og mellombels bustad (1).

3.6.1 Kommunal gjennomgangsbustad

Kommunen har 82 gjennomgangsbustadar fordelt i sentrum av Volda, der om lag 26 av desse er kjøpt med tilskot frå Husbanken med føremål å busette flyktningar. Kommunen eig også tre bufelleskap med til saman plass til 14 einslege mindreårige flyktningar. Dei fleste som bur i gjennomgangsbustadane har vanskar med å skaffe seg husvære på grunn av alder og sosial og økonomisk situasjon. Alle som får tildelt kommunal gjennomgangsbustad signerer ein bebuaravtale (vedlegg 2).

3.6.2 Omsorgsbustader

147 av dei kommunale bustadane er til omsorgsformål. Omsorgsbustadane vert hovudsakleg nytta av eldre med ulike hjelpebehov, nokre av bustadane er sett av til psykisk utviklingshemma og personar med rusproblematikk og psykiske lidningar. Behovet for denne type bustad vil sannsynlegvis auke i takt med overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta og fleire eldre i Volda.

Kriteria for tildeling av omsorgsbustad etter helse og omsorgstenestelova er mellom anna at pasienten har betydelige helseplager; somatisk eller psykisk, behov for tilrettelagt bustad, tryggleik, nærleik til hjelpeapparatet og hjelp til orientering; tid, stad, tilsyn.

3.6.3 Midlertidig butilbod

Ingen har rett til ein varig bustad etter norsk lov, men kommunen er pliktig til å skaffe midlertidig butilbod til dei som har behov for det og ikkje er i stand til å skaffe eigen bustad sjølve. Årsaka til at vedkomande står utan bustad har ikkje betydning. Av midlertidig butilbod vert det oftast nytta anten hotell eller campinghytte.

Etter Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 27, er det NAV som har ansvar for å finne midlertidig butilbod til dei som ikkje klarer det sjølve. Midlertidig butilbod skal avhjelpe akutt bustadløyse og er ikkje meint å vare over tid. Dette betyr at arbeidet med å finne meir varige løysingar må startast opp umiddelbart på det tidspunktet som bebuar vert tildelt midlertidig butilbod. NAV skal sørge for at tenestemottakar vert innkalla til oppfølgingssamtale snarast mogleg der dette er tema. NAV må sikre at det midlertidige butilbodet som vert nytta er kvalitetsmessig forsvarleg ut frå den einkilde tenestemottakar sitt behov.

Volda kommune har ein bustadmodul som vert nytta til dette føremålet, i tillegg til campinghytter og eventuelt hotell. NAV Ørsta/Volda opplever at pågangen etter midlertidige bustader har auka, men vurderer ikkje at det er behov for at kommunen permanent skal ha to bustadmodular tilgjengelige for dette føremålet. Dersom tendensen med auka etterspørsel etter midlertidige bustader fortset, vil det kunne gi utfordringar på sikt.

4. STATUS OG UTFORDRINGAR

4.1 Befolkningsutvikling

Volda har, som landet elles, hatt ei befolkningsvekst dei siste åra. I 2014 var det 8 909 innbyggjarar i Volda kommune. I tillegg er det til ei kvar tid busett ca. 1500–2000 studentar i Volda. I følge SSB sitt mellomalternativ (MMMM) vil folketallet i Volda fortsette å stige i åra framover, sjå Tabell 1. I 2030 spår dei at det vil vere 1 590 fleire innbyggjarar i Volda, det vil seie i alt 10 498 innbyggjarar. I tillegg kjem innbyggjarane frå Hornindal kommune 1 198 etter kommunesamanslåinga i 2020.

Folketal og framskrive folketal (MMMM) fordelt på aldersgrupper

	2014	2020	2025	2030
0–19 år	2250	+ 80	+ 224	+ 320
20–66 år	5308	+ 339	+ 503	+ 683


67–79 år	880	+ 231	+ 341	+ 386
80+	471	- 16	+ 59	+ 201
Totalt endring		+ 634	+ 1127	+ 1590
Totalt folketal	8909	9543	10036	10498

Tabell 1: Framskrive folketal Volda kommune, etter mellomalternativet.

4.1.1 Fleire eldre

I følge framskrivingane til SSB vil gruppa eldre (70 år eller meir) doblast dei neste 30 åra på landsbasis. Det er ein konsekvens av at dei store etterkrigskulla blir eldre, samtidig som levealderen aukar. Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester, til dømes helse, pleie og omsorg, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

Innbyggerar i arbeidsfør alder (20–66 år) per innbyggerar 80 år og over, Volda kommune.



Figuren over viser ein reduksjon i forholdstalet mellom dei to aldersgruppene (20–66 år) og (80 år og over); frå 11,3 i 2014 til 7,3 i 2040. Det tyder at det vert færre innbyggerar i yrkesaktiv alder for kvar innbygger 80 år og over.

4.1.2 Pleie- og omsorgstenester

Det har dei siste åra vore ei auke av brukarar under 67 år som mottok pleie- og omsorgstenester. Tal for Møre og Romsdal:

	2008	2013	Auke
> 67 år	3342	5507	65 %
< 67 år	8876	10160	14 %

4.1.3 Fleire menn enn kvinner

I 2014 var det 95 kvinner per 100 menn i Noreg i aldersgruppa 20–39 år, sjå Tabell 2. For fylket var tilsvarende tal 90,2 kvinner per 100 menn, og for Volda kommune var det 90,7 kvinner per 100 menn. Berre Finnmark har færre kvinner per menn i denne aldersgruppa enn Møre og Romsdal. Årsak til at det er eit stort overskot med menn i Møre og Romsdal har samanheng med arbeidsmarknaden i fylket. Jobbmoglegheiter finn ein innafør tradisjonelle mannsdominerte arena og fleirtalet av innvandrarane er menn.

Kvinner per 100 menn, 20–39 år

Volda	90,7
Eiksundregionen	88,9
Møre- og Romsdal	90,2
Noreg	95,0

Tabell 2: per 100 menn, 20–39 år (2014).

4.1.4 Folketilvekst

Det er først og fremst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalsutvikling i fylket og i Volda

kommune. I 2013 var nettoinnvandring frå utlandet til Volda kommune på 135 personar, medan innlandsflytting var på -60 personar og fødselsoverskotet på 6 personar. Volda skil seg ut frå fylket når det gjeld innvandringsgrunn. Møre og Romsdal har høg arbeidsinnvandring (40 %), men i Volda er innvandringa knytt til arbeid berre 19 %. Volda har derimot ein høgare del flyktningar enn fylket. Volda har også høg innvandring knytt til utdanning. Å vere attraktiv som bustadkommune også for innvandrarar vil i stor grad kunne vere med på å sikre folketalsauke i kommunen. For å sikre ei framtidig folketalsauke er det vesentleg å legge til rette for at dei som kjem flyttande til Volda vert verande og at fleire finn kommunen attraktiv å busette seg i.

4.2 Kartlegging

Det vart gjennomført ei kartlegging i bustadsosial plan for 2010 – 2014 som viste at i alt 54 husstandar hadde ein utilfredstillande busituasjon. Dette utgjorde om lag 1,5 % av alle husstandane i kommunen (November 2009). Det vart gjort ei ny kartlegging i samband med at arbeidet med revisjon av bustadsosial plan starta i mai 2015 (Vedlegg 3)

Vilkår for å bli inkludert i kartlegginga i 2003, 2009 og 2015 er at husstanden har vore i kontakt med hjelpeapparatet dei siste 6 månadene og anten mangla eigen bustad, noverande bustad er ueigna i høve til funksjonshemming/sosial fungering, at husstanden står i fare for å miste bustaden fordi leigeavtalen går ut eller at husstanden har vesentlege og samansette oppfølgingsbehov som gjer bustaden ueigna. I tillegg har ein registrert unge funksjonshemma (17 år +), som ein reknar med vil eit bustadbehov i løpet av 2-4 år.

Når ein samanliknar tala frå 2003 med tala frå 2009, fann ein i 2009 færre vanskelegstilte i gruppene flyktning, psykisk sjuke og funksjonshemma, men langt fleire i gruppene rus og rus/psykisk sjuke. Aldersinndelinga på statistikken endra seg frå 2003 til 2009. Det har på desse seks åra vore ei auke i den yngste aldersgruppa og stor reduksjon i dei eldste aldersgruppene. Dette skuldast at kommunen hadde bygd fleire omsorgsbustader til eldre funksjonshemma og psykisk sjuke i same periode.

Kartlegginga i 2015 viste at 36 husstandar i Volda er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Opplysningane om husstandane er registrert ut i frå den informasjonen som var tilgjengeleg på registreringstidspunktet. Opplysningar om behov for annan bustad og andre tiltak er vurdert av søkjar og tenesteytar. Kartlegginga gjev berre eit bilete av kven dei vanskelegstilte er ved utgangen av mai 2015. Her er truleg mørketal, dvs. husstandar som bur dårleg og kanskje treng tenester, men ikkje ønskjer eller evnar å kontakte hjelpetenestene. Vi trur likevel at kartlegginga har avdekt eit tidstypisk bilete som vil kunne vedvare dersom ikkje tiltak vert sett i verk.

Husstandane i kartlegginga fyller minst eitt av følgjande vilkår:

- husstanden er utan eigen eigd eller leigd bustad
- husstanden har eit leigeforhold som står i fare for å opphøyre
- husstanden har ein ueigna bustad
- husstanden har store hjelpe- eller oppfølgingsbehov som krev annan bustad eller særleg oppfølging for å behalde noverande bustad

Eldre som bur i omsorgsbustad med dårleg standard, er ikkje registrert. Mork bustader er den kommunale eldrebustaden med lågast standard. Mange av bueningane der er utan eige toalett/bad. Den kommunale byggenemnda har konkludert med at bygningsmassen ikkje er eigna for renovering.

















Målgruppene har endra seg noko frå 2009 og vi ser at tala for vanskelegstilte på bustadmarknaden har gått ned innanfor gruppene utviklingshemma og rus. Av dei 36 kartlagde tilrår ein tiltak på alle.




Det er hovudsakleg bistand til å finne annan bustad gjennom burettleiing som vert etterspurt. I tillegg anbefaler ein annan bustad for 34 av dei 36 kartlagde. 21 av dei kartlagde treng bustad, då dei anten manglar dette eller fordi den bustaden dei har er for liten. 13 av dei kartlagde treng omsorgsbustad med oppfølging av ulik grad.

4.3 Evaluering av bustadsosial plan 2010 – 2014

Handlingsplanen for perioden 2010 - 2014 inneheld tiltak vedrørende organisering av bustadsosialt arbeid, tenester i bustadane og bygging, kjøp og renovering av bustader. Tiltak 13 er sett inn etter vedtak i Kommunestyre i sak 80/10 Bustadsosial handlingsplan 2010 – 2014.

TILTAK	10	11	12	13	14	Resultat	Kommentar
X = starte planl. av tiltaket							

1	Omorganisere/samle ansvar for bustadsosialt arbeid	X	X					Rådmannen kom med ny org. modell jan. 2014
2	Utarbeide retningslinjer for utleige av kommunale bustader og rutinehandbok	X						Nye retningslinjer frå 2014
3	Installere BoKart til alle aktuelle brukarar	X						Ikkje i bruk, då kommunen ikkje kjøper dette programmet lenger
4	Samarbeide med private byggefirma om bygging av rimelege bustader for kjøp eller leige	X	X	X	X	X		Påbegynt i prosjekt, ikkje forankra i plan, areal og eigedom
5	Aktiv informasjon om Husbanken sine lån, tilskot og støtteordningar	X	X	X	X	X		Mykje betre. Både kunnskap til tilsette og betre informasjon ut til brukarar. Merkar dette også på pågangen.
6	Kjøpe/bygge/leige hus til flyktningar, også einslege mindreårige	X						2010: Kjøp av Smilebakken bufellesskap til 10 EM 2011: Kjøp av Osgarden og Ottamarka til 4 EM
7	Betre vedlikehald av kommunale bustader med uteområde	X	X	X	X	X		Renoverer etter kvart som dei står ledige. Godt i gang.
8	Bygge 3-4 småhus til rusmisbrukarar	Star te plan.	X					Påbegynt. Ligg inne i økonomiplanen for 2016 og 2017
9	Prosjekt Smalebakken/Røyslidvegen	Star te plan.	X	X	X			Avvikla
10	Skaffe store familiebusader ved kjøp eller framleige	X						Ikkje gjennomført
11	Oppfølgingstenester for rusmisbrukarar		X	X	X	X		Etablert Rustenesta som fast kommunalt tenestetilbod januar 2011.
12	Omsorgsbustad for eldre til erstatning for Mork bustader		X					Utsett på grunn av øk. og kapasitet
13	Vurdere å bygge 4-6 bustader med carport ved inngangsdør, for rullestolbrukarar		Vur dere evt plan l.	X				Bygd om to kommunale bustader, vil bygge om fleire ved behov.
14	Samlokaliserte omsorgsbustader for utviklingshemma			Pla nl.	X			Påbegynt, men stoppa opp. Ligg inne i økonomiplan for 2016 og 2017
15	Tenester i bustad for utviklingshemma					X		På plass
16	Samlokaliserte bustader for psykisk sjuke				Pla nl.	X		Etablert 2008, utvida frå 5 til 16.

17	Tenester i bustad for psykisk sjuke					X		På plass
18	Avlastningsbustader barn/ barnebustad			Pla nl.	X			Etablert i Fjordsynkjellaren
19	Tenester i avlastningsbustad					X		Påbegynt, men for lite bemanning i høve tenestebehov.

4.4 Situasjonen i dag

Volda Kommune har relativt mange kommunale bustader. Mange leigetakarar blir buande lenge i bustadane og er i større eller mindre grad marginale på bustadmarknaden både når det gjeld å leige og eige. Dette skuldast truleg fleire strukturelle forhold som gjer at det er eit visst press på bustadmarknaden i Volda.

- Få mindre bustader til sals i Volda (30-60 m²)
- Nyare og nye mindre bustader er relativt kostbare (32 m² er taksert til 1.200.000)
- Volda er vertskommune for vidaregåande skule, høgskule, sjukehus og asylmottak for einsleg mindreårige flyktningar. Det ordinære mottaket for vaksne vart nedlagt 01.03.17.

4.4.1 Økonomi og økonomiske verkemiddel

Mange av leigetakarane i kommunale bustader er i kontakt med og tek i mot ytingar frå NAV, anten varige pensjonar eller tidsavgrensa stønader. Med tanke på kjøp av eigen bustad er dette berre aktuelt for dei med varige pensjonar frå NAV eller fast arbeidsinntekt. utfordringar er at desse varige pensjonane, hovudsakleg uførepensjon, er relativt låge, ei brutto inntekt mellom 150 000 - 220 000 pr. år, som tilsvarar ei brutto utbetaling mellom kr. 12 500,- og 18 000,- pr. måned. Dette gjer det vanskeleg å kome inn på bustadmarknaden, dersom ein ikkje i langt større grad enn i dag nyttiggjer seg husbankordningar, både ift. kjøp av eigen bustad og utleigebustader.

Vårt fokus må vere å ha tilstrekkelige ressursar til å hjelpe folk til å få fotfeste gjennom råd, rettleiing, stabil bustad, stabil inntekt, eventuelt frivillig forvaltning. Dei som ikkje får dette fotfestet, vert ofte buande i kommunal gjennomgangsbustad over mange år.

Ein tilsett i økonomistaben har ansvar for Husbanken sine ordningar og er representert i kommunen si tildelingsnemd. Det er viktig å knytte dette arbeidet tett opp mot alle sektorar og avdelingar som driv med bustadsosialt arbeid for å halde fokus på moglegheita for kjøp av eigne bustader og rettigheter i form av lån/tilskot frå Husbanken.

Husbanken sine verkemiddel

Husbanken har mange økonomiske verkemiddel til enkeltpersonar og til kommunar i samband med kjøp og utbetring av bustader. Nokre av desse verkemidla er kommunane med å forvalte.

Startlån er eit lån som kommunen vidareformidlar frå Husbanken. Som oftast vert lånet tildelt som topplån i tillegg til husbanklån eller lån i privat bank ved kjøp av bustad. Volda kommune har fått 9 million kroner i startlån frå Husbanken i 2016.

Bustønad er ei statleg økonomisk stønadsordning som blir administrert av Husbanken og kommunane. Føremålet med ordninga er å hjelpe husstandar med høge bu utgifter og låge inntekter til å etablere seg og verte buande i ein god bustad.

Volda formidla bustønad til 158 husstandar i desember 2016 med kr. 292 476,-. Innbyggjarane i Volda får om lag 3,5 millionar i bustønad i løpet av eit kalenderår (vedlegg 4).

4.4.2 Eigedomsavdelinga

Som forvaltar av bygningsmasse er eigedom avhengig av eit systematisk vedlikehald, samt utvikling av eldre husvære til meir arealeffektive løysingar som er i tråd med dagens krav. Bustadane og området rundt skal vere tilrettelagt for universell utforming, og ein skal sørgje for å tilby tilpassa bustadar til ulike bugruppe. Integrering i bumiljøa med sterk fokus på oppvekstvilkår for barn og unge er eit satsingsområde i kommuneplanen.

Leigeinntektene er med på å kunne gjennomføre satsingar på bustadane. Dette gjer at samarbeidet mellom tildeling og eigedom er tett, slik at ein sikrar at bustadane som er klar for utleige er utleigt til ei kvar tid.

4.4.3 Vedlikehald

Ein har gjennom omorganisering av det bustadsosiale arbeidet og prosjekta «frå mellombels til varig bustad» og «bustadkarriere for flyktningar» fått til ei god gjennomstrøyming i dei kommunale gjennomgangsbustadane. Frå å vere i ein situasjon der det ikkje var ledige bustader når tildelingsnemda skulle handsame søknader om kommunal bustad, har vi i dag grei tilgang på bustader. Med bakgrunn i låg gjennomstrøyming og lang butid har mange av bustadane eit stort renoveringsbehov. Eigedomsavdelinga har ikkje hatt tilstrekkelege ressursar til å renovere bustadane etter kvart som dei har blitt ledige, men er no blitt styrka med 2 årsverk som arbeidar med oppgradering av kommunal bygningsmasse på investeringssida. I første omgang er dei kommunale gjennomgangsbustadane prioriterte.

Utfordringane er særleg på normalt vedlikehald som skal til for å halde bustadane i god stand etter oppgradering. Dette er driftsutgifter som kommunen ikkje kan ta via investering. Her treng ein midlar og personell til å gjennomføre vedlikehald jamleg. Krav til vedlikehald startar den dagen personar tek til å flytte inn i bustaden, då «forfallet» startar på nytt.

Smalebakken/Røyslida

Eigedomsavdelinga førebur eit prosjekt der ein ynskjer å renovere heile Røyslida/Smalebakken. Bustadane er frå tidlig 70-talet, alle med krav om stor renovering.

4.4.4 Bumiljø og utemiljø

Uteområda rundt dei kommunale bustadane gror att og gir ikkje kjensle av å vere gode bumiljø. Ein har i fleire avdelingar arbeidd med å ansvarleggjere bebuarane og engasjere lokalmiljøet. Volda læringscenter har i samarbeid med tildelingskontoret og Styrk-arbeid gjennomført dugnad både i 2015 og 2016 med stor suksess. Ein ser eit stort behov for å gjere noko med infrastruktur rundt bustadane.

Helse, miljø og tryggleik:

Gjennom lang erfaring med bustadsosialt arbeid ser ein at det er vanskelig å gi rett hjelp til alle personane som bur i kommunale gjennomgangsbustader. Det bur personar der med ulike utfordringar, dette kan være personar med psykiske eller fysisk plager, samt utfordringar i høve rusmisbruk, innvandrarar eller andre med sosiale utfordringar.

Ein opplever at svært mange av husværa gjennomgår unødige stor påkjenning gjennom hard og feil bruk. Dette er gjerne knytt til reinhald, bruk av kjøkken og VVS installasjonar, som vask, slukar m.m., samt lite fokus på lufting og luftfuktigheit i bustaden. Dette fører til at kommunen etter kort tid må pusse opp bustaden. Kommunen har få verkemiddel for å hente inn denne kostnaden av bebuar. Depositumskrav er stort sett det ein kan klare å hente inn frå bebuar. I den andre enden er ofte dette personar som har depositumsgaranti frå NAV. Dette gjer at det eigentleg handlar om å flytte pengar mellom tenester frå den same kommunale pengekassa.

Som huseigar har ein rett til å gjennomføre systematisk og periodisk tilsyn med fokus på helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT-arbeid). Eit slikt tilsyn ville tidlig kunne avdekke buutfordringar som er med på å auke vedlikehaldskostnaden til kommunen. Gjennom regelmessige HMT-tilsyn vil ein praktisk kunne viser bebuar og sette inn naudsynte tiltak for å motverke øydeleggingar. I bustader der kommunen ser behov for tiltak bør det etter kort tid gjennomførast nye tilsyn. Ved fleire tilsyn utan betring kan det vere grunnlag for å kople på ulike omsorgstenester som aktivt kan gå inn med ulike tenester til vedkommande.

Gjennom regelmessige HMT-tilsyn vil kommunen ha kontroll på kva husvære vi ofte må være inne i med tiltak, eller kva husvære det kan være lenger intervall på mellom tilsyna. Eit slikt systematisk arbeid ute i bustadane meiner vi vil medføre eit meir normalt vedlikehald, samt at kommunen vil få innsparingar i høve unødige utbetringar og utbetaling av depositumsgarantiar frå NAV. Ein stilling til dete føremålet vil trulig være "sjølvfinansierande". Det er ynskjeleg å kunne realisere ein slik stilling knytt mot eigedomsforvaltninga i Volda kommune.

4.5 Status og utfordringar hjå ulike målgrupper

4.5.1 Einslege mindreårige flyktingar

EM-tenesta i barnevernet har ansvar for busetjing og kvalifisering av einslege mindreårige flyktingar (EM). Tal EM som blir busett er bestemt med bakgrunn av oppmoding frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) og vedtak i kommunestyret. Dei som har fylt 18 år ved busetjing, eventuelt er oppunder 18 år, vert busett av programrådgjevarane ved Volda læringsssenter. Som hovudregel bur alle EM først ei tid i kommunalt bufellesskap med døgnkontinuerleg bemanning. Med 40% bustadtilskot frå Husbanken kjøpte kommunen i 2010 ein bustad med plass til 10 ungdomar (Smiebakken bufellesskap), og i 2011 to bustader med plass til 2 ungdomar (Osgarden og Ottamarka). Ein del av kvalifiseringsløpet i starten er å lære seg å bu i Noreg, med stort fokus på vask, reinhald og generell informasjon. Dei fleste flyttar på eigen hybel på den private bustadmarknaden når dei er kring 18 år. Nokre få har behov for vidare trening og oppfølging i kommunal gjennomgangsbustad. Her jobbar ein aktivt med butrening for å sikre at dei kan flytte ut på den private bustadmarknaden så raskt som råd.

Dei fleste EM går eit utdanningsretta løp etter busetjing. Etter kvart kjem fleire i arbeid og i lærlingplass. Ei av utfordringane ein ser er at EM-tenesta ofte avsluttar oppfølginga av EM når dei fyller 20 år. Bur dei då framleis i kommunal bustad, er det som oftast ingen frå EM-tenesta som følgjer opp prosessen med å kome seg inn på den private bustadmarknaden.

4.5.2 Flyktingar

Sektor opplæring og oppvekst, ved Volda læringsssenter, har ansvar for å busetje vaksne flyktingar og familiar. Tal flyktingar som blir busett er bestemt på bakgrunn av oppmoding frå IMDi og vedtak i kommunestyret. Ved busetjing er kommunen ansvarleg for å skaffe den første bustaden til flyktingane. Med 20% bustadtilskot frå Husbanken har kommunen sidan 90-talet kjøpt inn til saman 23 bustader til busetjing av einslege vaksne flyktingar og familiar i Nybråtet, Smiebakken og på Midtun.

Dei siste åra har om lag 2/3-del av flyktingane blitt busett frå Volda mottak. Mange av desse er einslege vaksne menn. Dei fleste har skaffa seg bustad sjølve på den private utleigemarknaden, medan dei var bebuarar ved Volda mottak. Med bakgrunn i at mottaket vart lagt ned med verknad frå 01.03.2017, vil denne modellen for «avtalt sjølvbusetjing» i mindre grad vere mulig å gjennomføre. Volda kommune må difor i større grad ta ansvar for å framskaffe bustader til busetjing av flyktingar i tida framover. Tilsette ved Volda læringsssenter har eit nettverk i den private utleigemarknaden som må nyttast i arbeidet med framskaffing av private bustader, men muligheita til å busetje like mange flyktingar direkte i private bustader vil truleg verte mindre. Volda læringsssenter vil ha større fokus på busetjing av barnefamiliar, og erfaring viser at det er vanskelig å skaffe eigna bustad til denne målgruppa på den private utleigemarknaden. Behovet for å nytte fleire kommunale husvære til busetjing av flyktingar i åra framover vil truleg auke.

Volda læringsssenter gir burettleing til alle nybusette vaksne flyktingar og barnefamiliar. Tema er ein del av introduksjonsprogrammet og skjer både praktisk i bustaden, og teoretisk gjennom informasjon på læringsssenteret. Det er utvikla ein modell for burettleing som alle skal gjennom i løpet av den første tida etter busetjing. Rettleiinga held fram så lenge det er behov, og flyktingane er under oppfølging av Volda læringsssenter. Ei utfordring er oppfølging av flyktingar etter dei har avslutta introduksjonsprogrammet og framleis bur i kommunal bustad.

4.5.2 Personar med nedsett funksjonsevne, eldre

Avdelinga omfattar Barstadtun, Fjordsyn og Mork bustadar som omfattar 83 døgnbemanna omsorgsbustadar foreldre. I tillegg har avdelinga 24 omsorgsbustadar utan bemanning. I løpet av siste året ser ein resultat av dreining i tenestetilbodet til meir førebygging og tenester i eigen heim, som gjer brukarane i stand til å bu heime lenger. Mork bustadar er eit eldre bygg som er bestemt skal stengast, og prosessen med å planlegge erstattingsbustadar er i gong. Det vart i september 2015 starta ein prosess med å utgreie stenging av eit tal plassar i bemanna bustad, og føre ressursar over til område med større behov, t.d. kvardagsrehabilitering. Det handlar om å gi tenester der brukarane er.

Kommunen treng eit meir differensiert og individuelt tilrettelagt butilbod for personar med demens og psykiske lidningar. Demenssjukdomar som lewy body demens og frontallapp demens kan ha symptom som vrangførestillingar, psykose, aggressiv åtferd og hallusinasjonar jf. Omsorgsplan 3.6.1 og Demensplan 3.3. Bebuarane har behov for skjerming og ein til ein behandling. Slik situasjonen er i dag er det er vanskelig å gi

god nok behandling inne på forsterka skjerma eining i 2. etg. på Omsorgssenteret. Der er mykje aktivitet på ei forsterka skjerma eining med fellesmåltid, song, baking, trim osv. Denne type miljøbehandling fungerer godt for dei fleste personar med demensdiagnose. Men for pasientar med frontallapp demens og liknande er dette for mykje stimuli. Ein konsekvens av for mykje stimuli kan vere uynskt åtferd der det blir vanskeleg å skjerme medbebuarar.

Dei skjerma einingane må være små einingar med butilbod med plass til 3-4 pasientar. Når det gjeld utforminga av bustadene er det viktig at det blir sjølvstendige bustader med soverom og eiga stove innanfor eininga. Det er viktig gode skjermingsforhold. Vidare er det behov for vandreområder og eit uteområdet med hage som kan gi ro og trygghet til pasienten. Målet er å gi gode og individuelt tilpassa tenester til enkeltpersoner med spesielle omsorgsbehov.

4.5.3 Personar med nedsett funksjonsevne, utviklingshemma

Butenesta

Butenesta for funksjonshemma har 3 samlokaliserte bustadar med totalt 19 husvære. Alle bustadane har ein base for personale som og yter tenester til brukarar i nærområdet. I tillegg vert det ytt teneste til 14 personar som eig eller leiger eigne leilegheiter/hus i Volda.

Brukargruppa har enkeltvedtak på praktisk bistand og opplæring. Dette omfattar både praktisk hjelp i heimen samt hjelp til å kunne delta på ulike aktivitetar i fritida. Tenestetilbodet varierer frå 2 timar pr. veka til 168 timar i veka. Det meste av tenesteytinga går føre seg på kveld/helg, og i høgtid, då dei fleste har arbeid/aktivitetstilbod på dagtid.

Tenesta for funksjonshemma har starta arbeidet med å bygge 5 omsorgsbustader med felleshus på Doktorhaugen. Arbeidet er stoppa opp grunna klagar og ein arbeider no med alternativ plassering.

Barneavlastninga

I underetasjen på Fjordsyn er det 4 bustader som blir nytta til avlasting og barnebustader. I tillegg er det avsett ein bustad til fellesareal, med felles kjøkken, tv-krok, vaskerom m/badekar og kontor. Det er per i dag 12 born som nyttar avlastingstilbodet ved Fjordsyn. Fleire er der store delar av veka, men dei aller fleste har tilbod i helgar. I tillegg er det 2 born i heildøgntilbod (barnebustad).

Lokalitetane i underetasjen på Fjordsyn er bra, men små. Særskild gjeld dette fellesarealet, der kjøkken og TV-krok er i minste laget når 4 born og 4 vaksne er samla. Det er av faglege årsaker lagt opp til at borna et alle måltid saman og at ein har ein TV. Ein bør prøve å få utvida fellesarealet nedover mot lagerlokala snarast. Vidare bør kjøkkenet/eteplassen utvidast/byggjast om.

Vi veit at det er fleire born som i åra framover vil ha trong for avlasting i Volda kommune.

4.5.4 Rus og psykisk helse

Personar med rusmiddelproblem og/eller psykiske helseproblem er overrepresentert blant bustadlause og vanskelegstilte på bustadmarknaden. Bustad er avgjerande for helse, sjølvstende og deltaking. Kommunen vil sørge for at alle innbyggjarar har gode og trygge buforhold og ynskjer å legge til rette for fleksible og varige bustadløysingar i gode bumiljø, tilpassa den enkelte sitt behov. Med varig løysing meiner vi ein stad der ein kan bu utan tidsavgrensing. Gjennom råd og rettleiing vil vi legge til rette for at ein skal kunne leige eigen bustad eller få moglegheita for å kjøpe sin eigen bustad.

For personar med rusmiddelproblem eller psykiske lidningar er bustad ofte ein føresetnad for å kunne iverksette og lukkast med behandling og oppfølgingstenester. Bustad kan førebygge risiko for tilbakefall og redusere behovet for opphald på institusjon.

Brukarar med vedtak på tenester frå rus og psykisk helseteneste har opplevd, både i Kløvertunvegen, brakke Myrtun og modulane ved Maurtua, å bu i midlertidige husvære over fleire år. I Kløvertunvegen hadde kommunen tre bebuarar med ei butid på 3,5 år og tre med eitt års butid. Nokon flytta direkte frå Kløvertunvegen til midlertidige husvære på Maurtua. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med bruk av modul Myrtun i 2014 og 2016 og konkluderte med at det berre er eit forsvarleg butilbod i inntil 5 veker.

Rus og psykisk helseteneste gjennomførte i 2012 ei kartlegging av alle brukarar med vedtak om kommunale helse og omsorgstenester. Ein valde ut brukarar med butid ut over 3 år og kartlagde andre moglegheiter. Dei

aller fleste av desse brukarar viste seg å vere for marginalisert til å kunne leige privat. 15 brukarar hadde frivillig forvaltningsavtale og rustenesta arbeidde systematisk saman med brukarane med nedbetaling av gjeld.

Konklusjonane av kartlegginga var mellom anna å bygge 8 rusbustader eller småhus, med moglegheit for å bemanne desse etter kvart som hjelpebehovet aukar, bygge erstatningsbustader for dei midlertidige husværa i Kløvertunvegen og vurdere å utvide tilbodet med psykiatribustader.

Kommunen har i førre planperiode utvida tilbodet med omsorgsbustader i rus og psykisk helseteneste frå 9 bustader med heildøgnsbemanning i 2010, til 16 omsorgsbustader i 2016. I tillegg har ein utvida tilbodet med heildøgnsomsorg til 4 heimebuande i eigen eigd bustad og 3 brukarar i leigd bustad. Bakgrunnen for utbygginga er nedbygging av institusjonsplassar i spesialisthelsetenesta og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Kravet om å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå 2017 vil leggje ytterlegare press på døgntenester for denne målgruppa.

Eininga jobba vidare saman med eigedomsavdelinga om å starte bygginga av sju hardbruks omsorgsbustader/ROP-bustader på øvre Rotset, som kommunestyret vedtok i sak 127/16 den 27.10.16 å starte bygginga av sju hardbruks omsorgsbustader/ROP-bustader på øvre Rotset. Dei fleste som over tid budde i ulike midlertidige husværa har fått tilbod om kommunale gjennomgangsbustader, men har behov for tett oppfølging for å klare å bu. Bustadane er berekna ferdig oppsett innan utgangen av januar 2018. Det er viktig at det vert knytt bemanning til desse bustadane, både for å kunne gi forsvarleg og verdig helsehjelp og for å unngå situasjonen vi hadde rundt dei midlertidige husværa i Kløvertunvegen og på Maurtua.

I kartlegginga i 2012 vart det foreslått å erstatte dei midlertidige husværa i Kløvertunvegen, og seinare modulane ved Maurtua. Det er i samarbeid med NAV og eigedomsavdelinga bestemt å ikkje erstatte dei midlertidige husværa. Dette fordi kommunen ynskjer å leggje til rette for varige bustader. Med bakgrunn i den gode gjennomstrøyminga ein har i dei kommunale gjennomgangsbustadane, ser ein det ikkje som naudsynt å ha 4-6 midlertidige husværa. Ein tenkjer at det er nok med eitt midlertidig husvære, modul Myrtun.

Statens helsetilsyn har varsla alle kommunane om tilsyn av tenestetilbodet til personar med samtidig rusliding og psykisk liding (ROP-liding). Bakgrunnen for tilsynet er at det i 2016 vart gjennomført ei risikovurdering av tenestene til brukarar med samtidig ROP-liding. Risikovurderinga viste at tilbodet til personar med samtidig rusliding og psykisk liding kan svikte innan både spesialisthelsetenesta og kommunale helse- og omsorgstenester.

Dei tre områda som ble rangert som mest risikoutsette er:

- manglande samtidig og integrert behandling i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling
- brukar/pasient får ikkje tilpassa bustad, inkludert ikkje tilpassa innhald av tenester i bustaden
- mangelfull utredning, vurdering og diagnostisering (både somatisk, psykisk helse samt rusavhengigheit)

Kartlegginga kommunen gjennomførte i 2015 viser at denne målgruppa har færre bustadlaus og butida i midlertidig husvære har gått ned. Fokuset for kommunen framover blir å kunne tilby tilpassa bustader og tilpassa tenester i bustad.

4.5.5 Bustadlaus og sosialt og økonomisk vanskelegstilte

I tillegg til ansvar for midlertidig butilbod etter Lov om sosiale tenester i NAV § 27, har NAV ei plikt til å medverke i kommunen sitt bustadsosiale arbeid jf. § 15 i lova. NAV-kontoret vil i hovudsak ha kjennskap til behovet for bustadar til økonomisk og sosialt vanskelegstilte, og medverknadsansvaret vil særleg gjelde ovanfor desse. NAV-kontoret skal vere merksam på busituasjonen til familiar med born og unge, vanskelegstilte ungdom og personar i overgangs- eller etableringsfasar.

Dei medverknadsansvaret er både generelt og individuelt, og inneberer at Nav-kontoret skal:

Strategisk:

- Bidra med sin kunnskap i den kommunale planlegginga om korleis bustadproblem kan løysast for vanskelegstilte.
- Gjere andre kommunale organ kjent med behovet for ordinære bustadar og tilpassa bustadløyningar.
- Samarbeide med andre instansar, som Husbanken, om tiltak som kan lette situasjonen for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Operativt

- Tilby tenestemottakar råd og rettleiing for å bidra til å sikre ein tilfredsstillande busituasjon. Dette kan vere i form av økonomisk rådgiving, informasjon om økonomisk stønad, informasjon om kommunale og statlege låne- og tilskotsordningar, og bistand til å søke kommunal bustad og andre ordningar for etablering i bustad.
- Bistå tenestemottakarar som kan ha behov for tenester i bustaden, for eksempel ved å etablere kontakt med kommunale helse- og omsorgstenester.
- Råd og rettleiing i høve korleis gå fram for å skaffe seg bustad.

4.6 Ulike bustadsosiale prosjekt i Volda kommune

4.6.1 Frå mellombels til varig bustad

Prosjektet starta i 2013 og prosjektleiar starta i stillinga i oktober 2013. Målet med prosjektet var å få til ei betre gjennomstrøyming i dei kommunale bustadane generelt og spesielt for målgruppa innanfor rus og psykisk helseteneste. Hovudfokuset har vore og få til ein god overgang for tildeling av bustadar, gjennom å utarbeide nytt søknadsskjema og nye kriterier for tildeling.

Sektor helse og omsorg ved tildelingskontoret tok over ansvaret for tildeling av kommunale gjennomgangsbustader i mars 2014. Gjennom heile prosjektperioden har det vore jobba godt med gjennomstrøyming slik at kommunen ved utgangen av 2015 stod med ledige bustader. Kommunen byggjer om fleire av bustadane til universell utforming, slik at vanskelegstilte kan bu lenger i eigen bustad før ein treng bustad med høgare omsorgsnivå.

I prosjektperioden fekk åtte av dei som har budd i kommunal gjennomgangsbustad kjøpt sin egen bustad. Prosjektet er ferdigstilt hausten 2016 og det vart oppretta ei fast 60% stilling på tildelingskontoret.

4.6.2 God og effektiv busetjing av flyktingar

Som følgje av at Volda er ei av IMDi sine satsingskommunar for busetjing og integrering av flyktingar gjennom K+ samarbeidet, er kommunen i posisjon til å søkje ei rekke tilskot på feltet, m.a. frå Husbanken. I 2011 fekk kommunen kompetanseutviklingstilskot frå Husbanken til prosjektet «Sjølvstendig bustadkarriere for flyktingar» (sjå pkt. 4.6.6). Sidan 2013 har kommunen vore med i Husbanken si målgruppesatsing for god og effektiv busetjing av flyktingar. I 2014 fekk kommunen innvilga kompetansetilskot frå Husbanken til prosjektet «God og effektiv busetjing av flyktingar i Volda kommune». Målet med prosjektet var å utvikle og implementere metodar for «Frå leige til eige» (sjå pkt. 4.6.3) og «Privat leige av bustad» (sjå pkt. 4.6.4). Husbanken sette som vilkår for tildeling av tilskotet at kommunen deltok i prosjektnettverk og utviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte» (pkt. 4.6.5) i regi av Møreforskning AS.

4.6.3 Leige før eige

«Leige før eige»-modellen gjer leigetakarar i stand til å kjøpe bustaden dei leiger. Dette kan gjerast på fleire måtar, og i prosjektet har vi sett på kva som har fungert i andre kommunar og tilrådingar frå Husbanken. I prosjektrapporten vert det konkludert med at Husbankens universalmodell for «Leige før eige» bør leggjast til grunn for Volda kommune sitt vidare arbeid med modellen.

«Leige før eige» kan ein oppnå ved at kommunen kjøper ein bustad tilpassa ein bestemt husstand sine behov. Bustaden bør vere tilpassa over lengre tid, og dette fordrar at husstanden sine framtidige behov er kartlagt. Det må avklarast ansvar og organisering ved implementering av «Leige før eige»-modellen i kommunen. Modellen fordrar m.a. at den som arbeidar med Husbankens verkemiddel i kommunen er involvert, i tillegg til eigedomsavdelinga.

Nokre kommunale utleigebustader framstår som klare for sal, andre treng renovering eller seksjonering. Alternativt kan ein kjøpe eller byggje eigna objekt til føremålet. Ein kan også prøve ut ein variant av modellen der kommunen hjelper flyktingar og bebuarar i kommunale bustadar til å kjøpe bustader som ligg ute for sal. Vi er kjende med at fleire flyktingar og leigetakarar i kommunale bustader har potensiale og ønskjer å kjøpe eigen bustad. For å få utløyst dette potensiale treng dei informasjon og rettleiing, samt praktisk hjelp og tilgang til verkemidlane frå Husbanken. Ei utfordring vi ser er at kommunen har låg ramme for startlån. I 2016 var ramma for startlån på 9 million. Med dagens bustadpriser vil dette halde til fullfinansiering av om lag tre

bustader. Låneramma på startlån må difor aukast om ein skal arbeide meir systematisk med «frå leige til eige»-modellen.

I k-sak 4/16 handsama 28.01.16 har kommunestyret løyvd ei ramme på kr 6 mill, utover det som vert utløyst i bustadtilskot, for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige. Låneramma kan nyttast til å implementere og prøve ut «Leige før eige»-modellen.

4.6.4 Privat leige av bustad

Kommunen har som mål å sikre gjennomstrøyming i kommunale bustader og få fleire ut av kommunale husvære og over på den private bustadmarknaden. Volda har ein stor privat utleigemarknad som i aukande grad har blitt nytta til framskaffing av bustader for busetjing av flyktningar. Busetjing av nye flyktningar direkte på den private bustadmarknaden, har ført til at mange flyktningar ikkje blir leigetakarar i kommunale gjennomgangsbustader. Privat leige av bustad gir ein viss grad av fridom og sjølvstendigheit på bustadmarknaden.

Målet i prosjektet «*Privat leige av bustad*» var å samanfatte suksessfaktorar ved å nytte den private utleigemarknaden til busetjing av flyktningar. I prosjektperioden hadde vi besøk av NIBR (Norsk institutt for by- og regionsforskning) i Volda, som gjorde ei casestudie av korleis kommunen arbeidar med «avtalt sjølvbusetjing» av flyktningar, konsekvensar av at busetjingsklare flyktningar i asylmottak skaffar seg bustad sjølve, og analyserte fordelar og ulemper ved dette. Informantar i studien var busette flyktningar i Volda som har skaffa bustad sjølve, strategisk og operativt nivå i kommunen; politikarar, rådmannen og tilsette som arbeidar med busetjing av flyktningar og bustadsosialt arbeid.

Volda har gode erfaringar med å nytte «avtalt sjølvbusetjing» som verkemiddel i busetjings- og integreringsarbeidet. Det avlastar kommunen i arbeidet med å framskaffe bustader og flyktningane tek i større grad ansvar for eigen busetjingsprosess, og blir på den måten i større grad sjølvstendige på bustadmarknaden. «Avtalt sjølvbusetting» har i all hovudsak blitt realitet ved at tidlegare bebuarar ved Volda ordinære asylmottak sjølv har skaffa seg bustad i Volda, for så å søkje om busetjing i kommunen. Det er få bebuarar frå andre mottak i landet som har skaffa seg bustad sjølve i Volda. Som følgje av at Volda mottak no er nedlagt, vil denne modellen for «avtalt sjølvbusetjing» i mindre grad vere aktuell å nytte ved busetjing av nye flyktningar i Volda.

Tilsette i flyktningarbeidet har ofte kontakt med private huseigarar, og formidlar mange private bustader til nye flyktningar som skal busetjast. Ved tilgang på ledig bustad kontaktar kommunen IMDi og ber dei søke ut aktuelle flyktningar for busetjing i kommunen. Det er etablert rutinar for bruk av den private leigemarknaden itil busetjing av flyktningar.

4.6.5 Å koordinere det fragmenterte

Formålet med prosjektet «Å koordinere det fragmenterte» var å sikre meir heilskapleg og koordinerte bustadsosiale tenester, og betre samhandlinga i det bustadsosiale arbeidet, og slik styrke kommunen sitt arbeid med å hjelpe vanskeligstilte på bustadmarknaden. Gjennom prosjektet fekk tilsette og politikarar kome saman og diskutere måten ein organiserer, kommuniserer og utvekslar informasjon i det bustadsosiale arbeidet. Vi fekk også møte andre kommunar og dele erfaringar på tvers av kommunegrensar. For å avdekke forbettringspotensiale og identifisere styrke og utfordringar i det bustadsosiale arbeidet, gjennomførte Møreforskning ei nettverksanalyse basert på møter med prosjektgruppa og spørjeundersøking til tilsette og politikarar. Funn og resultat har Møreforskning samanfatta i notatet: «Samordning av bustadsosialt arbeid i Volda kommune».

Rapporten seier noko om dei viktigaste styrkane i det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune, utfordringar med samordning og ansvarsdeling i det bustadsosiale arbeidet og mangel på formelle møtepunkt.

Det vart i løpet av prosjektperioden gjennomført idédugnad og gruppearbeid. Tema for gruppearbeidet: Kva tiltak kan Volda kommune gjere for å betre koordineringa av det bustadsosiale arbeidet, inkludert mellom politikk, administrasjon og i forhold til eksterne partar, og kva tiltak må til for å løyse utfordringar knytt til tilpassa bustadar.

Møreforskning oppsummerer at kommunen har kome godt på veg med den nye organiseringa av det bustadsosiale arbeidet, men har utfordringar å jobbe vidare med knytt til samordning (Vedlegg 5)

4.6.6 Burettleing og sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar

Prosjektet «Sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar» starta i 2011. Målet var å etablere gode rutinar i arbeidet med sjølvstendig bustadkarriere. Det vart utarbeidd ein modell for burettleing av nykomne flyktningar, som aktivt er i bruk i det grunnleggjande kvalifiseringsarbeidet. Programmet er bygd opp i tre fasar og seks modular, og skal sikre riktig informasjon til rett tid. Informasjonen blir gitt av tilsette og samarbeidspartnarar i flyktningararbeidet, til deltakarar i introduksjonsprogram og einslege mindreårige flyktningar. Burettleinga vert gjeve både på individ- og gruppenivå; i bustaden, i samtale med kontaktperson og i undervisning ved Volda læringscenter.

Det er utarbeidd rutinar og malar for praktisk oppfølging av bustadkarriere for flyktningar. Flyktningar med lang butid i kommunale gjennomgangsbustader fekk tilbod om samtale, bistand og oppfølging av tilsette i flyktningararbeidet og husbankansvarleg, for å kome seg over på den private bustadmarknaden. Resultatet vart m.a. auka fokus på gjennomstrøyming i gjennomgangsbustader, nokre fekk leige privat bustad og nokre kjøpte seg eigen bustad.

5 MÅL, STRATEGIAR OG TILTAK

5.1 Overordna mål i det strategiske bustadsosiale arbeidet

Det er ein overordna strategi å setje bustadsosiale mål og tiltak i ein heilskapleg samanheng og sjå fleire av kommunen sine handlingsplanar i samanheng. Målet er å knyte den bustadsosiale handlingsplanen tettare saman med helse og omsorgsplanen og kommuneplanen. Bustadsosiale mål og tiltak skal vere sektorovergripande, og bør difor vere ein del av kommunen si planforankring for mellom anna å leggje til rette for økonomisk bindingar til gjennomføring av tiltak.

”Alt heng saman med alt”

Kva som vert gjort innanfor eit tenesteområde får konsekvensar for andre område, og for den vanskelegstilte som treng hjelp. Utan ei felles forståing for strategiske mål vil desse truleg opplevast som lite realistiske hjå operative organ. Uavhengig av nivå i forankringsprosessane, blir medverking og eigarskap sett på som sentrale element.

Det er behov for ein klar organisasjonsstruktur med tydeleg ansvarsdeling og retningslinjer for gjennomføring av ulike arbeidsoppgåver. Dette føreset at kommunen har klare operative mål og god kjennskap til verkemidla med tilfredstillande rammer. Det er behov for oversikt over bustadmarknaden og over ulike vanskelegstilte grupper. Vidare er det viktig med tydeleg ansvarsdeling og bustadfagleg kompetanse. Kommunen må ha ein strategisk plan som tek høgde for dei sosiale utfordringane og potensielle løysingar.

Modellen som ligg føre i handlingsplanen jf. punkt 3.2, saman med klåre operative mål og tiltak i den bustadsosiale handlingsplanen vil gi kommunen eit godt styringsdokument.

Regjeringa har fastsett desse måla og innsatsområda:

Nasjonale mål	Prioriterte innsatsområde
1 Alle skal ha ein god stad å bu	- Hjelp frå midlertidig til varig bustad - Hjelp til å skaffe ein eigna bustad
2 Alle med behov for teneste, skal få hjelp til å meistre buforholdet	- Forhindre utkastingar - Gi oppfølging og tenester i heimen
3 Den offentlige innsatsen skal vere heilskapleg og effektiv	- Sikre god styring og målretting av arbeidet - Stimulere til nytenking og sosial innovasjon - Planlegge for gode bumiljø

Særlig innsats overfor barnefamiljar og unge

Bustaden og nærområdet utgjer ei viktig ramme for barn og unge sin oppvekst. Bustaden og bumiljøet er viktig for barn og unge her og no, men også for å hindre at dårlege levekår går i arv. Regjeringa vil difor forsterke

innsatsen overfor barn og unge som ikkje bur bra.

Resultatmål 1: Utleiebustad for barnefamiliar skal være av god kvalitet og i eit trygt bumiljø

Resultatmål 2: Midlertidige butilbod skal bare unntaksvis nyttast av barnefamiliar og unge, og slike opphald skal ikkje vare meir enn tre månadar

Resultatmål 3: Bustadløyse blant barnefamiliar og unge skal førebyggjast og reduserast

Bustadsosialt arbeid er først og fremst institusjonalisert gjennom Husbanken si verksemd, men det operative bustadsosiale arbeidet ligg til kommunane. Ein konsekvens av samhandlingsreforma er at kommunen får eit større ansvar for å sikre eit godt bustad og tenestetilbod til personar som på ulike måtar har behov for kommunale tenester.

5.2 Delmål og tiltak

5.2.1 Smalebakken/Røyslidvegen

Eigedomsavdelinga førebur eit prosjekt der ein ynskjer å renovere heile Røyslida/Smalebakken. Bustadane i dag er frå tidlig 70-talet, alle med krav om stor renovering.

Renovering av bustadane opnar opp moglegheiter for nytenkjande og arealeffektiv planløyning. Dette vil auke kapasiteten på husvære innanfor same tal bygningar. Kommunen vil i forbindelse med prosjektet sette krav til levekår og inkludering der ein vil legge til rette for at personar med ulike fysiske og psykiske utfordringar kan busetjast i same miljø. Dette krev omgjerung av alt husvære og uteområde til universell utforming. I planane som blir presenterte vil ein ta høgde for tryggleik og trivsel der ulike bugrupper skal kunne bu og trivast i same miljø. Det blir lagt fokus på sosiale møteplassar på eit oversiktlig område for vanskeligstilte som er tildelt husvære. Svært liten del av kommunale gjennomgangsbustadar er tilrettelagt for dette i dag. Prosjektet vil såleis bere karakter av at kommunen satsar på sine overordna planar og har folkehelseperspektivet med seg.

Området er gunstig med plassering i nærleik av tenestene og andre samfunnsfunksjonar som skule/barnehage, butikkar med meir. Prosjektet vil kunne være med på å løyse mange av utfordringane ein har med bustadsosialt arbeid. Husbanken er orientert om prosjektet og synast det er spennande. Ein ser moglegheiter for å kunne søkje om tilskott til prosjektet sjølv om dette ikkje direkte er nybygg, då kommunen tenkjer nytt for å gjere seg nytte av byggkropp med tanke på klima og miljø. Ein tek vare på det som ein kan bruke av byggkroppen, setter dette saman på ny arealeffektiv måte, med ny god standard som stetter dagens krav til kommunale gjennomgangsbustadar. Bygningane i området vil ha ulik utforming og storleik som gjer at ein kan tildele bustadar til mange ulike grupper bebuarar. Her ynskjer ein å oppnå god integrering og eit ope og oversiktlig tilrettelagt bumiljø. Hovudhusværa vil bli meir arealeffektive med same funksjon som i dag med likt tal bebuarar. Talet på hyblar vert dobla. Hyblar som i dag er svært ueigna, vil bli tilpassa gode levekår for einlige med behov for gjennomgangsbustad.

5.2.2 Frå Leige til eige

Administrasjonen ser føre seg avhending av kommunale bustadar der vi eig saman med private (sameige). Dette kan skje gjennom sal på den opne marknaden, eller ved leige til eige prosjekt for å skape busetjing av vanskeligstilte inn i allereie etablerte sameige. Å være kommunal eigar inn i sameige med private personar har vist seg svært krevjande både for kommunen og øvrige eigarar, men å setje andre i stand til å være eigar på lik linje med andre vil være god busetjing. Dei husværa som kommunen ser for seg kan leggest ut for sal er Ottamarka 13 A, Osgarden 3B, Midtun 2. Dette er lettselde husvære som er gunstige både med tanke på å prøve ut modellen «frå leige til eige» eller sal.

Nokre husvære har fått tilskot frå Husbanken, som vert avskrive over 20 år. Vi vil måtte betale attende delar, dersom sal vert gjennomført før tilskotet er avskrive, eller nytte desse til reinvestering i nye utleigebustader. Alternativt må det vurderast om tilskotet frå Husbanken kan overtakast av kjøpar og nedskrivast etter reglar for det individuelle bustadtilskotet, slik det m.a. har blitt gjort i Fræna-modellen. Avklaringar vil måtte gjerast ved val av løyning. Ved avhending omdisponerer kommunen gjennomgangsbustadane til ein meir arealeffektiv drift, der ein faktisk får færre bygg å forvalte, men fleire husvære å tilby i ein pressa bustadmarknad. Det er lagt opp til at Røyslida/Smalebakken prosjektet vil gi mellom 10-15 fleire husvære.

5.2.3 «Lære å bu»

Etablere bustadskule saman med driftsavdelinga med oppfølging av bebuarane i gjennomgangsbustadane. Ansvar for eittårssamtalar, oppfølging leigekontrakter og tilsyn frå eigar ein til to gongar i året. For å lukkast i dette arbeidet ynskjer kommunen å tilsette ein person knytt til eigedomsavdelinga og auke bustadkoordinatorstillinga i Sektor Helse og omsorg frå 60% til 100% stilling.

Prosjektet «frå mellombels til varig bustad» vart ferdigstilt hausten 2016, og gjekk då over i ei 60% fast stilling ved tildelingskontoret (sjå pkt. 4.6.1). I evalueringa av prosjektet, og i løpet av 2016 når dette har vorte ein del av den faste drifta, erfarer vi at det er vanskeleg å løyse oppgåvene som er lagt til denne stillinga innanfor denne stillingsprosenten. Syner til at prosjektstillinga skulle vere ei styrke for rus og psykisk helseteneste, men allereie i prosjektperioden har den også følgd opp brukarar innanfor andre tenesteområder. Det bur pr i dag flyktningar i 40 kommunale gjennomgangsbustader, og også mot m.a. denne gruppa gjer bustadkoordinator ein viktig jobb for å følgje opp i høve kontraktar, gi burettleiing, samtalar vedrørande vidare bukarriere og dermed sikrar gjennomstrøyming i bustadane.

Syner også til nemnde utfordringar under pkt. 4.5.2 Sektor opplæring og oppvekst (busetjing og kvalifisering av flyktningar), samt under pkt. 4.5.1 Barnevernstenesta (einslige mindreårige flyktningar), ved at oppfølginga frå dei oftast vert avslutta når introduksjonsprogrammet er avslutta/ ved fylte 20 år. Bur dei då framleis i kommunal bustad er det ingen som følgjer opp prosessen med å kome inn på den private bustadmarknaden m.m. Her ser ein det som viktig at bustadkoordinator ved tildelingskontoret kan sikre gode prosessar vidare. For å unngå å måtte innsnevre tilbodet bustadkoordinator ved tildelingskontoret gir, til å gjelde brukarane med vedtak innan helse og omsorg, er det naudsynt med ei auke i stillinga med 40%.

5.2.4 Rop-bustader med bemanning

Ein har alle dei åra kommunen har nytta midlertidige husvære meir som permanente bustader til brukarar med ROP-lidingar hatt ei kjensle av å ikkje kunne gi gode nok tenester. Dette har synt att i klager til kommunen og ulike medieoppslag. Bygging av omsorgsbustader til denne målgruppa er eit forsøk på å gi desse brukarane dei verdige tenestene dei har krav på. For å kunne yte tenester med andre føresetnader enn rus og psykisk helseteneste har gjort for bebuarar i Kløvertunvegen og modulane ved Maurtua, er det nødvendig å knytte stadleg bemanning til desse omsorgsbustadane.

5.2.5 Omsorgsbustader for utviklingshemma

I kommunen er det 18 omsorgsbustader for utviklingshemma fordelt på tre samlokaliseringar. I oktober 2016 var planen at den fjerde samlokaliseringa skulle ferdig med fem nye omsorgsbustader. Undervegs har reguleringsarbeid forseinka prosessen, samt også spørsmål om plasseringa er fornuftig. Kommunen er i dialog med pårørande og vurderer vidare strategi for prosjektet.

Vidare er det rett og signalisere at nye ungdommar har nådd tenåra, og at ein i planperioden for denne planen må starte ein prosess for å kartlegge ynskjer og behov for komande vaksne utviklingshemma. Kommunen kan ikkje basere seg på at utskifting i eksisterande bustader løysar framtidige bustadbehov for personar i denne målgruppa.

5.2.6 Auka bemanning ved barneavlastninga

Lagt inn i budsjettet for 2018

5.2.7 Utviding av areal ved Fjordsyn

Avlastinga for barn og unge starta opp i underetasjen på Fjordsyn i juni 2014. Det var 9 born/unge vaksne som nytta seg av avlastingstilbodet i dei 4 bustadane ein då disponerte.

I løpet av dei 2 åra dette samlokaliserte tilbodet har fungert, har behovet for avlasting auka mykje. Det er i dag 13 barn/unge vaksne som mottok tenester ved avlastinga, fortsatt i dei 4 bustadane. I tillegg vart den første barnebustaden etablert i mai 2015, og den andre i august i år. Dette har medført at ein i dag har 2 bustader som det ikkje er mogeleg for andre born å bu i, då desse bustadane er heimen til 2 barn på 9 og 12 år. Per i dag har ein ikkje høve til å gi avlasting til fleire born og unge i Volda.

Born som får tilbod om avlasting har ikkje behov for eigne bustader, og det vil difor vere ei betre og rimelegare løysing å innreie 2 soverom med toalett. I felles arealet har ein dessutan tilgang til å nytte badekar/dusj samt at

alle måltida for borna i avlasting blir gjennomført der i fellesskap. Ved å utvide med eit større fellesrom/stove vil ein kunne ha plass til alle borna som har avlasting på same tid. Dette er ikkje mogeleg no.

Å drifte reserveløysingar, som ein av og til må gjere no, er kostbare løysingar. Ein får på denne måten ikkje fullt ut utnytte personalressursane slik ein vanlegvis kan gjere når fleire arbeider saman. Ein må bemanne 1:1 sjølv om hjelpebehovet ikkje krev det, dette grunna den fysiske plassering av tenestetilbodet.

Behovet for avlasting og barnebustad har auka mykje siste åra. Dette er ei lovpålagd teneste som skal sikre foreldra ro og kvile frå særlege tyngande omsorgsoppgåver. Det er difor viktig at foreldra er nøgde med tilbodet som blir gitt. Ved utviding av arealet i underetasjen ved Fjordsyn, meiner ein at det vil det kunne stette tilbodet i åra framover.

5.2.8 Einehusvære til vanskelegstilt

Midlertidige husvære skal som vist til tidlegare i pkt. 4.5.2. vere i ei akutfase der ein står utan tak over hovudet. Det kan vere vanskeleg å finne gode løysingar for brukarar med samansette lidingar. Ein har i Volda kommune tenkt å dekkje behovet til denne målgruppa ved bygging av samlokaliserte omsorgsbustader/ROP-bustader.

Ein av føresetnadene for kommunale helse og omsorgstenester er at det er frivillige tenester og at ein pliktar å ta med brukarperspektivet i arbeidet. Vi skal sørgje for at dei som bur i kommunen tilbys nødvendige helse- og omsorgstenester og medverke til å skaffe bustader til personar som sjølv ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, herunder bustader med særlege tilpassingar og med hjelpe- og vernetiltak til dei som treng det, jf. §§ 3-1 og 3-7 i lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

Brukarane har rett til å medverke ved gjennomføring av helse- og omsorgstenester og tenestetilbodet skal så langt som mogleg utformast i samarbeid med brukaren, jf. §§ 3-1 og 3-2 i pasient og brukarrettighetslova. Sektor helse og omsorg vurderer det difor som naudsynt å etablere einehusvære, med bakgrunn i at vedkomande verken kan nyttiggjere seg samlokalisert omsorgsbustad eller kommunal gjennomgangsbustad.

5.2.9 Individuelt tilrettelagte bustader for personar med demens og psykiske lidingar

Kommunen treng eit meir differensiert og individuelt tilrettelagt butilbod for personar med demens og psykiske lidingar. Dei skjermte einingane må være små einingar med butilbod med plass til 3-4 pasientar. Utforminga av bustadene er det viktig at det blir sjølvstendige bustader med soverom og eiga stove innanfor eininga. Det er viktig gode skjermingsforhold. Vidare er ein i behov av vandreområder og eit uteområdet med hage som kan gi ro og trygghet til pasienten. Målet er å gi gode og individuelt tilpassa tenester til enkeltpersoner med spesielle omsorgsbehov.

5.2.10 Framskaffing og formidling av privat husvære til flyktingar

Ei av utfordringane i oppfølginga av flyktingar og einsleg mindreårige flyktingar (EM) er at dei framleis bur i kommunal gjennomgangsbustad etter at EM-tenesta og programrådgjevarane avsluttar tenestene sine. Det er ingen med ansvar for å følgje opp prosessen med å kome seg inn på den private bustadmarknaden. Det er behov for vidare oppfølging særleg i prosessen med å kome seg ut av kommunal bustad og inn på den private bustadmarknaden. Ein må arbeide for å sikre gode prosessar og rutinar på dette i det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

5.2.11 Organisering

I planperioden for 2009 - 2014 var organisering av det bustadsosiale arbeidet eit av tiltaka ein skulle jobbe med. Det har vore gjort nokre endringar, jf. punkt 3 i planen. Kommunen ser fortsatt å ha nokre utfordringar i høve det strategiske bustadsosiale arbeidet, samt kvar nokre operative oppgåver best kan løysast. I samarbeid med rådmannen vil det setjast ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som skal jobbe med desse spørsmåla og utfordringane.

6 Handlingsplan 2017 – 2020

	Tiltak	Ansvarleg	Tidsramme	Kommentar
1	Renovering og utbetring i Smalebakken og Røyslidvegen	Eigedom	2016 - 2020	
2	Kjøp/bygging av bustader til flyktingar, ev. gjennom «Frå leige til eige»-modellen.		2017-2020	Løyvd låneramme på kr 6 mill. i k-sak 4/16, vedteke 28.01.16.
3	”Å lære å bu” - 1,4 nye årsverk miljøterapeut/miljøarbeider/ drift til oppfølging gjennomgangsbustadar, 1-års samtalar og oppfølging leigekontrakter, tilsyn HMT - Bustadskule	Helse og omsorg, oppvekst og opplæring, eigedom	2017-2020	
4	ROP-bustader m/bemanning Ferdigstilt januar 2018, bemanning frå 2018	Eigedom og helse og omsorg	2017-2018	
5	Omsorgsbustader for utviklingshemma	Eigedom	2017-2020	
6	Auka bemanning barneavlastninga 4 årsverk	Helse og omsorg	2017-2020	
7	Utviding av areal Fjordsyn, eit fellesrom og to rom med toalett til barneavlastninga	Eigedom	2017	1 250 000
8	Einhusvere til vanskeligtilt	Eigedom og helse og omsorg	2017-2018	
9	Individuelt tilrettelagt butilbod for personar med demens/psykiske lidingar	Eigedom og helse og omsorg	2017-2020	
10	Framskaffing og formidling av private husvære	Opplæring og oppvekst	2017-2020	
11	Organisering av bustadsosialt arbeid	Tverrsektoriell arbeidsgruppe vert sett ned av rådmannen	2017-2020	

7. Offentlige dokumenter

- Bolig for velferd - nasjonalt strategi for boligsosialt arbeid 2014 - 2020
- Meld. St. 17 (2012-2013) *Byggje – bu – leve. Ein bustadspolitikk for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.*
- Meld. St. 6 (2012-2013) *En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap.*
- Meld. St. 30 (2011-2012) *Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk, alkohol – narkotika – doping.*

- Rundskriv. Hovednr.35 – *Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen*. Arbeids- og velferdsdirektoratet
- NOU 2011:15. *Rom for alle. En sosial boligpolitikk for fremtiden*.
- St.meld. nr. 47 (2008-2009) *Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid*.
- St.meld. nr. 37 (2007-2008) *Straff som virker – mindre kriminalitet - tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmeldingen)
- Riksrevisjons undersøkelse av tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet. Dokument nr. 3:8 (2007-2008)
- *På vei til egen bolig*. Publikasjonsnummer H-2188
- St. meld. nr. 23 (2003-2004) *Om boligpolitikken*
- NOU 2002:2 *Boligmarkedene og boligpolitikken*
- St. meld. nr. 50 (1998-99) *Utjamningsmeldinga. Om fordeling av inntekt og levekår i Noreg*.
- Møreforskning Volda: Notat 1/2015 «Samordning av bustadsosialt arbeid i Volda kommune». Delrapport 1 frå kommunetansutviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte».
- Prosjektrapport Volda kommune: «God og effektiv busetjing av flyktningar i Volda kommune». November 2016.

Kjelder:

Kommunestatistikk Volda 2014

<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk>

Kommunal og moderniseringsdepartementet: Ny kommune

<http://www.nykommune.no/>

SSB Innvandrere etter innvandringsgrunn 1. januar 2012

<https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvgrunn/aar/2012-08-30>

SSB tabell 06969: Brukarar av pleie- og omsorgstenester

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=IPLOshjemInstTj&KortNavnWeb=pleie&PLanguage=0&checked=true>

SSB tabell 07459: Folkemengde

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=NY3026&KortNavnWeb=folkemengde&PLanguage=0&checked=true>

SSB tabell 10213: Befolkningsframskrivinger

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=FolkFramT2&KortNavnWeb=folkfram&PLanguage=0&checked=true>

8 Vedlegg

Vedlegg 1

Kriterier for tildeling av kommunal bustad i Volda kommune

Kommunen har utarbeida kriteria som vert lagt til grunn for behandling av søknad og tildeling av kommunal gjennomgangsbustad

Målgruppe

Dei kommunale gjennomgangsbustadane skal prioriterast til vanskeligstilte på bustadmarknaden og til busetjing av nykomne flyktningar. Vanskeligstilte er i denne samanheng definert som flyktningar ved 1. gongs etablering i kommunen, funksjonshemma, menneske med psykisk helseproblem, menneske med rusproblem, sosialt og økonomisk vanskeligstilte. Andre kan ha høve til å leige kommunal gjennomgangsbustad i særlege tilhøve.

Kvalifiseringskrav

Søkjjar må vere over 18 år. Dersom søkjjar er under 18 år skal tildeling skje i samråd med verje og hjelpeapparat. Søkjjar skal som hovudregel ha vore folkeregistrert i Volda kommune i 2 år, eller ha ei anna nær tilknytning til kommunen. Unntak er flyktningar som Volda kommune har avtale med staten om busetjing for, og ansvar for å framskaffe bustad til.

Formålet med kommunale bustadar er at det skal vere eit virkemiddel for å hjelpe vanskeligstilte på bustadmarknaden, og er som regel eit tidsavgrensa hjelpetiltak. Det er forventa at søkjjar meistrar ein busituasjon og dei pliktene som er knytt til den, eventuelt ved å ta imot ulike hjelpetiltak. Dersom søkjjar ikkje ynskjer å ta imot helse- og omsorgstenester som er rekna som naudsynte for å meistre ein busituasjon, kan søknaden bli avslått.

Tildeling/prioritering

Tildeling av bustad blir gjort utifrå ei samla vurdering og utifrå dei kriterier som ligg til grunn. Ved prioriteringa skal det leggest vekt på dei kvalifiserte søkjarane sine behov, og kva type bustader som er ledig. Søkjarar som etter ei samla vurdering har mest påtrengande bustad og/ eller teneste behov, skal prioriterast.

Leigetida for ein kommunal bustad blir sett opp i ei tidsbestemt leiekontrakt for 3 år etter § 9-3 i husleigelova. Søknad om fornying av leiekontrakt skal vurderast etter dei gjeldande kriteria, og må søkjast om i god tid før kontrakten går ut. Søkjarar med varig behov for bustad kan etter dei gjeldande kriteria få tildelt ein bustad over denne tida. Dette gjeld for personar over 60 år og andre vanskelegstilte som ikkje har moglegheit for å skaffe seg bustad.

Rådgeving og bustadfinansiering

Etter eitt år i kommunal bustad, vil ein få tilbod om samtale og rådgeving i forhold til kjøp av eigen bustad eller leige av bustad på det private marknad. Kommunen si ordning med startlån og butilskot vil bli vektlagt.

Sakshandsamingstid

Søknadar vert handsama ein gong i månaden i tildelingsmøte. All dokumentasjon og andre opplysningar må ligge ved søknaden.

Avslag og klage

Avslag på søknad om kommunal bustad og avslag på fornying av leigekontrakt skal vere skriftleg grunngjeve med opplysning om klageadgang, klagefrist og adressat for klage, jf. Forvaltningslova § 28. Om ein søkjar avslår tilbodet om bustad, vil søkjaren bli vurdert som uaktuell for tildeling av kommunal bustad.

Vedlegg 2

BEBUARAVTALE I KOMMUNAL GJENNOMGANGSBUSTAD

Føremål:

Føremålet er å gi eit stabilt bu og teneste tilbod. Gjennom denne avtalen vil vi sikre eit godt bumiljø og oppfylging i bustaden utifrå individuelle behov.

Oppfylging:

Bebuar forpliktar seg gjennom denne avtalen å ta i mot individuelt tilpassa oppfylging frå kommunen. Denne oppfylginga avtalast mellom tildelingskontoret og eigedomsavdelinga.

Ordensreglar:

1. Ein representant for kommunen skal sjå over husværet ved utflytting.
2. Leigar må ikkje installere naglefaste ting utan godkjenning frå kommunen.
3. Leigar må ikkje sette skruar eller spikrar inn i veggjar eller tak. Til å henge opp bilete eller ting på veggane må det nyttast X- krokar eller tråd ned frå taklista.
4. Leigar har ikkje høve til å opparbeide hage.
5. Leigar må nytte parkeringsplass som vert tilvist av kommunen.
6. Leigar skal sjølv syte for nødvendig plenklipping, snømoking og sandstrøing. Leigar har ansvar for å skaffe og sette opp eiga postkasse.
7. Leigarar av husvære med felles inngang må seg imellom bli samde om vask av vindfang og fellesrom.
8. Det er ikkje lov å røykje inne.
9. Ved tap av nøkkel vert ny utlevert ved betaling av kostnad for framskaffing av dette.
10. Trapperom og gangar skal til ei kvar tid vere ryddige og reine, dette gjeld uteområdet og. Barnevogner, ski, kjelkar, sykklar og andre ting må ikkje plasserast ved inngang eller felles vindfang slik at det sjenerer andre. Balkongar, vindu og gangar må ikkje brukast til resting av gulvtepper eller sengetøy slik at det er til ulempe for andre leigebuarar.
11. Det skal vere stille mellom klokka 23.00 og 07.00. Reperasjon og vedlikehald i bustaden som medfører støy, må ikkje utførast på helge- og høgtidsdagar, eller mellom klokka 22.00 og 07.00 på kvardagar. Musikkanlegg, TV og radioar må dempast så ein ikkje uroar andre.
12. For å hindre fukt og fuktskadar må leigetakar sørge for at luftventilar alltid er opne. Der dette ikkje finnes, eller dette ikkje er tilstrekkelig, må leigetakar sørge for god utlufting gjennom vindauge. **Anbefalar kjøp av luftavfuktar ved innflytting.**
13. Sjøppel skal leggast i søppeldunkane og skal vere innpakka. Viktig å sortere søppel rett.
14. Det er ikkje tillate med husdyr.
15. Klager på bu- miljøproblem må meldast skriftleg til Volda kommune v/ sektor Helse og omsorg, tildelingskontoret.

Reglar for HMS, innkludert brannvern i bustaden din:

1. I forhold til rutinar om helse, miljø og sikkerheit inkludert brannvern, forpliktar leigetakar til å samarbeide med kommunen på avtalte periodiske HMS rundar.
2. Farlege gjenstandar som knivar, spisse reiskap skal oppbevarast på eigen stad.

3. Bebuar må forhindre at der er innbu eller anna som ligg i nærleiken av kjelder der det kan oppstå varmeutvikling eller brann. Bebuar må passe på at kokeplater, levande lys brukast på en forsvarleg måte.
4. Bebuar må sørge for at det elektriske anlegget er intakt.

Kommunen har mynde til å låse seg inn i bustaden i fylgjande tilfelle:

- Ved bekymring for liv og helse.
- Ved uro og bråk.
- Når politiet har ransakings- eller pågripelseordre og bebuar ikkje opnar.
- Ved mistanke om at det oppheld seg uynskte personar i bustaden.
- Når bebuar ikkje opnar ved dei avtalte HMS- rundane.
- Etter individuelle avtaler.
- Når barnevernet må ha tilgang til bustad og bebuar ikkje opnar.

Ved brot på ordensreglar eller HMS- reglar:

Det vert gitt åtvaring i fylgjande tilfelle:

- Reiskap og gjenstandar som ligg framme og verkar truande.
- Nyttar rusmiddel i fellesareal eller uteareal.
- Gjentatte episoder med bråk og uro, særskilt etter kl 2300.

Volda kommune vil vurdere oppseiing ved:

- Manglande betaling for husleige på bustaden.
- Ved alvorlige eller gjentekne brot på ordensreglane og/eller HMS reglane.

Erstatningsansvar:

Ved hærverk i bustaden eller fellesareal, må ein regne med at det vert politimeldt og sendt krav om erstatning frå Volda kommune. Ved forsøpling som medfører rydding av kommunen, vert den enkelte bebuar fakturert for dette arbeidet.

Forsikring:

Leigar er sjølv ansvarleg for å teikne innbuforsikring.

Ved utflytting frå bustaden:

Eigendelar som vert ståande att vert kasta og leigar vert fakturert for dette. Leigar har ansvar for å levere bustaden tilbake i same stand som ved innflytting. Det vil seie rydda, reingjort og total nedvask av bustaden. Det vert gjort synfaring av representantar frå kommunen i etterkant, og ved manglande nedvask vert det sendt faktura.

Underteikna er innforstått med kva denne avtalen inneber av forplikningar. Leigetakar er innforstått med at manglande samarbeid over tid kan få konsekvensar for leigeforholdet i kommunen.

Vedlegg 3, Kartlegging

Det var delt inn i 10 målgrupper: Flyktning 1.gongs etablert (8), flyktning 2.gongs etablert (1), funksjonshemma (2), utviklingshemma (5), psykisk sjuk (6), rus (15), sosialt vanskelegstilt (5), anna funksjonshemming (2), økonomisk vanskelegstilt (5) og rus/psykisk sjuk (5).

Tabell 1, Målgrupper

År	Flyktn. 1.etabl	Flyktn. 2.etabl	Funksj.h	Utvikl.h	Psyk. lidingar	Rus	Sosiale vanskar	Andre Fuksj.h	Økonomi	Rop	SUM
2003	15		17	7	10	4	6	2	3		64
2009	8	1	2	5	6	15	5	2	5	5	54
2015	11	1	1	1	4	6	1	1	4	6	36

Tabell 2, noverande buforhold

	Flyktn. 1.etabl	Flyktn 2.etabl.	Funksj. hemma	Utvikl. Hemma.	Psyk. liding	Rus	Sosiale vanskar	Anna funksjh.	Økon. vansk	ROP	SUM
Har ingen bustad-Problem.					1						1
Utan eigd eller leigd bustad.	5			1	1	3			3	1	14
Står i fare for å miste bustad.		1					1			3	5
Uegna.	6		1		2	3		1	1	2	16
Behovet opphørt											0
SUM	11	1	1	1	4	6	1	1	4	6	36

Tabell 3, Tiltrådde tiltak

Tiltrådde tiltak i noverande bustad	Flyktn. 1.etabl	Flyktn 2.etabl.	Funksj. hemma	Utvikl. Hemma.	Psyk. liding	Rus	Sosiale vanskar	Anna funksjh.	Økon. vansk	ROP	SUM
Tilpassing av bustad			1		1	1		1			4
Fornyng av kontrakt		1									1
Økonomisk hjelp	1					3	1		3	1	9
Personleg hjelp											0
Praktisk bistand										5	5
Burettleiing	10			1	3	2			1		17
Sum	11	1	1	1	4	6	1	1	4	6	36
Anbefaler annan bustad	Flyktn. 1.etabl	Flyktn 2.etabl.	Funksj. hemma	Utvikl. Hemma.	Psyk. liding	Rus	Sosiale vanskar	Anna funksjh.	Økon. vansk	ROP	SUM
Ordinær bustad utan oppfølging	11				2	4		1	3		21
Ordinær bustad med oppfølging			1	1	1	1			1	1	6
Samlokalisert bustad utan oppfølging											0
Samlokalisert bustad med oppfølging					1	1				5	7
SUM	11	0	1	1	4	6	0	1	4	6	34

Gjennomførte tiltak

3.3.4.1 Flyktningar, 1 gangs etablert

3 familiar har fått tildelt større kommunal bustad, to har fått depositumsgaranti ved NAV og to har fått innvilga statleg bustøtte.

3.3.4.2 Flyktningar, 2 gangs etablert

1 brukar har fått fornya kontrakt i kommunal gjennomgangsbustad,

3.3.4.3 Funksjonshemma

1 brukar har fått fornya kontrakt i kommunal gjennomgangsbustad med praktisk bisyand og tilpassing av bustad til universal utforming.

3.3.4.4 Utviklingshemma

Ingen gjennomførte tiltak

3.3.4.5 Psykisk liding

Fire brukarar har fått tildelt praktisk bistand, to har fått statleg bustøtte og supplerande sosialhjelp, ei har fått depositumsgaranti med NAV. Ein har fått tilpassing av bustad.

3.3.4.6 Rus

Seks har fått praktisk bistand, ein har fått depositumsgaranti og supplerande sosialhjelp

3.3.4.7 Sosiale vanskar

Ein har fått kommunal bustøtte og supplerande sosialhjelp.

3.3.4.8 Anna funksjonshemming

Ein har fått personleg hjelp og depositumsgaranti frå NAV.

3.3.4.9 Økonomisk vanskeligstilte

To har fått praktisk bistand. Ein familie har fått innvilga startlån.

3.3.4.10 ROP

Seks har fått praktisk bistand og tre har fått supplerande sosialhjelp, fem har fått depositumsgaranti og tre har fått statleg bustøtte og ein har fått fornya kontrakt i privat bustad.

Vedlegg 4, Oversikt over utbetalte økonomiske verkemiddel

Volda kommune, 2009 - 2015						
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Startlån						
Overførte midlar	kr 2 587 536	kr 3 987 536	kr 2 725 536	kr 6 345 536	kr 10 707 203	kr 6 477 878
Utbetalt frå Husbanken	kr 7 000 000	kr 7 000 000	kr 14 000 000	kr 11 618 292	kr 5 500 000	kr 4 000 000
Totalt til vidaretildeling	kr 9 587 536	kr 10 987 536	kr 16 725 536	kr 17 963 828	kr 16 207 203	kr 10 477 878
Innvilga	9	19	22	19	16	
Totalt utbetalt	kr 5 600 000	kr 8 262 000	kr 10 380 000	kr 7 256 625	kr 9 729 325	kr 4 647 775
Gj.snittleg beløp	kr 622 222	kr 434 842	kr 471 818	kr 381 928	kr 608 083	
Aktive førehandsgodkjenningar	kr 0	kr 0	kr 1 560 000	kr 7 730 000	kr 500 000	kr 2 400 000
Vedteke, ikkje utbetalt	kr 1 245 000	kr 2 700 000	kr 2 850 000	kr 2 625 000	kr 460 000	kr 2 600 000
Ikkje utbetalte midlar	kr 3 987 536	kr 2 725 536	kr 6 345 536	kr 10 707 203	kr 6 477 878	kr 5 830 103
Tilskot til tilpasning						
Overførte midlar	kr 55 000	kr 15 000	kr 0	kr 10 000	kr 210 000	kr 195 063
Utbetalt frå Husbanken	kr 150 000	kr 25 000	kr 50 000	kr 200 000	kr 0	
Totalt til vidaretildeling	kr 205 000	kr 40 000	kr 50 000	kr 210 000	kr 210 000	kr 195 063
Innvilga	6	1	1	0	1	3
Totalt utbetalt	kr 190 000	kr 40 000	kr 40 000	kr 0	kr 14 937	kr 120 000
Gj.snittleg beløp	kr 31 667	kr 40 000	kr 40 000	kr 0	kr 14 937	kr 40 000
Aktive førehandsgodkjenningar	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0	kr 40 000	0
Vedteke, ikkje utbetalt	kr 110 000	kr 0	kr 0	kr 0	kr 40 000	0
Ikkje utbetalte midlar	kr 15 000	kr 0	kr 10 000	kr 210 000	kr 195 063	kr 75 063
Tilskot til etablering *						
Overførte midlar	kr 473 540	kr 673 540	kr 208 540	kr 208 540	kr 408 540	kr 608 540
Utbetalt frå Husbanken	kr 200 000	-kr 25 000	kr 250 000	kr 200 000	kr 300 000	kr 200 000
Totalt til vidaretildeling	kr 673 540	kr 648 540	kr 458 540	kr 408 540	kr 708 540	kr 808 540
Innvilga	0	2	2	0	3	2

Vedlegg 5 Rapport «Å koordinere det fragmenterte»



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2014/218

Arkivkode: 223

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
8/18	Formannskapet	16.01.2018
8/18	Kommunestyret	25.01.2018

FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2018 ETTER § 7

Administrasjonen si tilråding:

1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.
2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.
3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.

Vedleggsliste:

Liste over eigedomar som vert fritekte frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a

Liste over eigedomar som vert fritekte frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7b

Uprenta saksvedlegg:

Fritakssaker frå tidlegare år

Eigedomsskattelova.

Samandrag av saka:

Det er opp til kommunestyret kva for eigedomar som verte gitt fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (eskl) § 7. Ein tilrår at eigedomar på vedlagde lister vert fritekne for eigedomsskatt. I tillegg vert det tilrådd at nyoppførte bygningar som vert heilt eller delvis nytta til husvære får fritak i 1 år.

Saksopplysningar:

Ifølgje eigedomsskattelova § 10 skal kommunestyret kvart år i fastsette kva satsar og reglar som skal gjelde ved utskrivinga av eigedomsskatten. I denne samanhengen skal det gjerast vedtak om kva eigedomar kan fritakast for eigedomsskatt etter § 7 i eigedomsskattelova (eskl).

Vurdering og konklusjon:

Vi har laga til to stk lister som samlar alle eigedomar som fekk fritak frå eigedomsskatt i fjor etter eskl § 7a og § 7b. Ein tilrår at det vert gitt fritak til same eigedomane i år.

I kommunestyret den 18.12.2014 vert det også vedtatt at ein skulle nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag frå Skatteetaten) som metode for taksering av bustadeigedomar. Bustadverdien er fastsett ved likninga før skatteåret. Alle endringar i bustadverdiane vil dermed kome 1 år seinare enn etter gjeldande takseringsreglar. Dette betyr i praksis at bustadar som vart tatt i bruk (enten ved mellombels bruksløyve eller ferdigattest) i løpet av 2016 ikkje får bustadverdi og må takserast på vanleg måte. Denne taksten vil da berre stå 1 år for bustadeigedomene vil da få bustadverdi ved neste utskriving av eigedomsskatt i 2019. Det er fleire ulemper med dette. Ved vanleg eigedomsskattetaksering, som for til dømes taksering av fritidseigedomar og våningshus, vil taksten gjelde i 10 år. Dette verte da ein ”dyr” taksering sidan den berre vert gjeldande for 1 år. Ein vil også risikere at taksten endrar seg unaturleg mykje på 1 år sidan ein ikkje veit kva bustadverdien frå Skatteetaten vert for kommande år.

Vi tilrår derfor at kommunestyret også i år nyttar seg av eskl § 7c;

Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Viss fritaket gjeld for 1 år vil ein sleppe dei nemnte problemstillingar over. I tillegg vil det vere positivt for nyetablerte med ny bustad å sleppe eigedomsskatten første året etter at bustaden vert tatt i bruk.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen vil sjølvsagt tape nokon inntekter på å fritta desse eigedomane for eigedomsskatt. Det er få av desse som har vorte taksert, men der vi har takst er eigedomsskatten er satt opp i høgre kolonne i listene.

For fritak etter eskl § 7c vil dette gjelde for ca. 50 bustadar som vart tatt i bruk i løpet av 2017. Estimert inntekt frå eigedomsskatt i 2017 frå desse er kr. 150.000. Ein må rekne med at omtrent kr 50.000 i takseringskostnadar som igjen betyr eit reelt inntektstap på kr.100.000. Dette er sjølvsagt eit grovt estimat.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjugard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Stiftingar og organisasjonar som får fritak etter eskl § 7a.
Sjur Aarflot, Sivert Aarflot vegen 13, 6105 Volda
Randi Lise Rønnestad, Camilla Colletsvei 14 B, 0258 Oslo
Bergliot Riste Langva, Andanesvegen 8, 6100 Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Handsaming:

Ettersendt sak 12.01.18.

Odd Harald Sunndal ber administrasjonen undersøke stauts på Fyrde bedehus.

Roald Espeset kom med framlegg om punktvis røysting.

Røysting (ni røysteføre):

Punkt 1:

Tilråding frå administrasjonen fekk åtte røyster. Roald Espeset røysta i mot.

Punkt 2:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 3:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

4. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
5. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
6. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

Fritak etter § 7a

Eigedomsskatt

Austefjord Idrettslag	
Austefjord Ungdomsslag	
Bjørkedal Nærskule	
Bjørkedalen skyttarlag	
Bratteberg barnehage	
Bygderadio Vest AS	1 224
Dalsfjord Sogelag	
Dravlausbygda Bedehus (Fredtun)	
Dravlausbygda Vel	
Folkestad Idrettslag	
Forsamlingshuset/ungdomshuset "Fridtun"	
Forsamlingshuset Solheim	
Frelsesarmeen	
Furene AS (gnr 11 bnr 24 og 64, gnr 11 bnr 22 -seksjon 1,3 og 4)	63 278
Fyrde bedehus	
Grendahuset Vesttun (Ulvestad Barneskule)	
Helgatun Stiftelsen	
Hjellebakkane Barnehage	
Høgskulen i Volda (kantine og administrasjon)	
Høgthun Grendahuslag	
Høgtun Forsamlingshus	
Høydal Hamnelag	600
Kilsfjord Grendahus	
Kometland	764
Lauvstad småbåtlag	850
L.L. Samhald	2 064
Lid bedehus	
Ljosheim Forsamlingshus	
Logehuset	
Mork Grendahuslag	
Mork Idrettslag	
Mork Ungdomshus	
Rotset Barnehage	
Røysmarka Studentbarnehage	
Studentsamskipnaden sine bustadar/hyblar	230 924
Sogelaget v/ Dalsfjord skule	
Solheim Forsamlingshus	
Stiftinga Dalsfjord Fyrmuseum	
Sætre Bedehus	
Trollsletta Barnehage	
Ungdomshuset Viten	
Velsvik Bedehus	
Vestsida Idrettslag	
Vikebygda Ungdomslag	
Volda Bedehus	
Volda golfklubb	
Volda jeger og sportsfiskelag	
Volda kristlege ungdomslag (Uppheim)	

Volda Rideklubb	
Volda Røde Kors	
Volda Sanitetslag	
Volda Sjukehus (kantine, kiosk og administrasjon)	
Volda Skisenter	
Volda skyttarlag	
Volda småbåtlag	
Volda Sogelag	
Volda Tennislag	
Volda Turn og Idrettslag	
Volda vidaregåande skule	
Øyra Barnehage	

Fritak etter § 7b

Eigedomsskatt

Gnr 13 bnr 1, Sjur Aaflot	6 400
Gnr 30 bnr 344, "Ristetunet"	3 686
Gnr 116 bnr 5 "Kulturbakkane"	1 200



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2012/1172

Arkivkode: 047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Formannskapet	16.01.2018
9/18	Kommunestyret	25.01.2018

RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. 31.12.2017

Handsaming:

Rådmann Rune Sjugard orienterte om vedtaksloggen blir per dags dato laga manuelt, men at han i framtida ser føre seg at vedtaksloggen kan genererast direkte i systemet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2017 til vitende.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2017 til vitende.

Vedleggsliste:

Rapport vedtaksoppfølging pr. 31.12.2017.

Samandrag av saka:

Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. august 2017. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva statusen er.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre vedtaka.

Kommunestyret gjorde i K-sak 127/17 vedtak om kvartalsvis rapportering, med oppdaterte vedtak fram til føregåande kalendermånad. Det er stor aktivitet i sektorane og administrasjonen er pressa på ressursar, og ein ser at rapporteringa er tidkrevjande for fleire sektorar. Det er frå KS tilrådd at administrasjonane i kommunar som er vedtekne samanslått i 2020 ikkje får for mange utgreiingsoppgåver i høve til organisering av dagens kommune.

Det er ved denne rapporteringa ikkje lagt inn kommentarar frå eigedomsavdelinga.

Rune Sjugard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Rapportering vedtaksoppfølging pr. 31.12.2017

Innholdsliste

Utviklingssektoreten s. 3-7

- ID 1 Reguleringsplan Rotsetfjora
- ID 2 Planid 2011003 Detaljregulering for Håmyra
- ID 3 Sentrumsprosjektet Mellom bygningane
- ID 4 Detaljregulering turveg Rotevatnet
- ID 5 Kommunal planstrategi
- ID 6 Årsbudsjet 2018 - Utvikling Megaområde

Teknisk sektor s. 8-12

- ID 7 Opprydding avløp sone Folkestad
- ID 8 Opprydding avløp sone Straumshamn
- ID 9 Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 4
- ID 10 Reservevassforsyning for Volda
- ID 11 Volda ferjekai
- ID 12 Årsbudsjet 2016 - Midlar til sentrumsutvikling – fast vegdekke
- ID 13 B58 Bratteberg
- ID 14 Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen
- ID 15 Årsbudsjet 2018 – Kartlegging manglande gatelys kommunale vegar
- ID 16 Årsbudsjet 2018 – System for bruk og drift av bilparken

Personal og organisasjon s. 13-14

- ID 17 Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak

Eigedomsavdelinga s. 15-20

- ID 18 Vikebygda skule – godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern

- ID 19 Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern
- ID 20 EPC- kontrakt
- ID 21 Leigekontrakt Høgskulen i Volda og EPC
- ID 22 Volda Campus Arena AS
- ID 23 Garderobesituasjonen på Voldahallen
- ID 24 Årsbudsjett 2018 – organisering og drift av ROP-bustader

Helse- og omsorgssektoren s. 21-22

- ID 25 Næringsstiasjonen for eldre i kommunale bufellesskap og drift av sentralkjøkkenet
- ID 26 Endring av betalingssatsar for helse- og omsorg – matpengar
- ID 27 Årsbudsjett 2018 – pårørandegrupper og pårørandekontakt
- ID 28 Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet

Kultur og service s. 22-24

- ID 29 Volda ungdomsklubb
- ID 30 Grendautval
- ID 31 Årsbudsjett 2018 – Web TV/Streaming

Samfunn og rådgjeving s. 25-26

- ID 32 Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreining
- ID 33 Forprosjekt Volda kunnskapspark
- ID 34 Destinasjon Volda

Opplæring og oppvekst s. 27

- ID 35 PPT-avtale om regionalt samarbeid
- ID 36 Dalsfjors skule – utviding av skuleveka for elevar i 1.-4. klasse
- ID 37 Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen

Barnevern s. 28

- ID 38 Valdskoordinatørstilling

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Utviklingssektoreten	Framdrift og aktivitet	Frist
1	FSK 77/17	16.05.17	<p>Reguleringsplan Rotsetfjora - spørsmål om oppstart av privat planarbeid</p> <p><i>1. Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).</i></p> <p><i>2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.</i></p> <p><i>3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan. Planen skal sikre offentleg tilgjenge til strandområdet i planområdet.</i></p> <p><i>4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.</i></p> <p><i>5. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i</i></p>	Nye forslagsstillarar har varsla oppstart av privatdetaljregulering den 23.06.2017 med høyringsfrist 10.08.2017.	Vi avventar innspel frå forslagstillarar.	

1			<p><i>plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.</i></p> <p><i>6.Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området og området skal derfor ikkje utbyggast i denne omgang.</i></p> <p><i>7.Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.</i></p> <p><i>8.Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.</i></p> <p><i>9.Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5", - dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.</i></p>			
2	KST 36/15	30.04.2015	<p>Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra.</p> <p>5.Kommunestyret ber om at administrasjonen</p>			

2			<p>startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks.</p> <p>og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p> <p>pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarende må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksettast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p>	<p>Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert ivareteke av teknisk sektor og i utbyggingsavtale.</p> <p>3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor)</p>	<p>Grunna sjukmelding ved sektoren har vi prioritert arbeid med revisjon av kommuneplanen. Målet er å starte opp arbeid med detaljregulering for Raudemyrvegen i vår</p>	<p>Mai 18</p>
3	KST 10/14	31.1.14	<p>Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.</p> <p>1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet ”Mellom bygningane i Volda”. Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-</p> <p>2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.</p>	<p>Under arbeid.</p> <p>Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum.</p> <p>Utviklingssektoren og teknisk sektor følger prosjektet i partnerskapet.</p> <p>Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15.</p> <p>Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporteringsrutinene til rådmann og kommunestyre vert følgt opp i samsvar med</p>	<p>Kommunen må ta stilling til om ein skal forlengje partnerskapsavtalen med Volda næringsforum og fylkeskommunen, ev om ein skal organisere framtidige sentrumsprosjekt på andre måtar. Avtalen går ved utgangen av året.</p>	

3	FSK 79/17	16.05.17	<p>3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam</p> <p>4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune.</p> <p>Sentrumsprosjektet - tiltak/gjennomføring/budsjett - 2017</p> <p><i>4.Detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i området E39/Hamnekvartalet skal fullførast. Dei elementa i ferdig detaljplan som ikkje samsvarer med gjeldande reguleringsplan vert å handsame som dispensasjon ifrå reguleringsplan.</i></p>	<p>partnerskapsavtalen.</p> <p>To større prosjekt, Hamnekvartalet og forlenging av turveg Elvadalen, har vore ut på anbod og leverandør er valt. Prosjektering skal vere ferdig på nyåret 2017.</p>	<p>Prosjektering av Elvadalsprosjektet er ferdigstilt og det er oppstart på sjølve gjennomføringa 09.01.2018.</p> <p>Prosjektering av Elvadalsprosjektet er ferdigstilt og det er oppstart på sjølve gjennomføringa 09.01.2018.</p> <p>Det er oppretta dialog med grunneigar og vert jobba med ein avtale</p>	Feb 18
	FSK 187/17	14.11.17	<p><i>3.For å kunne slutføre arbeidet med detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i Hamnekvartalet – eit tiltak som utgjer ein særskild viktig del av sentrumsutviklinga - vert administrasjonen beden om å ta initiativ til fullføring av forhandlingane om kjøp av grunn som omfattar eit avgrensa areal inn mot Snippa. Så snart ein eventuell slik avtale ligg føre ber ein om å få framlagt sak om godkjenning og finansiering.</i></p> <p><i>5.Partnerskapsavtalen skal reforhandlast og justerast m.a i høve organiserings- og finansieringsmodellen slik at det samsvarer meir med kva partane kan bidra med i prosjektet utifrå dei erfaringane som er gjort fram til no.</i></p>	<p>Det er laga til forslag til ny partnerskapsavtale som ein skal gå gjennom saman med fylkeskommunen og Volda næringsforum 09.01.2018. Etter det vil denne verte lagt fram for politisk handsaming.</p>		

4	KST 42/17	27.04.17	Detaljreguleringsplan turveg Rotevatn – nytt offentlig ettersyn. <i>I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.</i>	Vedtak påklaga og det vert førebudd ein klagesak no. Grunna nye opplysningar i klage er det satt i gang noko meir kartleggingsarbeid.	Handsaming av klage i Formannskapet Fekk inn data frå kartleggingsarbeidet rett før jul som må arbeidast inn i klagesaka	Mars 18
5	KST 16/17	02.03.17	Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020 <i>Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017.</i>		Grunna sjukmelding ved sektoren har vi prioritert arbeid med revisjon av kommuneplanen. Målet er å starte med rulleringa av handlingsdelen til klimaplanen rett over nyttår. Framleis utfordringar med kapasitet grunna sjukmelding og arbeid med kommuneplan så dette vert først etter sommaren	Aug 18
6	KST 145/17	14.12.2017	Årsbudsjett 2018 <i>Kommunestyret er kjend med at det over tid har vore arbeidd med utvikling av Megaområdet i Volda sentrum for å legge til rette for utvikling av handel og anna næring i kombinasjon med leiligheter. Kommunestyret er i utgangspunktet positivt innstilt til ei slik utvikling som vil kunne bety ei vesentleg fornying i Volda sentrum. Partane vert oppmoda om å halde fram arbeidet primært basert på oppnåing av frivillige avtalar. Om det ikkje lukkast i løpet av første halvår 2018, tilrår kommunestyret at det vert starta arbeid med ny reguleringsplan med sikte på ei framtidretta og heilskapleg løysing.</i>		Vi må avvente og sjå om ein får på plass frivillige avtalar i løpet av våren	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor	Framdrift og aktivitet	Frist
7			Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.	Her har vore lite aktivitet, men svært lite gjenstår. Sjukemeldt sakshandsamar.	
8			Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt	Her har vore lite aktivitet, men svært lite gjenstår. Sjukemeldt sakshandsamar.	
9	KST 152/12	29.11.12	Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen i løpet av 2016. Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne vegen, jfr m.a problem ved snørydding mv.	Trafikktryggingsplan er ikkje ferdig. Dette arbeidet vert prioritert i 2018 i samanheng med trafikktryggingsplan og oppgradering av Engesetvegen til samleveg.	
10	FSK 98/13	21.05.13	Reservevassforsyning for Volda: 1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene. 2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd.	Ordførar og rådmann i Ørsta er positive til at det vert arbeidd vidare med planane. Det bør derfor vere opna for å få til vidare samarbeid med teknisk etat i Ørsta for å avklare nærare saksgang og framdrift. Vi er i skrivande stund i forhandlingar med teknisk sektor i Ørsta om kompensasjon for tilknytning. Når avtaleutkastet er klart i februar, må dette til politisk behandling.	
11	FORV 78/13	20.08.13	Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak: Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege	Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingsplan for Volda kommune er miljøprioritert		

11	FORV 76/15	17.11.15	<p>trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.</p> <p>Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862</p> <p><i>4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.</i></p> <p><i>1.Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.</i></p>	gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.	Det vert i løpet av kort tid sendt brev til Statens Vegvesen for å be om møte for å avklare nærare framdrift.	
	KST 81/16	16.06.16	<p><i>2.Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.</i></p> <p><i>3.Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.</i></p> <p>Skiltplan ved Volda fergekai og gangveg langs sjøen</p> <p><i>1.Skiltplanen for området kring ferjekaia i Volda med gangveg og areal, vert tilråda godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda</i></p>		Det har vore gjennomført eit møte i september der ei ny problemstilling vart drøfta. Grunna plan om el-ferge frå 2020 må det verte etablert eit driftsbygg og ladestasjon. Statens Vegvesen veit førebels ikkje storleik på dette og vil kome med tilbakemelding når dei har dette på plass.	Arbeidet med ny fergekai er lagt ut på anbod med frist i slutten av januar 2018. Volda kommune deltok på anbodsynfaringa. Statens vegvesen har planar om eit nytt bygg med venterom, plassert nær dagens venterom.

	FORV 41/17	09.05.17	<i>kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning. 2.Forvaltningsutvalet ber Statens Vegvesen om å godkjenne skiltplanen.</i>			
12	KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 47 Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.	Vedtaket vert tolka som at kommunestyret er villig til å prioritere sentrumsutvikling.	<p>Dette vert å vurdere i komande budsjett og økonomiplan. Kommentar: Utvikling av sentrum med nye tiltak vil i mange tilfeller auke driftskostnaden til Volda kommune, medan fast dekke på grusareal vil redusere driftskostnadene til kommuna. Difor bør ikkje akkurat desse to prosjekta setjast opp mot kvarandre.</p> <p>Ny gangveg vert ferdig i Elvadalen i 2018. I tillegg har vi fått finansiering til fast dekke på nær alle kommunale grusareal i 2018.</p>	
13	KST 44/16	31.03.16	B58 Bratteberg Planen godkjent, tillaust til meir gagn enn skade. 3.Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingssplanen. 4.Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggst fram for kommunestyret og samordnast med budsjett-	Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinansiering av utbygginga.	<p>Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan vurdere ev opprydding i vegssystemet som tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg.</p> <p>Utbygging av B58 er satt på hald inntil vidare og finansiering er fjerna. Heltneelva må først førebyggast, noko vi ikkje fekk stønad til frå NVE i 2018. Vi søkjer på nytt i 2019.</p>	

	KST 145/17	14.12.17	<p>og økonomiplanarbeidet.</p> <p>Vedtak som skal oversendast til administrasjonen: Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule.</p> <p>Årsbudsjett 2018 <i>Kommunestyret minner om oversendingsframlegg frå 31.3.16 om å fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkande/Bratteberg skule som byggetrinn 1 i utbygging av B58 Bratteberg. Vi ber om at planlegging av tiltaket vert sett i gang og kostnader innarbeidd i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden.</i></p>			
14	FORV	15.11.16	<p>Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen <i>Vegkrysset Kårstadvegen/Røystunvegen er uklart for trafikantane med omsyn til praktisering av vikeplikt. Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å utgreie korleis ein kan gjere vikeplikta tydeleg for trafikantane i dette krysset.</i></p>		<p>Dette har ikkje vorte jobba med. Dette vert ein del av ny trafikktryggingsplan for Volda sentrum som skal utarbeidast i 2018.</p>	
15	KST 145/17	14.12.17	<p>Årsbudsjett 2018 <u>Kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar.</u> <i>Det har på ulike måtar blitt hevda at det fleire stader på kommunale vegar rundt omkring i kommunen, manglar veglys som m.a. kan medføre trafikkfarlege situasjonar. Kommunestyret ber om at Forvaltningsutvalet - i samarbeid med GRENDAUTVALA - i løpet av 1. kvartal 2018, gjennomfører ei kartlegging for å få klarlagt kvar slike påpeika veglys manglar. Resultatet av denne</i></p>		<p>Dette arbeidet har starta, og vert ferdig ilag med ombygging til LED i 2018.</p>	

			<p><i>kartlegginga vert å legge fram for kommunestyret i løpet av 2. kvartal 2018. Det er kommunestyret sin intensjon å gjere dei naudsynte løyvingar som trengst, slik at slike manglande veglys vi vere komne på plass innan utgangen av 2019.</i></p>			
16	KST 145/17	14.12.17	<p>Årsbudsjett 2018 <i>Kommunestyret viser til at kommunen eig og leiger mange bilar og ber om vurdering av etablering av betre system for bruk og drift av bilparken i forhold til behov, jamfør auka utfordringar ved kommunesamanslåing.</i></p>		<p>Teknisk sektor har i perioda 2015-2017 installert ABAX kjørebok system på alle sine bilar 3,5 tonn og mindre.</p>	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Personal og organisasjon	Framdrift og aktivitet	Frist
17	FSK 133/16	16.08.17	<p>Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak</p> <p><i>1. Formannskapet godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med nye kvalifiseringstiltak for flyktningar, slik det kjem fram av saksutgreiinga.</i></p> <p><i>2. Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeidet med kvalifiseringstiltaka som skildra i saksutgreiinga. Det vert oppretta ei styringsgruppe der samarbeidspartnarar og brukarar av tenestene/tiltaka er representert. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe på tvers av dei kommunale kvalifiseringstiltaka.</i></p> <p><i>3. Samla er prosjekta kostnadsrekna til ei kostnadsramme på kr 2 714 000 og vert finansiert med tilskotsmidlar på kr 1 714 000, eigenfinansiering og bruk av tidlegare løyvde midlar på kr 1 mill.</i></p> <p><i>a. Kr 1,3 mill. av tilskotsmidlane har Volda kommune fått tilsegn om, og rapporterer på:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <i>i. IMDi (kr 400 000 til kantinedrift på rådhuset)</i> <i>ii. Fylkeskommunen (kr 500 000 til Entreprenørskap som integrasjonsverktøy)</i> <i>iii. Fylkesmannen (kr 400 000 i prosjektskjønn til kommunale kvalifiseringstiltak)</i> <p><i>b. Kr 264 000 av tilskotsmidlane til prosjektet «Jobbmentor», har Høgskulen i Volda fått tilsegn om, og rapporterer på.</i></p> <p><i>c. Kr 150 000 av tilskotsmidlane har den frivillige organisasjonen «Kimen, sosial</i></p>	<p>Rådmannen vil setje ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som får i mandat å kartleggje behov, utfordringar og mulegheiter, og foreslå mål og strategiar for å tilby meir målretta, heilskaplege og tilrettelagde kvalifiserings- og sysselsettingstilbod til målgruppa. Gruppa skal også foreslå modell for samordning og samarbeid mellom tenestene internt og eksternt. Når gruppa har lagt fram sitt arbeid vil rådmannen på nyåret leggje fram sak til politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi, for samordning og samarbeid om kvalifiserings- og sysselsettingstiltak for flyktningar og andre målgrupper.</p>		

		<i>entreprenør Volda» fått tilskot om, og rapporterer på.</i>			
--	--	---	--	--	--

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Eigedomsavdelinga	Framdrift og aktivitet	Frist
18	KST 163/13	28.11.13	Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Frist for å legge fram ein samla byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. Dette arbeidet er ikkje starta opp p.ga. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her.		
19	KST 164/13	28.11.13	Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule 3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Miljørettahelsevern er svart opp til kommunelegen i ephorte i sak 2013/379. Punktet med basseng heng att, der ein ikkje tilrår å bruke midlar på oppgradering av basseng. Bassenget er nytta mellom 3-5 timar i veka.		
20	KST 125/14	24.09.14	Konkurransesetjing, EPC-kontrakt 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016.	Prosjektet er under gjennomføring og ca 60% av alle tiltaka er gjennomført til no.	

			<p>innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering.</p> <p>3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.</p>	<p>Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget.</p> <p>Opsjon Voldahall vart ikkje løyst inn. Prosjekt med 3 et. er stoppa og konkurransen er avlyst.</p>		
21	<p>FSK 208/14</p> <p>KST 3/17</p>	<p>18.11.14</p> <p>26.01.17</p>	<p>Leigekontrakter Høgskulen i Volda Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeara har tilfredsstillande standard.</p> <p>Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget <i>1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)</i></p> <p><i>Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.</i></p> <p><i>2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).</i></p> <p><i>3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva-utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta</i></p>	<p>Vert å kome attende til</p> <p>Anbudskonkurransen er avlyst og Prosjektbygg har stevna kommunen. Det er beramma rettsak i desember.</p>		

21	KST OS 13/17	02.03.17	<p>ut.</p> <p><i>Volda kommune har avlyst konkurransen, bakgrunnen for dette er at det ikkje er mogleg å ha dagleg drift i bygget medan bygg- og rehabiliteringsarbeidet pågår. Leige av mellombelse lokale vert for kostbart og arbeidet vert dermed utsett til høgskulen har flytta ut av bygget (etter 2020).</i></p> <p><i>Kommunestyret vedtek at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.</i></p>			
22	KST 143/16	24.11.16	<p>Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda</p> <p><i>1.Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.</i></p> <p><i>2.Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.</i></p> <p><i>3.Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.</i></p> <p><i>4.Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan</i></p>	<p>Volda Campus Arena AS er i gang med planlegginga. Dei er i dialog med Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om leige av hallkapasitet til kroppsøving.</p> <p>Regulering og planarbeid går sin gang</p>		

22	KST 31/17	30.03.17	<p><i>planleggjast slik, dersom tomte gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.</i></p> <p><i>5.Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.</i></p> <p><i>6.Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.</i></p> <p><i>7.Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.</i></p> <p>Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Jopllassen gbr 19/807, oppstart av planarbeid. Spørsmål om kommunalt tilskot til planarbeid</p> <p><i>1.Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.</i></p> <p><i>2.Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.</i></p>		Planen er lagt ut på høyring	
----	--------------	----------	--	--	------------------------------	--

22	FSK 73/17	02.05.17	<p>3.Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.</p> <p>3.Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.</p> <p>4.Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.</p>		<p>HVO har sendt førebels melding om at dei har behov for å leige symjeanlegg for 250 timar til marknadspris. Ev utbygging vert å sjå nærare på i økonomiplan- og budsjettsamanheng.</p> <p>Asplan er i ferd med å utføre analyse på eit svømmeanlegg. Skal vere ferdig med analysa i februar. Sak vil bli lagt fram etter det</p>	
	KST 142/17	14.12.17	<p>Årsbudsjett 2018 Løyving på inn til kr. 500.000 til planlegging og prosjektering av svømmehall ved Campus Arena. Dekning lån.</p>		<p>Viser til saka over om analyse</p>	
23	DRIFT 22/17	07.06.17	<p>Garderobesituasjonen på Voldahallen Driftsstyret meiner dette er tiltak som bør kunne dekkast innan ramma til eigedomsavdelinga og ber om at følgjande 3 kulepunkt, henta frå vedtak i ungdomsrådet, snarast vert retta opp i.</p> <p>Ynskje om forbetring i garderobane i Voldahallen</p> <p>- Største utfordringa er at garderobane ikkje</p>		<p>Eigedomsavdelinga utfører dette snarast råd før jul. Beklagar at dette ikkje er blitt fanga opp tidligare.</p>	

			<p><i>er merka med dame og herre. Dette skaper naturleg nok forvirring og usikkerheit i omkleddingssituasjonar.</i></p> <p><i>- Det er stort ynskje om ein skjermvegg når ein kjem inn og når ein går ut av garderobane- slik det er no er det direkte innsyn når ein opnar døra frå gangen.</i></p> <p><i>- garderobane manglar ofie tørkepapir, såpe og spegel er kanskje luksus, men eit stort ynskje å få på plass</i></p> <p><i>Driftsstyret vil i tillegg oppmode om at fyrstehjelpsskrin vert gjort lett tilgjengelege i hallen.</i></p>			
24	KST 145/17	14.12.17	<p>Årsbudsjett 2018</p> <p><i>Kommunestyret ber om utgreiing om organisering og drift av ROP-bustadane og behov for eventuell finansiering ut over budsjettforslaget. Kommunestyret er budd på ei slik ekstraløyving når utgreiinga ligg føre.</i></p>			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Helse- og omsorg	Framdrift og aktivitet	Frist
25	KST 111/17	26.10.17	<p>Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret <i>Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøll prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.</i> <i>Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).</i> <i>Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for brukarane.</i> <i>Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg.</i> <i>Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.</i> <i>Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.</i></p>	Denne saka har vore oppe til drøfting ved fleire høver, både i tenesteutvalet for helse- og omsorg, i Eldrerådet og i kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. Etter innspel frå hald vart det skreve sak der administrasjonen rådde til å endre produksjonsprinsippet for middagsmat frå kok- kjøll til kok- server. Saka vart handsama først i THO, deretter FSK og til slutt i KST. Etter at leiaren for sentralkjøkkenet gjekk av med pensjon i haust og ny kjøkkensjef vart tilsett, valde ein å avvente å starte med denne endringsprosessen til no over nyttår. Oppstartsmøte for prosjektet er fastsatt.		
26	KST 136/17		<p>Endring av betalingsattsar for helse- og omsorgstenester <i>Kommunestyret er uroa over prisen på matpenger i omsorgstenestene, og legg til grunn at det er sjølvkostprinsippet som skal rå. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie matpengesattsane i omsorgstenestene, for handsaminga THO våren 2018.</i></p>	Sak om betalingsattsar for matpengar vil bli lagt fram for THO i løpet av vinter/ vår 2018.		
27	KST 145/17	14.12.17	<p>Årsbudsjett 2018 <i>Kommunestyret ber om at det vert teke</i></p>	Det er utarbeidd ei drøftingssak som skal opp i THO komande		

			<i>initiativ etablering av pårørandegrupper eller alternative løysingar for pårørandekontakt.</i>	tosdag, 11.01. Den vil gå tilbake til adm, som vil lage ei PS sak til THO, FSK og KST.		
28	KST 94/17	31.8.17	Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune <i>3. Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.</i>	Stillinga for folkehelse- og frisklivsrettleiar vart i 2017 vedtatt slått saman til ei 100% stilling. Stillinga vart lyst ledig i fjor seinhaust/ vinter og ein er på tampen i tilsettingsprosessen no. Før ein vel å gjennomføre evaluering av satsinga/ fokusområdet til denne stillinga, vil det vere nyttig å ha noko fartstid med korleis denne fungerer. Denne stillingskombinasjonen vil vere heilt ny, det er ikkje definert at anasvarsområdet vil vere for stort og uråd å rekke over alt ein meiner ligg til stillinga. Ein har altså ikkje erfaring med behovet for å skulle snevre inn satsingsområdet. Ein vurderer derfor å avvente evalueringa til den nye stillinga er besatt og har litt fartstid.		

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Kultur og service	Framdrift og aktivitet	Frist
29	KST 146/17	28.11.17	<p>Ungdomsklubben <i>Kommunestyret syner til saksutgreiinga og sluttar seg til at det vert iverksett ein prosess for gjennomgang av tiltak retta mot ungdom som førebyggings- og inkluderings tiltak.</i></p> <p><i>Rådmannen vert beden om å leggje fram sak for tenesteutval for oppvekst og kultur om mandat, prosess og tidsfrist. Kommunestyret vil kome attende til nærare handsaming av ev finansiering og rammer for ungdomstilbodet basert brei involvering i prosess og innstilling frå tenesteutvalet. Inntil dette er avklart vert det ikkje inngått avtale om ev leige av eksterne lokale.</i></p> <p><i>Kommunestyret legger til grunn for prosessen vidare innspela frå ungdomsrådet, og ønsker ei framtidig drift av ein ungdomsklubb i Volda.</i></p> <p>Oversendingsframlegg frå kommunestyret 14.12.2017 til administrasjonen: <i>Kommunestyret ynskjer å legge til rette for at ein ungdomsklubb vert vurdert å bli drifta av andre aktørar enn kommuna sjølv.</i> <i>Kommunestyret ber rådmannen iverksette ein prosess der frivillige lag og organisasjonar blir invitert inn til arbeidet med å greie ut moglegheitane til å ta over drift og ansvar for ungdomsklubben. I denne prosessen skal dei inviterte laga også vere med å utvikle konseptet til ungdomsklubben.</i></p> <p><i>Den kommunale ungdomsklubben blir lagt ned, om det blir funne aktørar som tek over ansvaret og drifta for den nye</i></p>		<p>Det vil bli lagt fram ei sak for TOK for å få vedtatt mandat, prosess og tidsfrist for arbeidet, seinast til møtet i mars 2018.</p>	

	KST 145/17	14.12.17	<p>ungdomsklubben.</p> <p>Kommunen ynskjer å gi den nye ungdomsklubben eit årleg driftstilskot på kroner. Dette blir dekt gjennom dei frigitte midlane frå den kommunale ungdomsklubben.</p> <p>Årsbudsjett 2018 I samband med ombygging og utbygging av Ungdomsskulen ber kommunestyret om vurdering av lokale til ungdomsklubben der, jamfør igangsett utgreiing.</p>			
30	KST 99/16	25.08.20 16	<p>Grendautvala 2016 Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.</p>		<p>Sak om godkjenning av nye styre blei lagt fram i august 2017.</p> <p>Sak om styrking av grendalag vil verte vurdert i samband med ny politisk struktur i Nye Volda kommune. Det er frå KS tilrådd at administrasjonane i kommuner som er vedtekne samanslått i 2020 ikkje får for mange utgreiingsoppgåver i høve til organisering av dagens kommune.</p>	
31	KST 145/17	14.12.17	<p>Årsbudsjett 2018 <u>KOMMUNE-TV (Web TV/Streaming).</u> Kommunestyret forutset at det snarast vert starta opp igjen med direkteoverføringar frå kommunestyremøta. Det bør vurderast om overføringar også skal gjerast frå formannskapsmøta og frå møta i dei andre hovedutvala.</p>		<p>Administrasjonen er i gang med å undersøke ulike løysingar, og vil kome i gang med streaming så snart som råd.</p>	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/rådmannen	Framdrift og aktivitet	Frist
32	KST 123/15	26.12.15	<p>Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning</p> <p><i>1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.</i></p> <p><i>2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.</i></p> <p><i>3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøen.</i></p> <p><i>4. Volda kommune krev skjøen.</i></p>	<p>Overskjøn er halde og prisen er sett ned med kr. 85,- /m2.</p> <p>Sendt rekvisisjon av deling og oppmåling.</p> <p>Utbetaling vil skje når endeleg oppmåling er foreteke.</p>		
33	KST 145/16	24.11.16	<p>Forprosjekt Volda kunnskapspark</p> <p><i>Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.</i></p>	<p>Sluttrapport og konklusjon mht hovudprosjekt skal leverast i slutten av 2018</p>		
34	KST 82/16	16.06.16	<p>"Destinasjon Volda"</p> <p><i>1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.</i></p> <p><i>Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2</i></p>	<p>Prosjektrapport levert innan fristen 1. juli 2017. Skal utarbeidast ny sak til politisk handsaming. Sjå i samanheng med nyeVolda.</p>		

34	FSK 148/16	06.09.20 16	<p><i>frå Volda kommune.</i></p> <p><i>2.Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.</i></p> <p><i>3.Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.</i></p> <p><i>Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel</i></p> <p><i>1. Fride Sortehaug vara: Odd Harald Sundal</i></p> <p><i>2. Anders Egil Straume</i></p> <p><i>som kommunen sine representantar i prosjektgruppa.</i></p>			
----	---------------	----------------	---	--	--	--

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: opplæring og oppvekst	Framdrift og aktivitet	Frist
35	KST 36/17	30.03.17	<p>PPT- avtale om regionalt samarbeid</p> <p>5.Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar og tilsette.</p> <p>6.Volda kommunestyre ber om å få ei evaluering av ordninga etter to års drift.</p>	<p>Høveleg lokale står til disp viss PP-tenesta har behov for det.</p> <p>Denne evalueringa kjem etter to års drift</p>		
36	DRIFT OS 33/16	07.12.16	<p>Utviding av skuleveka til 5 dagar for elevane i 1.-4. klasse ved Dalsfjord skule</p> <p>Driftsstyret ber administrasjonen om å utrede muligheita for å utvide skuleveka til 5 dagar for elevane i 1. – 4. klasse ved Dalsfjord skule.</p>	<p>Saka er på det næraste ferdig og vert lagt fram på nyåret</p>		
37	KST PS 108/17	26.10.17	<p>Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen</p> <p>1.Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.</p> <p>3.Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage.</p>			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Barnevern	Framdrift og aktivitet	Frist
38	KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 29 <i>Kommunestyret ber om at det blir gjenopprettet stilling som valdskordinator i 20 % stilling.</i>	Saka lagt fram for kommunestyret, som ber om at valdskordinator i 20 % stilling vert innarbeidd i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.	Dette må vurderast i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.	
	KST 36/16	31.03.16	Kommunestyret bed om at valdskordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.			
	KST 172/16	15.12.16	Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 <i>27. Valdskordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.</i>	Utlysning vil skje første halvdel av september		

PS 10/18 Orienteringssaker



Protokoll

FYLKESSTYRET I KS MØRE OG ROMSDAL

Dato: 30.11.2017 kl. 9:45 – 13.50

Sted: Vestnes Fjordhotell, Vestnes

Til stades:

Maritta Ohrstrand, nestleiar

Sidsel Rykhus

Svein-Rune Johannessen

Randi Walderhaug Frisvoll

Gunn Berit Gjerde, vara for Fride Sortehaug

Knut Erik Engh, vara for Geir Stenseth, møtte utan stemmerett, til kl. 12.00

Geir Stenseth

Monica Molvær, vara for Anders Riise

Jan Egil Korseberg, repr. bedr.medl.

Turid Hanken, fung. RU-leiar, frå sak 17/26

Forfall:

Anders Riise, styreleiar

Fride Sortehaug

Rune Sjugard, RU-leiar

Frå administrasjonen:

Gunnar Bendixen

Alf Åge Berg

May-Ann Bruun

Stig Holmstrøm

SAKLISTE Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal 30.11.2017 kl. 9:45 – 13.55**Side****Saksfremlegg**

17/24	08/00730-176	Godkjenning av protokoll frå styremøte 13. september 2017	3
17/25	17/01619-2	Skjønnsmidlar 2018: Kort om status og drøfting av prioriteringar	3
17/26	10/00517-64	Status for arbeid på helsefeltet i KS Møre og Romsdal	4
17/27	10/00517-65	Oppnemning av KS-representant til Overordna Samhandlingsutval (OSU) / Samansetting av forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen	4
17/28	15/01040-3	Strategikonferansen 2018 - program og opplegg	4
17/29	15/01861-38	Plan 2018	5
17/30	17/00721-9	Kommunenettverk om innbyggjarmedverknad	5
17/31	17/01634-9	Høyring – revisjon av tru- og livssynslovgivinga	6
17/32	17/01781-1	KS Folkevaldprogram og folkevalddagar	6
17/33	17/00821-3	Høyring – Utviklingsplan Helse Møre og Romsdal 2019-2022	6
17/34	17/01855-1	Framtidig regionkontorinndeling i KS	7
17/35	13/00550-89	Barnehagesektoren og styringsutfordringar - invitasjon frå fylkesstyret i Hordaland	7
17/36	17/01881-1	Lokal samfunnskontrakt i Møre og Romsdal	7

Orienteringssaker

17/20	10/02086-21	Handlingsplan for FOI-strategi for kommunane i Møre og Romsdal	8
17/21	11/00720-10	Oppnemning av nytt medlem frå KS M&R til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO)	8
17/22	11/01628-28	Nytt frå FoU pr. 1.11.2017	8
17/23	13/01212-289	KS orienterar pr. 1.11.2017	8

Eventuelt

9

17/24 Godkjenning av protokoll frå styremøte 13. september 2017

Vedtak

Fylkesstyret godkjenner protokoll frå styremøte 13. september 2017.

[Lagre]

17/25 Skjønsmidlar 2018: Kort om status og drøfting av prioriteringar

Vedtak

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal stør følgjande vedtak i Rådmannsutvalet av 15.11.2017, om innspel til prioritering av skjønsmidlar 2018, og vil særleg peike på at innslagspunktet for ressurskrevjande tenester stadig vert heva:

Rådmannsutvalet rår til at følgjande punkt vert lagt til grunn i fordelinga av skjønsmiddelpotten:

- Prioriterte område for skjønsmidlar bør oppretthaldast, men prioritering av digitalisering må gjelde generelt, og ikkje vere knytt berre til einstilte tenesteområde.
- Skjønsmidlane må ikkje berre vere knytt til utviklingsarbeid i nye kommunar, men også nyttast til tenesteutvikling i dei andre kommunane.
- RU vil oppmode om at den totale skjønsmiddelpotten vert nytta fleksibelt, og at ein ikkje er heilt ut bunden til den fordelinga som er gjort til ulike satsingsområde.

Rådmannsutvalet viser vidare til følgjande innspel frå fungerande RU-leiar Turid Hanken:

Med dei signala som ligg føre med redusert skjønnsramme, er det viktig at det blir gjort klare prioriteringar i staden for å «smøre tynt ut over». Like viktig som å få med fleire tiltak, er det at det blir avsett nok midlar til at det monner for dei prioriteringane som blir gjort.

Ressurskrevjande tenester er eit område mange kommunar opplever sterk vekst i. Ofte kjem brukarane i løpet av året og utan at det er budsjettert. Derfor bør dette ha høg prioritet, og det er positivt at også dei over 67 år er omfatta av ordninga.

Kommunane som skal slå seg saman står i store omstillingar som krev mykje ressursar. Området må ha prioritet også i 2018, fordelinga må avspegle storleiken /antal kommunar som er med i den enkelte samanslåing. Prosjektskjønn kan bidra til at desse kommunane får ein særleg boost i fornyingsarbeidet.

Digitalisering er særskilt viktig i fornyings- og innovasjonsarbeidet, og det er viktig at Fylkesmannen gjennom projektskjønn støttar opp om prosjekt og prosessar som understøtter FOI-strategien og idear som kjem fram i oppfølging av denne (jamfør sak 17/26).

Betre oppvekst for barn og unge er viktig satsing. Her bør ein stimulere tidleg innsats og vurdere å få til ei meir heilskapleg og samordna oversikt over alt som føregår og betre utveksling mellom Fylkesmannen, KS og andre initiativ. Vi opplever til dels parallelle initiativ frå ulike hald, og kanskje kunne ein få meir ut av ressursane ved å samarbeide tettare med KS på dette feltet? T.d. viste haustkonferansen mange gode døme som det også er fleire av, og her kan ein lære mykje meir av

kvarandre. Prosjektskjønn bør stimulere til å systematisk vidareutvikling og overføring av læring til andre kommunar av dei tiltaka som ser ut til å fungere godt. Det skjer ein god del bra i vårt fylke på feltet. Kan Møre og Romsdal bli kjent som eit tidleg innsats fylke gjennom godt samarbeid mellom Fylkesmann, KS og kommunane, og ei samordna satsing på feltet for eksempel.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/26 Status for arbeid på helsefeltet i KS Møre og Romsdal

Orientering ved Stig Holmstrøm.

Vedtak

Fylkesstyret tek saka til orientering.

Styret i KS Møre og Romsdal ser behov for å auke bruken av ressursar i KS for å følgje opp dette feltet.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/27 Oppnemning av KS-representant til Overordna Samhandlingsutval / Samansetting av forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen

Vedtak

Fylkesstyret oppnemner styremedlem Svein-Rune Johannessen som KS-representant i Forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen. Styremedlem Sidsel Rykhus er oppnemnd som vararepresentant.

KS oppmodar regionråda til å velje sine representantar.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/28 Strategikonferansen 2018 - program og opplegg

Vedtak

Fylkesstyret viser til innspela som kom fram i møtet og ber administrasjonen arbeide vidare med program og opplegg for Strategikonferansen 2018.

[Lagre]

17/29 Plan 2018

Vedtak

Kommunane sitt klimaarbeid er heilt avgjerande for å nå klimamåla og Fylkesstyret støyr KS i å fokusere på dette viktige arbeidet.

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal vil understreke behovet for å sette lågutsleppssamfunnet høgt på dagsorden, og i tillegg til transport er det viktig å ha fokus på innkjøp, bygg og anlegg samt energiltak i kommunane.

Styret støyr følgjande vedtak i Rådmannsutvalet den 15.11.2017:

RU sluttar seg til Hovudstyret sine prioriteringar i Plan 2018 med følgjande tillegg:

- Vidareføre tema beredskap frå 2017.

I tillegg sluttar RU seg til desse innspela frå fungerande leiar Turid Hanken:

Digitalisering og innovasjon:

Det er litt passivt at KS berre skal drive med systematisk overføring og deling av erfaring. Med det nye digitaliseringsfondet og samarbeidet med staten som er lagt opp til må slik det framgår av teksten i Statsbudsjettet, bør vi kunne oppfordre KS til å sette seg lenger fram i førersetet og ta ei meir aktiv pådrivarrolle for å få større fart på innovasjons- og digitaliseringsarbeidet framover.

Kompetanse og inkludering for arbeidslivet:

Heiltidskultur og reduksjon i sjukefråvær står sentralt i 2018. Det er viktig og positivt at det har prioritet. Det bør settast inn ytterlegare innsats for å arbeide med utfordringane knytt til arbeidstidsordningar, turnusordningar o.s.b. slik at heiltidskultur er oppnåeleg i praksis og på permanent basis. Det er ein del gode prosjekt i gang, men mange av dei går tilbake til ordinære ordningar etter ei tid, og det krev ofte stor innsats gjennom mykje motstand frå fagorganisasjonane for å kome i gang. Derfor treng dette ytterlegare merksemd i tida som kjem.

Dei tematiske hovudprioriteringane vert innarbeidd i Plan og budsjett 2018, som vert lagt fram for Hovudstyret 15.12.17.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/30 Kommunennettverk om innbyggjarmedverknad

Vedtak

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal oppmodar kommunane om å gjennomføre lokaldemokratiundersøkinga.

Fylkesstyret vil oppmode til at KS arrangerer eit seminar med lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad som hovudtema.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/31 Høyring – revisjon av tru- og livssynslovgivinga

Vedtak

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal gir følgjande uttale til høyring om revisjon av tru- og livssynslovgivinga:

- Organisering av kyrkja bør fastsettast ved lov.
- Fellesrådet opprettheld og har arbeidsgjevaransvaret for dei kyrkjeleg tilsette lokalt.
- Lokal gravferdsmynde må ligge til Den Norske Kyrkje lokalt.

Fylkesstyret sluttar seg vidare til Rådmannsutvalet sin uttale:

- Staten bør ha heile ansvaret for finansiering og drift av kyrkjebygg m.v., eller overlate dette fullstendig til kommunane. Mellomløysingar bidreg til at ansvaret vert uklårt.
- Det er ikkje ønskjeleg at staten gjennom endå fleire kanalar pålegg kommunane økonomisk ansvar for kyrkjebygga.
- Tildelingar til mange ulike livssynssamfunn bør strammast betydeleg inn, t.d. med eit medlemskriterium på minimum 1000 medlemmer.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/32 KS Folkevaldprogram og folkevalddagar

Vedtak

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal ønskjer folkevaldtiltak rundt følgjande tema:

- Ulike organisasjonsmodellar for tenesteyting
- Innbyggjarinvolvering
- Barnevern
- Dei uskrivne reglane
 - o grunnleggjande og konkret

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/33 Høyring – Utviklingsplan Helse Møre og Romsdal 2019 - 2022

Vedtak

1. KS Møre og Romsdal er urolig for Helse Møre og Romsdal sine økonomiske utfordringer. Styret stiller spørsmål ved om det er rom for å løse oppgavene innanfor foretaket sine rammer uten å forsere oppgaveoverføring til kommunene før dette er forankra i Stortinget, og kommunene er gjort i stand både økonomisk og kompetansmessig, til å overta disse oppgavene. Styret ser utviklingsplanen som en «reform» som har konsekvenser av en slik karakter at de bør utredes og behandles på nasjonalt nivå av departement og Storting.
2. De store utfordringene med samhandlingsreformen har ennå ikke satt seg godt nok. Utviklingsplanen gir et inntrykk av at HF Møre og Romsdal planlegger å forsere oppgaveoverføring som ikke er konsekvensvurdert eller tilstrekkelig nasjonalt forankret, og som kan få alvorlige konsekvenser for kommunene og pasientene.

3. Når slike meroppgaver ikke er finansiert, får dette konsekvenser for de kommunale helse- og omsorgstjenestene av en slik karakter at kommunene ikke kan garantere å kunne innfri lovkravet om å levere gode og forsvarlige tjenester. Oppgaveoverføring som trenger vesentlig planlegging, omlegging av tjenester og utløser merkostnader, må være avtalt på forhånd, jfr. Samhandlingsavtalen kapittel 5.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/34 Framtidig regionkontorinndeling i KS

Vedtak

Fylkesstyret i KS M&R vil understreke at dersom det vert eige KS-kontor i Møre og Romsdal, må dette organiserast som eit fullverdig regionkontor.

Styret tar gjennomgangen av saka til orientering, og ber om at momenta frå diskusjonen vert tatt med i saka om KS si administrative regionorganisering, når ho vert lagt fram i neste møte.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/35 Barnehagesektoren og styringsutfordringar - invitasjon frå fylkesstyret i Hordaland

Vedtak

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal gir si tilslutting til at saka må avklarast vidare, og peikar på at det er eit uavklart tilhøve når deg gjeld kommunane si rolle som barnehagemynd.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

17/36 Lokal samfunnskontrakt i Møre og Romsdal

Vedtak

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal vil peike på viktigeita av å få opp talet på lærlingar i kommunane i M&R. I dette arbeidet vil fylkestyret oppmode kommunane til å gje informasjon som grunnlag for KS sitt arbeid i yrkesopplæringsnemnda i M&R – og som bidrag til den samla innsatsen for lærlingar i kommunane.

Samrøystes vedtatt.

[Lagre]

Orienteringssaker

17/20 Handlingsplan for FOI-strategi for kommunane i Møre og Romsdal

Vedtak

Saka er tatt til orientering.

[Lagre]

17/21 Oppnemning av nytt medlem frå KS M&R til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO)

Vedtak

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal støttar vedtaket i Rådmannsutvalet, som følgjer, og tar saka til vitande.

Rådmannsutvalet oppnemner følgjande som KS sin representant i styret for SMISO Møre og Romsdal:

Tone Haukebø Silseth, Molde kommune

Rådmannsutvalet oppmodar Ålesund kommune til å stille vararepresentant til SMISO.

Administrasjonen får fullmakt til å følgje opp saka vidare.

[Lagre]

17/22 Nytt frå FoU pr. 1.11.2017

Vedtak

Saka er tatt til orientering.

[Lagre]

17/23 KS orienterar pr. 1.11.2017

Vedtak

Saka er tatt til orientering.

[Lagre]

Eventuelt

Møtestad for KS-konferansar

Maritta Ohrstrand formidla spørsmål frå Orkidè om også å legge KS sine store konferansar til Kristiansund og ba om at Kristiansund vert vurdert som møtestad for Haustkonferansen 2018.

Styret for 110-sentralen – saka om særaldersgrense

Styret bad administrasjonen sende brevet over til KS si fagavdeling og be om vurdering ut frå eit arbeidsgjevarsynspunkt.

Dialogmøte Helse Møre og Romsdal den 19. januar 2018.

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal oversender følgjande tema til dialogmøte 19. januar 2018:

Eventuelle overføringar til kommunane av ikkje-finansierte tenester i samband med dei økonomiske utfordringane i Helse Møre og Romsdal.



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom Helgehornet, Volda rådhus
Dato: 29.11.2017
Tid: 13.00 – 15.20.

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Torill Rødven Eide	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Inge Alexander Bruheim	Medlem

Vara som møtte:

Namn
Eilev Halkjelsvik

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
------	----------

SAKLISTE

- SAK 41/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 42/17 GJENNOMGANG AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 43/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017
- SAK 44/17 MELDINGAR
- SAK 45/17 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS
- SAK 46/17 TERTIALRAPPORT 2017

SAK 41/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Bjørn Ytrestøyl.

SAK 42/17 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 25.10.2017 vart godkjent.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 25.10.2017.

SAK 43/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknader til gjennomgådde protokollar.

Saksopplysing

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	26.10	09.11		
Formannskapet	05.10	17.10	14.11	21.11
Driftsstyret				
Eldrerådet				
Forvaltningsutvalet	24.10	21.11		
Ungdomsrådet	18.10	16.11		
Valnemnda	26.10			
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.				
Valstyret	30.10	14.11		
VØR styret	26.09			
Fellesnemnd for nye Volda kommune	12.10	16.11		
Tenesteutval for oppvekst og kultur				
Tenesteutval for helse og omsorg				

SAK 44/17 MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga og orienteringa til vitende.

Vedlegg

1. Kommunal økonomi, oktober 2017: «Dagens føring av pensjon bør opphøre».

Saksopplysningar

Det vart og orientering frå sekretariatet/leiar om nyval i styret og budsjett 2018.

SAK 45/17 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Volda Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.10.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
 - b) PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT skal støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
 - c) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - d) Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
 - e) Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
 - f) Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2018**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidlig innsats, Volda Kommune*, datert 20.10.2017. Motteke 22.11.2017.

Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der det bl.a. er sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, men og resultat frå nasjonale prøver. Det er samanlikna med dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

Problemstillingar:

1. Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

- **Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommune på denne området?

Revisjonen konkluderer med (side 28-29 i rapporten):

PPT har siste åra i liten grad gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane. Barnehagar og skular beskriv samarbeidet med PPT siste åra som utfordrande med lange ventelister og lang sakshandsamingstid, men enkelte rapporterte også om ei positiv utvikling dei siste to åra. Einingane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av saker og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht. førebyggjande arbeid.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfrodringar både i barnehage og skule.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Volda har tilbod om leksehjelp i 7.-10 klasse med 2 timar i veka ved dei kontrollerte skulane (til saman 8 timar i veka). Dette tilfredstillar krava i høve rettleiar.

Problemstilling 2:

- **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

Revisjonen konkluderer med (side 34 i rapporten):

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad og dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at det er store forskjellar i kva arbeid/aktivitetar som vert gjennomført i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule. Kommunen bør vurdere om det skal leggjast ei aktivitetsliste som er eit minimumskrav av aktivitetar som må gjennomførast. Ein bør også vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalane mellom einingane.

Kommunen bør vurdere å utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren. Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta første klassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.

Problemstilling 3:

- **I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

Revisjonen konkluderer med (side 38 i rapporten):

Volda kommune har i flg. tilbakemelding frå skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og svært lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på langt over 3 månadar (skuleåret 2015/2016).

No er Volda og Ørsta gått inn i eit felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein. I den samanheng vart alle gamle saker avslutta og kommunen måtte tilmelde alle saker på nytt. Det er viktig at PPT så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette så raskt som råd, men og startar det systematiske og førebyggjande arbeidet.

Anbefalingar i frå revisjonen (side 39 i rapporten):

- Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
- PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.
- Kommunen bør vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
- Kommunen bør utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.

I møtet

Kontrollutvalet vil be leiaren for den nye PPT møte i kontrollutvalet for å gi orientering om organiseringa og spesielt kven har ansvaret for kva i eininga, og kva er tryggheta for at tenestene som er tillagt PPT vert utført straks.

SAK 46/17 TERTIALRAPPORT 2017

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tertialrapport 2017 til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmann/personalsjef møte i neste møte for å orientere om tiltak for å få ned sjukefråværet.

Vedlegg

Kommunestyresak 109/17 Tertialrapport 2017.

Saksopplysning

Kommunestyret handsama tertialrapport 2017 26.10.2017 i sak 109/17.

Samandrag av saka, side merka 37:

Tertialrapporten viser så langt prognose om økonomisk balanse ved årsslutt når ein ser Volda kommune under eitt. Sektorar som Helse og omsorg, Service og kultur og Politisk verksemd melder alle om utfordringar i drifta og underskot ved årsslutt. Opplæring og oppvekst melder også om avvik, men dette må sjåast i samanheng med inntekter knytt til

flyktning. Sjukefråveret har stige litt samanlikna med same tid i fjor. Det er sterkt fokus på arbeidsmiljøutvikling og oppfølging av dei som er sjukmeldt i organisasjonen.

Frå sektorane vert det rapportert om stor aktivitet og god tenesteyting. Prosessen med bygging av ny kommune saman med Hornindal er i gang og fleire tilsette i ulike sektorar er involvert i dette.

Viser elles til vedlegg, og spesielt til side merka 62 og 63 med avsluttande kommentar.

.....

I møtet vart det teke opp om tiltak for å få ned sjukefråværet. Utvalet ynskje meir informasjon om tiltak.

Møtet slutt.

Ronald Hagen
Leiar

Bjørn Ytrestøyl
Medlem

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Hovudverneombod
Helse og omsorgssjef
Arbeidstakarorganisasjonane
Kommunestyret

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/765	15967/2017	440	SVK/ SONHAV	11.12.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ENDRING AV VERNEOMRÅDER I VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at arbeidsmiljøutvalet den 30.11.2017, hadde føre ovannemnde som sak 31/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet vedtek slik endring av verneområda i helse- og omsorg:

- *2.og 3. etasje på omsorgssenteret går frå eit til to verneområde.*
- *Fjordsyn, Mork Bustader og Barstadtun går frå eit til tre verneområde.*
- *Kjøkkenet blir eige område inkludert vaskeri, driftsteknisk og sjåfør.*
- *Ergo- og fysioterapitenesta samt administrasjonen i helse og omsorg vert eit verneområde.*

Endringane er gjeldande frå vedtaksdato.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058701

Telefaks:
70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Birgitte Sævik Pedersen Arkivsak nr.: 2017/765
Arkivkode: 440

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/17	Arbeidsmiljøutvalet	30.11.2017

ENDRING AV VERNEOMRÅDER I VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i arbeidsmiljøutvalet - 30.11.2017:

Arbeidsmiljøutvalet vedtek slik endring av verneområda i helse- og omsorg:

- *2.og 3. etasje på omsorgssenteret går frå eit til to verneområde.*
- *Fjordsyn, Mork Bustader og Barstadtun går frå eit til tre verneområde.*
- *Kjøkkenet blir eige område inkludert vaskeri, driftsteknisk og sjåfør.*
- *Ergo- og fysioterapitenesta samt administrasjonen i helse og omsorg vert eit verneområde.*

Endringane er gjeldande frå vedtaksdato.

Administrasjonen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet vedtek slik endring av verneområda i helse- og omsorg:

- *2.og 3. etasje på omsorgssenteret går frå eit til to verneområde.*
- *Fjordsyn, Mork Bustader og Barstadtun går frå eit til tre verneområde.*
- *Kjøkkenet blir eige område inkludert vaskeri, driftsteknisk og sjåfør.*
- *Ergo- og fysioterapitenesta samt administrasjonen i helse og omsorg vert eit verneområde.*

Endringane er gjeldande frå vedtaksdato.

Vedleggsliste:

Oversikt over verneområda og verneomboda i Volda kommune per oktober 2017.

Samandrag av saka:

I fylgje HMT plan for 2017 skal vi før årsslutt ha ein gjennomgang av verneområda for å sikre at storleiken på områda er overkommelege. Det er meldt inn behov om endring av verneområder i for helse- og omsorgstenesta.

Saksopplysningar/fakta:

I gjeldande HMT plan står det at vi skal ha ein gjennomgang av verneområda innan 01.12.2017. Dette for å sikre at storleiken å områda er overkommeleg. Sakshandsamar har vore i kontakt med Hovudverneombodet (HVO) og sendt e-post til sektorleiarane slik at desse kunne kome med innspel. Ein har motteke skrifteleg innspel frå HVO og sektorsjef og einingsleiarar i helse og omsorg.

Frå HVO vert det peika på fylgjande:

- 2. og 3. etasje på omsorgssenteret bør delast i to. Verneområdet består i dag av 4 avdelingar, Kaptein/Klokkar, Otta/Karve, Selje/Hasle og Pile/Kleppe. Der har vore utfordringar med tanke på arbeidsmiljø og der er eit høgt sjukefråvær av forskjellige årsaker. Det vert vist til at eit verneombod (VO) vil være en god støttespiller for avdelingsleiar og en god moderator i miljøet.
- I tillegg er der på omsorgssenteret eit verneområde samansett av veldig ulike funksjoner og faggrupper, der stab, kjøkken, vaskeri, fysio- og ergoterapi er samla. Dette verneområdet er uoversiktlig og verneombodet har ikkje innsikt i dei ulike fagområda og har lite kontakt med de forskjellige avdelingane. Det er ønskeleg med ei oppdeling der, kjøkken , ergo/fysio, og tildeling, service/stab og vaskeri var egne verneområder. Altså tre forskjellige verneområder.
- Verneområdet Heimebaserte tenester bustader – Fjordsyn, Mork Bustader, Barstadtun, er eit veldig stort verneområde. Både i tal på folk og i geografisk plassering. Det er mye sjukefråvær og ein del uro og misnøye, så det hadde vore hensiktsmessig og dele opp verneområdet.

Tilbakemeldingane frå helse og omsorg samsvarer i stor grad med det HVO har registrert.

Begge einingsleiarane i 2. og 3.etg. Er samd i at det bør vere to verneområde. Det vert mellom anna peika på behovet når det gjeld å følgje opp tiltaksplanar / 10 faktor m.m. Dersom området vert delt, har dei kandidat til nytt ombod i 3.etg. Noverande ombod er tilsett i 2.etg.

Verneområdet Fjordsyn, Mork bustadar og Barstadtun er i dag eit område og er i største laget for 1 person å ha oversikt over. Einingsleiar opplyser at det i praksis blir slik at dei tillitsvalde på dei 2 andre bustadane handterer ein del saker som eigentleg verneombod burde hatt.

Sektorsjef og einingsleiar førebygging rehabilitering legetenesta viser til at verneområdet kjøkken bør utskiljast som eige område. Det er vidare forslag om at ergo /fysio vert eit og tildeling, service/stab og vaskeri eitt, alternativ at administrasjonen og ergo/fysio kan koplatt saman, då det kontormessig er like områder.

Dei andre områda fungerer greitt slik dei er per i dag.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ved å få verneområder som er oversiktlege vil ei sikre at verneombodet kan utføre arbeidet på ein forsvarleg måte og dermed bidra til å sikre eit godt arbeidsmiljø.

Økonomiske konsekvensar:

Verneomboda har per d.d. ein lønsmessig kompensasjon på kr. 4000.- per år.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Verneombodsrolla er svært viktig. Ein ser klart at det er mest tenleg for dei tilsette, partssamarbeidet og for utøving av verneombodsrolla elles at områda er oversiktlege.

Det at verneombodet kan ivareta sine oppgåver på ein god måte, vil og vere ei styrke for arbeidsgjevar i det vidare HMT arbeidet.

Personalsjefen rår til at 2.og 3. etasje på omsorgssenteret går frå eit til to verneområde. Likeeins av Fjordsyn, Mork Bustader og Barstadtun går frå eit til tre verneområde. Kjøkkenet bør vere eige område, inkludert vaskeri, driftsteknisk og sjåfør. Medan ergo/fysio og stab på omsorgssenteret vert eit verneområde frå vedtaksdato.

Berit Lyngstad
personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Hovudverneombod
Helse og omsorgssjef
Arbeidstakarorganisasjonane
Kommunestyret

OVERSIKT OVER VERNEOMRÅDA OG VERNEOMBODA I VOLDA KOMMUNE

HOVEDVERNEOMBOD: Robert Lorvik

Verneområde:	Verneombod:	E-post
Bustader for mindreårige flyktningar og oppfølgingstenesta	Alf Jakobsen	Alf.jakobsen@volda.kommune.no
Austefjord skule og Austefjord barnehage	May Sunde Osdal	May.sunde.osdal@voldaskulen.no
Tenesta for funksjonshemma, Bustadar: Kleppevegen 1, Bømarka, Sevrinhaugen 1 og 3	Anita Kristin Rønneberg	Anita.kristin.ronneberg@volda.kommune.no
Folkestad skule, SFO og Folkestad barnehage	Atle Eikrem	Atle.eikrem@voldaskulen.no
Dalsfjord skule, SFO + Lauvstad barnehage	Christine Eikrem	Christine.eikrem@voldaskulen.no
Rådhuset (unntatt barnevernet), Driveklepphuset, Samfunnshuset	Eli Øye Vassbotn	Eli.oye.vassbotn@volda.kommune.no
Øyra skule og SFO	Espen Stray Helle	Espen.helle@voldaskulen.no
Brannstasjonen (Prestegata 33): Brann/feing, driftsteknikarar + Voldahallen	Harald Vassbotn	Harald.vassbotn@volda.kommune.no
Teknisk avd. – utetenester (fagarbeidarar drift og anlegg) og Myrtun (lager/verkstad)	Helge Bjarte Rørstad	Helge.rorstad@volda.kommune.no
Heimebaserte tenester, bustader: Fjordsyn, Mork Bustader, Barstadtun	Hilde Aaland Mork	Hilde.kristin.aaland.mork@volda.kommune.no
Sollia Barnehage	Inger Prytz Hammer	Inger.hammer@volda.kommune.no
Mork skule, SFO	Irene Nygård Støyle	Irene.nygaard.stoyle@voldaskulen.no
Volda omsorgssenter, Institusjon: (kaptein/klokkar, Otta/Karve, Selje/Hasle, Pile/Kleppe)	Sigrid Saanum	Sigrid.saanum@volda.kommune.no
Barnevernet	Kjellfrid Hovdenakk	Kjellfrid.hovdenakk@volda.kokmmune.no
Volda ungdomsskule	Kjetil Eikrem	Kjetil.eikrem@voldaskulen.no
Volda omsorgssenter: stab, kjøkken, vaskeri, fysio- og ergoterapi.	Laila Egset	Laila.egset@volda.kommune.no
Mork barnehage	Marianne Ørstavik	Marianne.orstavik@volda.kommune.no
Vikebygda skule og SFO	Marita Dalebø Mork	Marita.dalebo@voldaskulen.no
Legesenteret	Marte Vatne	

Volda læringscenter (Hamnegata 20)	Nina Ulvøy	Nina.ulvoy@voldaskulen.no
Oppigarden barnehage	Peggy Sætre Hove	Peggy.hove@volda.kommune.no
Heimebaserte tenester: Ambulante tenester+ dagsenter og Folkestadun	Helene Aam	helene.aam@volda.kommune.no
Tenesta for funksjonshemma: Hamna dagsenter, Barneavlastinga (Fjordsyn)	Sonja Hovden	Sonja.hovden@volda.kommune.no
Rus-og psykisk helseteneste: Team m/base på Volda omsorgssenter, STYRK arbeid, Gnisten dagsenter og Sevrinhaugen 7	Tonje Aklestad	Tonje.aklestad@volda.kommune.no
Bratteberg skule og SFO	Trond Lillebø	Trond.lillebo@voldaskulen.no
Engeset barnehage	Veronica Olsen Preus	Veronica.preus@volda.kommune.no
Reinhaldarar	Høyrrer til verneområdet i det bygget dei arbeidar.	
Driftsteknikarar	Når dei har arbeidsstad på eit bestemt bygg ute, høyrrer dei til verneområdet i det bygget dei arbeidar.	

Dei arbeidsplassane/verneområde som ikkje er nemnde, kjem direkte under hovudverneombodet.

PS 11/18 Delegererte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 1/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/444

DS 2/18 Rammeløyve, tilbygg Gbr 48/11

DS 3/18 Løyve til tiltak, opprusting av rås ved Brunsdalsvatnet Gbr 89/1

DS 4/18 Igangsettingsløyve, modulbygg Gbr 12/43

DS 5/18 Løyve til tiltak, driftsbygning Gbr 30/1

DS 6/18 Ferdigattest, ombygging Gbr 30/382

DS 7/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 10/2

DS 8/18 Ferdigattest, firmannsbustad Gbr 30/430

**DS 9/18 Ferdigattest Gbr 11/53-55 Nytt bygg lager/verkstad/kontor
Furene**

DS 10/18 Ferdigattest, skulebakken Gbr 160/8

DS 11/18 Løyve til endring Gbr 2/107

DS 12/18 Rammeløyve, modulbygg Gbr 12/43

DS 13/18 Løyve til tiltak, ny bru Gbr 72/1